HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 20.11.2018
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 15.11.18

Arnulf Goksøyr
ordførar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 206/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 207/18	Protokoll frå førre møte
PS 208/18	Delegerte saker
PS 209/18	Referatsaker
PS 210/18	Budsjettkontroll per 30.09.2018
PS 211/18	Bergshaugen, KS9. Utlegging til offentleg ettersyn.
PS 212/18	FV 654 Skarabakken – finansiering og oppstart av vidareføring av gangveg
PS 213/18	Forskotering av spelemidlar og MVA-kompensasjon til "Frifotanlegg", Moltustranda idrettslag
PS 214/18	Vågsholmen Utvikling AS - søknad om avtale om overføring av justeringsrett for inngåande mva
PS 215/18	Utbyggingsavtale med Vågsholmen Utvikling AS - Overtaking av kommunaltekniske anlegg for framtidig drift og vedlikehald
PS 216/18	Oppstart utgreiing av felles brannvern - Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta
PS 217/18	Forskrift om anløpsavgift for Herøy kommune - Endringar av forskriftstekst og avgiftssatsar for 2019
PS 218/18	Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune - Endringar i prisar og vilkår for 2019
PS 219/18	Revidering av forskrift og satsar etter lov om eigarseksjonar
PS 220/18	Revidering av forskrift og satsar for handsaming av plansaker - gebyrregulativ
PS 221/18	Feie og tilsynsgebyr 2019
PS 222/18	Gebyr for unødige brannutrykkingar
PS 223/18	Avfallsgebyr 2019.
PS 224/18	Gebyrregulativ for Slamtøming 2019.

PS 225/18	Gebyrregulativ 2019 - Avlaupsgebyr.
PS 226/18	Innføring av avgift for sal av tobakksvarer i Herøy kommune
PS 227/18	Avgiftssatsar for brøyting av private vegar 2019
PS 228/18	Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022 - Tredje handsaming

	Referatsaker
RS 52/18	Møte i kontaktutvalget 2/11-2018
RS 53/18	Styringsgruppemøte 3K - referat frå møte 29.okt 2018
RS 54/18	Ny vidaregåande skole i Herøy

Delegerte saker frå avdelingane

DS 27/18	Endring av styrar og stedfortredar ved Thon hotel Fosnavåg

PS 206/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 207/18 Protokoll frå førre møte

PS 208/18 Delegerte saker

PS 209/18 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2018/455
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
210/18	Formannskapet	20.11.2018

BUDSJETTKONTROLL PER 30.09.2018

Tilråding:

Budsjettkontrollen per 30.09.2018 vert teken til vitande.

Særutskrift:
- Kommunalsjefane, her
- Vest kontroll
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon

Vedlegg:

- Budsjettkommentar per 30.09.2018

Samandrag av saka:

Dei fleste avdelingar rapporterer at dei har kontroll og at dei skal klare å halde seg til budsjettrammene. Avdelinga for Barn, familie og helse har den største utfordringa slik situasjonen er i dag. Det er særleg sosialbudsjettet som viser eit negativ utvikling. I tillegg har endra legeavtaler ført til lavare inntekter noko ein ikkje har gjort korrigeringar for i budsjett 2018. Andre avdelingar melder om negative avvik bl.a. knytt til fleire ressurskrevjande brukarar som genererer fleire tilsette, samt at den kommunale «eigenfinansieringa» av desse har auka. Sjå elles vedlagde kommentarar frå avdelingane. Totalt rapporterer sektorleiarane at samla meirforbruk i avdelingane kan utgjere i overkant av 10,0 mill kr i 2018.

Skatt- og rammeinntektene blir litt høgare enn budsjettert. Rente- og avdragskostnadane vil bli om lag som budsjettert, medan avkastninga på kommunen sine likvider vert lavare enn budsjettert. På pluss sida ser det ut til at pensjonskostnadane vert noko lavare enn budsjettert og at kommunen i september fekk tildelt om lag 4,5 mill kr frå Havbruksfondet. Samla sett voner ein at meirinntektene/mindrekostnadane på finansområdet vil utgjere i overkant av 7,0 mill kr slik at eit prognostisert meirforbruk for 2018 vil ligge på i overkant av 3,0 mill kr.

Saksopplysningar:

Som normalt har Herøy kommune også i 2018 eit stramt budsjett der vel 18,0 mill kr av drifta er finansiert ved bruk av rammekutt og bruk av disposisjonsfond. Dei budsjetterte inntektene er strekt så langt råd er og i tillegg er kostnadane på mange områder budsjettert lavt. Og det er vel også slik at ein ikkje har tatt nok omsyn til alle kjente kostnadar i dagen budsjett. I dette bildet må ein også nemne at Herøy kommune er den kommunen i landet som hadde lavast inntekt per innbyggar i 2017. Situasjonen har ikkje betra seg vesentleg i 2018.

	Prognose	
	Mindreforbruk	Meirforbruk
Servicetorget	200 000	
Dokumentsenter og politisk sekretariat	300 000	
Økonomiavdeling	500 000	
Personal- og organisasjonsavdelinga	100 000	
Informasjonsteknologi		200 000
Eigedomsavdelinga		1 000 000
SEKSJON STAB	**1 100 000**	**1 200 000**
Barnehagar	-	
Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.	-	
SEKSJON OPPVEKST		
Helse og omsorg leiing		50 000
Barn, familie og helse		1 000 000

Pleie og omsorg		2 000 000
Bu- og habilitering		750 000
Barnevernsavdelinga		-
Tenestekoordinering	800 000	
Sosial og flyktning		7 000 000
SEKSJON HELSE OG OMSORG	**800 000**	**10 800 000**
Kulturavdelinga		100 000
Utviklingsavdelinga	400 000	
Landbruksavdelinga	100 000	
Anleggs- og driftsavdelinga	150 000	
Brannvern og feiing		570 000
SEKSJON SAMFUNNSUTVIKLING	**650 000**	**670 000**
Folkevalde	500 000	
Administrativ leiing	-	
Overføringar	200 000	
Ø-hjelp, mottak		100 000
Skatt, ramme, finans, tilskot	6 500 000	
SUM ANDRE OMRÅDER	**7 200 000**	**100 000**
SUM TOTALT	**9 750 000**	**12 770 000**
Totalt meirforbruk		3 020 000
Budsjettert bruk av driftsfond		11 070 000
Totalt bruk av disp fond 2018		**14 090 000**

Seksjon Oppvekst har var varsla meirforbruk, men dette kan hentast inn ved bruk av bundne fonds.

Når det gjeld seksjon Helse og omsorg er det nokre usikre postar. Med unntak av om lag 2,0 mill kr er resten meirkostnadar sosialhjelp der utgifta ser ut til å bli mellom 11,0 og 12,0 mill kr mot eit budsjett på 4,0 mill kr. Om lag 1,0 mill kr kan gjelde endringar i reglane for øyremerka tilskott ressurskrevjande brukarar (større kommunal eigendel). Under ansvar 3851 har vi budsjettert med ei netto inntekt på 2,7 mill kr. Vert netto inntekta større enn dette vil meirforbruket i avd bli redusert tilsvarande. (Ei summering av områda 31, 34 og 38 i etterfyljande tabell).

Det positive er at prognosa frå til 31.08 til 30.09.2018 har betra seg med om lag 4,53 mill kr. Dette skuldast i første rekke midlar frå Havbruksfondet på om lag 4,3 mill kr.

Det negative, basert på avdelingane sine tilbakemeldingar, er at varsla meirforbruke ser ut til å auke med kan det sjå ut til at meirforbruket i avdelingane i år vil bli på om lag 9,12 mill kr. Dette er om lag 1,57 mill meir enn ved siste rapportering.

MEN – dei siste åra har synt at dei fleste avdelingane har litt for beskjedne når dei skulle anslå eit evt mindreforbruk og kanskje er det også nokre avdelingar som har vore for passive med omsyn til vurderinga av meirforbruket slik at vi dei siste åra har kome vesentleg betre ut enn prognosen på denne tida av året har synt.

Alle avdelingane har gitt tilbakemelding/utført budsjettkontroll per 30.09.2018.
Oversikt per avdeling og seksjon per 31.09.2018

Konto	Rekneskap 2018	Rev.budsjett	Avvik i kr	Rekneskap 2017
Servicetorget	2 027 986	2 296 583	268 597	1 869 894
Dokumentsenter og politisk sekretariat	2 402 521	2 857 304	454 783	1 473 690
Økonomiavdeling	3 387 957	4 152 993	765 037	4 150 591
Personal- og organisasjonsavdelinga	5 560 265	5 832 006	271 741	6 766 375
Informasjonsteknologi	6 317 607	4 959 956	-1 357 651	5 560 037
Eigedomsavdelinga	16 718 057	14 077 713	-2 640 344	19 061 024
SEKSJON STAB	**36 414 393**	**34 176 555**	**-2 237 837**	**38 881 611**
Barnehagar	49 093 157	50 766 794	1 673 638	47 716 327
Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.	84 288 245	83 629 721	-658 524	78 356 643
SEKSJON OPPVEKST	**133 381 402**	**134 396 515**	**1 015 114**	**126 072 970**
Helse og omsorg leiing	1 048 407	951 191	-97 215	
Barn, familie og helse	22 594 075	19 132 678	-3 461 397	20 334 049
Pleie og omsorg	81 973 845	78 997 337	-2 976 508	85 830 504
Bu- og habilitering	31 027 606	28 984 966	-2 042 640	30 008 963
Barnevernsavdelinga	10 247 158	10 295 145	47 986	9 270 328
Tenestekoordinering	5 359 611	6 306 021	946 411	
Sosial og flyktning	9 039 514	5 474 338	-3 565 176	4 581 090
SEKSJON HELSE OG OMSORG	**161 290 216**	**150 141 676**	**-11 148 539**	**150 024 934**
Kulturavdelinga	5 483 021	6 260 456	777 435	7 040 835
Utviklingsavdelinga	4 097 168	5 296 532	-1 199 364	3 890 689
Landbruksavdelinga	609 000			
Anleggs- og driftsavdelinga	-4 624 757	5 989 843	10 614 600	-2 911 570
Brannvern og feiing	6 131 774	6 427 561	295 786	6 789 975
SEKSJON SAMFUNNSUTVIKLING	**11 696 206**	**23 974 392**	**10 488 457**	**14 809 929**
Folkevalde	2 086 727	3 060 071	973 344	2 720 507
Administrativ leiing	1 457 220	1 308 690	-148 530	1 802 291
Overføringar	8 935 898	9 395 639	459 741	9 589 922
Ø-hjelp, mottak	82 041	-1	-82 042	-91 840
Skatt, ramme, finans, tilskot	-391 132 096	-395 821 180	-4 689 084	-362 545 760
SUM ANDRE OMRÅDER	**-378 570 210**	**-382 056 781**	**-3 486 571**	**-348 524 880**
SUM TOTALT	**-35 787 993**	**-39 367 643**	**-5 369 376**	**-18 735 436**

*) I kulturavdelinga er det inntektsført meir enn 1,0 mill kr i bilettinntekter hittil i 2018 på arrangement som først blir gjennomført i 4 kvartal 2018 og seinare.

I oversikta over ser ein at sektorane stab og samfunnsutvikling har eit lavare forbruk i 2018 enn i tilsvarande periode i 2017 medan det er ein «større» vekst i sektorane for Oppvekst og Helse og omsorg (hhv 5,7 og 7,5%).

Tabell: Økonomisk oversikt drift per 31.08.2018 i 1.000 kr

Økonomisk oversikt - Drift				
Tall i 1000 kroner	**Regnskap 2018**	**Regulert budsjett 2018**	**Opprinnelig budsjett 2018**	**Regnskap 2017**
DRIFTSINNTEKTER				
Brukerbetalinger	-19 218	-19 972	-19 972	-19 888
Andre salgs- og leieinntekter	-42 080	-36 307	-36 108	-37 478
Overføringer med krav til motytelse	-30 301	-32 571	-22 555	-36 905
Rammetilskudd	-169 693	-171 440	-171 440	-167 879
Andre statlige overføringer	-29 006	-28 438	-28 438	-27 937
Andre overføringer	-1 107	-49	-49	-1 467
Inntekts- og formuesskatt	-218 869	-219 038	-219 038	-207 174
Eiendomsskatt verk og bruk	0	0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom	0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	**-510 274**	**-507 814**	**-497 598**	**-498 728**
DRIFTSUTGIFTER				
Lønnsutgifter	246 697	241 651	233 079	237 355
Sosiale utgifter	80 800	73 162	69 831	78 506
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.	56 789	58 382	57 950	58 865
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjensteprod.	67 569	68 758	69 749	65 396
Overføringer	27 943	19 726	19 638	22 791
Avskrivninger	0	25 349	25 349	0
Fordelte utgifter	-2 706	-5 001	-4 593	-3 182
Sum driftsutgifter	**477 093**	**482 026**	**471 003**	**459 732**
Brutto driftsresultat	**-33 181**	**-25 788**	**-26 595**	**-38 996**
EKSTERNE FINANSINNTEKTER				
Renteinntekter og utbytte	-7 395	-6 412	-6 412	-5 508
Gevinst finansielle instrumenter	-1 372	-3 074	-3 074	-1 699
Mottatte avdrag på lån	-1	-152	-152	-7
Sum eksterne finansinntekter	**-8 769**	**-9 637**	**-9 637**	**-7 214**
EKSTERNE FINANSUTGIFTER				
Renteutgifter og låneomkostninger	5 639	11 395	11 395	6 059
Tap finansielle instrumenter	20	150	150	50
Avdrag på lån	330	17 715	17 715	21 106
Utlån	0	187	187	0
Sum eksterne finansutgifter	**5 990**	**29 448**	**29 448**	**27 216**
Resultat eksterne finanstransaksjoner	**-2 779**	**19 811**	**19 811**	**20 001**
Motpost avskrivninger	0	-25 362	-25 362	0
Netto driftsresultat	**-35 960**	**-31 339**	**-32 146**	**-18 994**

BRUK AV AVSETNINGER				
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	-10 060	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	-8 453	-8 453	0
Bruk av bundne fond	-11	-350	-350	-441
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	**-10 071**	**-8 803**	**-8 803**	**-441**
AVSETNINGER				
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0
Avsatt til dekning av tidligere års r.messige merforbruk	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	10 060	158	158	0
Avsatt til bundne fond	0	1 617	1 617	700
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum avsetninger	**10 060**	**1 774**	**1 774**	**700**
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	**-35 971**	**-38 368**	**-39 175**	**-18 735**

Av tabellen ser ein at dei reine lønskostnadane har auka med om lag 3,7% i 2018 sett i høve til tilsvarande periode i 2017. Det er noko høgare enn ein normal lønsvekst og differanse skuldast mest sannsynleg fleire tilsette innan sektor for helse og omsorg (jfr budsjettvedtaket).

Ser ein samla reelle lønskostnadar (ink refusjon sjukeløn) er forbruket pr 31.09 om 5,8 mill høgare enn budsjettet. Differansen vert utlikna når ein fører pensjonsavvik med meir og vi vil nok mest sannsynleg få eit lite mindreforbruk på samla lønskostnadar i 2018 sett i høve til budsjettet.

Ein ser også at veksten i frie inntekter er nær 2,0 mill kr høgare enn veksten i lønn og sosiale utgifter.

Avdelingane sine tilbakemeldingar

Innan sektor for stab er dei mindre og forutsigbare avdelingane i rute. Dei fleste her vil levere eit mindreforbruk som i hovudsak skuldast vakansar samt at det ikkje er leigd inn vikarar for personell som har vore sjukemeldt i 2018. Eigedomsavdelinga melder om negativt avvik. Dette skuldast utfordringa i løpande drift. Avdelinga har også eit mindreforbruk i reinhaldsavdelinga, men trur ikkje at dette er stort nok til å dekke meirforbruket i dei andre delane av eigedomsavdelinga. For å redusere meirforbruket har avd no stoppa alt planlagt vedlikehald som ein ikkje har inngått avtale for. Kor stort eit meirforbruk vil bli er usikkert. Vi har sett det til 1,0 mill kr.

Innan sektor for oppvekst melder begge avdelingane at det kan bli eit meirforbruk i 2018, men at dette kan dekkast inn ved bruk av bundne fondsmidlar.

Sektor for helse og omsorg melder at det er ufordringar innan avd for Barn Familie og Helse. Her kan meirforbruket bli stort og det meste av det skuldast utviklinga i sosialhjelpa. Kanskje kan meirinntekter/meirutgifter frå flyktning dekke opp noko av dette, men det er ikkje omtala i budsjettkontrollkommentaren. Også pleie- og omsorgsavdelinga og bu- og habiliteringsavdelinga vil mest sannsynleg få eit meirforbruk i 2018, medan avd for Tenestekoordinering har eit mindreforbruk pga vakansar.

Sektor for samfunnsutvikling meiner at ein skal unngå meirutgifter i 2018 og at ein vonar at eit meirforbruk innan brannvernet kan dekkast inn gjennom mindreforbruk i dei andre avdelingane.

Når det gjeld skatt, rammetilskott, finans, pensjon med meir er det som vanleg mange usikre faktorar. Skatteinntektene er noko høgare enn budsjettert og dette vil gi oss meirinntekter på mellom 3,0 og 6,0 mill kr. Kommunen får behalde omlag 40% av desse meirinntektene (resten blir trekt frå den inntektsutjamnande delen av rammetilskotet). Rentenivået er på veg oppover, sjølv om takten i renteauken kanskje blir mindre enn det Norges Bank har antyda tidlegare. Renteauken vi fekk i september vil gjere at våre rentekostnadar vil bli noko høgare enn rekna med. Når det gjeld finansinntektene (ink aktiv forvaltning) vert desse mindre enn budsjettert.

Pensjonskostnadane er den største usikre faktoren. Dei siste åra har kostnadane til dette blitt ein god del lavare enn budsjettert og det ser det heldigvis ut til at det blir i 2018 også. Truleg vil mindrekostnadane her vege opp for manglande finansinntekter.

I september fekk kommunen melding om at ein vil få om lag 4,5 mill kr frå Havbruksfondet. Dette er ei eingongsinntekt og skal då som hovudregel førast i investeringsrekneskapen, men ein voner sjølvsagt at denne innbetalinga går i drifta slik at vi får saldert litt av meirforbruket vi har i andre avdelingar.

No tippa vi også at både 2015, 2016 og 2017 ville bli utfordrande, men for alle tre åra viste kommunerekneskapen overskott etter at mange faktorar slo positivt ut siste kvartal Det har blitt hevda at dette er dei tre beste åra for kommuneøkonomien i dette årtusenet og det stemmer nok. Aldri før har det vore så få kommunar i registeret for ROBEK kommunar som det er per dato.

Vurdering og konklusjon:

Utfordringa i 2018 vil bli faktorar som er rettigheitsstyrte som t.d. utbetaling av sosialhjelp. Mange av avdelingane klarer å halde rammene sine og endå til vise til mindreforbruk. Dette skuldast i dei fleste tilfella vakante stillingar og at det ikkje vert henta inn vikarar når tilsette er sjukmelde. Utfordringa til Herøy kommune no og også framover i tid er at vi har særs lave frie inntekter per innbyggar. Når dette er kombinert med litt dyr drift innanfor einskilde tenesteområder blir det meir og meir utfordrande og klare ei forsvarleg drift.

Framover vil det vere viktig å få redusert kostnadsnivået utan at kvaliteten vert dårlegare samstundes som gjer det ein kan for å auke inntektsnivået. Dei tilsette har synt stor forståing med utfordringane vi har stått ovanfor og som vi står ovanfor i tida som kjem.

Ein viser elles til vedlagte budsjettkontrollrapportar frå avdelingane for meir informasjon.

Fosnavåg, 05.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Geir Egil Olsen
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Sektor STAB

Servicetorget

Avvik i inntekter : Det er her ført inntekter som gjeld heile året 2018, forskotsbetaling skjenkeavgift. Det har vore mange eigedomspakkar, 7 i september som er ein nedgang frå august. Refusjon for person med permisjon gjer også at inntektene ligg over budsjettert.

Avvik i utgifter : Det er inne vikar i ei stilling. Dette er ikkje budsjettert. Avvik løn vil derfor auke utover året. Her vil det vere refusjon for person som er ute i permisjon.

Oppgradering av ny nettside er ferdig. Servicetorget har ikkje fått faktura på arbeidet.

Tilsett i Servicetorget har fått rolle i forhold til GDPR-personvernansvarleg. Personen vil få opplæring. Dette vil medføre utgifter til studieplass, reise, opphald og materiell. Forventa forbruk er på ca. 35 000,- for 2018.

Prognose 2018: Underforbruk med **kr 200.000,-**

Dokumentsenter og politisk sekretariat

Avvik i inntekter/utgifter:

P.t. eit mindreforbruk på 9,0% som utgjer vel 350 000,- kroner.

Prognose per 31.12.2018 i kr:

Dokumentsenteret, politisk sekretariat, innkjøp og stabsleiing, vil slik situasjonen er p.t., halde budsjettet for 2018. Det er truleg at avdelinga vil ende opp med eit mindreforbruk på **kroner 300 0000,-** eller meir, sett at ein ikkje får større uførutsette utgifter resten av året, sjå nedanfor.

Kort forklaring på stoda per rapporteringsdato:

Mindreforbruket skuldast i all hovudsak langtidssjukefråvær utan å ta inn vikar og planlagd mellombels vakanse.

Eventuelt ting som kan oppstå seinare i året:

Reisekostnadar i samband med pendlaravtale for kommunalsjef, som trådte i kraft per 01.08.18, vil auke kostnadane for ansvar 1245. Samarbeidsprosjektet med Vanylven kommune kan få innverknad på utgifter og inntekter i løpet av året. Ved eventuelt tilsetting i Dokumentsenteret er det ynskjeleg å få på plass ei overlapping, som vil auke lønskostnadane.

Økonomiavdeling

Avdelinga har per 30.09.2018 eit mindreforbruk på om lag kr 770.000,-. Av dette skal i overkant av kr 200.000,- førast ut på andre avdelingar. Avdelinga har hatt vakant 80% stilling i 2018 og i tillegg har ein hatt mange sjukmeldingar. Mindreforbruket 2018 sett under eitt vil nok overstige kr 500.000,- og vil vere avhengig av om avdelinga gjer nødvendige innkjøp av dataskjermar (slik at dei som ynskjer det får to skjermar) og om ein må betale ut flexitid. Vakansar og sjukmeldingar har ført til at eit par tre personar i avdelinga har jobb ein del ekstra dette året.

Avvik inntekter: Refusjon sjukeløn samt ei "feilføring" som må omposterast (vel kr 200.000,-)

Avvik utgufter: vesentleg knytta til stillingsvakanse

Prognose 2018: Eit mindreforbruk på minst **kr 500.000,-** eller om lag 10% av budsjetterte netto utgifter.

Personal- og organisasjonsavdelinga

Prognose per 31.12.2018:
Med utgangspunkt i rekneskapa for dei siste åra og resultatet sett for heile året, vil avdelinga samla sett gå i ballanse. Det er likevel usikre moment, og resultatet er avhengig av at dei aktivitetane som er planlagde vert halde og at det ikkje oppstår uventa kostnader.

Det er postar i rekneskapen som går med eit meirforbruk. Dette bør rettast opp i høve til neste års budsjett, med tanke på å få rettast mogleg tal knytt til aktivitetane i budsjettet. Dette gjeld til dømes posten blad, aviser og telefoni, samt servering. Desse må difor balanserast opp i mot postar som har positive avvik. Dette gjeld mellom anna kursutgifter og opphald kurs, som må regulerast i forhold til samla budsjett.

Personal- og organisasjonsavdelinga hadde i perioden januar-september eit negativt avvik på 0,69%.

Prognose for 2018 ved utgangen av september: Om ikkje store uforutsette hendingar oppstår, vil Personal- og organisasjonsavdelinga samla sett gå ut med **eit lite underforbruk**.

IKT

Avvik i inntekter - ingen avvik å melde. Inntekter frå driftsavtaler vert fakturert årleg i november/desember.
Avvik i utgifter - Alvorleg avvik på 20,5% (ned frå 28,5% førre rapportering) skuldast betaling av faktura for både 1. og 2. halvdel av 2018 frå SSIKT som ikkje er periodisert.
Tala under posten kjøp frå kommuner vart lagt inn etter informasjon om driftskostnad for Herøy frå SSIKT. Det viser seg at siste budsjettala frå SSIKT ikkje kom med i lokalt driftsbudsjett i Herøy,
det er difor eit meirforbuk på denne **posten på 170 401 kr.**

Prognose per 31.12.2018 i kr - Ein kan forvente eit lite overforbruk på dette ansvaret ved årets slutt grunna feil i budsjettala under kjøp frå kommuner (driftskostnader SSIKT).

Eigedomsavdelinga

Eigedomsavdelinga har pr. rapporteringsdato samla forbruk for 2018 på 87 %. Periodisert budsjett til og med 30.09.2018 har eit meirforbruk på 18 %.

Meirforbruket skuldast mindre husleigeinntekter enn budsjettert og utgifter til byggdrift og vedlikehald som ikkje er periodisert likt over året. Regnskapet for reinhald - som er den største seksjonen budsjettmessig - har eit lite mindreforbruk i høve periodisert budsjett.

Meirforbruket pr. rapporteringsdato er naturleg med tanke på at gjennomføringa av bygningsmessig vedlikehald mm. er på topp i perioda mars til september. Ytterlegare planlagt vedlikehald er no avslutta for 2018. Samstundes er den store utfordringa den store mengda bygningsmessige avvik som vert meldt inn kvar dag og som i stor grad krev oppfølging ; tiltaka kan ikkje vente. Mellom anna har den store nedbørsmengda siste månad medført vasslekkasjer både på nye og gamle bygg og på stader der vasslekkasjar ikkje har vore ei utfordring før.

Sektor OPPVEKST

Barnehageavdelinga

Netto forbruk på 71,8%, og lavare enn budsjettert.

Positivt avvik er i hovudsak relatert til øyremerka tilskot som kompensasjon for bemanningsnorma. Restmidlar frå dette, vil kunne overførast til 2019. Refusjon sjukelønn er også høgare enn budsjettert.

Utgifter: Kjøp av varer og tenester er 1,4 mill høgare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak eit behov som er innmeldt i budsjettprosessen for 2018; mange funksjonshemma barn i private barnehagar, der kommunen må refundere utgifter. Det er forventa eit meirforbruk her på 1,2 mill.

Inntekter: Det er lavare brukarbetaling enn budsjettert, relatert til færre barn i periodar og til redusert foreldrebetaling og søskenmoderasjon. Auka inntekter totalt sett skuldast tilskot til kompetanseutvikling, badetilskot, tilskot til styrking for minoritetsspråklege barn og kompensasjon for bemanningsnorma. Om desse midlane ikkje vert brukt i 2018, må dei setjast av til 2019 og brukast til same formål.

Prognose: Forventar meirforbruk på funksjon 211, jfr funksjonshemma barn. Vil kunne gå i **balanse** på grunn av auka tilskot og bruk av fondsmidlar til styrkingstiltak barnehage.
Usikkerheit: Kommunen har gjort vedtak om redusert tilskot på 1,1 mill til ein privat barnehage pga stor aktivitetsendring (nedgang i antal barn frå 102 til 80). Vedtaket er påklaga av PBL, og utfallet er usikkert.

Grunnskuleavdelinga

Netto forbruk 72,8% pr.30.sept. Normalt og omtrent på budsjett.

Utgifter: Negativt avvik på 2,1 mill, men må sjåast opp mot ref.sjukelønn på 2,2 mill over budsjett, samt statlege vikarmidlar ført på konto 18101. Utgifter over budsjett på leasing (12000 og 12200), dette gjeld i'Pad til 1.-3.klassingane. Også over budsjett på kjøp av datautstyr (12002), dette gjeld kjøp av Chromebook til eit klassetrinn på YHU. Kunne ikkje vente på at IKT hadde midlar.

Inntekter: Negativt avvik på brukarbetaling. Dette er ein kombinasjon av færre elevar enn ved budsjettering både på SFO og kulturskulen, samt faktureringstidspunkt. Kulturskulen fakturerer pr halvår. Det store avviket på Andre refusjonar og tilskot, -2,1 mill, skuldast ei budsjettert inntekt på 3,3 mill på EMA (asylsøkjarane), ein aktivitet som vart avslutta før budsjettåret starta. Ser ein bort frå dette, er vi meir inntekter enn budsjettert samla sett; meir refusjon sjukelønn og meir øyremerka statlege tilskot.

Prognose: Område 22 vil greie å halde seg innanfor budsjettramma. Vi ventar eit tilskot til etterutdanning av lærarar, men fylkesmannen har ikkje dette klart enno. Dersom forbruket vert over budsjett, har vi noko øyremerka midlar på fond som vi kan trekke på, særleg i høve kompetanseutvikling.

Sektor HELSE OG OMSORG

Helse og omsorg leiing

Avvik utgifter: Fyrste og andre betaling til ressurssenteret for omstilling (RO) er betalt. Rekningane vert belasta på helse og omsorg adm. Kostnaden er ikkje budsjettert, slik at her får vi eit avvik samla sett. Ein del av det negative avviket per d.d gjeld forskottering knytt til 7-stjerna HO, som vi får 6/7 delar tilbake på, ved slutten av året.

Avvik inntekter: Ingen avvik.

Prognose: Det vert eit lite avvik knytt til kjøp av tenester av RO, som ikkje er budsjettert inn i 2018-budsjettet. Det vert spare på andre postar for å minimere avviket. Avvik samla sett vert prognostisert til **omlag 50.000,-**

Barn, familie og helse

Avvik utgifter: For avdelinga barn- familie og helse er det fortsatt eit alvorleg avvik. Det gjeld som tidlegere eit meirforbruk på NAV og dei to legekontora. På NAV er det særleg sosialtenesten som gjer overforbruket. Dette er meldt særskilt. Når det gjeld legekontora er det fortsatt pga. dei gjeldande avtalane som gjer overforbruket. Avtalene er under evaluering og det er fremma eiga sak om dette til kommunestyret. Det er elles ikkje noko spesielt nytt å melde i forhold til siste rapportering.

Avvik inntekter: Ein del tilskot har ikkje kome inn/ikkje bokførte per d.d

Prognose: Negativt avvik i hovudsak på grunn av auke i bruk av sosialhjelp. Utviklinga er som skissert førre månad, med prognose **på 8 million** i samla negativt avvik.

Pleie og omsorg

Avvik utgifter: Pleie og omsorg har brukt 76,7% av budsjetterte midlar, det er 1,7% meir enn forventa. Overforbruket kjem av ekstrainnleige i samband med dårlege pasientar, meirkostnadar til innkjøp av medisinske forbruksvarer. Dette er rapport om tidlegare. Avviket viser i hovudsak at vi ikkje greier å spare inn rammekuttet på 1,75% (2.030 million) som er pålagt avdelinga.

Avvik inntekter: Ingen særskilde avvik er meldt.

Forventa overforbruk er meldt til **2 millionar**.

Bu- og habilitering

Avvik utgifter: Ekstrahjelp og bemanning på grunn av auke i behov, gir ekstra kostnader. Av erfaring veit vi at ein del av dette kjem tilbake som auke i inntekter frå staten.

Avvik inntekter: Det vil nok kome ekstra inntekter, då ein del av meirforbruket utløyser statstilskot.

Prognose: Erfaringstal viser at avdelinga brukar å kome positivt ut ved slutten av året, sjølv om tala er raude store delar av året. I 2017 fekk vi i overkant av 2 millionar meir enn budsjettert til det staten kallar ressurskrevjande brukarar.

Refusjonsnøkkelen som vart lagt fram i statsbudsjettet i oktober, legg opp til ei innsparing utover løn- og prisvekst på 50.000 per person. For Herøy kommune vil det utgjere omlag 750.000,- i mindre refusjonsinntekter i 2018. Det får betyding for årsprognosen, om dette vert det endelege resultatet i statsbudsjettet. Vi meldar difor om eit mogleg negativt avvik også her.

Tenestekoordinering

Avvik utgift: Innsparinga skyldast at vakant stilling i 50% er helde ledig i heile 2018, i tillegg til at det ikkje er leigd inn sjukevikar i 100% stilling frå mars 2018. I sistnemnde er det tilsett ein person frå 01.10. slik at innsparinga vil ikkje auke i tilsvarande grad resten av hausten. 50% stillinga er også lyst ut, men det vil ikkje bli tilsett nokon i stillinga før januar 2019. Det vil også kome til ein del utgifter på slutten av året i teknisk drift (3512), slik at det til slutt vil bli balanse mellom regnskap og budsjett på dette ansvaret.

Avvik inntekt: På slutten av året vil det også bli gjort nokre overføringar til 3511 frå fond (prosjektkonto 32011) som vil auke mindreforbruket.

Prognose: Avdelinga vil samla sett truleg ha eit mindreforbruk på **vel 800.000** ved årsslutt.

Sektor SAMFUNNSUTVIKLING

Kulturavdelinga

Avdelinga arbeidar godt, strukturert, har god kostnadskontroll og kjører mot balanse ved årsslutt. Eit usikkert moment er kulturproduksjon som vi veit er avhengig av gode besøkstall for å levere tilfredstillande økonomiske resultat.

Utviklingsavdelinga

Avdelingane arbeidar godt, strukturert, har god kostnadskontroll og kjører mot mindreforbruk ved årsslutt.

Anleggs- og driftsavdelinga

Avdelinga arbeidar godt, strukturert, har god kostnadskontroll og kjører mot balanse ved årsslutt. Eit usikkert moment kan vere vinterdrift før 31.12.18.

Brannvern og feiing

Avdelinga arbeidar godt, strukturert, har relativt god kostnadskontroll, men kjører mot meirforbruk ved årsslutt. Brannvern sitt meirforbruk vil ligge på om lag **570 000 kr**. Årsak i vesentleg grad er fleire sjukmeldingar (ikkje arbeidsmiljø) og brannen i Sævika. Slik kommunalsjefen ser det må det enten gjerast strukturelle endringar om vi skal betre situasjonen eller så må ein omfordele frå andre avdelingar eller sektorar for å få dette i balanse. Kommunalsjefen sitt råd er å sjå på strukturelle endringar ved avdeling brannvern.

ANDRE AVDELINGAR

Folkevalde

Prognosen for dette ansvaret er at det ser ut til å verte eit mindreforbruk på ca **kr 500.000** i 2018.

Administrativ leiing

Det er ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i 2018. Meirforbruk så lang vert dekt opp av refusjon OU-midlar.

Overføringar

Målet her er å kome balanse eller kanskje klare å levere eit lite mindreforbruk.

Dette er overføringar til mange ulike verksemder. KS/OU, Kyrkjeleg Fellesråd, revisjon, Vest kontroll, Krisesenter, overgrepsmottak, interkommunal innkjøpsordning, interkommunal arbeidsgjevarkontrol, VTA tiltak, Ålesund og Sunnmøre reilelivslag, etc etc.

Skatt, ramme, finans, tilskott m.m.

Skatteinntektene per 30.09.2018 er på om lag 218,87 mill kr medan vi har budsejttert med 265,5 mill kr for 2018. Slik det ligg an no vil vi klare budsjettet. Likevel gjer vi merksam på at november er ein viktig skattemånad. Då får vi vite to faktorar som blir viktige for dei eindelege skatteinntektene. Marginoppgjeret og

endeleg fordelingsprosent for 2018. Slår desse to fakturane negativt ut for Herøy kommune kan ein risikere at skatteinntektene vert mindre enn budsjettert.

Rammetilskotet vart budsjettert til 214,3 mill kr. Men endringar i endeleg folketal/forketalssamansetjing per 31.12.2017 gjorde at dette vart resusert til om lag 213,0 mill kr. Per 30.09.2018 ha vi bokført om lag 169,69 mill i slike inntekter. Rammetilskott vert ikkje utbetalt i august og desember. Ei normalutbetaling av rammetilskottet er på 21,6 mill kr - dvs om lag 43,2 mill kr resten av året og ein total på om lag 212,9 mill kr. Vårt håp er at skatteinntektene på landsbasis vert høgare enn budsjettert slik at vi samla får balanse mellom budsjetterte og reelle frie inntekter.

Vårt tips er skatteinntekter på 269,5 mill kr og rammetilskott på om lag 213,3 mill kr slik at samla inntekter frå skatt og ramme vert 482,8 mill – dvs om lag 3,0 mill kr meir enn budsjettert. Fasiten får vi 6 februar 2019.

Under aktiv forvaltning har vi budsjettert med ei total avkastning på 4,14 mill kr. Kanskje noko høgt i og med at vi har om lag 80,0 mill plassert i marknaden. Det gir ei snittavkastning på nær 5,2% og det er mykje når 60,0 mill kr er plassert i obligasjonar og rentepapir. Hittil i 2018 er avkastninga på nær 2,0 mill kr, men ein dett på børsen i oktober kan gjere at inntektene her vert mykje lavare enn budsjettert.

Renter på innskott og statstilskott (rentekompensasjon) er totalt budsjettert med i alt om lag 4,5 mill kr. Inntektene hittil er på nær 0,7 mill kr. Trass i at rentekompensasjonen først blir utbetalt i januar 2019 vil ein her ikkje klare dei budsetterte inntektene. Grunnen til dette er at innskota er mindre enn rekna med og at renta på innskot også er lavare enn rekna med. Ein ser ikkje vekk frå at ein her kan få mindreinntekter på om lag 1,5 mill kr. Aksjeutbyttet frå Tussa AS er nær 0,4 mill kr høgare enn budsjettert.

Vi har budsjettert med totalt 38,8 mill kr i rente- og avdragskostnadar i 2018. Vi har rekna på minsteavdraget og ser at det vil bli om lag som budsjettert. Ein renteauke på 0,25% i september gjer at vi kan få eit minimalt negativt avvik i rentekostnadane.

Vi har budsjettert med pensjonsavvik/mindrekostnadar pensjon på om lag 14,7 mill kr. Om dette vil bli rett er vanskeleg å seie. Tala stammer frå opplysningane vi fekk frå pensjonsselskapa i 2017 og dei er ikkje kontrollrekna i ettertid basert på nye oppgåver vi har fått frå selskapa. Etter å ha rekna litt på oppgåvene frå pensjonsselskapa (KLP og SPK) vil avviket truleg bli om lag 2,0 mill høgare enn berekna i opprinneleg budsjett.

Kommunen får nær 4,5 mill kr frå Havbruksfondet. Dette kjem godt med i 2018 rekneskapen.

Til slutt må vi nemne at vi har budsjettert med bruk av disp fond på heile 11,3 mill kr for å få 2018 budsjettet i balanse.

Konklusjon: For dette området ser det ut til at vi kan få samla meirinntekter på om lag 6,5 mill kr ink Havbruksfondet. Bruken av disposisjonsfondet vil såleis vere avhengig av resultatet i driftsavdelingane og blir totalsituasjonen der negativ med meir enn 6,5 mill kr vil fondsbruken bli større enn dei budsjetterte 11,3 mill kronene.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2018/84
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
211/18	Formannskapet	20.11.2018

BERGSHAUGEN, KS9. UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN.

Tilråding:

Herøy formannskap vedtek å legge framlegg til plan for Bergshaugen KS 9 ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.

Særutskrift:

Vedlegg:
1 Plankart Detaljreguleringsplan Bergshaugen KS9
2 Regueringsføresegner Detaljreguleringsplan for Bergshaugen KS9
3 Planomtale Detaljreguleringsplan Bergshaugen KS9
4 Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsendring Berghaugen KS9 og LP7 - Indre Bergsøy - fråsegn ved varsel om oppstart
5 Herøy kommune - reguleringsendring for Bergshaugen KS9 og LP7 - reguleringsplan for Indre Bergsøy - varsel om oppstart

Samandrag av saka:
Denne reguleringsplanen omfattar eitt av fleire avsette bustadområder i områdeplan for Indre Bergsøy, kalla KS 9. KS står for konsentrert småhusbebyggelse.

I samband med søknad om oppstart gjorde tiltakshavar merksam på at dei ynskjer å legge til rette for litt mindre tett utnytting av området enn det områdeplanen legg til grunn, med ein del mindre tomter til frittliggjande småhus/einebustadtomter.

Planforslaget som no vert fremja for utlegging til offentleg ettersyn er i samsvar med omsøkt tiltak. Det vert lagt til rette for fem tomter for frittliggjande småhus og to tomter for konsentrert småhus. I tillegg viser planen køyreveg, gang-/sykkelveg, leikeplass og område for kommunalteknisk anlegg.

Rådmannen rår til at framlegget vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Saksopplysningar:



Figur 1: Oversiktskart flyfoto som viser lokalitet for aktuelt reguleringsområde KS 9, svart pil.



Figur 2: Pila viser beliggenheit til område KS 9 i eit oversiktskart over områdeplan for Indre Bergsøy.

I samband med varsel om oppstart er det kome inn 2 innspel:

1. **Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 28.09.2018**
   Fylkeskommunen gir i sitt innspel ein del generelle råd og viser til lovverk og forskrifter som kan vere til hjelp i planlegginga.
2. **Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 04.10.2018.**
   Fylkesmannen viser til at det må utarbeidast ROS-analyse for utbyggingsområdet i samsvar med pbl. § 4.3 og at eventuelle omsynssoner må merkast av i kartet. I tillegg påpeikar dei at det må setjast av tilstrekkeleg og godt eigna areal til leik i samsvar med gjeldande retningsliner.

Utarbeidd planforslag:



Figur 3: Planforslag for KS9. Sjå også vedlegg 1 Plankart.

Planområdet er på totalt 6,2 daa og planframlegget legg til rette for fem tomter for frittliggjande småhus (FS1-3) og to tomter for konsentrert småhus (KS1). I tillegg viser planen køyreveg og gang-/sykkelveg fram til leikeplass (LP1) og område for kommunalteknisk anlegg/pumpestasjon (PS).
Utnyttingsgrad:
Maks BYA er sett til 30% for FS-områda og mellom 25-40% i KS-området. Totalt er det planlagt for 14 nye bueiningar.

Vurdering og konklusjon:

ROS-analysen er innarbeidd i planomtalen og viser til at området ikkje er utsett for risiko for flaum, skred, utskliding eller flodbølgjer som treng ekstra tiltak. Plassering av leikeplassen er vidareført frå vedteken områdeplan og må sjåast i samanheng med at her er bustader også vest for denne leikeplassen, på same side av vegen. Sjå også punkt 7.7 i planomtalen.

Planforslaget ivaretek hovudtrekka i overståande områdeplan. Rådmannen rår til at planframlegget vert lagt ut til høyring/offentleg ettersyn i minst 6 veker i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.

Fosnavåg, 02.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth



Tegnforklaring

Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Bustader - frittliggande småhus
- Bustader - konsentrert småhus
- Andre kommunaltekniske anlegg
- Leikeplass

Samferdselsanlegg og teknisk infrastrukur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg
- Gang-/ sykkelveg

- Byggegrense
- Måle-/avstandslinje
- Plangrense
- Avkjørsel-både inn og utkjøring

Kartopplysninger

Kilde for basiskart: Ambita Infoland
Koordinatsystem: UTM Sone 32 / Euref 89
NN54

Ekvidistanse 1 meter
Kartmålestokk 500

0 5m 10m 15m 20m

Herøy kommune

Detaljreguleringsplan - PBL (2008) § 12-8

Detaljreguleringsplan for Bergshaugen KS9

Med tilhøyrande reguleringsføresegner

SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAKSNR	DATO	SIGN
Kunngjøring oppstart			
1. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			
Offentlig ettersyn fra til			
2. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			
Kommunestyrets vedtak:			

PLANEN UTARBEIDET AV:	SAKSNR	TEGNNR.	SAKSBEH.

Detaljreguleringsplan for Bergshaugen KS9

Sist revidert: 29.6.08

§ 1 – Avgrensing av planområdet

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - Andre bestemmingar

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - Privatrettslege avtalar

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFORMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar plan- og bygningslova til følgjande føremål:
Bygningar og anlegg (PBL. § 12 – 5, nr.1)
- Bustader – frittliggjande småhus (FS)
- Bustader - konsentrerte småhus (KS)
- Andre kommunaltekniske anlegg – Pumpestasjon (PS)
- Leikeplass (LP)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12 – 5, nr. 2)
- Køyreveg (V)
- Gang- og sykkelveg (GS)

Omsynssoner (PBL. § 12-6)
- Sikringssone – Frisikt (H140)

§ 5 – FELLESFØRESEGNER

a) Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillatt bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.
b) Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.
c) Innafor byggeområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar, der nødvendig. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.

§ 6 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr.1)

1. Generelt

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.
Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke

er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav.
På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.
Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):
Maks tillaten BYA for dei enkelte delområda:
• FS - område: maksimum BYA 30 %.
• KS - område: minimum BYA 25 % og maksimum BYA 40 %.
Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 18 m2 pr. bilplass.

Som minste opphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan FS-område skal det setjast av min. 20m2 eigna areal for leik. Arealet skal gå fram at situasjonsplan. Innan KS-område gjeld krav til MUA 15 m2. Innan KS-område skal areal til MUA samlast i område med minimum netto leikeareal på 60 m2.

2. Bustader – frittliggjande og konsentrerte småhus

a) I område merka FS kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt. I område merka KS kan det byggjast bustadhus i rekke med inntil seks (6) bueiningar i kvar rekke. KS-område skal planleggjast under eitt, men kan byggjast ut i trinn. Innanfor KS-området kan det også oppførast korsdelte firemannsbustader.
b) Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.
c) I område merka FS og KS skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m. I område merka FS skal garasjar ikkje byggjast større enn 45 m2 grunnflate og då berre i ei høgd. I FS-områda skal garasjar ikkje ha større gesimshøgd enn 3 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m. I KS-område bør garasjar som hovudregel organiserast ved felles garasjeanlegg. Unntaksvis kan frittståande enkelt garasje eller carport (til ei bueining) byggast med grunnflate inntil 36 m². I KS-område skal garasjar ikkje ha større gesimshøgd enn 3,5 meter og mønehøgd ikkje over 5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.
d) Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggande bustadhus takast omsyn til. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

3. Andre kommunaltekniske anlegg (pumpestasjon)

Eksisterande pumpestasjon inngår i planen.

4. Leikeplass

Områda merka LP1 er felles for tilgrensande tomter innanfor området. Leikeplassane skal ved utbygging setjast i ein slik stand at dei er eigna for leik og opphald. Leikeareala skal utførast som rekreasjons- og leikeområde. Prinsippa om universell utforming bør så langt råd, leggjast til grunn slik at leikeplassane heilt eller delvis kan nyttast av alle.
Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Leikeplass skal opparbeidast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande forskrift om leikeplassutstyr.

§ 7 Uteareal tilhøyrande byggjeareal

a) Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.
b) Ein bør i størst mogleg grad søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører

støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen krevje at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

c) Ev. utelagring kan berre tillatast dersom funksjonane vert skjerma av vegetasjon, gjerde eller overdekkande bygning. Dette må vurderast i kvar enkelt sak og ut i frå funksjon og omfang. Skjermingstiltak skal godkjennast av kommunen.
d) Opphaldsareal ute skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget.
e) Ved ev. trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon e. l. etter detaljplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
f) Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
g) Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
h) Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsle gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisiktlinjer.

§ 8 - SAMF.ANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2)

I offentlege trafikkområde skal det byggjast:
- køyreveg med tilhøyrande areal
- gang-/sykkelveg med tilhøyrande areal

Avkøyrsler skal som hovudregel ikkje leggast til veg med fortau eller gang-/sykkelveg med mindre det er vist avkøyrsel eller avkøyrselspil på plankartet.

I vegareal og gangvegareal kan det leggjast VA-leidningar, EL-, tele- og fiberkablar.

§ 9 OMSYNSSONER (PBL. § 12-6)

1. Sikringssone – frisiktsone (H140)

Frisiktsone er vist med omsynssone, kode H140. Frisiktsone i vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsona skal planerast ned til 0.5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

§ 10 – REKKJEFØLGJEKRAV (PBL. § 12-7, nr. 10)

a) Felles leikeplassar skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når halve tilhøyrande bustadareal er utbygd. Leikeareal innanfor byggjeareal (MUA) skal opparbeidast samstundes med bustadhusa.

b) Gangveg skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når første bustad innanfor KS1 eller FS2 er utbygd.

Plamomtale

DETALJREGULERINGSPLAN FOR BERGSHAUGEN KS9, GBNR 30/135, Bergsøy, Herøy Kommune

DATERT: 29.06.18

SIST REVIDERT:
29.06.18

VEDTATT:



Innhold

1. SAMANDRAG 4
2. NØKKELOPPLYSINGAR 4
3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET 5
4. PLANPROSESSEN 5
   4.1. Oppstartsmøte 5
   4.2. Varsel om oppstart av planarbeidet 5
   4.3. Medvirkningsprosess 5
   4.4. Undervegsmøte 5
   4.5. Konsekvensutredning 5
   4.6. Konflikter eller heimler 5
5. GJELDANDE PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINER 5
   5.1. Rikspolitiske retningsliner 5
   5.2. Regionale planer 5
   5.3. Kommunale planer 6
   5.4. Reguleringsplaner 6
   5.5. Lokale retningsliner/normer 6
   5.6. Avvik fra planer og retningsliner 6
6. FORSKRIFT OM KONSEKVENSUTREDNING (KU) 6
7. BESKRIVELSE AV PLANOMRÅDET I DAG 6
   7.1. Lokalisering 7
   7.2. Avgrensning og størrelse på planområdet 7
   7.3. Topografi og landskap 7
   7.4. Stadens karakter 8
   7.5. Naturverdier og landbruk 8
   7.6. Rekreasjonsverdi, rekreasjonsbruk og uteområde 8
   7.7. Born og unges interesser 8
   7.8. Trafikkforhold 9
   7.9. Sosial infrastruktur og andre servicetilbod 9
   7.10. Teknisk infrastruktur 10

7.11. Miljø, klima og grunnforhold 10
7.12. Beredskap og ulykkesrisiko 10
8. VIRKNINGAR AV PLANFORSLAGET 11
8.1. Innleiing 11
8.2. Planlagt arealbruk 11
8.3. Formål knyttet til bygninger og anlegg 11
8.4. Støytiltak 12
8.5. Terreng, landskap og estetikk 12
8.6. Naturmangfold 12
8.7. Overordnede planar og retningsliner 12
8.8. Rekkefølgekrav 13
9. KONSEKVENSER AV PLANFORSLAGET 13
9.1. Overordnede planer og mål 13
9.2. Eksisterende reguleringsplaner 13
9.3. Virkninger for naboer og interessemotsetninger 13
9.4. Friluftsliv, naturområde, barn og unges interesser i nærmiljøet 13
9.5. Trafikkforhold og teknisk infrastruktur 14
9.6. Sosial infrastruktur og servicetilbud 14
9.7. Kulturminne og kulturlandskap 14
9.8. Juridiske/økonomiske konsekvenser for kommunen 14
9.9. Energibehov og forbruk 14
9.10. Vurdering av verknader 14
10. RISIKO- OG SÅRBARHETSANALYSE(ROS) 14
Namn på tiltak/plan: Detaljreguleringsplan for Bergshaugen KS9 14
11. UTTALELSAR OG MERKNADAR 18
11.1. Innspel og merknadar ved oppstart av planarbeidet 18
11.2. Uttalelser og merknader etter offentlig ettersyn og høring 18

1. SAMANDRAG

Formålet med planforslaget er detaljregulering av delområde KS9 og LP7 i områdereguleringsplan for indre Bergsøy. Krav om detaljregulering følger av områdereguleringsplanplan for indre Bergsøy, reguleringsføresegner § 6. Samstundes er det ønskelig med ein justering av formålet for deler av planområdet.

Planomtalen er noke forenkla på bakgrunn av vurderinger som er gjort i samband med områderegulering av Indre Bergsøy.

2. NØKKELOPPLYSINGAR

Gnr./bnr	30/135
Gjeldande planstatus	Områdereguleringsplan for Indre Bergsøy
Forslagstiller	S Storøy AS
Grunneigar	30/135 – Herøy Byggsenter AS
Plankonsulent	Dakark AS
Hovedformål	Frittliggende og konsentrert bebyggelse
Størrelse på planområdet i daa	6,2
Grad av utnytting	% BYA = 25-40
Tall på nye boenheter/nytt næringsareal (BRA)	14
Er det varsla innsigelse? (ja/nei)	Nei
Konsekvensutredningsplikt (ja/nei)	Nei
Oppstartsmøte, dato	14.12.17
Kunngjeringg oppstart, dato	23.2.18
Vedtak om oppstart (gjelder off. reg.planer). (ja/nei)	Ja
Vedtak om offentlig ettersyn, dato	
Høyringsperiode, dato frå - til	

3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Intensjoner og mål med planforslaget

- Intensjonen med planforslaget er å legge til rette for utbygging av planområde KS9 av områdereguleringsplan for Indre Bergsøy. Samtidig justerast arealformålet for deler av planområdet slik at delar av KS9 tilretteleggast for frittliggende bustadar (FS). Målet med dette er å treffe det ein oppfattar er etterspørselen i marknaden, på ein betre måte.

4. PLANPROSESSEN

4.1. Oppstartsmøte

Oppstartsmøte ble avholdt 14.12.17. Det vart informert om at kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan.

4.2. Varsel om oppstart av planarbeidet

Oppstart av planarbeid vart kunngjort 23.2.18 med nabovarsling og annonse i lokal avis.

4.3. Medverknad

Det har ikkje vore lagt opp til medverknad ut over ordinær varsling.

4.4. Undervegsmøte

Det er ikkje avholdt undervegsmøte.

4.5. Konsekvensutredning

Planforslagt er vurdert mot krav i KU-forskrifta, men det er ikkje funnet naudsynt med konsekvensutredning.

4.6. Konflikter eller heimler

Det er ikkje avdekt konflikter med statlige, regionale eller lokale retningsliner. Det er heller ikkje avdekt konflikter med Plan- og bygningslova eller tilhøyrande forskrifter. Overordna vurderinger er føresett gjort ved utarbeiding av Områdeplan.

5. GJELDANDE PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINER

5.1. Rikspolitiske retningsliner

Det er tatt omsyn til barn- og unges interesser i områdeplanlegging med mellom anna planlegging av leikeareal. I planforslag er denne tanken videreført med etablering av gang-og sykkelveg gjennom området og fram til områdeleikeplass.

5.2. Regionale planer

Ingen spesielle omsyn.

5.3. Kommunale planer

Krav i gjeldande kommuneplan er teke omsyn til i planlegginga.

5.4. Reguleringsplaner

Planområdet erstatter KS9 og LP7 i områdereguleringsplan Indre Bergsøy.

5.5. Lokale retningsliner/normer

Ingen spesielle omsyn.

5.6. Avvik fra planer og retningsliner

Deler av planforslaget avviker frå gjeldande områdereguleringsplan. Areal som er regulert til KS-område vert delvis omregulert til FS-område. Deler av LP-område er omregulert til atkomstveg.

6. FORSKRIFT OM KONSEKVENSUTREDNING (KU)

Planforslaget er ikkje omfatta av krav om konsekvensutredning (KU).

7. BESKRIVELSE AV PLANOMRÅDET I DAG

Planområdet er delvis planert og der er i dag en grusveg inn til pumpestasjon som er plassert i planområdet. Ut over dette er terrenget i stor grad skrånande mot eksisterande veg og bebyggelse. Noko spredt vegetasjon.

Foto tatt fra aust for planområdet, I retning vest (des.17)

Flyfoto over området

7.1. Lokalisering

5.1.1.

Planområdet ligger i Bergshaugen på Bergsøya, men er også avgrensa av Holkestadvegen i aust. Planområdet har god utsikt mot nordvest og Leinevika.

7.2. Avgrensning og størrelse på planområdet

7.2.1. Grunngjeving for planavgrensningen

Planavgrensning er avgrensa av formålsgrense for KS9 og LP7 siden det er krav om detaljregulering for KS9. Det er logisk å sjå dette i samband med LP7 sidan dette vil vere nærleikeplass for planområdet.

7.2.2. Beskrivelse av dagens bruk av planområdet

Planområdet ligg ubrukt i dag, med unntak av pumpestajon.

7.3. Topografi og landskap

Planområdet ligg relativt høgt på Bergsøya mellom kote 48 og 63. Landkapet er lett skrånande mot nord / nordvest.

7.3.1. Sol og lysforhold

Området har gode sol- og lysforhold sidan det er åpent landskap i alle retninger uten hindringar av sollys og utsikt, av relevans.

7.3.2. Lokalklima

Ein kjenner ikkje til lokale klimatiske forhold av relevans.

7.4. Stadens karakter

7.4.1. Eksisterande bygninger

Eksisterande bebyggelse er i stor grad spreidd småhusbebyggelse med innslag av noko fortetting.

7.4.2. Samspel mellom landskap og bygningsmasser

På eit overordna nivå er dette teke omsyn til i samband med områderegulering. Busetnad er plassert på dei flataste areala, og i den grad terrenget er skrått er bebyggelse gjerne tilpassa med kjellar mot terreng. Leikeplassar er plassert på flate og solrike stadar.

7.4.3. Kulturminne og kulturmiljø

Ikkje av relevans for planområdet i detaljreguleringsplan. Tema er grundig utgreia gjennom områdeplan.

7.5. Naturverdier og landbruk

Ikkje av relevans. Tema er utgreia gjennom områdeplan.

7.6. Rekreasjonsverdi, rekreasjonsbruk og uteområde

Området har lav, eller ingen rekreasjonsverdi i dag. Tema er for øvrig utgreia i områdeplan.

7.7. Born og unges interesser

Planområdet grensar mot ein større leikeplass (LP6 i områdeplan Indre Bergsøy) og inneheld også ein nærleikeplass på om lag 200m2 (LP1). LP6 er opparbeida med utstyr og benkar. Sidan planområdet ikkje skal ha gjennomgåande veg skal det opparbeidast ein gang- og sykkelveg (GS1) gjennom området for å gi god og sikker tilkomst til leikeplass LP6, då denne i praksis vil vere samlingsplass for born og unge i nærområdet.

Leikeplass LP6, rett sør for planområde (des.17)

7.8. Trafikkforhold

7.8.1. Vegtilkomst

Tilkomst til området er privat veg Bergshaugen. Tilkomst fra FV654 er via Borgarhaugvegen og Bergslibakken, begge kommunale vegar.

7.8.2. Vegsystem

Bergshaugen ligg inst i eit etablert byggefelt. Området har 30-sone som fartsgrense og her er ikkje gjennomgangstrafikk. Ut over dette visast til planomtale for områdeplan.

7.8.3. Kollektivtilbod

Det er ca 1 km til næraste busstopp ved FV654. Ut over dette visast til planomtale for områdeplan. Transportbehovet for bebuarar i området må påreknast dekt gjennom bilbasert transport.

7.9. Sosial infrastruktur og andre servicetilbod

7.9.1. Skule- og barnehagekapasitet

Tema er drøfta i områdeplan. Det skal vere kapasitet i lokale barnehagar og korte avstander til skule.

7.9.2. Idretts- og kulturtilbod

Tilstrekkelig utgreia i samband med overordna områdeplan.

7.9.3. Helsetilbod

Tilstrekkelig utgreia i samband med overordna områdeplan.

7.9.4. Nærleik til arbeidsplassar

Tilstrekkelig utgreia i samband med overordna områdeplan.

7.9.5. Daglegvarehandel og andre servicetilbod

Tilstrekkelig utgreia i samband med overordna områdeplan.

7.10. Teknisk infrastruktur

7.10.1. Vann og avløp

Tilstrekkelig utgreia i samband med overordna områdeplan. Det skal vere tilstrekkeleg kapasitet i VA-anlegg.

7.10.2. Trafo og kraftliner

Tilstrekkelig utgreia i samband med overordna områdeplan.

7.11. Miljø, klima og grunnforhold

Tilstrekkelig utgreia i samband med overordna områdeplan.

7.12. Beredskap og ulykkesrisiko

Tilstrekkelig utgreia i samband med overordna områdeplan. Området skal ha tilstrekkelig tilgang på sløkkevatn dersom brann.

8. VIRKNINGAR AV PLANFORSLAGET

8.1. Innleiing

Planforslaget inneber detaljering av eksiserande områdereguleringsplan.
Detaljreguleringsplan tilrettelegg område for utbygging slik at ein kan gå i gang med salg og bygging innanfor planområdet.

8.2. Planlagt arealbruk

8.1.1.

Planområde	*Areal - %BYA*	*Maksimal BYA*
FS1	1,54Da – 30	462m2
FS2	1,49Da – 30	448m2
FS3	0,74Da - 30	222m2
KS1	1,77Da - 40	707m2

8.3. Formål knyttet til bygninger og anlegg

8.3.1. Type bygninger og anlegg

Reguleringsplan er delt inn for følgande arealformål:

- Busetnad
  - FS1 – 3: Frittliggande småhus med inntil 2 bueiningar på kvar tomt. Inntil 30% BYA.
  - KS1 – konsentrert bebyggelse med bustadhus i rekke med inntil 6 bueiningar. Inntil 40% BYA, men minimum med 25%. Maksimalt 6 bueiningar for kvar tomt, desse kan oppførast trinnvis eller alt på ein gong. Innanfor området kan det også byggast korsdelte firemannsbustader.

8.3.2. Leike- og uteoppholdsareal

- Lek og felles uteoppholdsareal
  - LP1 – nærleikeplass på om lag 200m2.

8.3.3. Fortau/ Gang- og sykkelveg

- GS1 – gang- og sykkelveg.

8.4. Støytiltak

Tema støy er utgreia i samband med områdeplan. For aktuelle planområde er ikkje støy ein aktuell problematikk.

8.5. Terreng, landskap og estetikk

Tema er vurdert i samband med områdeplan. Det er utført analyser av terreng og landskap ved planlegging av dei forskjellige områder for utbygging. Lokale tilpasningar til terreng, landskap og estetikk skal likevel vurderast og ivaretakast gjennom byggesaken for kvar enkelt tomt.

8.6. Naturmangfold

Det visast her til vurderingar gjort i områdeplan, samt ROS-analyse.

8.7. Overordnede planar og retningsliner

Overordna planar er områdereguleringsplan for Indre Bergsøy samt kommuneplan for Herøy kommune. Planforslaget er i stor grad ein videreføring av desse planane, med mindre justeringar i arealføremåla.

8.8. Rekkefølgekrav

Følgende rekkefølgekrav er tatt med i reguleringsbestemmelsane:

- Felles leikeplassar skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når halve tilhøyrande bustadareal er utbygd. Leikeareal innanfor byggjeareal (MUA) skal opparbeidast samstundes med bustadhusa.

- Gangveg skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når første bustad innanfor KS1 eller FS2 er utbygd.

9. KONSEKVENSER AVPLANFORSLAGET

9.1. Overordnede planer og mål

Planforslaget inneber i hovedsak ein detaljering av overordna planar og er ein videreføring av desse.

9.2. Eksisterende reguleringsplaner

Planforslaget medfører mindre endringar knytt til arealformål: Delar av areal regulert til konsentrert busetnad (KS) vert tilrettelagt for frittliggande busetnad (FS).

9.3. Virkninger for naboer og interessemotsetninger

Virkningar for naboar er i hovedsak at ein tilrettelegg for utbygging av areal som i dag er ubebygd. For dei som er etablert i feltet vil det alltid medføre ein endring når det etablerast ny bebyggelse i eit felt. Ved å tilretteleggje for meir frittliggande bebyggelse enn det områdereguleringsplan føreset, tilrettelegg ein for eit noko meir stabilt nærmiljø. Dette begrunnast med at slik busetnad gjerne har mindre utskiftning av bebuarer over tid, noko som gir stabilitet og tryggheit for dei som bur i området. Ved å legge til rette for noko meir frittliggande bebyggelse vil truleg ny bebyggelse virke meir som ein naturleg forlengelse av eksisterande bebyggelse i Bergshaugen, reint estetisk.

9.4. Friluftsliv, naturområde, barn og unges interesser i nærmiljøet

Tema er på overordna nivå omtala i områdereguleringsplan. Born og unges interesser er ivareteke gjennom detaljregulering av areal for leik og krav til MUA på kvar enkelt tomt,

gang- og sykkelveg for tilkomst til leikearel, samt rekkefølgjebestemmelsar knytt til desse areala.

9.5. Trafikkforhold og teknisk infrastruktur

Detaljreguleringsplan inneber ikkje vesentlege konsekvensar for trafikkforhold og teknisk infrastruktur. Vegar og teknisk infrastruktur er allereie etablert for feltet, og vil ved gjennomføring av plan verte noko høgare utnytta. Gang- og sykkelveg vert etablert I planområdet for å gi trygg og enkel tilkomst til områdeleikeplass, for bebuarar i området.

9.6. Sosial infrastruktur og servicetilbud

Tema er utgreia i samband med områderegulering. Detaljregulering inneber ikkje vesentlege konsekvensar knytt til tema.

9.7. Kulturminne og kulturlandskap

Tema er utgreia i samband med områderegulering. Det er ikkje funne kulturminne innanfor formålsgrensene til detaljplan.

9.8. Juridiske/økonomiske konsekvenser for kommunen

Ingen.

9.9. Energibehov og forbruk

Alle tiltak i området skal prosjekterast etter Plan- og bygningslov med tilhøyrande forskrifter som gjeld på tidspunkt for søknad.

9.10. Vurdering av verknader

Planforslaget inneber minimale verknader.

10. RISIKO- OG SÅRBARHETSANALYSE(ROS)

ROS-analysen baserer seg på sjekkliste for risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova, utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista var revidert 15.12.16.

Namn på tiltak/plan: Detaljreguleringsplan for Bergshaugen KS9

Naturgitte forhold		Er det knytt risiko til følgjande element? *Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige*	Ja	Nei	Kommentar

		avsnitt/vedlegg. *Grunngje NEI etter behov.*			
	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		x	
	B	Er området utsett for større fjellskred?		x	
	c	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		x	
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		x	
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		x	
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyming i kjellar osb?		x	
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		x	
	H	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?		x	
	I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		x	
	j	Anna (Spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Omgjevnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		x	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		x	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar

Vass-forsyning	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		x	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			
Kraft-forsyning		**Er det knytt risiko til følgjande element?**	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspentliner?		x	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?		x	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

Samferdsel		**Er det knytt risiko til følgjande element?**	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		x	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		x	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendelser?		x	
	e	Anna (spesifiser)?			

Miljø/ Landbruk		**Er det knytt risiko til følgjande element?**	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?		x	
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?		x	
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?		x	

	d	Anna (spesifiser)?

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		x	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?		x	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålbrenning, skipsverft, gartneri etc.?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Brann/ulukkes-beredskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		x	
	b	Har området dårlige tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		x	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?		x	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekst-institusjonar i området?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar

Verksemds-risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		x	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		x	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sjekklista er gjennomgått den 22/06 - 2018 av sign: _____

11. UTTALELSAR OG MERKNADAR

11.1. Innspel og merknadar ved oppstart av planarbeidet

Det har ikkje kome innspel og merknadar ved oppstart av planarbeidet.

11.2. Uttalelser og merknader etter offentlig ettersyn og høring

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Byggmann Gruppen AS
Flyplassvegen 22
6040 VIGRA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	22.08.2018	97348/2018/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41	28.09.2018

-

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsendring Berghaugen KS9 og LP7 - Indre Bergsøy - fråsegn ved varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Barn og unge

Krav om tilstrekkeleg og egna utomhus opphaldsareal

Planarbeidet må sikre uteareal for felles opphald og leik på ein slik måte at dette arealet får tilstrekkeleg storleik, utforming og plassering i forhold til bygg, tilkomst og parkering. Kravet om tilstrekkeleg og egna utomhus oppholdareal er heimla i Plan og bygningslova § 28-7 (den ubygde delen av tomta/fellesareal) og Teknisk forskrift (TEK17) § 8-1 (uteareal) og 8-3 (uteoppholdsareal).

Kva som er meint med «tilstrekkeleg» og «eigna» areal, er nærare beskrive i Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging (RPR), rundskriv T-2/08.

Kva er «tilstrekkeleg» areal

Med «tilstrekkeleg» areal meinast at arealet får ei utstrekning og omfang som gjer dette funksjonelt i forhold til funksjonen/arealformålet det skal tene, enten det er køyreveg, parkeringsplass, leikeplass eller uteoppholdsareal innanfor byggeområdet.

Uteoppholdsareal bør ikkje vere vesentleg smalare enn 10 meter, heller ikkje vere lokalisert eller utforma som "restareal". Det er vanlegvis berre ein mindre del av byggeområdet som i praksis er uteoppholdsareal. Areal rundt bygg ned mot 4 meters bredde (tilsvarande avstand mellom byggverk for å unngå spreiing av brann), er vanlegvis ikkje tilstrekkeleg til å fungere som uteoppholdsareal.

Kva er «eigna» areal

For areal som skal nyttast til uteopphald skal vere «eigna» vil vi særskilt understreke plasseringa i forhold til kvalitetar som til dømes sol og utfordringar som trafikktryggleik. For å oppnå eigna areal bør ein i plandokumenta synleggjere kor uteoppholdsareal skal vere lokalisert i forhold til plassering av bygg, byggegrenser, køyrevegar og parkeringsareal m.m.

Val av trafikkløysning

Ved planlegging av eit bustadområde er ei av dei store utfordringane å velje trafikk-løysningar som kan gi tilfredstillande trafikktryggleik. Vi rår i denne samanhengen til at ein i størst mogleg grad skil trafikkareal frå bustad og uteoppholdsareal, slik at barn og unge

slipp å måtte krysse trafikkareal når dei er utomhus. Planlegginga bør ha som målsetting å skape barnevennlige og bilfrie soner.

Val av bustadtype
Vi ser ofte at mange har utfordringar med å utforme planforslag i samsvar barn og unges interesser. Særskilt gjeld dette planlegging av bustader som inneheld horisontaldelte einingar, kor uteareala i praksis er privatisert av og berre tilgjengeleg for einingane på bakkeplan. Vi rår dei som ønskjer å planlegge slike bustadtypar, men finn organiseringa av desse vanskeleg, til å vurderer bustadtypar utan horisontaldeling.

Tips til sol og skuggeanalyse
Sol og skuggeanalyse bør vise verknadene av maksimal utnytting innanfor planområdet, for aktuelle tidspunkt, fortrinnsvis sett rett ovanifrå, med arealføremåla markert på bakkeplan. Rettleiar om grad av utnytting (H-2300B), opererer i denne samanhengen med at det bør vere minimum 50 % sol på uteoppholdsareal, kl. 1500, ved vårjamdøgn.

Vanleg nytta tidspunkt i sol og skuggeanalyser er kl. 0900, 1200, 1500, 1800 og 2100, for fire årstider, vanlegvis 20. mars og 22.-23. september (vår og haustjamdøgn), samt 20.-21. juni (midtsommar) og 20.-23. desember (midtvinter).

KONKLUSJON

- Planarbeidet må sikre tilstrekkeleg og egna areal for både uteopphald og leik.

Fråsegna er heimla i Plan og bygningslova § 28-7, Teknisk forskrift (TEK17) § 8-1 og 8-3, og Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging (RPR), rundskriv T-2/08.

Vi viser elles til saksutgreiinga ovanfor og ber om at våre råd vert vurdert i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Herøy kommune
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
04.10.2018
Dykkar dato
22.08.2018

Vår ref.
2018/4683/KABJ/421.4
Dykkar ref.

DAKARK AS
Flyplassvegen 22
6040 VIGRA

Herøy kommune
Reguleringsendring for Bergshaugen KS9 og LP7 - Indre Bergsøy
Oppstart

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn
Gjeldande plan er områdereguleringsplan for Indre Bergsøy frå 2014. Området er eitt av 15 område for konsentrert busetnad innanfor same reguleringsplan. Føremålet med dette reguleringsarbeidet er å legge til rette for både konsentrert og frittliggande busetnad med tilhøyrande infrastruktur.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Samfunnstryggleik og klimatilpassing
For å sikre samfunnstryggleik må det utførast ein ROS-analyse, jf. pbl. § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremålet.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Til omsynssonene skal det knytast føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik.

For reguleringsplanar av denne typen kan ROS-analysen ta utgangspunkt i Fylkesmannen si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga. Sjekklista er å finne på Fylkesmannen sin nettstad.

Barn og unge
Vi minner om at det skal setjast av tilstrekkeleg og godt eigna areal til leik, jf. *Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging*, rundskrivet *Om barn og planlegging* (T-2/08) og fylkesmannen sine råd om leikeplassar i plansaker. Leikearealet skal ligge maksimalt 50 meter frå alle bueiningar, og minimum storleik på leikeplassen skal vere

200 m2 (minimum éin leikeplass per 5-20 bueiningar). Utforminga må vere slik at plassen er funksjonell, der soltilhøve og trafikktryggleik er vesentlege tema. Føresegnene til planen må sikre at leikeplassen er ferdigstilt med funksjonskrav innan første bustad blir gitt bruksløyve.

Konklusjon
Vi viser til våre merknader, og ber om at desse takast med vidare i plansaka.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar
Samfunnstryggleik: Martha Helle Dybo, tlf. 71 25 85 91

Kopi

STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
HERØY KOMMUNE	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2018/1245
		Arkiv:	Q21

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
212/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

FV 654 SKARABAKKEN – FINANSIERING OG OPPSTART AV VIDAREFØRING AV GANGVEG

Tilråding:

Herøy formannskap godkjenner avtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune og finansierer opp prosjektet slik:

Frå

Konto 02300 (Nybygg/nyanlegg/rehabilitering), ansvar 5011, funksjon 332, prosjekt 70028 (trafikktrygging) kr 3 089 905,00,-

Konto 04290 (Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon), ansvar 5011, funksjon 332, prosjekt 70028 (trafikktrygging kr 772 476,25.-

(Kjøpet vert belasta prosjekt «trafikktrygging» som tidlegare er lånefinansiert)

Særutskrift:
MR fylke
Økonomi, her

Vedlegg:

Samandrag av saka:
I dialog med Statens vegvesen ser ein på muligheita til å utvide prosjektet i Skarabakken frå eksisterande prosjekt som er under bygging og fram til første bustadhus på venstre side i retning mot Fosnavåg. Kostnadskalkyle og plan er no utarbeidd av entreprenør og statens vegvesen og formannskapet kan ta stilling til finansiering og oppstart av prosjektet.

Saksopplysningar:

Herøy kommunestyre har tidlegare handsama saka i møte den 20.9.2018 med følgjande vedtak:

Herøy kommunestyre er positiv til å utvide prosjektet i Skarabakken og ber administrasjonen om å gå i dialog med Møre og Romsdal fylke, Statens vegvesen og entreprenør for å finne gode og rimelege løysingar som sikrar dei mjuke trafikantane.

Ein avtale med Møre og Romsdal fylke skal leggast fram for formannskapet for godkjenning og ordførar får fullmakt til å signere etter slik politisk godkjenning ligg føre.

Tiltaket vert å finansiere med midlar som tidlegare er satt av til trafikktrygging.

Prosjektet gjeld utviding av eksisterande gangveg til fast bredde 3m (ca 117m lengde) med inntil 1 m grøft mot fjell.

Avtalen
Avtalen med fylkeskommunen ligg som vedlegg til saka. Grunnlaget for avtalen er at Møre og Romsdal fylkeskommune ved Statens vegvesen vil vere byggherreansvarleg og er ansvarleg for detaljprosjektering, anbodsrunde og gjennomføring av prosjektet. Kommunen tek på seg risikoen for alle kostnader ut over det som er avsett i hovudprosjektet. Det skal utarbeidast overslag over prosjektet som skal ligge ved avtalen. Viser elles til vedlagt avtale.

Anbud

Etter samtalar mellom kommune, fylkeskommune og statens vegvesen er det henta inn anbud på ei tilleggsbestilling for utviding av fortau som skissert.

Anbudet er gjennomgått av kommune og statens vegvesen med omsyn til kvalitetsikring av omfang, prisar mm.

Etter gjennomgangen er det gjennomført eitt forhandlingsmøte med utførande der ein har sett på postar i anbudet og justert nokon av desse. Anbudet er justert noko ned.

Ein forventar oppstart før jul på forberedande arbeid og full oppstart etter nytt-år. Byggjetid ca 12 veker. I byggjetida vert trafikken til Fosnavåg styrt mot Gerhard Voldnes veg. Overskotsmasse er tenkt plassert på parkeringsplass som er planlagt

etablert i parken frå 2019. Byggjeledelse er tenkt med innleige frå Statens vegvesen og prosjektoppfølgjing med lokal prosjektleiar.

Sum totalt netto	:	2 889 905,00
+ Mva	:	722 476,25
Sum inkl. mva	:	3 612 381,25

Mva grunnlag: 2 889 905,00

Prosjektleiing

Innleige av statens vegvesen kr 100 000.- + mva
Intern oppfølgjing kr 100 000.- + mva

Finansiering

Tiltaket vert å finansiere med midlar som tidlegare er satt av til trafikktrygging.

Kommunerevisjon
Saka er lagt fram for kommunerevisor for vurdering der det er vist til at Herøy kommune vil nytte trafikktryggingsmidlar (lånemidlar) til å gjennomføre dette prosjektet no når fylkeskommunen utbetrar Skarabakken. Rådmannen si vurdering har vore at dersom ein skal nytte lånemidlar må ein «eige» grunnen. Revisor har i si tilbakemelding peikt på at dersom det er fylkeskommunen som er eigar av arealet så vil ein langsiktig avtale vere tilfredstillande. Iflg KRS så kan kommunen foreta investeringar i/på andre sin eigedom viss det ligg føre langsiktig leigeavtale slik investeringa er "oppbrukt" når leigetida er ute. Der er ikkje noko om krav om tinglysing. Kommunerevisoren gjer kommunen merksam på innkjøpsreglementet.

Innkjøp si vurdering til regelverket for off.anskaffelse.

Dette er eit prosjekt der M&R fylke er byggherre. Prosjektet har vore ute på anbod og reglane for off. anskaffelser er derfor fulgt. Utvidinga av prosjektet som er det aktuelle her, vert utført som ei tilleggsbestilling frå byggherren innafor same kontrakt. Herøy kommune betalar kostnadene for dette direkte til M&R fylke og dette er regulert av inngått avtale mellom partane. **Herøy kommune si rolle i dette kjem ikkje i konflikt med regelverkert for off. anskaffelse.**

Kvalitetsikring frå konserninnkjøp i Ålesund kommune:

«Klarer ikke å se at det her foreligger noen risiko for Herøy kommune.
Det er uansett opp til M&R fylke å foreta en vurdering av om det er mulig å foreta en slik endring av opprinnelig kontrakt. Men denne er uansett ok tenker jeg, da 3 mill. er 10 % av 30 mill. Og det faktum at det her er snakk om en gangveg i tilknytning til prosjektet så oppleves det som naturlig å innlemme dette arbeidet i samme kontrakt. Det er ikke her snakk om å gå en «omvei» via eksisterende avtale for å velge en spesifikk leverandør, men vi kan heller se til at det er fornuftig bruk av samfunnets ressurser. Dette er en samfunnstjenlig og effektiv måte å få denne jobben gjort. Regner også med at M&R fylke har kompetanse ved sin innkjøpsavdeling til at de hadde satt en stopper for at dere kunne gjort dette dersom endringen i eksisterende kontrakt ble altfor stor.»

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeskommunen har vore opptatt av å finne ei løysing slik at siste rest av fortauet vert utbetra i Skarabakken. Møre og Romsdal fylkeskommune ser det som føremålsteneleg at fylkeskommunen eig arealet og at det vert inngått ein langsiktig avtale med Herøy kommune.

I forhold til grunnkjøp kan dette gjerast av fylkeskommunen (dvs STV) sjølv om Herøy kommune finansierer. Korleis ein praktisk gjennomfører grunnerverv mv. må ein verte einige om i neste steg, etter at ein er einige i forhold til prinsippet om at Møre og Romsdal fylkeskommune eig og Herøy har avtale.

Det er utarbeidd ein eigen avtale mellom kommune og fylkeskommune som ligg som vedlegg til saka. Avtalen vert justert med visning til revisor sin merknad på eigarskap og fylkeskommune si vurdering.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vurderer prosjektet som viktig med omsyn til å sikre mjuke trafikantar til og frå Fosnavåg. Ei utviding av prosjektet som vist i saksutgreiinga vil slik rådmannen ser det vere udelt positivt.

Rådmannen rår Herøy formannskap til å finansiere opp prosjektet slik det går fram av saka.

Fosnavåg, 17.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

AVTALE

Mellom

Møre og Romsdal fylkeskommune

og

Herøy kommune

FV 654 SKARBAKKEN – VIDAREFØRING AV GANGVEGPROSJEKT

1. Grunnlag for avtalen

Herøy kommune har vedtatt følgjande i sak 2018/1245

Herøy kommunestyre vil vidareføre gangvegprosjektet på fylkesveg 654 Skarabakken.

Møre og Romsdal fylkeskommune ved Statens vegvesen vil vere byggherreansvarleg og er ansvarleg for detaljprosjektering, anbodsrunde og gjennomføring av prosjektet.

Kommunen tek på seg risikoen for alle kostnader ut over det som er avsett i hovudprosjektet.

2. Tiltaket

Prosjektet vert vurdert som viktig med omsyn til å sikre mjuke trafikantar til og frå Fosnavåg. Prosjektet er å utvide eksisterande gangveg til fast bredde 3 meter (om lag 117 meter lengde) med inntil 1 meter grøft mot fjell. I traseen skal det framførast trekkerør for lys (2-3 nye veglys) og eitt ekstra 110 mm rør (vidareføring av rør som Statens vegvesen legg ned i eksisterande prosjekt).

Tiltaket er nærare skildra i vedlegg 1 saksframlegget til kommunen.

3. Ansvarsforhold

Møre og Romsdal fylkeskommune er vegeigar, og står som byggherre for tiltaket.
Statens vegvesen Region midt er byggherren sin representant, og er ansvarleg for detaljprosjektering, anbodsrunde og gjennomføring av prosjektet.

4. Finansieringsplan

Herøy kommune må sjølv finansiere tiltaket og skal godkjennast av formannskapet før avtale vert signert og arbeid startar opp. Det skal utarbeidast overslag over prosjektet som skal ligge ved avtalen.

5. Vilkår

- Statens vegvesen (SVV) bestiller dette formelt med entreprenør gjennom endringsordre/ tillegg
- Arbeidsomfanget kan ikkje gå utanfor 15% av kontraktssum
- Kommunen sitt tiltak må ikkje gå utover framdrift i hovudprosjektet.
- Kommunen står for all risiko for evt. kostnadsauke
- SVV har byggherreansvaret, dvs. HMS-koordinator, stå for byggemøter, teknisk kvalitet m.m.
- Kommunen tek kostnadane med at SVV har byggherreansvaret (betale timane ein bruker).
- Kommunen gjennomfører naudsynt grunnerverv .

6. Framdriftsplan

Anleggsarbeida vart starta xxxxxx. Ferdigstilling er venta i xxxxxxx

7. Vedlegg

Vedlegg1: Saksframlegg frå Herøy kommune.

* * *

Avtalen er utferdiga i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

…….., den ……/…… 2018 …….., den ……/…… 2018

……..… ……..……
Møre og Romsdal fylkeskommune Herøy kommune

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2018/1261
		Arkiv:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
50/18	Komite for næring, kultur og idrett	19.11.2018
213/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

FORSKOTERING AV SPELEMIDLAR OG MVA-KOMPENSASJON TIL "FRIFOTANLEGG", MOLTUSTRANDA IDRETTSLAG

Tilråding:

Herøy kommunestyre godkjenner at det kan forskotterast spelemidlar og MVA-kompensasjon til «Frifot»-anlegget med inntil kr. 3 000 000,- og fram til spelemidlar og mva-kompensasjon vert utbetalt. Dette tilsvarer inntil 85% av budsjettbeløpet for spelemidlar og mva-kompensasjon.
Forskoteringa vert gitt under føresetnad av at søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan vert godkjent av Kulturdepartementet.

Særutskrift:
Moltustranda Idrettslag
Økonomileiar

Vedlegg:
Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning og forskotering av spelemidlar og MVA-kompensasjon

Samandrag av saka:
Moltustranda Idrettslag (MIL) planlegg å byggje eit «Frifotanlegg» på Munkvoll stadion, grusbana, og ber kommunen om forskotering av spelemiddeltilskot og mva-kompensasjon. MIL planlegg å starte bygginga i 2019

Frifot er eit kombinasjonsanlegg for FRIidrett og FOTball. MIL planlegg sitt anlegg med ei kunstgrasbane på 40x60 m i midten, sprintbaner rundt, hekkbaner på sida samt at det er lagt til rette for lengde, høgdehopp og kulestøt i halvsirklane.
Anlegg for tuftepark, terrengsykkel, tennis, tribuneanlegg og parkering er planlagt gjennomført ved seinare høve.

Grunna at deler av anlegget er noko større enn standardmåla, krev føresegnene at søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning vert sendt Kulturdepartementet for godkjenning.
Vedtak om tildeling av spelemidlar hos Fylkeskommunen er forventa å skje i juni 2019.
I kommunens vedtak vert det rådd til at «Forskoteringa vert gitt under føresetnad av at søknad om spelemidlar vert godkjend.»

Drifta av anlegget er MIL sitt ansvar og vil ikkje belaste Herøy kommune sitt budsjett.

Saksopplysningar:
Moltustranda IL har i mange år hatt fotball som einaste aktivitet i nærmiljøet. Fasilitetane har vore ei gamal grasbane som krev mykje vedlikehald, er blaut og lite populær i kampsamanheng. Idrettslaget ynskjer difor å oppgradere med ei kunstgrasbane, slik andre idrettslag har gjort med hell, slik at det er mogleg å fortsetje å ha eigne fotballgrupper på Moltu der det ikkje er mogleg med samarbeid med Tjørvåg IL grunna kapasitet.
Det er også starta opp friidrettstilbod på Moltu med stor interesse både frå eiga, og andre bygder. Å etablere eit anlegg tilrettelagt også for friidrett er ein viktig del av satsinga.
MIL presiserer at anlegget også er tilrettelagt for mosjonistar og turgåarar, og dei ynskjer tilby eit anlegg, park og samlingsplass i trygge former der ulike grupper kan møtast.

<u>Spelemidlar:</u>
Bygging av eit Frifot-anlegg er å rekne som eit ordinært anlegg i spelemiddel-ordninga. Pr. d.d. har Herøy kommune forskottert ca. kr. 10 millionar til ulike anlegg i høve spelemiddelordninga. Den største andelen av forskoteringane gjeld Sunnmørsbadet, der det står att ca. kr. 8 mill. i forskotterte midlar.

<u>MVA-kompensasjon:</u>
Alle som søker om spelemidlar til anlegg, og fyller vilkåra for å ta i mot spelemidlar gjennom Kulturdepartementets tilskotsordningar for bygging og rehabilitering av idrettsanlegg, kan søke om å få kompensert meirverdiavgifta som er betalt i forbindelse med anleggsprosjektet. Anlegget må være ferdigstilt før det kan søkast om kompensasjon. Utbetaling av momskompensasjon plar skje før jul.

Vurdering og konklusjon:
Ifm. bygging av større idrettsanlegg tidligare år, har kommunen stått som utbyggjar og ansvarleg for drift og rehabilitering av anlegga i samarbeid med lokale lag og organisasjonar. Grunna innstramming i tolkinga av regleverket er det ikkje å anbefale at komande anlegg vert bygd og drifta etter ein slik modell.
Rådmannen anbefaler difor at kommunens bidrag i denne saka bør løysast gjennom forskotering av spelemidlar og mva-kompensasjon med inntil 85% av budsjettert beløp for spelemidlar og MVA-kompensasjon.

Konsekvensar for folkehelse:
MIL ynskjer å kunne tilby eit anlegg, park og samlingsplass i trygge former der ulike grupper kan møtast. Område der ein kan møtast til positive aktivitetar vil vere ei styrke i barn og unge sin oppvekst og MIL er særs opptekne av at flest mogleg skal vere i fysisk aktivitet.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:
Konsekvens for drifta er dårlegare likviditet og reduserte renteinntekter for kommunen.

Fosnavåg, 02.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef samfunnsutvikling

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Fra: Stig Marvin Moltu[marked@moltustrandail.no]
Sendt: 02.10.2018 13:02:17
Til: Eileen Gjerde
Tittel: Søknad om idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning Moltustranda Idrettslag

---

Hei

Vedlagt ligger søknad, med vedlegg ,om idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning for frifotanlegg på Munkvoll Stadion på Moltustranda.

Håper at dette imøtekommer kravene, og at det ikke er feil og mangler i denne.

Ta kontakt om noe er uklart.

Med Vennleg Helsing

Moltustranda IL

Stig Moltu

Markedsleder

+47 46414974

marked@moltustrandail.no

Moltustranda idrettslag MIL
V/Stig Moltu
6076 MOLTUSTRANDA

Dato: 10.09.18.

Herøy kommune
V/ Eileen Gjerde
6090 FOSNAVÅG

SØKNAD OM IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING OG FORSKOTTERING AV SPELEMIDLAR OG MOMSKOMPENSASJON

Moltustranda idrettslag ynskjer å søke om Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning til bygging av frifotanlegg ved Munkvoll stadion.

Vi søker også med dette kommunen om forskottering av spelemidlar og momskompensasjon, da vi er kjent med at utbetaling av spelemidlar kan ta fleire år og MIL ikkje har midlar til betale dette fortløpande.

Prosjektet frifot ble vedtatt på ekstraordinært årsmøte i MIL 04.09.2018. Frifot er friidrett og fotball kombinert i et anlegg.

Viser til vedlegg for meir informasjon om prosjektet.

Med Vennleg Helsing
Moltustranda IL

Stig Moltu
Leiar
+47 46414974
leiar@moltustrandail.no

Vedlegg 1

FriFot - MOLTUSTRANDA IL
OMRÅDEPLAN
UTARBEIDA AV PROSJEKTBYGG AS
28.09.2018 KBV
M=1:1000 A3

PROSJEKTBYGG A.S
ING.- OG ENTREPRENØRTJENESTER

REVISJONER:
.



FriFot - MOLTUSTRANDA IL
SITUASJONSPLAN (SKISSE)
UTARBEIDA AV PROSJEKTBYGG AS
29.08.2018 KBV/TP
M=1:500 A3

PROSJEKTBYGG A.S
ING.- OG ENTREPRENØRTJENESTER

REVISJONER:
A 30.08.2018 Løpebane justert mot aust for å gi plass til kulekast vest for løpebane. Bod.
B 31.08.2018 Påført areal og lagt til ballfangernett.
C 31.08.2018 Farger. Justert mur/gjerde rundt tartandekke og flyttet kulekast utenfor tartan.
D 14.09.2018 Flytta kulestøt. Fjerna bod. Lagt til 2 portar.



Vedlegg 2

UNIVERSIELL UTFORMING

Vi har lagt vekt på universell utforming i vår planlegging av anlegget

Brukar medverking:
Vi har rådført oss med representantar frå kommunen og gått fleire rundar i et forsøk på å sikre oss om at alle forholdsreglar er tekne. Nemnda for anlegg har rådført seg med entreprenørar, elektrikarar, leverandørar og andre klubbar i planlegginga.

For alle:
Det er viktig for oss at dette skal vere eit anlegg for alle aldersgrupper, kjønn og funksjonsevne. Dette skal vere ein stad der alle kan vere med. Både tilkomst, deltaking og oppfølging skal vere tilrettelagt og likt for alle.

Tilkomst:
Ein har enkel tilgong til stadion med bil. Ein vil vere bevist på å unngå kantar, hindringar for dei som har nedsett funksjon. Det vil ikkje vere behov for bygging av rampe for rullestol slik anlegget er planlagt i dag.

Tilrettelegging:
Der vil verte merking av parkering for handikappa nærast inngong til anlegget. Løpebane vil ha fast dekke , fotballbane vil ha kunstgras. Belysning som lyser opp anlegget vil ha universell utforming med tanke på avstand og lysstyrke. Det vil verte teke omsyn til omgivnadane i forhold til opningstid av anlegget. Grendehuset ligg tett ved anlegget og har tilgang til handikaptoalett og garderobar.

Utsjånad:
Det er viktig for oss at anlegget ser innbydande og ordentlig ut. At det skal vere eit «bilde» av bygda, slik vi ønskjer den skal vere. Det skal vere ein stad der mange ønskjer å kome til, eit samlingspunkt.

Heilheit:
I planlegginga ligg det føringar for at vi i åra som kjem skal kunne vidareutvikle anlegget rundt frifot. Vi ønskjer at anlegget i framtida skal framstå som praktisk, estetisk og inbydende.

Moltustranda idrettslag

Vedlegg 3

MILJØFORHOLD

Moltustranda idrettslag er miljøbevisste og har i denne prosessen teke høgde for at miljøet skal vernast i størst mogleg grad. Vi har drøfta dette med granulat med leverandører, entreprenørar og andre idrettslag som har vore i liknande prosess.

Granulat som kjem utover kunstgrasdekket og inn på løpedekket kan enkelt samlast opp og leggast tilbake på banen. Ved alle portar og inngongar til anlegg vert det sandfangar-kummar og sluser som skal fange opp granulat som kjem utanfor. Då det er ringmur rundt heile anlegget vil det ikkje vere mogleg at granulat eller andre stoffer havnar i naturen, men held seg innafor det reine området, og kan førast tilbake til kunstgrasdekket. Dette gjeld også ved snø moking vinterstid.

Det er også tatt høgde for at det anlegget ikkje skal kunne brukast på tider som er til sjenanse for naboar og ferdande langs vegen. Lysanlegget er planlagt sett opp i forhold til regelverk og krav som er fastsette.

Moltustranda idrettslag

Vedlegg 5

BEHOVSVURDERING

Moltustranda er ei bygd med eigen barneskule for trinn 1-7 kl. Bygda har ogå eigen barnehage. Her bur mange småbarnsfamilier og bygda er ei aktiv bygd, det ynskjer vi også å framstå som.

Vi har flotte fjell som fleire tusen ferdast i gjennom eit år. Vi har i fem år arrangert Moltustranda mosjonsfestival som går over tre dagar med Moltumila, Motbakkeløp og tour the Moltu pluss mange andre aktivitetar for store og små. Vi er ei dugnadsbygd og er stolte av det.

Vi har i mange år hatt fotball som einaste aktivitet i nærmiljøet.Fasilitetane har vore ei gammal grusbane (som no vert kunstgrasbane). Vi har også ei gamal grasbane som krev mykje vedlikehald, er blaut og lite populær i kampsamanheng (motspelande lag). Denne bana er forøvrig den einaste grasbane som er att i kommuna vår, og har dei siste åra fått godt stell. Vi merkar veldig godt at vi ikkje lenger har fasilitetar som svarar til dagens krav, og har derfor hatt planer om å betre fasilitetane for fotball slik andre bygder har gjort med hell. Vi ser at det absolutt er mulig å ha en egen fotballgruppe på Moltu på dei fleste trinn, der dette ikkje er mogleg samarbeidar vi fint med våre naboer i Tjørvåg. Det kan og være verdt å nemne at kapasiteten på anlegget i Tjørvåg er bortimot sprengt når det kjem til trening- og kamptider.

Det har i år vorte starta opp friidrett. Der viste interessa seg å vere så stor, også frå andre bygder, at ein måtte seie stopp til ein får utdanne fleire frivillige som trenarar og betra fasilitetane våre. Å få bygge ut anlegget tilrettelagt for friidrett vil vere kjærkome. Vi ønsker å auke størelsen på anlegget i forhold til det som er skissert i bestemmelsane. Viser da til 6 sprintbaner, 100 m og 110 m hekk med 1,22 m bredde som er kravet for hekkeøvelsar. I tillegg til lengde- og høgde hopp har vi også tatt med kulestøt. Moltustranda IL er ein av få klubbar i distriktet som er registrert i friidrettsforbundet, og dette ser vi en klar fordel av når vi no kan tilby eit alternativ til fotball.

Bygda vår er i vekst. Her er opparbeidd to heilt nye byggefelt klare for sal av tomter. Vi ligg sentralt til med tanke på avstand på 30 min eller midre til alle bygder i Herøy, Sande og Ulstein kommune. Vi ser at i dag er det meir vanleg å køyre borna sine til fritidstilbod andre stadar ein der en bur, vi trur at friidrett vil vere ein kjærkomen aktivitet for barn og unge langt utanfor bygda vår. Pr dags dato så er det berre Dimna Il som har eit friidrettstilbud i vårt nærmiljø og vi ønskjer å sjå mot Dimna IL, der vi har eit tett og godt samarbeid. Tilbakemeldingane frå nabobygdene er berre positive til dette tiltaket, da dette åpnar opp eit tilbod til dei som ikkje ynskjer å spele fotball.

Det er også viktig for oss å presisere at anlegget er tilrettelagt for at ikkje berre aktive utøvarar skal kunne nytte det, men også mosjonistar og turgåarar. Vi ynskjer å kunne tilby eit anlegg, park og samlingsplass i trygge former der ulike grupper kan møtast. Dette viser seg viktigare og viktigare i dagens samfunn. Område der ein kan møtast til posistive aktivitar vil være ei styrke i barn og unge sin oppvekst og vi er særs opptatt av at flest mogleg skal være i fysisk aktivitet.

Dette vil gjære bygda og kommunen til ein meir atraktiv stad å bu.

Moltustranda IL

From : john-magne.lovberg@heroy.kommune.no
To : "'marked@moltustrandail.no'"< marked@moltustrandail.no>
Date : Mon, 24 Sep 2018 08:43:55 +0200
Subject : Idrettsanlegg

Til Moltustranda IL!

Moltu skule vurderer planane om idrettsanlegg FriFot som svært positivt.
Moltu skule ønsker at elevar skal kunne nytte anlegget til avtale høver til gymnastikkundervisning/samarbeid med Moltustranda IL/rekruttering til Idrettslaget/skulen sine idrettsdagar, noko som er positivt for elevane og skulen.

Helsing

John Magne Løvberg
Rektor Moltu
Moltu skule

Tlf. 70081300 Dir. 70084680

www.heroy.kommune.no

Vedlegg 6 & 7

Enkel kostnadsoversikt og foreløpig finansieringsplan- Frifot

Kostnad	Pris eks Mva	25 % mva	Pris inkl mva	Kommentar
Grunnarbeid	3 024 999	756 249	3 781 248	Overslag
Leverandør (dekke)	1 610 485	402 621	2 013 106	PST
Lysanlegg	832 233	208 060	1 040 293	Elek
Mur/gjerde	550 000	137 500	687 500	Entr/leverandør
Konsulenttjenester	100 000	25 000	125 000	PB
Sum	**6 117 717**	**1 529 430**	**7 647 147**	
Foreløpig finansieringsplan Frifot				**Kommentar**
RDA	650 000			Øremerket KG
Sparebanken Møre	100 000			Gjennom sponsravtale
Spillemidler frifot	2 000 000			Forutsett godkjent søknad
Egenkapital	150 000			Vassverket
Prosjektmidler	850 000			Prosjektmidler/andel
Moms komp	1 529 430			Forskot. Kommunen
Dugnad	500 000			Utregnast av PB
Sum	**5 779 430**			
Differanse	337 733			

Moltustranda IL

Vedlegg 8

Anleggets navn	Frifot Munkvoll Stadion

1. Bruksplan for anlegget

Bruksplanen skall gi opplysninger om brukergrupper og brukstid

	Ukedager		Helger		
Bruksgrupper	**Antall dager i uken**	**Antall timer pr ukedag**	**Antall timer lørdager**	**Antall timer søndag**	**Helger pr år**
Idrettslag -Trening -Konkurranser	7	5	6	5	45
Andre brukere (idrettslig aktivitet)	7	5	6	5	45
Skoler	5	2	0	0	0
Andre brukere (ikke idrettslig aktivitet)	7	4	4	5	45

2. Driftsplan

Driftsansvar:

☐ Kommune

☑ Idrettslag ☐ Andre

Lønnet arbeidskraft	Stilling/arbeidsoppgaver	Lønnskostnader
Egne ansatte (hel/deltid)	Frivillig	0
Eksterne driftstjenester	Ingen	0
Ekstrahjelp	Vask	0
Dugnad	Alle	0

3. Driftsbudsjett for anlegget

Driftskostnader		Driftsinntekter	
Lønn til ansatte	0	Leieinntekter idrett/aktivitet	10000
Sos. utgifter, arbeidsgiveravgift	0	Leieinntekter idrett/arrangement	30000
Vikarutgifter, ekstrahjelp	0	Leieinntekter skoler	0
Driftsmaterialet	25000	Messer, utstillinger	0
Inventar, utstyr	25000	Konserter	0
Vedlikeholdsutgifter	25000	Arenareklame	60000
Energiutgifter (strøm/olje)	30000	Kafeteria, annet salg	50000
Avgifter, forsikring	8000	Andre inntekter	60000
Andre utgifter	5000		
Uforutsette utgifter	5000		
Sum kostnader	**123000**	**Sum inntekter**	**210000**

Driften av anlegget gir et overskudd/underskudd på kroner 87000

4. Kapitalkostnader

Lånegjeld pr 10.09.2019 Kr 337 733
som skal betjenes når anlegget er ferdig

Oversikt over renter og avdrag de kommende 5 år

	1.år	2.år	3.år	4.år	5.år
Avdrag	67547	67547	67547	67547	67547
Renter	3040	3040	3040	3040	3040
Provisjon/andre kostnader					
Sum	70587	70587	70587	70587	70587

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2014/866
		Arkiv:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
214/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

VÅGSHOLMEN UTVIKLING AS - SØKNAD OM AVTALE OM OVERFØRING AV JUSTERINGSRETT FOR INNGÅANDE MVA

Tilråding:

1. «Avtale vedkomande overføring av justeringsrett mellom Vågsholmen Utvikling AS og Herøy kommune» med vedlegg vert vedteken.

2. Ordførar får fullmakt til å underteikne avtalen.

3. Det vert teke atterhald om at utbyggar har handsama berekning av grunnlag for justering av refusjon/frådrag for inngåande mva på rett måte.

4. Vedtaket føreset at eigedomsretten til trafikkareala m.m. slik det framgår av reguleringsplan for området vert overført til kommunen.

Særutskrift:

- Vågsholmen Utvikling AS, c/o Arthur Almestad, Vågsholmvegen 25, 6090 Fosnavåg
- Økonomiavdelinga, her
- Anlegg og driftsavdelinga, her

Uprenta vedlegg

- Komplett rekneskap for utbygging av veg og tekniske anlegg på Vågsholmen

Vedlegg

1. Søknad om avtale om overføring av justeringsrett for inngåande mva datert 21.09.2018.
2. Kopi av K-sak 12/16 av 28.01.2016 – Val av avgiftsmodell for utbyggingsavtalar ved bustadbygging – prinsippvedtak.
3. Utkast til «Avtale vedkomande overføring av justeringsrett mellom Vågsholmen Utvikling AS og Herøy kommune» med vedlegg.

Samandrag av saka:
Vågsholmen Utvikling AS har i følgje utbyggingsavtale med kommunen bygd ut vegar og andre tekniske anlegg på Vågsholmen. Kommunal overtaking av tekniske anlegg for framtidig drift og vedlikehald samt eigedomsrett til trafikkareal m.m. vert handsama i eiga sak i formannskapet.

Vågsholmen Utvikling AS søkjer no om overføring av justeringsrett for inngåande mva vedkomande utbygging av kloakk og veg. Denne saka gjeld såleis overføring av justeringsrett for inngåande meirverdiavgift frå Vågsholmen Utvikling AS til Herøy kommune. Sjå vedlagt kopi av søknad. Sjå også vedlagt kopi av K-sak 12/16, vedlegg 2, der det er gjort nærare greie for regelverk m.m. vedkomande justeringsrett.

Utbygd vassleidningsanlegg skal overtakast av Herøy Vasslag SA for framtidig drift og vedlikehald og er såleis ikkje del av denne avtalen.

Saksopplysningar:
Vågsholmen Utvikling AS søkjer om avtale om overføring av justeringsrett for inngåande mva i brev datert 21.09.2018 i det det vert vist til prinsippvedtak om avgiftsmodell for utbyggingsavtalar ved bustadbygging i K-sak 12/16.

Før kommunal overtaking av eigedomsrett til trafikkareala frå Vågsholmen Utvikling AS til Herøy kommune **må** «Avtale om overføring av justeringsrett for inngåande meirverdiavgift» vedkomande utbygginga vedtakast.

Bakgrunnen for ein slik avtale er at ein bustadutbyggar ikkje får frådragsrett for meirverdiavgift på etablering av infrastruktur som veg, vatn og avlaup m.m. Ved overføring av anlegga til kommunen vil derimot kommunen kunne krevje refundert meirverdiavgifta(frå staten) som utbyggar har betalt til entreprenør(ar). Reglane er slik at meirverdiavgifta då vert tilbakebetalt til kommunen med 1/10 kvart år i ein 10-års periode. Tilbakebetalt meirverdiavgift kan deretter heilt eller delvis bli utbetalt til utbyggar over same 10-årsperiode.

I K-sak 12/16 av 28.01.2016, sjå vedlegg 2, vart det i punkt 2 gjort slikt vedtak. Sitat: *«Justeringsreglane om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming kan etter avtale med utbyggar nyttast for utbyggingsavtalar* ***inngått før 01.01.2016*** *ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 30 bustadar. Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbyggar skal vere 30/70.»* Sitat slutt.

Utbyggingsavtale med Vågsholmen Utvikling AS vart vedteken av Herøy kommunestyre i K-sak 18/14 den 26.02.2015.

Avtalen vil medføre at kommunen får ei inntekt på om lag 465.000 kroner over ein 10-års periode.

Vurdering/konklusjon:

Med bakgrunn i saksutgreiinga, prinsippvedtak i K-sak 12/16, vedlagt utkast til «Avtale vedkomande overføring av justeringsrett for inngåande meirverdiavgift» og etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at avtalen vert vedteken/godkjent.

Fosnavåg, 08.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

Vågsholmen Utvikling AS
Vågsholmvegen 25
6090 Fosnavåg

Fosnavåg, 21.09.18

Herøy kommune
Rådhusgata 5
6090 Fosnavåg

Vågsholmen Utvikling AS - søknad om avtale om overføring av justeringsrett for inngåande mva

Vågsholmen Utvikling AS har opparbeidd tekniske anlegg på Vågsholmen i Herøy kommune i følgje utbyggingsavtale med kommunen vedteken i K-sak 18/15.

Det vert vist til kommunen sitt prinsippvedtak om avgiftsmodell for utbyggingsavtalar ved bustadbygging i K-sak 12/16. Det vert med dette søkt om avtale om overføring av justeringsrett for inngåande meirverdiavgift vedkomande dei anlegga kommunen skal overta for framtidig drift og vedlikehald iflg. utbyggingsavtalen. Det vert elles vist til tidlegare innsendt rekneskap med kostnadsfordeling.

For at avtalen om overføring av justeringsrett for inngåande meirverdiavgift skal vere gyldig, er det viktig at denne avtalen vert godkjend før dei tekniske anlegga vert overført til kommunen.

Med venleg helsing
for Vågsholmen Utvikling AS

Per Magne Eggesbø
Styreleiar

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2015/1574
		Arkiv:	221

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
108/15	Maritim og teknisk komite	08.12.2015
18/16	Formannskapet	19.01.2016
12/16	Kommunestyret	28.01.2016

VAL AV AVGIFTSMODELL FOR UTBYGGINGSAVTALAR VED BUSTADBYGGING - PRINSIPPVEDTAK

Tilråding:

1. Anleggsbidragsmodellen kan nyttast i **utbyggingsavtaler inngått etter 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 50 bustadar og ein oppnår tilfredsstillande avtale med privat utbyggar. Utbyggar skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.

2. Justeringsreglane om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming kan etter avtale med utbyggar nyttast for utbyggingsavtalar **inngått før 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 50 bustadar. Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbyggar skal vere 40/60.

Særutskrift:

- Anlegg og drift
- Økonomiavdelinga

Møtebehandling:

Svein Gjelseth reiser spørsmål om habilitet då saka har sitt utspring frå ei konkret utbyggingsavtale på Vågsholmen der sonen er part.
Han gjekk frå under handsaming av habilitet.
Svein Gjelseth vart samrøystes kjend habil.

Ap v/Per Kristian Furø kom med slik endring i punkt 2, siste setning:

«Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbyggar skal vere 20/80»

Ordførar Arnulf Goksøyr kom med framlegg om å revurdere habiliteten til Svein Gjelseth. Det nye framlegget frå Ap endra dette frå ei prinsippsak til ei konkret utbyggingssak og Svein Gjelseth er i slekt med part i saka.

Svein Gjelseth vart samrøystes kjend inhabil etter KL. § 40, FVL. § 6, 1. ledd, bokstav b.

Det vart røysta over framlegget frå Ap:
Framlegget frå Ap fekk 3 røyster og fall mot 30 røyster, som røysta for maritim og teknisk komite si tilråding.

Maritim og teknisk komite si tilråding vart vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

1. Anleggsbidragsmodellen kan nyttast i **utbyggingsavtaler** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 30 bustadar og ein oppnår tilfredsstillande avtale med privat utbyggar. Utbyggar skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.

2. Justeringsreglane om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming kan etter avtale med utbyggar nyttast for utbyggingsavtalar **inngått før 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 30 bustadar. Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbyggar skal vere 30/70.

Møtebehandling:

Saka vert sendt vidare for handsaming i kommunestyret

Møtebehandling:
Ap, Runar Stave kom med slikt nytt framlegg:

1. Anleggsbidragsmodellen kan nyttast i **utbyggingsavtaler** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 30 bustadar og ein oppnår tilfredsstillande avtale med privat utbyggar. Utbyggar skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.

2. Justeringsreglane om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming kan etter avtale med utbyggar nyttast for utbyggingsavtalar **inngått før 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 30 bustadar. Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbyggar skal vere 30/70.

Ap, Runar Stave sitt nye framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 08.12.2015

1. Anleggsbidragsmodellen kan nyttast i **utbyggingsavtaler** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 30 bustadar og ein oppnår tilfredsstillande avtale med privat utbyggar. Utbyggar skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.

2. Justeringsreglane om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming kan etter avtale med utbyggar nyttast for utbyggingsavtalar **inngått før 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 30 bustadar. Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbyggar skal vere 30/70.

Vedlegg: Ingen

Bakgrunn
Kommunestyret har tidlegare vedteke at utbyggingsavtalar kan inngåast i heile Herøy kommune, til gjennomføring av rekkjefølgjekrav i eit planvedtak som f.eks. etablering av veg, vatn og avlaup. Kommunen kan ha frådragsrett eller momskompensasjonsrett dersom den bygg ut offentleg infrastruktur. Ein bustadutbyggar har ikkje frådragsrett for meirverdiavgift ved utbygging av slike anlegg. Då kommunen skal nytte anlegget i si meiverdiavgiftspliktige og/eller momskompensasjonberettiga verksemd kan kommunen imidlertid medverke til å avhjelpe denne avgiftsbelastninga. Dette kan enten gjerast ved å inngå avtale med utbyggar om at kommunen står som byggherre for den infrastruktur som skal utbyggast eller at ein nyttar «justeringsreglane» om korreksjon av opprinneleg avgiftshandsaming.

Vatn ligg utanfor kommunen sitt avgiftsområde og er følgjeleg ikkje frådragsberettiga så lenge vassverka er private.

Saksopplysningar
I kommuneplanen sin arealdel, områdeplanar eller detaljplanar, er det vanleg at kommunen stiller rekkjefølgjekrav om at nærare definert infrastruktur skal etablerast før eit område kan byggast ut. Etter plan- og bygningslova § 17-3, kan ei kommune inngå utbyggingsavtale med utbyggar av eit område for gjennomføring av eit planvedtak. Utbyggingsavtalane kan mellom anna gå ut på at utbyggar skal etablere kommunal infrastruktur som veg, vatn og avlaup i samband med utbygging av eit område.

I «Føresegner til kommuneplanen sin arealdel 2013 – 2025» punkt. 2.8 Utbyggingsavtalar står det. Sitat: *«Det kan i alle større plan- og byggjesaker utarbeidast utbyggingsavtaler mellom kommunen og utbyggjar for utbygging av teknisk infrastruktur (veg, parkering, vatn og avløp, energi) og grøn infrastruktur (uteareal, gang- og turveg).»* I punkt 2.10 i same føresegna står det m.a. at. Sitat: *«I område som er sett av til byggjeføremål kan utbygging ikkje skje før godkjente tekniske infrastruktur (køyreveg, gang- og sykkelveg, avløp, kraft- og vassforsyning) er etablert og samfunnstenester (barnehage og skule) er dekt.»*

Ein kommune vil ha rett til frådrag for inng.meirverdiavgift og/eller kompensasjon for meirverdiavgift på utbyggingskostnadane ved etablering av kommunal infrastruktur, medan ein bustadutbyggar ikkje vil ha nokon frådragsrett for inngåande meirverdiavgift (moms) etter meirverdiavgiftslova (§ 8-3 g). Ein bustadutbyggar vil i utgangspunktet følgjeleg ha 25 % høgare totalkostnadar på den kommunale infrastrukturen, enn kommunen ville hatt om kommunen skulle etablert tiltaka sjølv. Kommunen kan imidlertid medverke til at avgiftsbelastninga på den kommunale infrastrukturen.

Kommunen har i prinsippet 3 handlingsalternativ ved privat utbygging av kommunal infrastruktur. Kommunen kan inngå avtale om bruk av den såkalla anleggsbidragsmodellen (alternativ 1), bruk av justeringsreglane for fast eigedom (alternativ 2) eller heilt la vere å inngå avtale med utbyggarar (alternativ 3).

Forholdet til avgiftsreglane bør avklarast på eit tidlig stadium under forhandlingar om utbyggingsavtalar. Rådmannen meiner det er hensiktsmessig at kommunen gjer eit generelt prinsippvedtak om kommunen skal medverke til at avgiftsbelastninga kan unngåast for utbyggarar ved privat utbygging av offentleg infrastruktur. Det må vidare takast stilling til om rådmannen kan tilby anleggsbidragsmodellen under forhandlingar om utbyggingsavtalar, samt kor stort administrasjonsgebyr kommunen eventuelt skal krevje for å dekke eigne utgifter med ordninga.

I dette saksframlegget tek ein berre føre seg avgiftsmodell for utbyggingsavtalar ved bustadutbygging. Dette skuldast at det er andre avgiftsmessige omsyn og vurderingar for utbygging av næringseigedomar.

<u>Alternativ:</u>

1. Som rådmannens innstilling.
2. Kommunestyret vedtek at justeringsreglane kan nyttast i utbyggingsavtalar ved bustadutbygging der ein oppnår tilfredsstillande avtale med privat utbyggar. Ved avtale om bruk av justeringsreglane, skal kommunen krevje eit administrasjonsgebyr frå utbyggar på 40 % av tilbakebetalt meirverdiavgift frå staten.

3. Kommunestyret vedtek at bustadutbyggarar ikkje skal tilbydast nokon avgiftsmessig avtale i utbyggingsavtalane med Herøy kommune.

Økonomiske konsekvensar:

Alternativ 1 - Anleggsbidragsmodellen
Anleggsbidragsmodellen går i korte trekk ut på at kommunen sjølv er byggherre ved etablering av dei kommunale anlegga, og at utbyggar betaler anleggsbidrag til kommunen til dekning av kostnadane. Kommunen må være kontraktspart med entreprenørane, og kan krevje frådrag for inngåande meirverdiavgift og/eller kompensasjon for betalt meirverdiavgift i sitt avgiftsregnskap. Meirverdiavgifta vert frådragsført (refundert frå staten) fortløpande etter kvart som infrastrukturen vert ferdigstilt/fakturert. Dersom totalkostnadane ved privat utbygging av infrastrukturen eksempelvis er 20 mill. kroner inkl. mva, vil totalkostnadane bli 16 mill. kroner ved kommunal byggherreavtale.

Avtalen må vere knytt til kva kommunen kan krevje frådrag for. For m.a. utbygging av vassleidningar som skal driftast og vedlikehaldast av privat vassverk kan ikkje kommunen krevje frådrag for inngåande meirverdiavgift og/eller kompensasjon for betalt meirverdiavgift. Dvs. at dersom kostnader i tilknyting til dette vert fakturert må kommunen betale full meirverdiavgift. Dette må i såfall dekkast av utbyggar.

Kor stor del av kostnadane utbyggar skal betale, og kor arbeidskrevjande ordninga vil vere for kommunen, vil vere avhengig av kva ein kjem til semje om med utbyggar ved forhandlingane om utbyggingsavtale. Etter PBL. § 17-3 må slike tiltak stå i rimeleg forhold til utbygginga sin art og omfang, samt kommunen sitt bidrag til gjennomføring av planen. Kor stor andel utbyggar kan betale før avtalen er uforholdsmessig, er ikke særskilt behandla i rettsapparatet og det er uklart kvar grensa går.

Gjennom rettspraksis og bindande førehandsuttalar fra Skattedirektoratet (Gulating Lagmannsrett sin dom av 01.07.2013 og bl.a BFU 33/05), er det godteke at partane brukar den såkalla «Valdresmodellen» ved bruk av anleggsbidragsmodellen.

«Valdresmodellen» går ut på at kommunen overlet det meste av det praktiske arbeidet til utbyggar, sjølv om kommunen er byggherre. Det må føreligge ein avtale med klar arbeidsdeling i forkant av oppstart av utbygginga. I praksis inneber dette at utbyggar står for alt frå prosjektering til ferdig utbygd anlegg, men at entreprenørane fakturerer kommunen som byggherre. Utbyggar betaler inn det fakturerte beløpet eks mva til kommunen sin konto inkludert administrasjonsgebyr (sjå nedanfor). Det vert presisert at kommunen må vere kontraktspart med alle leverandørar.

For administrering av ordninga, kan kommunen krevje eit administrasjonsgebyr frå utbyggar for meirarbeidet som avtalen medfører for kommunen. Storleiken på administrasjonsgebyret må vurderast konkret i det enkelte tilfelle, og vil vere avhengig av omfanget og kompleksiteten av den planlagde offentlege infrastrukturen. Som eit eksempel kan det nemnast at Trondheim kommune på sine heimesider opplyser at deira administrasjonsgebyr er 2-10% av fakturabeløpet, men i praksis brukar dei 1,2 – 5 % av fakturert nettobeløp i sine avtalar. Trondheim kommunen har forholdsvis brei erfaring med anleggsbidragsmodellen og kva det kostar kommunen å administrere ordninga. Rådmannen antek difor det vil være hensiktsmessig at Herøy kommune nyttar tilsvarande prosentsatsar som administrasjonsgebyr sidan kommunen førebels ikkje har slik erfaring sjølv.

Anleggsbidragsmodellen vil medføre bruk av tid for kommunen til administrering av ordninga, samt kostnadar i noko varierande grad avhengig av forhandlingsresultat med utbyggar. Rådmannen meiner difor at det bør være ein viss storleik på utbygginga før anleggsbidragsmodellen skal tilbydast utbyggarar. Ved mindre utbyggingsprosjekt vil kostnadene ved administreringa fort bli høgare enn gevinsten ved bruk av ordninga. Rådmannen føreslår difor at anleggsbidragsmodellen for tida berre skal tilbydast utbyggarar av minimum 50 bustadar.

Sidan kommunen er byggherre ved denne modellen, må kommunen stille krav om at utbyggarane gjennomfører innkjøp av den offentlige infrastrukturen etter regelverket om offentlige innkjøp. Denne prosessen kan etter avtale setjast bort til utbyggar for gjennomføring på vegne av kommunen. Dagens rettstilstand er noko uavklart i forhold til om ordninga fell innanfor eller utanfor regelverket. Kommunen bør ikkje ta sjansen på å pådra seg store gebyr dersom det skulle bli endeleg fastslege at regelverket skal nyttast ved bruk av denne modellen.

Kommunar kan krevje garanti for utbyggar si betaling av entreprisekontrakten for infrastrukturen, og vil normalt krevje ein bankgaranti for verdien av kontrakten. Enkelte kommunar krev i staden pant i den faste eigedomen som vert bygd ut. I tillegg kan det vurderast å krevje at utbyggar tek momsrisikoen i ein 10-års periode etter fullføring av prosjektet, med tanke på f.eks. lovendringar eller feil handtering av meirverdiavgifta. Dette er element som må være gjenstand for forhandlingar med utbyggar.

Sjølv om utbyggar stiller garanti for entreprenørkontraktar, vil den økonomiske risikoen for kommunen likevel ikkje vere eliminert. Dette skuldast at kommunen må være byggherre ved bruk av denne modellen. Som byggherre kan kommunen risikere mangelfullt utførte entreprisekontraktar og påfølgjande tvistar i kjølvatnet av dette. Korleis denne økonomiske risikoen skal fordelast mellom utbyggar og kommunen, kan imidlertid også være gjenstand for forhandling med utbygger om utbyggingsavtalen.

Ein vil her tilføye at dersom kommunen tek på seg rolla som byggherre tek ein også på seg ansvaret som følgjer av «Byggherreforskrifta» som m.a. omfattar ansvar for helse, miljø og tryggleik ved gjennomføring av utbygginga.

Alternativ 2 - Justeringsreglane
Justeringsreglane er reglar om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming, som følgje av hendingar («justeringshendingar») som inntreff før 10 år er gått frå fullføring av eit byggetiltak. Formålet er at avgiftsbelastninga skal samsvare med avgiftsmessig bruk. Justeringsreglane kan nyttast på anlegg som er gitt bruksløyve/ferdigattest etter 01.01.2008.

Ved bruk av justeringsreglane er utbyggar byggherre for den offentlege infrastrukturen. Kommunen er ikkje involvert i byggeprosessen, og utbyggars innkjøp fell såleis utanfor regelverket om offentlege innkjøp. Etter ferdigstilling kan eigedomsretten til anlegga overdragast vederlagsfritt til kommunen for framtidig drift og vedlikehald.

Kor vidt ein privat utbyggar har frådragsrett for meirverdiavgift ved utbygging av kommunal infrastruktur, vil være avhengig av kva som er «den første bruken» av innkjøpet. Sidan det ikkje er meirverdiavgift på sal av bustadar, vil ikkje bustadutbyggaren få frådragsrett for meirverdiavgift på etablering av infrastrukturen i tilknyting til bustadutbygging, fordi «den første bruken» vil vere bustadføremål. Når anlegga vert overdregne til kommunen, vil derimot kommunen kunne krevje refundert meirverdiavgifta som ein bustadutbyggar har betalt til entreprenørane, tilbake frå staten med 1/10 kvart år i ein 10-årsperiode. Tilbakebetalt meirverdiavgift kan deretter heilt eller delvis bli utbetalt til utbyggar over same 10-årsperiode.

Kommunen og utbyggar kan inngå ein justeringsavtale, der føremålet er å avklare om utbyggars innbetalte meirverdiavgift skal krevjast refundert frå staten og om evt. tilbakebetalt meirverdiavgift frå staten til kommunen skal tilfelle utbyggar heilt eller delvis. Det kan

avtalast at ein bestemt prosentsats av tilbakebetalt meirverdiavgift kan haldast attende av kommunen som eit gebyr for administrering av ordninga. Det er eit stort spenn på kva prosentsats som blir nytta i andre kommunar på dette gebyret. Dersom kommunestyret meiner at kommunen berre skal bruke justeringsreglane, føreslår rådmannen at dette gebyret vert fastsett til 40 % av tilbakebetalt meirverdiavgift. Årsaka til dette er at ordninga vil krevje ein del arbeidsinnsats frå kommunen si side.

Alternativ 3 - Ingen avgiftsmessig avtale med utbyggar
Kommunen kan la vere å inngå avtale om meirverdiavgift med private utbyggerar av offentleg infrastruktur. Dette vil i tilfelle innebere at utbyggarane må betale 25 % mva på kjøp av varer og tenester til etablering av dei offentlege anlegga, som utbyggar er forplikta til heilt eller delvis å koste gjennom ein utbyggingsavtale. Meirverdiavgifta vil då bli ein endelig kostnad i bustadprosjektet for utbyggar.

For kommunen kan dette få den konsekvens at bustadutbyggar ikkje ser seg i stand til å gjennomføre utbygginga. Det kan dessutan føre til unødvendig dyre tomter for huskjøparane og bli lågare kvalitet på tiltaka, som seinare skal overtakast av kommunen.

Vurdering:
Etter rådmannen si vurdering bør valet mellom dei ovanfor nemnde alternativa stå mellom anleggsbidragsmodellen og justeringsreglane. Gjennom utbyggingsavtalane vil utbyggarane ta på seg å bygge ut offentleg infrastruktur som kommunen elles måtte gjennomført sjølv. Det framstår derfor som rimeleg at kommunen inngår avtalar med utbyggarar, for å bidra til reduksjon av kostnader på bustadprosjekta. Dette vil kunne bidra til billegare tomter for huskjøparane, bustadutbyggarane bygg ut meir og kan auke kvaliteten på utbygginga.

Når det gjeld kommunen sitt val mellom anleggsbidragsmodellen og justeringsreglane, framstår anleggsbidragsmodellen totalt sett som det beste avgiftsmessige alternativet ved bustadutbygging (vurderinga kan bli ei anna for næringsprosjekt). Fordelane med denne modellen er at den klart gir best likviditet i prosjekta for utbyggar. Dette bidreg til å gjere Herøy kommune til ein meir attraktiv stad for bustadutbygging, enn om den ikkje skal tilbydast i samband med utbyggingsavtalane. Kostnadene ved etablering av offentleg infrastruktur kan utgjere betydelige beløp. Ein reduksjon på inntil 25 % av totalkostnadene kan ha betyding for kva utbyggar ser seg i stand til å ta på seg av offentleg utbygging.

Dersom kommunen brukar den såkalla «Valdresmodellen», som er skildra ovanfor, vert meirverdiavgifta gjort opp løpande og avslutta ved ferdigstilling av anlegga, og kommunen treng ikkje å ha eit kontraktforhold med utbyggar etter ferdigstilling (evt. med unntak for avtale om momsrisikoen i ein 10-årsperiode). Ulempa med anleggsbidragsmodellen er at kommunen må være byggherre for utbygging av infrastrukturen og at dette medfører risiko for evt. etterfølgjande problem og tvistar med entreprenørane. Denne risikoen kan imidlertid reduserast gjennom utbyggingsavtalen med utbyggar. Ved bruk av justeringsreglane vil det derimot vere utbyggar som er byggherre og har risikoen for dette åleine – noko som er fordelen med justeringsreglane.

Ulempene ved justeringsreglane vil være at kommunen må oppretthalde eit kontraktforhold med utbyggar i ein 10-årsperiode etter ferdigstilling for refusjon av meirverdiavgifta. Dette vurderer ein å være tyngre og meir tidkrevjande for kommunen å administrere m.a. fordi momsoppgåvene må sendast skattemyndigheitene **på termin 6 kvart år** gjennom heile 10-årsperioden. Ved anleggsbidragsmodellen vert avgiftsforpliktingane som nemnt gjort opp ved ferdigstilling av anlegga. Ved bruk av denne modellen får utbyggar dessutan dårlegare likviditet i prosjektet sidan meirverdiavgifta vert tilbakebetalt over ein 10-årsperiode.

Uavhengig av val av modell vil kommunen få auka administrativt arbeid og kostnad. Spesielt ved bruk av anleggsbidragsmodellen der kommunen har byggherreansvar som vil medføre at ein vil måtte følgje opp byggeprosessen og delta på byggemøte og synfaringar m.m. Dette kan sjølvsagt medføre at andre oppgåver vil måtte vente/utsettast.

For god ordens skuld vurderer rådmannen at det ved bruk av anleggsbidragsmodellen bør vedtakast at utbyggar skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.

Konklusjon:
Etter ei totalvurdering tilrår rådmannen at:

1. Anleggsbidragsmodellen kan nyttast i **utbyggingsavtaler inngått etter 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 50 bustadar og ein oppnår tilfredsstillande avtale med privat utbyggar. Utbyggar skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.

2. Justeringsreglane om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming kan etter avtale med utbyggar nyttast for utbyggingsavtalar **inngått før 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 50 bustadar. Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbyggar skal vere 40/60.

Konsekvensar for folkehelse:
Ingen.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen.

Konsekvensar for drift:
Administrasjonen ved Anlegg og drift/Utvikling og Økonomi vil få meir administrative arbeidsoppgåver ved innføring av avgiftsmodell som tilrådd. Dette skal ikkje medføre auka kostnader for kommunen då dei to tilrådde ordningane skal kostast gjennom anten administrasjonsbidrag eller del av refundert meirverdiavgift.

Fosnavåg, 09.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

AVTALE VEDKOMANDE OVERFØRING AV JUSTERINGSRETT

Mellom

Vågsholmen Utvikling AS
(Org. nr. 998 191 351)
("**Avhendar**")

og

Herøy kommune
(Org. nr. 964 978 840)
("**Mottakar**")

(Avhendar og Mottakar er i fellesskap kalla "**Partane**")

1 BAKRUNN

Det følgjer av lov av 19. juni 2009 nr. 58 om meirverdiavgift (meirverdiavgiftslova) § 9-3, jf. forskrift av 15. desember 2009 nr. 1540 til meirverdiavgiftslova (meirverdiavgiftsforskrifta) § 9-3-4 og § 9-3-5 at det ved overdraging av byggetiltak/kapitalvare så kan mottakar overta avhendar sin rett til å justere inngåande meirverdiavgift.

Denne avtale ("**Avtalen**") gjeld overføring av justeringsrett i samband med overdraging av infrastrukturtiltak opparbeida av Avhendar i samband med utbygging av fast eigedom innafor det regulerte området for Vågsholmen.

Avtalen regulerer dei rettslege forhold om overføring av tilbakeført justeringsbeløp frå Mottakar til Avhendar.

2 FORHOLDET TIL STATSSTØTTEREGELVERKET

Ved signering av Avtalen anser ein at Avhendar er orientert om at element av statsstøtte som måtte ligge i denne avtale jf. EØS-avtalen artikkel 61 nr. 1, anser ein gitt under tilvising til unntaket for bagatellmessig støtte jf. § 2 i forskrift av 14. november 2008 nr. 1213 om unntak frå notifikasjonsplikt for offentleg støtte.

Avhendar erklærer at selskapet på tidspunktet for signering av Avtalen verken har motteke eller er kjent med at selskapet i framtida vil få økonomisk støtte av nokon art frå stat eller kommune. Avhendar er heller ikkje del av eit konsern som på tidspunktet for signering av Avtalen har motteke eller er kjent med at dei vil få økonomisk støtte av nokon art frå stat eller kommune.

Dersom Avhendar eller selskap som inngår i same konsern som Avhendar i løpet av resterande del av justeringsperioden får økonomisk støtte av nokon art frå stat eller kommune, så skal Mottakar gjevast skriftlig orientering om dette.

3 OPPLYSNINGAR VEDKOMANDE PÅLØPTE KOSTNADAR OG MEIRVERDIAVGIFT FOR KAPITALVARE/BYGGETILTAK

Avtalen omfattar spesifikasjonar om dei infrastrukturtiltak som er opparbeidde av Avhendar i samband med utbygging av fast eigedom innafor det regulerte området på Vågsholmen. På

tidspunktet for signering av Avtalen er følgjande spesifikasjonar utarbeidde og vedlagt Avtalen:

1. Kartutsnitt Vågsholmen – opparbeidd veg og fortau med tilhøyrande tekniske anlegg
2. «Spesifikasjon ved overføring av justeringsrett» vedkomande opparbeiding av infrastruktur innafor det regulerte området på Vågsholmen, jf. oppstilling datert 25.09.2018.
3. Kostnadsfordeling og grunnlag for mva-kompensasjon datert 02. november 2018.
4. «Uttalelse vedrørende forenklet revisorkontroll av prosjektregnskap Vågsholmen Utvikling AS» frå BDO AS datert 5. november 2018.

Spesifikasjonen som vert vedlagt Avtalen skal oppfylle dei dokumentasjonskrav som følgjer av meirverdiavgiftsforskriftas § 9-3-5 første ledd jf. § 9-3-3 første ledd.

4 OMFANG AV JUSTERINGSRETTEN

Mottakar skal i følgje spesifikasjonar som skildra i Avtalens punkt 3 for den resterande del av justeringsperioden årleg krevje justert 1/10 av inngåande meirverdiavgift som Avhendar har betalt ved opparbeidinga av infrastrukturtiltaket ("**justeringsbeløpet**").

Mottakar skal ta med det årlege Justeringsbeløpet i **kompensasjonsoppgåva og den ordinære momsoppgåva** for 6. termin for vedkomande år.

5 DELVIS TILBAKEFØRING AV JUSTERINGSBELØP

Mottakar bereknar eit administrasjonsfrådrag med 30% til dekning av Mottakars administrasjonskostnader.

Avhendar skal kvart år i justeringsperioden fremme eit krav om del av justeringsbeløpet jf. denne Avtalen, med tilvising til denne Avtalen. Kravet skal sendast Mottakar (ved Økonomiavdelinga) i desember månad i vedkomande justeringsår.

Avhendar sitt krav om tilbakeføring av 70% av det årlege Justeringsbeløpet er avhengig av at Mottakar har fått utbetalt Justeringsbeløpet frå staten, og utbetalast til Avhendar seinast innan 15. mars komande år etter justeringsårets utløp.

6 DIVERSE

Opplysningane som nemnt i Avtalens punkt 3 skal vere stadfesta av Avhendar sin regnskapsfører.

Avhendar er ansvarleg for alle kostnadar knytt til inngåing av Avtalen.

Mottakar tek atterhald om at utbyggar har handsama berekning av grunnlag for justering av refusjon/frådrag for inngåande mva på rett måte.

Mottakar er ikkje ansvarlig for økonomisk tap som Avhendar måtte lide som følgje av at avtalen vert hindra gjennomført som følgje av eventuelle lovendringar.

Med mindre kravet skuldast forhold på Mottakars side, pliktar Avhendar å halde Mottakar skadeslaus, dersom Mottakar må tilbakebetale kompensert eller frådragsført inngåande meirverdiavgift med renter og eventuell tilleggsavgift. Avhendaren sitt ansvar avgrensar seg

til del av Justeringsbeløpet som er overført til Avhendar jf. Avtalens punkt 5, her under renter og eventuell tilleggsavgift knytt til overført del av Justeringsbeløpet.

7 TVISTER

Ein kvar tvist eller usemje i samband med Avtalen skal søkjast løyst i minnelegheit. Dersom minneleg løysing ikkje er oppnåeleg, kan kvar av partane legge tvisten fram for dei allmenne domstolane med Søre Sunnmøre tingrett som avtalt verneting.

****

Avtalen er utferda i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

Fosnavåg __/___ 2018

Vågsholmen Utvikling AS	Herøy kommune
_____	_____
Namn Tittel	Namn Tittel

VEDLEGG 1



TEIKNFORKLARING

Bygningar og anlegg (§12-5 NR.1)

- Bustader - frittliggjande småhus
- Bustader - konsentrert småhus
- Andre kommunaltekniske anlegg
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag
- Uthus/naust/badehus
- Leikeplass
- Bustad/kontor

Samferdselsanlegg og tek. infr. (§12-5 NR.2)

- Køyreveg
- Fortau
- Gangveg/gangareal/gågate
- Annan veggrunn - tekniske anlegg

Grøntstruktur (§12-5 NR.3)

- Friområde

Bruk og vern av sjø og vassdrag (§12-5 NR.6)

- Småbåthamn

Linjer og symbolar

- Planen si avgrensing
- Formålsgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggjegrense
- Bygningar som inngår i planen
- Bygningar som skal fjernast
- Regulert senterlinje
- Frisiktslinje
- Målelinje/avstandslinje
- Avkjørsel

Eierform:
o_ = Offentleg formål
f_ = Felles privat formål

Basiskartet er tegnet med svak grafarge

Kartopplysninger

Kilde for basiskart	Geovekst AS
Dato for basiskart	Okt 2013
Koordinatsystem	UTM sone 32 / Euref89
Høydegrunnlag	NN 1954
Ekvidistanse	1 meter
Kartmålestokk	1:1000 (A3)

0 10 20 30 40 m

N

Herøy kommune

DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3

Reguleringsendring for Vågsholmen

MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID: **201262**
Forslagstiller: **Vågsholmen Utvikling AS**
Kartprodusent: **AG Plan og Arkitektur AS**

Revisjon av plankart

	DATO	SIGN.
A		
B		
C		

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAK	DATO	SIGN.
Kommunestyrets vedtak:	**97/13**	**29.8.2013**	**AZT**
2. gongs behandling i Formannskapet	133/13	20.8.2013.	AZT
Offentlig ettersyn fra 26.5.2013 til 7.6.2013.			
1. gongs behandling i Formannskapet	6/13	22.1.2013.	AZT
Kunngjering av oppstart planarbeidet	188/12	5.6.2012.	AZT

PLANEN UTARBEIDET AV: AG Plan og Arkitektur AS	PLANNR.	TEGNNR.	SAKSBEH.
	-	-	AZT

VEDLEGG 2

SPESIFIKASJON VED OVERFØRING AV JUSTERINGSRETT

Avhendar:
Vågsholmen Utvikling AS, org. nr. 998 191 351

Mottakar:
Herøy kommune , org.nr. 964 978 840

TILTAK 1/KAPITALVARE 1 :
Infrastrukturanlegg (vei og kloakk) innafor det regulerte området Vågsholmen.

Type kapitalvare:
Infrastrukturanlegg, (vei og kloakk)

Fullføringstidspunkt: 25.09.2018

Anskaffingskostnad utan meirverdiavgift:
Kr. 6.207.628,04

Total meirverdiavgift:
Kr. 1.551.905,87

Frådragsført meirverdiavgift ved anskaffinga:
Kr. 0,-

Frådragsrett ved anskaffinga oppgitt i prosent:
0 %.

Avhendar sin frådragsrett ved overdraginga angitt i prosent:
0 %.

Mottakaren sin frådragsrett/kompensasjonsrett ved overdraginga angitt i prosent:
100 %

Resterande justeringsbeløp for Avhendaren ved overdraginga:
Kr. 0

Justeringsretten som vert overført:
Kr. 1.551.905,87, av dette eit årleg justeringsbeløp på Kr 155.190,59

25/9 2018

Vågsholmen Utvikling AS

Sign. PER MAGNE EGGESBØ

VEDLEGG 3

Vågsholmen Utvikling AS

OPPFØRING AV TEKNISK ANLEGG PÅ VÅGSHOLMEN - KOSTNADSFORDELING OG GRUNNALG MVA-KOPMENSASJON

	Sum	Vann	Vei/kloakk	Kloakk	Vei	Mva vann	Mva kloakk	Mva vei	Sum mva
Avdragsnota nr. 1	851 196,38	326 715,75	524 480,63	272 032,37	252 448,26	81 678,94	68 008,09	63 112,07	212 799,10
Avdragsnota nr. 2	565 080,35	142 999,75	422 080,60	218 920,54	203 160,06	35 749,94	54 730,14	50 790,01	141 270,09
Avdragsnota nr. 3	1 441 013,28	28 900,00	1 412 113,28	732 420,79	679 692,49	7 225,00	183 105,20	169 923,12	360 253,32
Avdragsnota nr. 4	888 408,50	226 695,30	661 713,20	343 210,79	318 502,41	56 673,83	85 802,70	79 625,60	222 102,13
Avdragsnota nr. 5	770 546,50	18 939,20	751 607,30	389 836,16	361 771,14	4 734,80	97 459,04	90 442,79	192 636,63
Avdragsnota nr. 6	355 935,00	-	355 935,00	184 612,81	171 322,19	-	46 153,20	42 830,55	88 983,75
Avdragsnota nr. 7	200 400,00	-	200 400,00	103 941,47	96 458,53	-	25 985,37	24 114,63	50 100,00
Avdragsnota nr. 8	617 915,47	-	617 915,47	320 494,22	297 421,25	-	80 123,55	74 355,31	154 478,87
Tilbakeholdt beløp	299 500,00	-	299 500,00	155 341,67	144 158,34	-	38 835,42	36 039,58	74 875,00
Tilleggsnota 1 (stikk)	22 254,00		22 254,00	11 542,48	10 711,52		2 885,62	2 677,88	5 563,50
Tilleggsnota 2 (sandfangk.)	16 440,00		16 440,00	8 526,93	7 913,07		2 131,73	1 978,27	4 110,00
Tilleggsnota 3 (kloakk)	5 000,00		5000	2 593,35	2 406,65		648,34	601,66	1 250,00
Fundament mur kant	5 800,00		5 800,00	3 008,29	2 791,71		752,07	697,93	1 450,00
Betongkant rekkverk	23 012,00		23 012,00	11 935,63	11 076,37		2 983,91	2 769,09	5 753,00
Kumlokk	4 000,00		4 000,00	2 074,68	1 925,32		518,67	481,33	1 000,00
	6 066 501,48	**744 250,00**	**5 322 251,48**	**2 760 492,18**	**2 561 759,30**	**186 062,50**	**690 123,04**	**640 439,83**	**1 516 625,37**

TOTAL MVA FORDELT PÅ KLOAKK VEI OG VANN

Bjarne Tarberg AS	6 066 501,48	744 250,00	5 322 251,48	2 760 492,18	2 561 759,30	186 062,50	690 123,04	640 439,83	1 516 625,37
AG Plan og Arkitektur AS	925 488,00	116 611,49	808 876,51	419 539,98	389 336,53	29 152,87	104 884,99	97 334,13	231 372,00
Prosjektbygg AS	90 000,00	13 500,00	76 500,00	39 678,26	36 821,75	3 375,00	9 919,56	9 205,44	22 500,00
SUM	**7 081 989,48**	**874 361,49**	**6 207 627,99**	**3 219 710,41**	**2 987 917,58**	**218 590,37**	**804 927,60**	**746 979,40**	**1 770 497,37**

Fosnavåg, 02. november2018

Vågsholmen Utvikling AS
Per Magne Eggesbø
Styrets leder

VEDLEGG 4

BDO

Tlf : 70 01 81 81
www.bdo.no

Nesevegen 3
Postboks 93
6067 Ulsteinvik

Til Herøy Kommune

Uttalelse vedrørende forenklet revisorkontroll av prosjektregnskap Vågsholmen Utvikling AS

Innledning

Det er utarbeidet et prosjektregnskap for Vågsholmen Utvikling AS datert 02.november 2018. Prosjektregnskapet på totalt NOK 7.081.989,48 viser kostnader for oppføring av tekniske anlegg ved utbygging av vann, vei og kloakk på Vågsholmen i Herøy Kommune som grunnlag for refusjon av merverdiavgift i samsvar med inngått avtale om overføring av justeringsrett med totalt NOK 804.927 knyttet til kloakk og NOK 746 979 knyttet til vei. Vi har foretatt en forenklet revisorkontroll av prosjektregnskapet. Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av sammenstillingen og at det gir et rettvisende bilde. Vår oppgave er å avgi en uttalelse om regnskapet basert på vår forenklede revisorkontroll.

Omfanget av den forenklede revisorkontrollen

Vi har utført vår forenklede revisorkontroll i samsvar med ISRE 2410 *Forenklet revisorkontroll av et regnskap, utført av foretakets valgte revisor*. En forenklet revisorkontroll av regnskapet består i å rette forespørsler, primært til personer med ansvar for økonomi og regnskap, og å gjennomføre analytiske og andre kontrollhandlinger. En forenklet revisorkontroll har et betydelig mindre omfang enn en revisjon utført i samsvar med de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene), og gjør oss følgelig ikke i stand til å oppnå sikkerhet om at vi er blitt oppmerksomme på alle vesentlige forhold som kunne ha blitt avdekket i en revisjon. Vi avgir derfor ikke revisjonsberetning.

Konklusjon

Vi har ved vår forenklede revisorkontroll ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at prosjektregnskapet ikke gir et rettvisende bilde av kostnadene og fordelingen.

Ulsteinvik, 5. november 2018

BDO AS

Eldar Zahl
Registrert revisor

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale BDO-nettverket, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2014/866
		Arkiv:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
215/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

UTBYGGINGSAVTALE MED VÅGSHOLMEN UTVIKLING AS - OVERTAKING AV KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG FOR FRAMTIDIG DRIFT OG VEDLIKEHALD

Tilråding:

Protokoll frå overtakingsforretning vedkomande Vågsholmen vert godkjent og kommunen overtek dei kommunaltekniske anlegga for framtidig drift og vedlikehald i følgje tidlegare godkjend utbyggingsavtale. **Overtakinga er gjeldande frå dato for godkjenning av overtakingsforretninga i formannskapet.**

Særutskrift:

- Vågsholmen Utvikling AS, c/o Arthur Almestad, Vågsholmvegen 25, 6090 Fosnavåg
- Anlegg og driftsavdelinga, her

Vedlegg:

1. Kopi av vedtak i K-sak 18/15 av 26.02.2015 – Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Vågsholmen Utvikling AS
2. Protokoll frå overtakingsforretning datert 18.09.2018 **(NB! Ikkje gyldig før den er godteken av Herøy Formannskap)**

Uprenta vedlegg:

- Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Vågsholmen Utvikling AS med vedlegg

Samandrag av saka:
Herøy kommunestyre godkjende i K-sak 18/15 av 26.02.2015 utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Vågsholmen Utvikling AS. Utbygginga er no gjennomført. Denne saka gjeld godkjenning av overtaking av kommunaltekniske anlegg, med eitt unntak, for kommunal drift og vedlikehald. Unntaket gjeld vassleidningar som vert overtekne av Herøy Vasslag BA.

Saksopplysningar:
Det er gjennomført formell overtakingsforretning og ført protokoll, sjå vedlegg 2, som er underteikna av partane. For kommunen sin del er det teke atterhald om at overtakingsforretninga må endeleg godkjennast av Herøy formannskap.

Konsekvensar for folkehelse, beredskap, drift og økonomi er det gjort greie for i saksutgreiinga til K-sak 18/15, sjå vedlegg 1.

Vurdering/konklusjon:
Ein vurderer at utbygginga er gjennomført i samsvar med godkjend utbyggingsavtale og tekniske planar.

Med bakgrunn i saksutgreiinga, utbyggingsavtalen og protokoll frå overtakingsforretninga vil rådmannen tilrå at vedlagt protokoll frå overtakingsforretninga vert godkjent. **Kommunen overtek anlegga for framtidig drift og vedlikehald frå den dato kommunen har godkjent protokollen frå overtakingsforretninga.**

Fosnavåg, 18.09.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

Vågsholmen Utvikling AS

Vågsholmvegen
6091 FOSNAVÅG

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2014/866	L81		FEL / BRB	02.03.2015

K-SAK 18/15. UTBYGGINGSAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG VÅGSHOLMEN UTVIKLING AS - SLUTTHANDSAMING

Vedlagt fylgjer K-sak 18/15.
Kommunestyret gjorde 26.02.2015 slikt vedtak i saka:

1. Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Vågsholmen Utvikling AS vert godkjent.

2. Ordførar får fullmakt til å signere utbyggingsavtalen på vegne av Herøy kommune.

Med helsing

Brit Berge
e.f.

Kopi:
Utviklingsavdelinga, her
Anlegg- og driftsavdelinga, her

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2014/866
		Arkiv:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
201/14	Formannskapet	18.11.2014
9/15	Formannskapet	20.01.2015
18/15	Kommunestyret	26.02.2015

UTBYGGINGSAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG VÅGSHOLMEN UTVIKLING AS - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.02.2015

1. Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Vågsholmen Utvikling AS vert godkjent.

2. Ordførar får fullmakt til å signere utbyggingsavtalen på vegne av Herøy kommune

Møtebehandling:

Anlegg- og driftsleiar Jon Rune Våge møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 20.01.2015

1. Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Vågsholmen Utvikling AS vert godkjent.

2. Ordførar får fullmakt til å signere utbyggingsavtalen på vegne av Herøy kommune.

Møtebehandling:
Saka vert utsett.

<u>Tilråding frå rådmannen:</u>

1. Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Vågsholmen Utvikling AS vert godkjent.

2. Ordførar får fullmakt til å signere utbyggingsavtalen på vegne av Herøy kommune.

Særutskrift:
- Vågsholmen Utvikling AS, v/Arthur Almestad, Vågsholmvegen, 6091 Fosnavåg
- Anlegg- og driftsavdelinga, her
- Utviklingsavdelinga, her

Vedlegg:
1 F-sak 98/14
2 Utkast til utbyggingsavtale for Vågsholmen m/vedlegg

Bakgrunn:
Det har vore gjennomført ein prosess etter gjeldande regelverk med sikte på ein utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og utbyggar, Vågsholmen Utvikling AS, vedkomande utbygging av Vågsholmen. Framforhandla utkast til utbyggingsavtale har vore utlagt til offentlig ettersyn. Denne saka gjeld godkjenning av utbyggingsavtalen.

Saksopplysningar:
Generelt om utbyggingsavtalar
Utgangspunktet for ein utbyggingsavtale er at det i reguleringsplanen for eit privat areal er innregulert offentlege område og/eller infrastruktur. Privat utbyggar av desse areala/infrastrukturen kan i slike høve be/søkje kommunen om at det vert skrive ein utbyggingsavtale. Ein slik avtale vil normalt innebere at

- Privat utbyggar står for og kostar utbygginga/opparbeidinga fullt ut
- Kommunen overtek, vederlagsfritt, ferdig opparbeidde anlegg for framtidig drift og vedlikehald. Dette inneber også vederlagsfri overtaking av eigedomsretten, eller varig rett til bruk, av areala.

Sakshandsaming
Tidlegare vedtak i saka:
Vedtak i Formannskapet i F-sak 98/14 den 10.06.2014. Sitat:

«1. Med heimel i §17-4 i Plan- og bygningslova vert utkast til utbyggingsavtale med Vågsholmen Utvikling AS lagt ut til offentleg ettersyn.

2. Høyringsfristen vert sett til 30 dagar.» Sitat slutt.

Utkastet til utbyggingsavtale har vore til offentleg ettersyn i perioden frå 4. juli 2014 til 4. august 2014. Det har ikkje kome inn merknadar.

Vurdering og konklusjon:
Avtaleutkastet slik det no ligg føre legg til rette for at kommunen tek over tekniske anlegg til framtidig drift og vedlikehald etter at dei er ferdig utbygde. Utbygginga er planlagt i tråd med gjeldande reguleringsplan for området og legg m.a. til rette for etablering av bustadar, kontor, naust og småbåtanlegg.

Med bakgrunn i ovanstående saksutgreiing tilrår rådmannen at avtalen vert godkjent slik den framkjem av vedlagt utkast til utbyggingsavtale.

Konsekvensar for folkehelse:
Rådmannen ser positivt på utbygginga i eit folkehelseperspektiv. Utbygginga gir bustadtomter i eit attraktivt område nær Fosnavåg sentrum. Det er regulert inn friområde langs strandlinje mot nordvest og nordaust, samt eit areal til leikeplass med universelt utforma tilkomst.

Konsekvensar for beredskap:
Infrastruktur er dimensjonert for beredskap.

Konsekvensar for drift og økonomi:
Veg og fortau: Utbygginga gir om lag 190m veg med fortau og om lag 100m veg utan fortau. Dette medfører om lag 27.000 kroner i auka årlege driftsutgifter for kommunen.

Avlaup: Utbygginga omfattar nye avlaupsleidningar og pumpestasjon som vil føre til auka driftsutgifter for avlaup. Det ligg pr. i dag ikkje føre gode tal for å talfeste dette. Dei auka driftsutgiftene vert imidlertid dekt inn av innkravd avlaupsgebyr frå abonnentane og vil soleis ikkje påverke kommunen sitt netto driftsbudsjett.

Fosnavåg, 16.10.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

OVERTAKINGSFORRETNING
Protokoll for overtaking

Utbyggar Vågsholmen Utvikling AS

Stad og dato: Fosnavåg, 18.09.2018

Overtakingsprotokollen gjeld overtaking av ferdig opparbeidde tekniske anlegg avtalt i utbyggingsavtale mellom Vågsholmen Utvikling AS og Herøy kommune vedteken i K-sak 18/15 den 26.02.2015.

Manglar ved overtaking:

- Sikringstiltak på/langs murkant langs veg om lag frå pel 200 til pel 220 vert utført i samband med oppføring av bygning som er under arbeid på tilstøytande eigedom. Detaljar rundt endeleg løysing skal skje i dialog med kommunen.

Sikkerheit for utbetring av eventuelle manglar i reklamasjonstida vert dekt iflg. pkt. 11.2 i NS 8406/utbyggingsavtale. Garanti vert trappa ned til 3% ved overtaking. Vidare garantiforløp iflg. NS 8406.

Signaturar:

For Vågsholmen Utvikling AS

For Herøy kommune

For kommunen sin del må protokollen godkjennast av Formannskapet før den er gyldig.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2018/1472
		Arkiv:	M70

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
40/18	Arbeidsmiljøutvalet	19.11.2018
216/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

OPPSTART UTGREIING AV FELLES BRANNVERN - HAREID, HERØY, SANDE, ULSTEIN, VANYLVEN OG ØRSTA

Møtebehandling:

Tilråding/Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 19.11.2018

Tilråding:

Herøy kommunestyre er positive til å utgreie eit formalisert samarbeid innan brannvern mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta. Ein ber om at det vert arbeidd vidare med ein avtale som vert lagt fram til godkjenning om mogeleg før sommarferien 2019.

Særutskrift:
Hareid Kommune
Ulstein Kommune
Vanylven Kommune
Sande Kommune
Volda Kommune

Vedlegg:
Vedlegg
1 Samarbeid på brann (5K) - Referat godkjent
2 Referat faggruppe brann 07112018

Samandrag av saka:

Etter initiativ frå rådmenn i kommunane ber ein om at det vert starta opp ei fagleg utgreiing om brannvernsamarbeid mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta. Volda kommune er forespurt, men har kome til å ville avvente med ein eventuell deltakelse til ein har kome lenger i prosessen med Nye Volda. Målsetjing for samarbeidet er eit felles brann- og feievesen der ein samordnar dei administrative, beredskapsmessige og forebyggande ressursane for å kunne yte betre og meir effektive tenester til innbyggjarane. Kommunestyra vert i denne omgang inviterte til å vurdere om dette er eit aktuelt tema, og eventuelt leggje føringar for vidare utgreiingsarbeid.

Saksopplysningar:

Herøy kommunestyre vedtok den 19.6.2018 å delta i eit interkommunalt samarbeidsprosjekt med Vanylven kommune der m.a samarbeid innan brannvern vart vedtatt. Avtale om felles brannsjef mellom kommune vert signert innan kort tid og avtalen gjeld frå 01.01.2019. Ordførar signerer avtalen.

Det har over lang tid vore vurdert ulike former for formelt brannvernsamarbeid. I 1993/95 var det etter initiativ frå Herøy kommune gjort ei utgreiing av innleigd konsulent siv.ing. Magne Eikanger om brannvernsamarbeid for dei fem kommunane på Vestre Sunnmøre (Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven). Der var fleire modellar for samarbeid, men prosessen stoppa av ulike grunnar opp.

I perioden frå 2003 til 2009 vart det med varierande intensitet jobba med utgreiingar om brannvernsamarbeid for dei same fem kommunane pluss Ørsta og Volda. Dette med utgangspunkt i initiativ frå regionrådet for Søre Sunnmøre. Arbeidet var organisert som eit prosjekt med brannsjefane som prosjektgruppe og rådmennene som styringsgruppe. Etter kvart vart pensjonert brannsjef i Ålesund Kåre Steinsvik leigd inn som konsulent (Steinsvik brannconsulting). I nært samarbeid med brannsjefane laga han to rapportar der den første omhandla full samanslåing av dei 7 brannverna før det vart laga ei utgreiing om brannvernsamarbeid berre for førebyggjande del.

Det har vore ulike former for samarbeid, men det har ikkje vore arbeidd med samanslåing av brannverna i dei 7 kommunane samla etter 2009. Men det er kjent at Volda og Ørsta har jobba med samanslåing av brannverna i dei to kommunane utan at det har resultert i eit formalisert samarbeid etter det ein kjenner til.
Herøy og Vanylven kommunar vil frå 01.01.2019 inngå eit forpliktande samarbeid der kommunane vil ha felles brannsjef. Avtalen omfattar alle kommunale oppgåver som vert definert Lov av 14.6.2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernlova). Føremålet med eit felles brannsjef er å samordne dei administrative, beredskapsmessige og førebyggande ressursane for å kunne yte

effektive tenester til innbyggjarane. Hareid og Ulstein kommunar har felles brannvern der Ulstein er vertskommune.

LOVGRUNNLAG:

I brann- og eksplosjonsvernlova frå 2002 er det i § 15 slått fast at kommunane skal samarbeide om lokale og regionale løysingar av førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver med sikte på best mogeleg utnytting av samla ressursar, sjå elles lenkje over. I lova står der elles ein del om kommunane sitt ansvar knytt til etablering og drift, dokumentasjon, rapportering, organisering, oppgåver osv. av brannvesenet.

Det går også fram av § 15 at eit brannvesen er pliktig til å yte hjelp ved brann eller ulukke i annan kommune. I forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen går der meir spesifikt fram korleis brannvesena skal organiserast.

I samband med drøfting av organisering av brannvesen og samarbeidsordningar, vert det frå ulike hald ofte stilt spørsmål ved om det burde ha vore heiltids beredskapsstyrke. Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen slår fast at vaktberedskapen i tettstad med mellom 3.000 og 8.000 innbyggjarar som minimum skal vere i form av eit vaktlag med deltidspersonell i dreiande vakt. Dersom tettstaden er mellom 8.000 - 20.000 innbyggjarar, skal vaktberedskapen organiserast i form av heiltidspersonell innanfor ordinær arbeidstid. Utanfor ordinær arbeidstid skal beredskapen vere organisert med deltidspersonell i dreiande vakt med utrykkingsleiar som har brannvern som hovudyrke. Dvs. at eks. Fosnavåg og Ulsteinvik tettstad må auke innbyggjartalet monaleg før kravet om dagkasernering slår inn.
Eksempelvis er grovt rekna kostnadane med å ha to vaktlag i deltidsstillingar (eit i Ulstein og eit i Hareid) vere 2/5 av kostnaden med å ha eit vaktlag med kasernert styrke på heiltid. Dessutan kjem investerings- og driftskostnadene for bu-fasilitetar på ein brannstasjon.

EKSISTERANDE SAMARBEID:

Der ligg føre avtalar om gjensidig bistand mellom kommunane i dag. Det er og ved fleire høve halde samøving/kursing mellom brannvesena og det vert gjennomført felles tilsyn i enkelte særskilde brannobjekt mellom kommunar (Ha+Ul). Kommunane er representerte i fagmiljøa for brannsjefar og brannførebyggande personell på Søre Sunnmøre som har fleire årlege møte. Hareid og Herøy har tankbilar som blir alarmert dersom aksjonar krev større vassressursar enn det som er tilgjengeleg i vassleidningsnettet eller frå opa vasskjelde. Innføringa av nytt digitalt nødnett våren 2015 har resultert i fleire felles aksjonar pga. endra rutinar for utkalling av ressursar ved stadfesta brann.

MODELLAR FOR ORGANISERING AV BRANNVERNSAMARBEID:

Eit brannvernsamarbeid kan organiserast som eit interkommunalt selskap (IKS- https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-01-29-6) eller etter vertskommunemodellen(https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-09-25-107/KAPITTEL_6#KAPITTEL_6).
Begge modellane må utgreiast og leggast fram for kommunestyra.

ØKONOMI:

Dersom det vert etablert eit brannvernsamarbeid må det reknast ut ein kostnadsnøkkel som avklarar det økonomiske forholdet mellom kommunane. Det skal ligge føre budsjett for første driftsår når ein avtale skal signerast og budsjettet må vere realistisk og konkret.

LOKALISERING:

Det er føresett at der skal vere brannstasjonar i dei respektive kommunane med beredskapsstyrke også i framtida. Vaktberedskapen må i utgangspunktet basere seg på forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen sine minstekra. Om eit felles brannvesen vert etablert, må det lagast ny risiko- og sårbarheitsanalyse(ROS) og brannordning for kommunane basert på ROS'en. Om vaktberedskapen kan organiserast på annan måte enn nemnde minstekrav, må i så fall avklarast i den samanheng.
Administrativt personell og feiepersonell bør ha kontor og oppmøteplass primært lokalisert til ein brannstasjon.
Yrkesbrannvesen med heildøgns beredskapsvakt på brannstasjon vil med noverande regelverk og oppgåver for brannvesenet ikkje vere aktuelt. Det vil heller ikkje verte aktuelt på fleire ti-år etter det ein veit i dag.

Saka er lagt fram for faggruppe i brannvernsamarbeid mellom Herøy og Vanylven i møte den 07112018.

Vurdering og konklusjon:

I dag er det eit etablert vertskommunesamarbeid mellom Hareid og Ulstein. Det vert og formalisert eit samarbeid mellom Vanylven og Herøy kommune på administrative tenester i brannvernet frå 01.01.2019. Sande var invitert med i dette samarbeidet , men har valgt å stå utanfor.

I samråd med rådmenn i involverte kommunar inviterte Herøy kommune til eit møte den 11.10.2018 i Myrvåg der brannvern var tema. Målsetjing for eit slikt samarbeid er eit felles brann- og feievesen der ein samordnar dei administrative, beredskapsmessige og forebyggande ressursane for å kunne yte betre og meir effektive tenester til innbyggjarane.

Kommunalsjefar i 5K med brann som ansvarsområde møtte og drøfta eit mogleg samarbeid innanfor brannfeltet. Herøy, Vanylven, Ulstein og Hareid er udelt positive til at ein arbeidar seg fram mot eit større samarbeid .

Sande er i utgangspunktet positiv til prosessen, men tar forbehold om økonomien i prosjektet. Ein er er skeptisk til dei økonomiske modellane som har vore nytta m.a med referanse til SSIKT. Ein ser klart utfordringar (liten organisasjon der brann er integrert mot andre funksjonar).

Ulstein peikar på ein burde vunne meir erfaring med samarbeidet med Hareid og understrekar behovet for at økonomiske forhold/konsekvensar vert tilstrekkeleg utgreidd i prosessen.

Etter møte den 11.10.2018 er det sendt førespurnad til Ørsta og Volda om mogleg samarbeid innanfor brannvern.

Ørsta kommune takkar for invitasjonen og er etter interne drøftingar positive til å delta vidare i utgreiinga. Ørsta har slik det er i dag eit godt samarbeid mellom kommunene på søre både gjennom samarbeidsavtalar, bistandsavtalar og gjennom 7 stjerna i form av brannsjefmøter og forebyggande forum, samt bredskapsforum som no er i oppstartsfasen.

Ørsta meiner å kunne oppnå fordelar for regionen med tanke på brannvern og beredskap dersom dette vert eit godt prosjekt.

I Ørsta kommune si tilbakemelding er det peikt på :

- Kommunane (og grendene) vil stort sett måtte behalde ein stasjonsstruktur som no, av omsyn til responstid. Det kan tenkast felles brannstasjon for ØK / VK og UK / HK. Men for Ø/V sin del vil det truleg utløyse krav om ein stasjon i Hovden eller Furene, med heiltidstilsette og kaserneberedskap. Det har ei kostnadsside som må utgreiiast.
- Brannsjef, brannmeister og fellesressursar vil verte samla i eit fagmiljø. Ei slik spissing/samling vil styrke kompetansen for brannvernet. – Vi vil måtte ha lokale stasjonssjefar
- Kvaliteten på treningane vil auke med auka fagkompetanse og tid/ressursar til planlegging og gjennomføring.
- Erfaring frå andre tilseier at vi kan klare å presse prisar på materiellkjøp som større aktør.
- Det vil vere mogleg å skaffe / drifte meir spesialutstyr. Eit samla brannvern vil kunne samordne innkjøp og lokalisering av spesialutstyr som stigebil og anna. Dette vert tunge løft for enkeltståande brannvern i dag.

Volda kommune viser til at spørsmålet om brannsamarbeid må vurderast i samanheng med bygging av nye Volda. Dette er ein prosess som er på gang gjennom prosjektorganisasjonen for nye Volda. Volda vil gi attendemelding når vi har kome lenger i prosessen og har fått avklart sentrale forhold knytt framtidig brannordning for den nye kommunen.

Rådmenn legg til grunn ein inkluderande prosess der mannskap og tilsette i brannvernet får tilstrekkeleg informasjon og at alle kommunar er representert i arbeidsgruppe med nøkkelpersonell. Ambisjon er at avtaleutkast skal vere klart mai/juni 2019 og eit samarbeid først kan ta til 01.01.2020.

Rådmannen er positiv til ei utgreiing om samanslåing av brannvesena til ei eining. Det er naturleg å få temaet nærare utgreidd gjennom eit prosjekt som leier fram til ei ny politisk handsaming og avgjerd. Det bør vere ei målsetjing å få avklaring på om brannvesena skal slåast i hop før sommarferien 2019 slik at iverksetjinga kan vere 1. januar 2020.

I prosjektgruppa som skal jobbe vidare med saka bør samansetjinga vere slik utifrå funksjonar og representasjon frå begge kommunar og involverte partar:

- Brannsjefane i kommunane

- To representantar for dei tillitsvalde (aktuelle organisasjonar er Delta, Fagforbundet og NITO)
- Ein representant for førebyggjande eller beredskapsavdeling i ei av kommunane.
- Eit verneombod
- Ein kommunalsjef som leiar for prosjektgruppa (utpeika av rådmennene i deltakarkommunane)

Det er naturleg at der er med minst ein representant frå kvar kommune, til saman 6 - 8 personar i gruppa. Prosjektgruppa organiserer seg sjølv og rapporterer kommunevis til næraste leiar.

.

Det vil vere gunstig om prosjektgruppa kunne lagt fram sin rapport med framdrift som sikrar handsaming av sak på nytt i kommunestyra før sommarferien slik at iverksetjingsdato kan bli 1.1.2020. Det er nok behov for minst eit halvt års planleggingstid for ei slik gjennomføring.

Fosnavåg, 30.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]
Sendt: 12.10.2018 13:57:52
Til: Brit Berge
Tittel: VS: Samarbeid på brann (5K) - Referat godkjent

Fra: Jarl Martin Møller
Sendt: 12. oktober 2018 13:50
Til: Kjell Martin Vikene <kjell.martin.vikene@sande-mr.kommune.no>; Arne Runar Vik <arne.runar.vik@ulstein.kommune.no>; Kai-Rune Bjørke <kai-rune.bjorke@hareid.kommune.no>; Terje Kolstad <terje.kolstad@vanylven.kommune.no>; Arkiv Herøy <arkiv@ssikt.no>
Kopi: Olaus-Jon Kopperstad <olaus-jon.kopperstad@heroy.kommune.no>; Andreas Chr. Nørve <andreas.chr.norve@vanylven.kommune.no>; Einar Vik Arset <einar.arset@ulstein.kommune.no>; Ragnhild Velsvik Berge <ragnhild.velsvik.berge@hareid.kommune.no>; Oddbjørn Indregård <oddbjorn.indregard@sande-mr.kommune.no>; Tore Langvatn <tore.langvatn@heroy.kommune.no>
Emne: Samarbeid på brann (5K) - Referat godkjent

Referat
Møtt: Terje Kolstad, Kai-Rune Bjørke, Kjell Martin Vikene, Arne Runar Vik, Jarl Martin Møller
Stad: Myrvåg, landbrukskontoret
Kl 1430-1600
Tema : Samarbeid på brann (5K)

JMM orienterte om bakgrunn for møte og dialogen som ein har hatt med rådmenn i 5K.
Ein tok så ei runde rundt bordet på kven som ynskjer å gå vidare i prosessen med intensjon om å få til eit større og forpliktande samarbeid innanfor brannfeltet.
Herøy, Vanylven og Hareid er positive.
Sande er i utgangspunktet positiv til prosessen, men tar forbehold om økonomien i prosjektet. Ein er er skeptisk til dei økonomiske modellane som har vore nytta m.a med referanse til SSIKT. Ein ser klart utfordringar (liten organisasjon der brann er integrert mot andre funksjonar) og er opptatt av «tung» forankring i eige kommune.
Ulstein stiller seg positiv og peikar på at prosessen fram mot eit mogleg samarbeid vil vere viktig. Ein burde vunne meir erfaring med samarbeidet med Hareid og ein peikte på ulike forhold som det har vore utfordringar rundt utan å gå i detalj. Forhold til økonomi var ikkje godt nok avklart når samarbeidet med Hareid vart etablert. Det er svært viktig at dette har fokus og vert tilstrekkeleg utgreidd. Det bør ligge føre budsjett for første driftsår når ein avtale skal signerast og budsjettet må vere realistiske og konkrete. Vidare vart det informert om ledige personellressursar, feietenesta, moglege ledelseutfordringar med store avstandar, økonomiske gevinstar, ny forskrift, dagkasernert vakt, utredning frå 2003 utan å gå i detalj. Med omsyn til modell bør både IKS og vertskommune utgreiast og Ørsta/Volda bør kontaktast.
Hareid følgte opp med at det var naturleg å høyre med Ørsta og Volda om mogleg samarbeid.

Konklusjon og vidare arbeid:

- JMM avklarar med Ørsta og Volda.
- JMM utarbeidar forslag til politisk sak (ein bygger på saka frå Ulstein)
- Politisk sak om oppstart vert fremja i kommunane før årskiftet
- Ein lager til info om prosessen til mannskap og tilsette i brannvernet (før saka kjem til politisk handsaming)
- Alle kommunar må vere representert i arbeidsgruppe med nøkkelpersonell
- Ambisjon på framdrift er at avtaleutkast skal vere klart juni 2019
- Eit samarbeid kan først ta til 01.01.2020.

Helsing

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef
Samfunnsutvikling

Tlf. 70081300 Mob. 97506761

HERØY KOMMUNE

www.heroy.kommune.no

Referat

Vanylven: Terje Kolstad,,Magne Lundehaug, Trond Barstad ,Mona Stenersen

Herøy: Eli Karin Kvalsund, Philipp Kessler-Myking, Tore Langvatn, Jarl Martin Møller

Stad: Videomøte

Dato: 07112018

OPPSTART UTGREIING AV FELLES BRANNVERN - HAREID, HERØY, SANDE, ULSTEIN, VANYLVEN OG ØRSTA

Kommunalsjefen i Herøy har invitert faggruppe brann i samarbeidet Herøy/Vanylven til møte om oppstart av utgreiing av brannvern 6K. Saka vil gå vidare til AMU før politiske utval får saka.

Bakgrunn for arbeidet er at tidleg i september diskuterte Herøy og Ulstein om det var mogleg med eit samarbeid innan brannvern. I møte som fann stad 06092018 deltok og Vanylven kommune der ein såg på ulike tenestesamarbeid som ein kunne vurdere framover. Brannvern var eit slikt mogleg område der ein fokuserte på ein 5K modell.

Basert på dette møte vart det innkalla til eit møte den 11102018 der kommunalsjefane i respektive 5K kommuner deltok.

Etter dette møte vart det konkludert med at ein ønskjer å gå vidare å utrede eit mogleg framtidig samarbeid.

Den 29.10.2018 vart det halde - STYRINGSGRUPPEMØTE MELLOM HERØY, SANDE, VANYLVEN OG ULSTEIN KOMMUNAR OM TENESTESAMARBEID. Sande kommune hadde meld forfall til møte.

Der vart brannvern diskutert og ein kan lese følgjande frå referatet:

Saksframlegg er utarbeidd og saka skal handsamast i Herøy kommunestyre 6. desember og i Vanylven kommunestyre 11. desember. Styringsgruppa har erfart at å starte i småskala med færre enn sju kommunar for seinare å utvide, er lettare. Her har vi erfaring både frå utgreiingar både på økonomisamarbeid og tidlegare innanfor brann. Rådmennene i Vanylven og Herøy går for felles brannsjef frå 1. januar 2019, Ulstein kjem til 1. jan 2020. Rådmennene i Vanylven, Herøy og Ulstein samordnar sine tilrådingar, etter drøfting i faggruppa.

Avtale om tenestesamarbeid Herøy og Vanylven på brann vert signert innan kort tid.

Det er utarbeidd eiga sak om oppstart på 6K. Saka ligg som vedlegg til referatet.

I Herøy er det laga til informasjon om prosessen som er sendt ut til til mannskap og tilsette i brannvernet. 15102018. Same informasjon vart sendt til kommunalsjefar i samarbeidande kommunar.

I saka om 6K er det gitt slik tilråding:

Herøy kommunestyre er positive til å utgreie eit formalisert samarbeid innan brannvern mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta. Ein ber om at det vert arbeidd vidare med ein avtale som vert lagt fram til godkjenning om mogeleg før sommarferien 2019.

I saka er det lagt til grunn prosjektgruppa som skal jobbe vidare med saka bør vere samansett utifrå funksjonar og representasjon frå begge kommunar og involverte partar:

- Brannsjefane i kommunane
- To representantar for dei tillitsvalde (aktuelle organisasjonar er Delta, Fagforbundet og NITO)
- Ein representant for førebyggjande eller beredskapsavdeling i ei av kommunane.
- Eit verneombod
- Ein kommunalsjef som leiar for prosjektgruppa (utpeika av rådmennene i deltakarkommunane)

Det er naturleg at der er med minst ein representant frå kvar kommune, til saman 6 - 8 personar i gruppa. Prosjektgruppa organiserer seg sjølv og rapporterer kommunevis til næraste leiar.

Tilbakemeldingar frå faggruppa:

Eli – kun positive tilbakemeldingar frå tilsette. Ein har fått svar på dei spørsmål som er stilt og ein er positive til at det har vore rom for medverknad i prosessen.

Mona – Positive til å vore med prosessen. Peikte på prosessen mellom Herøy/Vanylven og stilte spørsmål knytt til kostnadar, sikkerheit for innbyggarar og bekymring frå mannskap som ein har motteke. Hadde eit ønskjer om å med informasjon til mannskap/innbyggarane før jul. Sentrale spørsmål ein må informere om er kva ligg i avtalen, kva kan ein forvente...

Trond – Grei prosess, men hadde og spørsmål knytt kostnadar. Peikte på at det er positivt til at fleire går saman, men kva med Sande i dette biletet? Jarl gav ei kort orientering om møteverksemd knytt til prosessen med Sande utan å gå i detalj. Vidare er det viktig å vere konkret kor ein kan utnytte samarbeidet framover.

Magne- Positivt til medverknad, dess fleire dess betre. Stiller spørsmål om beredskap i samarbeidet mellom Herøy og Vanylven. Ein veit lite om kva som skjer den 1 januar. For lite praktisk planlegging.

Terje- Er positiv til saka

Phillip – Samarbeid positivt. Ei rett retning og ein ser positivt på dette.

Jarl- Er positiv til saka

Konklusjon:
Faggruppa sluttar seg til konklusjonane med *at Vanylven og Herøy går for felles brannsjef frå 1. januar 2019 og Ulstein kjem til 1. jan 2020. Vidare ser ein det som tenleg at ein greiar ut eit mogleg større samarbeid mot Ørsta og Volda.*

Med omsyn til prosessen Herøy/Vanylven vert det gjennomført møte med det første slik at ein sikrar ein god overgang og at alle uavklarte spørsmål er besvart og utkvittert 1 desember 2018.

Jarl Martin Møller,ref

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TORGER	Arkivsaknr:	2018/1447
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
76/18	Maritim og teknisk komite	19.11.2018
217/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

FORSKRIFT OM ANLØPSAVGIFT FOR HERØY KOMMUNE - ENDRINGAR AV FORSKRIFTSTEKST OG AVGIFTSSATSAR FOR 2019

Tilråding:

I medhald av lov 2001-04-17 nr. 19: Lov om havner og farvann (hamne og farvasslova) med tilhøyrande forskrifter vedtek Herøy kommunestyre forslag til endring av «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune».

Forskrifta med endringar vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av avgiftssatsar og mindre avvik som er av ikkje prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant anna å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av anløpsavgifta.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

1 Avtale om anløpsavgift Herøy kommune_Hurtigruten_28092018_signert
2 Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune - Revidert 15.10.2018

Samandrag av saka:

Saka gjeld retting og korrigering av «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune», samt fastsetjing av avgiftssatsar.

Forskrift med endringar ligg som vedlegg til saka.

Saksopplysningar:

Denne saka vart lagt ut på høyring i perioden 17.10.2018 - 06.11.2018. Høyringsdokumenta vart lagt ut på servicetorget på Herøy rådhus og på Herøy kommune sin nettstad. Høyringa vart kunngjort på nettstaden den 17.10.2018 og med annonse i Vestlandsnytt den 19.10.2018. Det kom ikkje inn merknader til høyringa.

Gjeldande «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune» vart vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak 20/17 den 09.03.2017.

<u>Avgiftssatsar</u>
I «Forskrift om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift» §§ 3 og 4 vert det vist til kva kostnadar som kan dekkast av anløpsavgifta og korleis avgifta skal bereknast. I § 7 vert det sett krav til etterkalkulasjon.

I samsvar med «Forskrift nr. 2010-12-20-1762 Kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift» § 5, og vedtak gjort av Herøy kommunestyre i K-sak 89/18, er det inngått fastprisavtale Hurtigruten AS. Avtala gjeld for perioden 2018-2019 (2020), og er på kr 200 000,- pr. år. Beløpet vert årlig indeksjustert i samsvar med tolvmånedersendringa i SSB sin konsumprisindeks pr. november føregåande år.

Sjølvkostbudsjett for perioden 01.04.2017-31.03.2018:

Sjølvkostbudsjett anløpsavgift for perioden 01.04.2017-31.03.2018						
Post	Tekst	Estimert		Faktisk		Merknad
1	Navigasjonsinnretningar, investeringar og vedli	kr	-	kr	-16 552	Fjerning av framandobjekter i farleia
2	Finans- og avskrivingskostnader knytt til investe	kr	-	kr	-	
3	Kostnader forbunde med utøving av offentleg r	kr	-57 500	kr	-40 489	Vaktordning/berdskap m.m.
4	Relativ del av felleskostnader	kr	-268 205	kr	-167 011	Løn og utstyr/matriell
5	Kjøp av tenester	kr	-150 000	kr	-196 920	Anløpsregistrering og fakturering (inkl. oppsta
	Sum kostnader	kr	-475 705	kr	-420 972	
	Inntekter	kr	497 000	kr	256 480	Anløpsavgift
	Resultat	kr	21 295	kr	-164 492	
	Anløp		3550		1832	

Inntekter, utgifter og prognose for 2017, 2018 og 2019:

2017							
Inntekter 01.04.2017 - 31.12.2017	kr	182 980					
Utgifter 01.04.2017 - 31.12.2017	kr	-327 954					
Resultat 2017	**kr**	**-144 974**	kr -144 974				
2018							
Inntekter Hurtigruten 2018	kr	200 000					
Estimerte inntekter andre anløp	kr	179 900					
Kreditnota til Hurtigruten for 2017-2018	kr	-121 100					
Estimerte utgifter 2018	kr	-420 000					
Estimert resultat 2018	**kr**	**-161 200**	kr -161 200				
Estimert resultat 2017 - 2018			**kr -306 174**				
2019							
Overført del av resultat 2017 - 2018 (Sjølvkost over 5 år)	kr	-102 058			kr -306 174	skal fordelast på 2019 - 2021 (3 år)	
Forventa utgifter 2019	kr	-420 000					
Estimerte inntekter Hurtigruten 2019	kr	206 800			Anløp	Sats pr. anløp	
Estimert anløpsavgift under 50 BT	kr	-			40	0	
Estimert anløpsavgift 50 BT - 300 BT	kr	30 600			180	kr 170,00	
Estimert anløpsavgift 300 BT - 1200 BT	kr	58 300			265	kr 220,00	
Estimert anløpsavgift over 1200 BT	kr	226 800			810	kr 280,00	
Forventa resultat 2019	**kr**	**442**					

Straffeansvar

Hurtigruten AS har påpeika at «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune» inneheld feil når det gjeld påstand om straffeansvar ved unndraging av avgiftsbetaling.

Heimel til inndriving av skyldig avgift som er fastsatt i samsvar med § 25 (anløpsavgift) i hamne og farvasslova vert regulert av § 55 i same lov. Det vert her ikkje pålagt straffeansvar ved å unnlate å betale anløpsavgift, men vist til at krav som kommunane har mot reiar, har panterett i skipet.

Reiar og agent er solidarisk ansvarleg for betaling av anløpsavgifta, jf. hamne og farvassloven § 25 fjerde ledd.

Anna

Ålesundsregionenes havnevesen skal oppgradere system for registrering og fakturering av anløp 2019.

Vurdering og konklusjon:

Forskriftstekst

Punkt 3.2 Ansvarsforhold og straffeansvar i «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune» seier at unndraging av avgiftsbetaling medfører straffeansvar. Dette er ikkje korrekt etter hamne og farvasslova.

Dette punktet viser og til at reiar er ansvarleg for betaling av anløpsavgifta. Det korrekte etter lova er at reiar og agent er solidarisk ansvarlege.

Punkt 3.2 vert difor korrigert til å være i samsvar med lova.

Avgiftssatsar

Anløpsavgifta vart innført 01.04.2017, og vi har dermed lite erfaring med kva kostnadar vi kan få på dette avgiftsområdet. Avgifta er derfor utrekna etter kostnader og tal på anløp vi har hatt dei fyrste 12 månadane etter at avgifta vart innført.

På grunnlag av dårleg bakgrunnsdata vart det ikkje gjort endringar på denne avgifta i 2018. Det viser seg at det estimerte talet på anløp som vart brukt ved utrekninga av gjeldande sats er lang høgare enn aktuelle tal på anløp, og at ein derfor vil få eit underskot i perioden 2017 og 2018.

Anløpsavgifta er eit sjølvkostområde som skal gå i null over ei periode på 3 til 5 år. Underskotet kommunen får for 2017 og 2018 må derfor dekkast inn over dei neste 3 åra.

Kommunen har anløp av fartøy med lengde over 15 meter men med bruttotonnasje som er mindre enn på fartøy som slepp anløpsavgift. Desse anløpa utgjer ein liten del av inntektene på anløpsavgifta.

Med bakgrunn i det dette vert forslag til nye satsar sett slik:

Fartøy under 50 BT	Kr 0,- pr. anløp
Fartøy mellom 50 BT og 300 BT	Kr 170,- pr. anløp
Fartøy mellom 300 BT og 1200 BT	Kr 220,- pr. anløp
Fartøy over 1200 BT	Kr 280,- pr. anløp
Kystruten Bergen-Kirkenes	* Kr 200 000,- pr. år

** I samsvar med «Forskrift nr. 2010-12-20-1762 Kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift» § 5 er det inngått fastprisavtale med Hurtigruten AS for perioden 2018-2019 (2020) etter vedtak gjort av Herøy kommunestyre i K-sak 89/18. Beløpet vert indeksjustert i samsvar med tolvmånedersendringa i SSB sin konsumprisindeks som vert offentliggjort den 10.11.2018.*

I samband med at Ålesundregionens Havnevesen skal oppgradere system/programvare for registrering og fakturering av anløp, må det kanskje gjerast justeringar i avgiftssatsane. Dette for å tilpasse desse til eventuelle endringar i aktuelle system.

Med bakgrunn i saksutgreiinga vil rådmannen tilrå at endringar til «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune» vert vedteke og vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av avgiftssatsar og mindre avvik som er av ikkje prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant anna å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av anløpsavgifta.

Fosnavåg, 14.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Fred Arnesen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Torger Kvalsund

Avtale om kjøp av havnetjenester

mellom

Herøy kommune,

og

Hurtigruten AS

vedrørende

Hurtigrutens anløp Torvik, Herøy kommune

Datert 28. september 2018

Avtale om betaling av anløpsavgift

Denne Avtale om kjøp av havnetjenester (heretter kalt "**Avtalen**") er inngått den 28. september 2018 mellom:

(1) Herøy kommune, org.nr. 964 978 840 ("**HK**"); og

(2) Hurtigruten AS, org.nr. 914 904 633 ("**Hurtigruten**" / "**Kunde**"),

(i det følgende enkeltvis omtalt som "**Part**", og i fellesskap "**Partene**").

1 Bakgrunn

Avtalens formål er å regulere eksisterende forhold mellom Partene fra og med 1. januar 2018 til og med 31. desember 2019. Avtalen er kommet til gjennom forhandlinger mellom Partene.

Avtalen legger til rette for at Hurtigrutens skip kan anløpe Herøy kommune fram til utløpet av Avtalen. Avtalen vil automatisk forlenges ut til og med 31. desember 2020 dersom Samferdselsdepartementet benytter seg av opsjonsåret i anbudet *Kystruten Bergen-Kirkenes* ("**Kystruteavtalen**").

Dette er en særavtale om betaling av anløpsavgift, hjemlet i Havne- og farvannsloven og anløpsavgiftsforskriften §5. Avtalen er forhandlet frem på bakgrunn av objektive forhold rundt Hurtigrutens operasjoner i kommunens farvann, herunder:

1. Hurtigrutens hyppige, forutsigbare anløpsfrekvens
2. Skipene bruker lavsvovel marint destillat (MSD 500), som reduserer luftforurensningen fra skipene sammenlignet med vanlig tungolje

Basert på disse forholdene, som er særegne for Hurtigruten, vurderer Partene at betingelsene i Avtalen er i tråd med Havne- og farvannslovens regler om anløpsavgift.

Partene har en intensjon om å forhandle frem en ny avtale for Hurtigrutens anløp etter den nye kystruteavtalen, da justert i forhold til antall skip i operasjon under det nye avtaleregimet.

2 Årlig anløpsavgift

Hurtigruten skal betale en årlig anløpsavgift til HK for anløp i kommunens farvann pålydende NOK 200 000 (tohundretusenkroner). Fastprisen gjelder uavhengig av antallet anløp, men skulle forhold utenfor Hurtigrutens kontroll forhindre anløp i kommunens farvann i perioder over tre påfølgende døgn skal anløpsavgiften reduseres forholdsmessig, ut fra en forutsetning om 710 årlige anløp i farvannet.

Prisregulering skjer årlig, første gang den 1. januar 2019, i henhold til tolvmånedersendringen i SSBs konsumprisindeks offentliggjort den 10. november foregående år.

2.1 Forutsetning

Hurtigruten betaler anløpsavgift til HK jf. Havne- og farvannsloven § 25, som skal beregnes i henhold til det til enhver tid gjeldende regelverk.

Det skal føres et selvkostregnskap for anløpsavgiften i henhold til anløpsavgiftsforskriften. Det er en forutsetning at kostnadene som henføres anløpsavgiften er kostnader som ifølge Kystverket lovlig kan henføres anløpsavgiften.

2.2 Fakturering og betaling

HK fakturerer forskuddsvis i henhold til Avtalen, én gang pr. måned, med betalingsfrist 30 dager etter fakturadato.

3 Ikrafttredelse og varighet

Avtalen gjelder fra og med 1. januar 2018 til og med 31. desember 2019. Avtalen forlenges automatisk med 1 år, til og med 31. desember 2020, dersom opsjon på forlengelse av Kystruteavtalen utøves av Samferdselsdepartementet.

Partene har en gjensidig rett til å si opp avtalen med 6 måneders skriftlig varsel.

4 Opphør av avtalen ved lovendring

Kommunenes rett til innkreving av anløpsavgift er hjemlet i Havne- og farvannsloven av 2009, § 25 med videre henvisninger. Skulle en lovendring inntre i avtaleperioden som helt fjerner kommunenes rett til innkreving, faller retten til å kreve inn anløpsavgift, også under Avtalen, automatisk bort. Tilsvarende dersom en lovendring vesentlig innskrenker kommunens frihet i innkreving av anløpsavgift.

5 Ansvar og sikkerhet

5.1 Kommunens forpliktelser – sikkerhet og fremkommelighet

HK forplikter seg gjennom innkreving av anløpsavgift å tilrettelegge for sikkerhet og fremkommelighet i kommunens sjøområde i samsvar med havne- og farvannsloven og i henhold til myndighet gitt i lovens § 9.
Skulle kommunen unnlate å utøve disse forpliktelser bortfaller retten til innkreving av anløpsavgift regulert i denne avtale.

HK skal ha en tilfredsstillende beredskapsplan for håndtering av ulykker. Alle ulykker og nestenulykker som angår eller kan påvirke Hurtigruten eller deres skip skal rapporteres umiddelbart til kapteinen på det Hurtigruteskip som påvirkes. Kapteinen vil foreta videre rapportering til Hurtigruten.

5.2 Offentlighet

Denne Avtalen er en avtale mellom HK og Hurtigruten. Avtalen kan etter partenes skjønn gjøres offentlig kjent.

6 Lovvalg og tvisteløsning

6.1 Lovvalg

Denne Avtale reguleres av norsk rett.

6.2 Tvisteløsning

Enhver tvist mellom Partene skal søkes løst ved forhandlinger. Om forhandlinger ikke fører frem, skal tvisten avgjøres ved de alminnelige domstoler.

* * * * *

Denne Avtale er utferdiget 2 – to – likelydende eksemplarer, hvorav hver av Partene beholder ett hver.

Tromsø, 28. september 2018

Herøy kommune

for

Arnulf Goksøyr
Ordførar

Hurtigruten AS

Tor Geir Engebretsen
Konserndirektør Maritime Operasjoner

FORSKRIFT OM ANLØPSAVGIFT FOR HERØY KOMMUNE

Vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak XX/XX den XX.XX.XXXX

---

1. Innleiing

1.1 Heimel

Anløpsavgift er fastsett i henhald til lov 2009-04-17 nr. 19: Lov om havner og farvann (Havne- og farvannslova 2009) § 25 med tilhøyrande forskrifter.

1.2 Sjøområdet og avgiftdekning

Herøy kommune sitt sjøområdet omfattar sjøområdet innanfor kommunen sin grenser.

Anløpsavgift vert ilagt fartøy og er fartøyet si betaling for bruk av farvatn, sjøareal, innretningar og tiltak som vil kunne medverke til å lette fartøyet sin ferdsel i kommunen sitt sjøområde.

1.2 Iverksetting

Forskrift om anløpsavgift for Herøy kommune gjeldande frå ~~01.04.2017~~ 01.01.2019. Frå same tid vert forskrift av 09. mars 2017 nr. 579 om anløpsavgift, Herøy kommune, Møre og Romsdal oppheva.

2. Anløpsavgift

2.1 Beregningsgrunnlag

Anløpsavgift vert berekna etter fartøyet sin bruttotonnasje (BT) i henhald til Den internasjonale konvensjon om måling av fartøy av 23. juni 1969. For fartøy som ikkje er målt eller har gyldig målebrev, fastset Herøy kommune fartøyet sin tonnasje etter skjønn.

Anløpsavgift skal betalast ein gong pr. anløp. Ved gjentekne anløp innanfor eit og same døgn skal ikkje avgifta betalast meir enn ein gong pr. døgn.

Alle oppgjevne satsar er eksklusiv meirverdiavgift.

2.2 Regulativ for anløpsavgift

Alle fartøy, med unntak som nemde i pkt. 2.3., betalar anløpsavgift etter følgjande satsar:

~~**Minsteavgift: kr 140,- pr. anløp.**~~

Fartøy under 50 BT	Kr 0,- pr. anløp
Fartøy mellom 50 BT og 300 BT	Kr 170,- pr. anløp

Fartøy mellom 300 BT og 1200 BT	Kr 220,- pr. anløp
Fartøy over 1200 BT	Kr 280,- pr. anløp
Kystruten Bergen-Kirkenes	* Kr 200 000,- pr. år

** I samsvar med «Forskrift nr. 2010-12-20-1762 Kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift» § 5 er det inngått fastprisavtale med Hurtigruten AS for perioden 2018-2019 (2020) etter vedtak gjort av Herøy kommunestyre i K-sak 89/18. Beløpet vert indeksjustert i samsvar med tolvmånedersendringa i SSB sin konsumprisindeks som vert offentliggjort den 10.11.2018.*

Utan om fritak frå anløpsavgift under pkt. 2.3 vert det ikkje gitt rabatt uansett ruteområde, fartøytype eller heimehamn.

2.3 Fritak for anløpsavgift

Følgjande fartøy er fritekne for anløpsavgift:

- Fartøy som passerer sjøområdet utan å anløpe kommunal eller privateigd kai
- Fartøy som anløper hamn på grunn av skade eller nødstilstand og fartøyet ikkje lastar eller lossar
- Bergingsfartøy og isbrytar under utføring av berging og isbryting
- Orlogsfartøy, så vel norske som utanlandske
- Kystverket sine fartøy i samband med arbeid i farvatnet
- Fartøy tilhøyrande Redningsselskapet (redningsskøytene)
- Fartøy med største lengde under 15 meter

3. Opplysningsplikt, ansvarstilhøve m.m.

3.1 Opplysingsplikt

Herøy kommune kan krevje dokumentasjon for å kunne oppfylle offentlege krav til statistikk eller for å kunne kontrollere berekning av kommunen sine krav i medhald av denne forskrifta. Hamnebrukarar og private kaieigarar pliktar å gi Herøy kommune dei opplysingane som er naudsynt for å berekne og innkrevje anløpsavgifta.

3.2 Ansvarsforhold ~~og straffeansvar~~

Reiar og agent er solidarisk ansvarleg for betaling av anløpsavgifta.

Skuldig anløpsavgift er tvangsgrunnlag for utlegg. Ved for sein betaling av anløpsavgift tilkjem renter etter lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved for sein betaling m.m.

Krav som Herøy kommune har mot reiar, har panterett i skipet etter reglane om sjøpantrett i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjølova).

~~Unndraging av avgiftsbetaling medfører straffeansvar.~~

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TORGER	Arkivsaknr:	2018/1447
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
77/18	Maritim og teknisk komite	19.11.2018
218/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

PRISAR OG VILKÅR FOR BRUK AV KOMMUNALE HAMNEANLEGG I HERØY KOMMUNE - ENDRINGAR I PRISAR OG VILKÅR FOR 2019

Tilråding:

I medhald av lov 2001-04-17 nr. 19: Lov om havner og farvann (hamne og farvasslova) med tilhøyrande forskrifter vedtek Herøy kommunestyre forslag til endring av «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune».

Endringar vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av prissatsar og mindre avvik som ikkje er av prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant anna å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av hamneavgifter.

Det vert ikkje stilt krav til å føre sjølvkostrekneskap for kaivederlaga. Utgiftene til renter, avdrag og avskriving for kaiene vert å trekke ut av ansvarsområdet Hamn og tilbakeføre til ansvar 9014 (avskriving) og 9011 (renter/avdrag).

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:
1 Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune - Revidert 15.10.2018
2 Vilkår for hamnetenester i Herøy Kommune

Samandrag av saka:

Saka gjeld endringar i «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune».

Dokumentet «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune» med endringar, ligg som vedlegg til saka.

Saksopplysningar:

Denne saka vart lagt ut på høyring i perioden 17.10.2018 - 06.11.2018. Høyringsdokumenta vart lagt ut på servicetorget på Herøy rådhus og på Herøy kommune sin nettstad. Høyringa vart kunngjort på nettstaden den 17.10.2018 og med annonse i Vestlandsnytt den 19.10.2018. Det kom ikkje inn merknader til høyringa.

Gjeldande dokument «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune» vart vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak 20/17 den 09.03.2017.

<u>Renter, avdrag og avskriving for kaiene</u>
Utgifter til renter, avdrag og avskriving for kaiene utgjer årleg omlag kr 885 000,-. Det vert små endringar i desse utgiftene i restavskrivingsperioden på kaiene som er 19 år.
Desse utgiftene vart før innføring av hamneavgifter belasta drifta på ansvar 9014 (Avskriving) og 9011 (Renter/Avdrag).
I K-saka vart det satt som føresetnad at desse kostnadane skal førast på tenesteområdet Hamn og skal dekkast inn av inntekter frå kaivederlag.

<u>Sjølvkostrekneskap</u>
Det vart i K-saka satt som føresetnad at det skal førast sjølvkostrekneskap for kaivederlaga. Det er ikkje sett krav til at det skal førast sjølvkostrekneskap for kaivederlag i hamne og farvasslova.

I FOR 2003-10-12 nr 1243: Forskrift om levering og mottak av avfall og lasterester fra skip er det bestemt at finansiering av mottaksordning for skipsavfall skal dekkast ved innkrevjing av avfallsgebyr.

<u>Brukaravgift</u>
Før innføring av hamneavgifter hadde kommunen ei inntekt på kr 330 996,- på brukaravgift for Mjølstadneset. Desse avtalene var sagt opp ved innføring av hamneavgifter.

<u>Vaktordning</u>
Anlegg og driftsavdelinga har teknisk vakt som er tilgjengeleg 24/7.

Utgifter, inntekter og statestikk
Utgifter, inntekter og statestikk er basert på dei fyrste 12 månadane etter at regulativet vart innført, det vil seie for perioden 01.04.2017-31.03.2018.

ISPS

- Driftsresultat fyrste driftsår: **- Kr 11.114,-**
- Tal på anløp som har generert ISPS-gebyr: **36 anløp**

INNTEKTER	UTGIFTER
Kr 7.200,- • Fryse- og kjøleskip: Kr 3.000,- • Fiskefartøy: Kr 1.600,- • Andre fartøy: Kr 2 600,-	**Kr 18.314,-** • Revisjon og kursutgifter (kvart 5. år): Kr 66.570,- • Årleg e-læringsavgift: Kr 5.000,- • Utgifter til løn er ikkje teke med her.

Renovasjon

- Driftsresultat fyrste driftsår: **Kr 20.363,-**
- Tal på anløp som har generert avfallsgebyr: **524 anløp**

INNTEKTER	UTGIFTER
Kr 157.200,- • Fiskefartøy: Kr 115.800,- • Brønnfartøy: Kr 24.300,- • Andre fartøy: Kr 17 100,-	**Kr 136.837,-** • Kontainerleige og tøyming: Kr 136 837,- • Utgifter til løn er ikkje teke med her.

Kaivederlag

- Driftsresultat fyrste driftsår: **- Kr 1.007.000,-**
- Tal på anløp som har generert kaivederlag: **800 anløp**

INNTEKTER	UTGIFTER
Kr 560.000,- • Fiskefartøy: Kr 388.834,- • Brønnfartøy: Kr 75.959,- • Andre fartøy: Kr 95 207,-	**Kr 1.567.000,-** • Renter/avskriving kaier: Kr 884.861,- • Løns-, personal- og administrasjonskostnader: Kr 323.200,- • Ålesundregionens Havnevesen (inkludert oppstartskostnadar på kr 48.000,-): Kr 196.920,- • Vedlikehald: Kr 161.600,-

Sal av straum og vatn

- Driftsresultat for 2017: **- Kr 45.245,-**
  - Straumlevering: - Kr 44639,-
  - Vasslevering: - Kr 606,-

INNTEKTER	UTGIFTER
Kr 154.261,- • Straum: Kr 130.777,- • Vatn: Kr 23.484,-	**Kr 199.506,-** • Straum: Kr 175.416,- • Vatn: Kr 24.090,- • Utgifter til løn og vedlikehald er ikkje teke med her.

<u>Anna</u>
Ålesundsregionenes havnevesen skal oppgradere system for registrering og fakturering av anløp 2019.

Vurdering og konklusjon:

<u>Sikkerheitsgebyr (ISPS)</u>
Det er få anløp som genererer sikkerheitsgebyr. For å gå i null over fem år (2017-2022) med dagens kostnader og tal på anløp må gebyret aukast relativt mykje, frå kr 200,- pr. anløp til eit snitt på kr 715,- pr. anløp.

For å få ei rettferdig fordelinga vert gebyret føreslege differensiert etter størrelesen på fartøya.

Forslag til nye satsar vert sett slik:

Fartøy med sikringssertifikat (SSC) betaler ISPS-gebyr etter følgjande satsar:

Fartøy under 1200 BT	Kr 300,- pr. anløp
Fartøy mellom 1200 BT og 2000 BT	Kr 500,- pr. anløp
Fartøy over 2000 BT	Kr 715,- pr. anløp

Avfallsgebyr

Det vert frå sentralt hold stilt krav til at alle fartøy som anløper kommunale hamneanlegg skal betale avfallsgebyr, også om dei ikkje leverer avfall i hamna. Det er og bestemt at fartøy som har faste avtaler med andre hamner om levering av avfall, og kan dokumentere dette, skal få bortfall av avfallgebyret.
Ordninga skal vere sjølvfinansiert.

I «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune» under punkt 1.1 er det bestemt at det skal betalast avfallsvederlag for skip som anløper Mjølstadneset Hamneterminal og almenningskaiene i Fosnavåg (indre og ytre almenningskai).

Sidan ytre almenningskai ikkje er ei kommunal kai men er ei statleg eigd kai, vert det føreslege å ta denne kaia ut av denne føresegna.

Setninga «Fartøy som har faste avtaler med andre hamner om levering av avfall, og kan dokumentere dette, får bortfall av avfallgebyret.» vert lagt til under punkt 2.

Dei fyrste 12 månadane gjekk vi med eit lite overskot på renovasjonsgebyret.
Sidan vi får auka kostnader til utviding av renovasjonsordninga, og til utarbeiding av avfallsplan, vert det foreslått å auke dette gebyret frå kr 300,- pr. anløp til eit snitt på ca. kr 350,- pr. anløp.

For å få ei rettferdig fordelinga vert gebyret føreslege differensiert etter størrelesen på fartøya.

Forslag til nye satsar vert sett slik:

Alle fartøy betalar avfallsgebyr etter følgjande satsar:

Fartøy under 50 BT	Kr 100,- pr. søppelsekk
Fartøy mellom 50 BT og 1200 BT	Kr 275,- pr. anløp
Fartøy over 1200 BT	Kr 375,- pr. anløp

Kaivederlag

Skal utgifter til renter, avdrag og avskriving for kaiene dekkast inn av inntekter frå kaivederlag, må desse vederlaga aukast med ca. 280% for å gå i null over eit driftsår. Skal ein samstundes dekke inn tapet for perioden 01.04.2017-31.12.2018 over ei sjølvkostperiode på 5 år må vederlaget aukast med ca. 400% frå 2019.

Med slik auke vil kostnadane med å bruke dei kommunale kaiene verte langt over det andre hamner i nærområdet tek. Konsekvensen av dette er at bruken av hamnene og dermed inntektsgrunnlaget truleg vert sterkt redusert.

Til samanlikning ligg Ålesund havn ca. 30 % over våre satsar, men dei fakturere maks 7 kaivederlag pr. kalendermånad for fiskefartøy.

Nordfjord Havn ligg ca. 150 % over våre satsar, men dei fakturerer maks 3 kaivederlag for fiskebåtar heimehøyrande i Nordfjord Havn.

Fiskebåtar utgjer omlag 70 % av vårt inntektsgrunnlag.

Ved å trekke ut utgiftene til renter, avdrag og avskriving for kaiene frå tenesteområdet Hamn, og auke vederlaga til nivå med Ålesund hamn, vil ein kunne få eit overskot på området hamn som kan nyttast til nødvendig vedlikehald og utvikling av kaiene.

Etter innføringa av hamneavgifter er bruken av dei kommunale kaien for båtar under 15 meter nesten fråverande. Det har og kome inn mange klagar på desse avgiftene frå sjarkeigarar. Då vi ser nytten av ei sterk sjarknæring i kommunen vert det føreslege at båtar under 15 meter vert fritatt frå å betale kaivederlag. For å unngå at fartøy under 15 meter bruker kaiene som fast liggeplass vert det lagt inn forslag om betaling ved bruk av kaiene i meir enn 14 dagar i løpet av ein kalendermånad.

Forslag til nye satsar vert sett slik:

Alle fartøy over 15 meter betalar kaivederlag etter følgjande satsar:

BRUTTOTONNASJE	**INTERVALL**	**SATS PR. TONN**	**~~TOTALT~~ MAKS BELØP PR. DØGN**
For dei fyrste 300 BT	1 - 300	~~kr. 0,56~~ Kr 0,72	~~kr. 168~~ Kr 216,-
For dei neste 300 BT	301 - 600	~~kr. 0,45~~ Kr 0,58	~~kr. 303~~ Kr 390,-
For dei neste 600 BT	601 - 1 200	~~kr. 0,33~~ Kr 0,43	~~kr. 501~~ Kr 648,-
For dei neste 800 BT	1 201 - 2 000	~~kr. 0,31~~ Kr 0,41	~~kr. 749~~ Kr 976,-
For dei neste 1 000 BT	2 001 - 3 000	~~kr. 0,23~~ Kr 0,29	~~kr. 979~~ Kr 1 266,-
For dei neste 2 000 BT	3 001 - 5 000	~~kr. 0,22~~ Kr 0,28	~~kr. 1 419~~ Kr 1 826,-
For dei neste 5 000 BT	5 001 - 10 000	~~kr. 0,18~~ Kr 0,25	~~kr. 2 319~~ Kr 3 076,-
For dei neste 10 000 BT	10 001 - 20 000	~~kr. 0,15~~ Kr 0,22	~~kr. 3 819~~ Kr 5 276,-
For dei neste 10 000	20 001 – 30	~~kr. 0,49~~ Kr	~~kr. 8 719~~ Kr

BT	000	0,66	11 876,-
For dei neste 20 000 BT	30 001 – 50 000	~~kr. 0,45~~ Kr 0,61	~~kr. 17 719~~ Kr 24 076,-
For alt over 50 000 BT	Over 50000	~~kr. 0,36~~ Kr 0,49	----------

Minstepris kr 200,- pr. døgn.

Fartøy under 15 meter som bruker kaia meir enn 14 dagar i ein kalendermånad betalar etter følgjande satsar:

Fartøy under 12 meter	Kr 830,- pr. månad
Fartøy over 12 meter	Kr 1 150,- pr. månad

Gjelder ikkje fast kaiplass.

Sal av ferskvatn
For å dekke inn utgifter til sal av ferskvatn, for eksempel til slangar og koplingar, vert det føreslege å auke prisen frå kr 12,- pr. m3 til kr 16,- pr. m3.

Sal av straum
Underskotet på sal av straum kom hovudsakleg frå effektavgifta som slå inn på nokre fartøy.

Ein forventar og auka kostnader til oppgradering av straumskapa, og vedlikehald av transformator.

For å dekke inn utgifter til sal av straum vert forslag til nye satsar sett slik:

- Pris kr 1,70 pr. kWh.
- Effektavgift vert fakturert etter faktisk kostnad.
- Leige av transformator Kr 200,- pr. døgn.

Punkt 6.3 i «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune» omhandlar fristar for bestilling av ferskvatn og straum. Dette punktet vert føreslege fjerna sidan vi har innført teknisk vakt.

Anna
I samband med at Ålesundregionens Havnevesen skal oppgradere system/programvare for registrering og fakturering av anløp, må det kanskje gjerast justeringar i prissatsane. Dette for å tilpasse desse til eventuelle endringar i aktuelle system.

Med bakgrunn i saksutgreiinga vil rådmannen gje følgjande tilråding:

«Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune» vert vedteke og vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av prissatsar og mindre avvik som er av ikkje prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant ann å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av anløpsavgifta.

Det skal ikkje stillast krav til å føre sjølvkostrekneskap for kaivederlaga. Utgiftene til renter, avdrag og avskriving for kaiene vert å trekke ut av ansvarsområdet Hamn og tilbakeføre til ansvar 9014 (avskriving) og 9011 (renter/avdrag).

Fosnavåg, 15.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Fred Arnesen
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Torger Kvalsund

PRISAR OG VILKÅR FOR BRUK AV KOMMUNALE HAMNEANLEGG I HERØY KOMMUNE

Vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak xx/xx den xx.xx.2018

1. Orientering om prissystemet

1.1 Sikkerheitsgebyr og avfallsgebyr

Når skip med sikringssertifikat (SSC) nyttar Mjølstadneset Hamneterminal skal det betalast sikkerheitsgebyr (ISPS-gebyr).
Skip som anløper Mjølstadneset Hamneterminal og ~~almenningskaiene~~ indre allmenningskai (Fiskerikaia) i Fosnavåg ~~(indre og ytre almenningskai)~~ skal betale avfallsvederlag (skipsrenovasjon). Sjå pkt. 2 for oversikt over satsar.

1.2 Bruk av hamna sin infrastruktur

Vederlag for infrastruktur er betaling for bruk av kai, kaiareal og anna som tilhøyrer Herøy kommune. Følgjande priskategoriar inngår i denne gruppa.

- Kaivederlag – Betaling for bruk av kaier (sjå pkt. 3.1.)
- Varevederlag – Betaling for bruk av kaiareal for lasting og lossing samt mellomlagring av gods før lasting/etterlossing (sjå pkt. 3.2.)

1.3 Sal av vare og tenester

Herøy kommune tilbyr diverse varer og tenester til skipsfarta og andre hamnebrukarar. Sjå pkt. 4.

1.4 Sakhandsamingsgebyr

I samsvar med Lov om havner og farvann nr. 19 §§ 6 og 54. med tilhøyrande forskrifter er det gitt tilgang til å innkrevje sakshandsamingsgebyr. Til dekning av Herøy kommune sine nødvendige kostnadar i samband med handsaming av søknader om løyve etter Lov om havner og farvann § 27 og forskrifter gitt i medhald av lova, skal tiltakshavar betale gebyr.

Gebyra skal betalast før sakshandsaminga startar. Sakhandsaminga vil ta til når innbetaling av gebyr er registrert.
Innbetalt sakshandsamingsgebyr vert ikkje refundert ved avslag på søknad.
Gebyrsatsar sjå pkt. 5.

2. Sikkerheitsgebyr og avfallsgebyr

Gjeldande ISPS- og avfallsgebyr (skipsrenovasjon) i Herøy kommune, eks. mva.

ISPS-gebyr

~~ISPS-gebyr: kr. 200,- pr. anløp~~

Fartøy med sikringssertifikat (SSC) betaler ISPS-gebyr etter følgjande satsar:

Fartøy under 1200 BT	Kr 300,- pr. anløp
Fartøy mellom 1200 BT og 2000 BT	Kr 500,- pr. anløp
Fartøy over 2000 BT	Kr 715,- pr. anløp

Avfallsgebyr

- ~~Avfallsgebyr kr. 300,- pr. anløp.~~

Alle fartøy betalar avfallsgebyr etter følgjande satsar:

Fartøy under 50 BT	Kr 100,- pr. søppelsekk
Fartøy mellom 50 BT og 1200 BT	Kr 275,- pr. anløp
Fartøy over 1200 BT	Kr 375,- pr. anløp

Farleg avfall, kloakk og lasterestar må handterast av godkjend renovatør som vert bestilt og fakturert i kvart enkelt tilfelle.

Fartøy som har faste avtaler med andre hamner om levering av avfall, og kan dokumentere dette, får bortfall av avfallgebyret.

3. Bruk av Mjølstadneset Hamneterminal og Indre allmenningskai i Fosnavåg

Alle prisar er ekskl. mva.

3.1 Kaivederlag, kommersielle anløp

Alle fartøy eller flytande innretningar som fortøyer ved Mjølstadneset Hamneterminal og Indre allmenningskai i Fosnavåg, skal betale kaivederlag. Fartøy som fortøyer utanfor anna fartøy, betalar kaivederlag som om det var fortøyd ved kaia. Kaivederlag skal betalast sjølv om fartøyet ligg ved kaia utan at det gjeng føre seg lossing eller lasting.

Kaivederlag vert berekna etter fartøyets bruttotonnasje (BT) og tal på døgn det ligg ved kai. For fartøy som ikkje er målt eller har gyldig målebrev fastset Herøy kommune fartøyet sin tonnasje etter skjønn.

Alle fartøy over 15 meter betalar kaivederlag etter følgjande satsar:

BRUTTOTONNASJE	INTERVALL	SATS PR. TONN	~~TOTALT~~ MAKS BELØP PR. DØGN
For dei fyrste 300 BT	1 - 300	~~kr. 0,56~~ Kr 0,72	~~kr. 168~~ Kr 216,-
For dei neste 300 BT	301 - 600	~~kr. 0,45~~ Kr 0,58	~~kr. 303~~ Kr 390,-
For dei neste 600 BT	601 - 1 200	~~kr. 0,33~~ Kr 0,43	~~kr. 501~~ Kr 648,-
For dei neste 800 BT	1 201 - 2 000	~~kr. 0,31~~ Kr 0,41	~~kr. 749~~ Kr 976,-
For dei neste 1 000 BT	2 001 - 3 000	~~kr. 0,23~~ Kr 0,29	~~kr. 979~~ Kr 1 266,-
For dei neste 2 000 BT	3 001 - 5 000	~~kr. 0,22~~ Kr 0,28	~~kr. 1 419~~ Kr 1 826,-
For dei neste 5 000 BT	5 001 - 10 000	~~kr. 0,18~~ Kr 0,25	~~kr. 2 319~~ Kr 3 076,-
For dei neste 10 000 BT	10 001 - 20 000	~~kr. 0,15~~ Kr 0,22	~~kr. 3 819~~ Kr 5 276,-
For dei neste 10 000 BT	20 001 – 30 000	~~kr. 0,49~~ Kr 0,66	~~kr. 8 719~~ Kr 11 876,-
For dei neste 20 000 BT	30 001 – 50 000	~~kr. 0,45~~ Kr 0,61	~~kr. 17 719~~ Kr 24 076,-
For alt over 50 000 BT	Over 50000	~~kr. 0,36~~ Kr 0,49	----------

Minstepris kr 200,- pr. døgn.

Fartøy under 15 meter som bruker kaia meir enn 14 dagar i ein kalendermånad betalar etter følgjande satsar:

Fartøy under 12 meter	Kr 830,- pr. månad
Fartøy over 12 meter	Kr 1 150,- pr. månad

Gjelder ikkje fast kaiplass.

3.2 Varevederlag

Varevederlag vert rekna etter vekt (i tonn) eller pr. lasteeining. Dette gjeld for alle varer som vert frakta med skip over Mjølstadneset hamneterminal og indre allmenningskai i Fosnavåg.

Prisar for varer over kai:

- Bulklast: kr 6,- pr. tonn
- Blokkstein og små betongkonstruksjonar: kr 6,- pr. tonn
- Varer i container: kr 100,- pr. container
- Båtar: kr 100,- pr. stk.
- Motorkøyretøy: kr 100,- pr. stk.
- Andre varer: kr 10,- pr. tonn

Vederlaget skal bereknast utifrå vara si **bruttovekt**, når forholdet vekt/kubikk er større enn ½. Og utifrå vara sin **bruttokubikk**, når forholdet vekt/kubikk er mindre enn ½. Dersom dei ovannemnde priskategoriane ikkje er relevante, kan det avklarast prisar spesielt.

Varevederlaget inkluderer rett til å lagre last i 48 timar før/etter lasting/lossing.

Dersom varer vert liggande på kaiområdet utover dette, kjem følgjande tillegg.

- Containerar: kr 150,- pr. container pr. døgn
- Båtar/køyretøy/store konstruksjonar: kr 150,- pr. stk. pr. døgn
- Andre varer (stykkgods): kr 15,00 pr. tonn pr. døgn

Minsteavgift kr 150,- pr. døgn.

4. Sal av varer og tenester

Alle prisar er ekskl. mva.

For levering av tenester utanom ordinær arbeidstid kjem følgjande gebyr i tillegg til leveransen.

- I tidsrommet kl. 16:00 – 21:00 måndag – fredag kr 1.000,- pr. gong.
- I tidsrommet kl. 21:00 – 08:00 måndag – fredag samt på laurdagar, søndagar og andre heilagdagar: kr 1.850,- pr. gong

4.1 Sal av ferskvatn

Ferskvatn vert levert til skip etter målt kvantum.

- Pris ~~kr 12,00~~ Kr 16,- pr. m3.

4.2 Sal av straum

- Pris ~~kr 1,50~~ Kr 1,70 pr. kWh.
- Effektavgift vert fakturert etter faktisk kostnad.
- Leige av transformator Kr 200,- pr. døgn.

Merknad:
Ingen kan kople seg til straumnettet utan løyve frå Herøy kommune. Målar vert avlesen av hamneoperatør ved tilkopling og fråkopling.

5. Sakhandsamingsgebyr

Satsar for sakhandsaming etter lov om havner og farvann:

Gebyrtype

- Sakshandsamingsgebyr “enkle” tiltak kr. 1.500,- pr. søknad

- Sakshandsamingsgebyr “enkle” tiltak m/synfaring kr. 2.500,- pr. søknad
- Sakshandsamingsgebyr, større tiltak kr. 2.500,- pr. søknad
- Sakshandsamingsgebyr, større tiltak m/synfaring kr. 4.000,- pr. søknad

6. Diverse informasjon

6.1 Informasjon om ordning for skipsrenovasjon (avfallsordning)

Levering av avfall ved anløp skal avtalast på førehand ved å kontakte hamneoperatør, sjå pkt. 6.5.

Oljeavfall, lasterestar og kloakk frå skip skal leverast til avfallsfirma. Kontakt hamneoperatør for nærmare informasjon om avfallsordninga og/eller formidling av avfallsfirma for mottak av oljeavfall, lasterestar og kloakk frå skip.

6.2 Krantenester

Herøy kommune har ikkje eigne kraner.

~~6.3 Bestilling av ferskvatn og straum~~

- ~~Bestilling av vatn for levering på laurdagar, søn- og helligdagar må skje seinast kl. 13:00 på fredagar eller siste ordinære virkedag før helligdag.~~
- ~~Avbestilling av vasslevering utanom ordinær arbeidstid må skje innan kl. 14:00 siste arbeidsdag.~~
- ~~Same vilkår gjeld for tilkalling av hamneoperatør ved bestilling av straum.~~

6.4 Forretningsvilkår

For utfyllande informasjon vert det vist til vedlagte «Vilkår for hamnetenester i Herøy kommune».

VILKÅR FOR HAMNETENESTER I HERØY KOMMUNE

Vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak 20/17 den 09.03.2017

---

1. VERKEOMRÅDE

1. Desse alminnelege vilkåra er bindande for alle hamnetenester som Herøy kommune utfører. Vilkåra er også bindande for hamneoperatørar ved Mjølstadneset Hamneterminal.
2. For å fråvike vilkåra må det inngåast eigen særskilt avtale mellom Herøy kommune og hamneoperatøren om dette.

2. NÆRMARE OM HAMNEVERKSEMDA I HERØY KOMMUNE

1. Hamneverksemda er underlagt Anlegg- og driftsavdelinga i kommunen.
2. Herøy kommune driv hamneverksemd, tenesteyting, utøving av mynde og anna offentleg forvaltning.
3. Hamneverksemda er regulert ved Lov av 17.april 2009 nr. 19 om havner og farvann med tilhøyrande forskrifter, forutan internasjonale bestemmelsar om handtering av avfall og sikring (ISPS).
4. Forskrift om bruk og orden i hamner i Herøy kommune.

3. PRIS- OG TILBODSBESTEMMELSAR

1. Hamneoperatørar og andre brukarar av kommunen sine hamneanlegg skal betale gebyr og avgifter i samsvar med gjeldande prisliste. Alle prisar er eksklusiv meirverdiavgift og eventuelle andre avgifter.

4. BETALINGSVILKÅR

1. Med mindre anna er avtalt er alle prisar i norske kroner.
2. Om ikkje anna er avtalt skal betaling skje innan tretti (30) dagar frå fakturadato.
3. Herøy kommune kan kreve fakturagebyr. Fakturagebyret skal i såfall framgå av fakturaen.
4. Kunden pliktar å oppgi rett fakturaadresse og organisasjonsnummer samt informere Herøy kommune ved evt. endring av fakturaadresse.
5. Omfakturering som følgje av at kunden har misleghalde informasjonsplikta, gjev ikkje fritak frå betaling til rett tid i samsvar med opphaveleg faktura.
6. Dersom kunden ikkje betaler fakturaen til rett tid, har Herøy kommune rett til å kreve renter og purregebyr etter bestemmelsane i inkassolova.

7. For at feil i ein faktura eller anna betalingskrav frå kommunen skal kunne gjerast gjeldande mot kommunen, må det reklamerast utan ugrunna opphald.

5. STILLING AV SIKKERHEIT

1. Uansett bestemmelsane i punkt 4, kan Herøy kommune, når kommunen finn grunn til dette, kreve betaling på forskott, bankgaranti eller anna relevant sikkerheit.
2. Inntil det er stilt sikkerheit eller betaling har funne stad, har kommunen rett til, utan forvarsel, å innstille igangsette hamnetenester eller nekte segligstillatelse.

6. ANLØP

1. Alle bestemmelsar om anløp, bruk av farlei, anløpsavgift med vidare framgår av gjeldande Forskrift om anløpsavgift.

7. OPPLYSNINGAR OM ANKOMSTMELDING OG FARTØYOPPGÅVE

1. Ankomstmelding skal sendast hamneoperatøren, med kopi til Herøy kommune, innan 24 timar før tidspunkt for anløp til kai.
2. Rederi eller agenten skal levere fartøysoppgåve til hamneoperatøren, med kopi til Herøy kommune, før ankomst.

8. KAIVEDERLAG

1. Alle skip som nyttar Herøy kommune sine kaier betaler kaivederlag i samsvar med gjeldande prisliste.
2. Rederiet er ansvarleg for betaling av kaivederlag.
3. Kaivederlaget vert berekna etter skipet sin storleik og tal på døgn det ligg ved kai.

9. OPPLYSNINGAR OM SKIPSLAST

1. Hamneoperatøren skal uoppfordra, og i tide, gi Herøy kommune dei opplysningar som er nødvendige for at kommunen skal kunne utføre hamnetenester. Hamneoperatøren skal i samsvar med dette gje opplysningar om:
   a. Særlege forholdsreglar som er nødvendige i samband med utføring av hamnetenester.
   b. Andre relevante tilhøve for å verne personar, miljø, kommunen eller tredjemanns eigedom mot eventuelle skadeverknader relatert til last/ gods.
2. Dersom hamneoperatøren ikkje oppfyller informasjonsplikta, har kommunen rett til, for hamneoperatøren sin rekning og risiko, å ta dei forholdsreglar ein anser nødvendige for å avverge skade på personar, ting, eigedom eller miljø.
3. Dersom hamnetenesta omfattar farleg gods, er hamneoperatøren ansvarleg overfor kommunen for at kommunen i god tid mottek alle relevante opplysningar i samsvar med gjeldande konvensjonar og lover, reglar og

forskrifter som til ei kvar tid gjeld farleg gods. Dette inneber at hamneoperatøren står ansvarleg overfor kommunen for at alt farleg gods er pakka, merka, emballert og klassifisert i samsvar med gjeldande konvensjonar og reglar, og at det frå myndigheit ligg føre dei løyve som er nødvendige.

10. HANDTERING AV SKIPSLAST

1. Hamneoperatøren har sjølv plikt til å utføre kontrollfunksjonar i samband med lasting og lossing og ved inn- og utlevering frå lager.
2. Det er hamneoperatøren sitt ansvar å sikre at godset er pakka og merka i samsvar med gjeldande reglar og praksis slik at det kan motstå normal handtering vind og vertilhøve.
3. Herøy kommune er ikkje ansvarleg for å forsikre gods, korkje for sin eigen eller hamneoperatøren sin rekning. Hamneoperatøren er forplikta til å teikne forsikring for skader som gods kan påføre personar eller ting.
4. Varer og gods som vert plasserte på kaier skal snarast muleg fraktast bort med mindre Herøy kommune tillet at dei vert liggande.
5. Hamneoperatøren er ansvarleg for at emballasje, avfall, restar av last og liknande, er fjerna frå kaiområdet umiddelbart etter at skipet har forlate hamna.

11. VAREVEDERLAG FOR GODS- OG VARETRAFIKK

1. For alle varer som vert frakta med skip over Herøy kommune sine kaier vert det betalt varevederlag i samsvar med gjeldande prisliste. Dette gjeld med følgjande unntak:
   a. Proviant, bunkers, olje og andre forsyningar til fartøy i hamn.
   b. Pallar og liknande som ikkje er handelsvare.
2. Varevederlag for inngåande varer ligg på varemottakar. For utgåande varer ligg vederlaget på vareavsendar.
3. Varevederlaget dekker lagring på kaiområdet inntil 48 timar for lasting/ lossing. Etter dette tilkjem tillegg i samsvar med gjeldande prisliste.
4. Grunnlaget for utrekning av varevederlaget er vara si vekt i tonn. Kubikklaster vert omrekna til vekteining der 1m3 ikkje er mindre enn 0,5 tonn prisberekna. Enkelte godstypar betaler varevederlag pr. eining, jfr. gjeldande prisliste.
5. For varer som kjem til hamna i transitt og som vert sendt vidare med fartøy, betaler ein vederlag berre ved inngåande. For varer i transitt til utlandet vert varevederlaget betalt ved utgåande.
6. Melding til Herøy kommune om lasting og lossing av varer skal sendast hamneoperatøren, med kopi til hamnekontoret, før skipet sin ankomst.
7. Herøy kommune kan foreta kontroll av oppgåver ved stikkprøver og forlange oversendt manifest og/ eller andre relevante dokumenter.

12. ANSVARSTILHØVE / SIKKERHEIT

1. Hamneoperatøren skal på oppmoding framvise bevis på vekt av godset.
2. Hamneoperatøren er sjølv ansvarleg for handsaminga av godset.

13. REKLAMASON

1. Dersom hamneoperatøren vil halde Herøy kommune erstatningsansvarleg for skader, forseinking eller anna knytt til utføring av hamnetenester, skal dette fremjast for kommunen skriftleg utan ugrunna opphald. Motsegn og krav kan ikkje gjerast gjeldande seinare enn tre (3) månader etter den dagen hamneoperatøren fekk, eller burde ha skaffa seg kjennskap til tilhøvet som kravet er grunna på.

14. TVISTAR, LOVVALG OG VERNETING

1. Partane sine rettar og plikter i samsvar med gjeldande vilkår vert i si heilheit regulert av norsk rett.
2. Tingretten er verneting for alle rettstvistar knytt til bruk av Herøy kommune sine hamneanlegg og forståing av gjeldande vilkår.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2018/1620
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
219/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

REVIDERING AV FORSKRIFT OG SATSAR ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR

Tilråding:

I medhald av § 15 i Eigarseksjonslova godkjenner kommunestyret forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter eigarseksjonslova.

Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå 01.01.2019

Særutskrift:

Vedlegg:
1 Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter lov om eigarseksjonar

Samandrag av saka:

Rådmannen ser behov for å revidere forskrifta knytt til eigarseksjonar og fremjar derfor eit revidert forslag til Kommunestyret for vedtak.

Saksopplysningar:

Arbeid etter Eigarseksjonslova
Eigarseksjonslova vart endra frå og med 01.01.2018. Det er no m.a innført 12 vekers frist for handsaming av seksjoneringssaker. Det er også gjeve kommunane høve til å ta gebyr etter faktiske kostnadar:

> *§ 15.Gebyrer for kommunens behandling av søknaden om seksjonering*
>
> *Kommunen kan fastsette et seksjoneringsgebyr for å behandle seksjoneringssøknaden. Gebyret kan ikke være høyere enn de nødvendige kostnadene kommunen har med slike saker. Gebyret skal innbetales innen en frist som kommunen setter. I tillegg kan kommunen kreve gebyr etter reglene i matrikkellova for oppmålingsforretning og for matrikkelbrev som må utstedes etter § 18 i denne loven.*
>
> *Søkeren skal betale gebyr for tinglysing av seksjoneringsvedtaket i samsvar med tinglysingsloven § 12 b. Tinglysingsgebyret skal innbetales til kommunen. Blir seksjoneringssøknaden avslått, skal kommunen tilbakebetale tinglysingsgebyret.*

Tidlegare var det sett eit tak på inntil 3 x rettsgebyret for saker utan synfaring og inntil 5 x rettsgebyr for saker med synfaring.

Dette gebyrnivået har klart vore for lavt i forhold til det arbeidet ein god del av desse sakene generer. Spesielt på saker som gjeld seksjonering i eksisterande bygningar og reseksjonering vert det brukt mykje ressursar både fordi sakene er kompliserte, og fordi der diverre ofte er manglar ved det materiell som kjem til kommunen for handsaming.

Det er gjort eit grundig arbeid med å studere korleis andre kommunar har bygd opp sine gebyrregulativ, og administrasjonen meiner å ha kome fram til ei god løysing. Det er meininga å evaluere den nye forskrifta etter eit års bruk for å sikre at gebyrnivået står i forhold til det arbeid som vert lagt ned.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek ny justert forskrift og slik dei går fram av vedlegg til saka.

Fosnavåg, 08.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter Lov om eigarseksjonar

Vedteke i Herøy kommunestyre den xx.12.2018, sak 18/xxx.
Gjeldande frå 01.01.2019

LOVHEIMEL Forskrifta er heimla i lov om eigarseksjonar (eigarseksjonslova) § 15.

1. GENERELT:

1.1 Gebyrregulativet gjeld sakshandsaming etter reglane i eigarseksjonslova og omfattar ikkje løyve etter anna regelverk.

1.2 Gebyrsatsane inkludere ikkje tinglysingsgebyr eller ev. dokumentavgift.

1.3 Gebyra er unnateke meirverdiavgift.

1.4 I saker som utløyse dokumentavgift, må denne vere betalt før saka vert sendt til tinglysing.

1.5 Dersom andre enn søkar skal betale gebyret, må det føreligge skriftleg avtale mellom søkar og den som skal ha faktura. Søkar er solidarisk ansvarleg.

1.6 Det er ikkje høve til å klage på fastsettinga av gebyr i den enkelte sak, der gebyret er heimla i eigarseksjonslova § 15. Men søkar har høve til å søke om nedsetting av gebyr, der gebyret framstår som openbert urimeleg. Søknad om nedsetting av gebyr må innsendast innan 3 veker etter at faktura er motteke. Det er kommunalsjef teknisk som har avgjerdsmynde.

1.7 Dersom eigar under saksgangen gjer forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, vert gebyret likevel oppretthalde.

1.8 I ei sak der kommunen må innhente informasjon fra grunnboka ved bestilling av slik informasjon, vil slike kostnader bli lagt til dei andre gebyrkostnadane (ref. MDs rundskriv T-5/09).

1.9 Kommunestyret vedtek gebyrregulativet og endringar i dette, normalt i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet for komande år. Gebyrsatsane skal regulerast årleg, og satsane gjeld frå kunngjeringsdato.
Alle satsar skal rundast av til næraste heile 100 kroner.

2. Gebyrsatsar

2.1 Oppretting av eigarseksjonar, nybygg

a) Til og med 4 seksjonar	kr	8 000,-
b) 5 – 8 seksjonar	kr	12 000,-
c) Frå 9 seksjonar, tillegg pr ny seksjon*	kr	650,-

* Maksimalgebyr: 3 x satsen under pkt b)

2.2 Oppretting av eigarseksjonar, eksisterande bygg

a) Til og med 4 seksjonar	kr	12 000,-
b) 5 – 8 seksjonar	kr	16 000,-
c) Frå 9 seksjonar, tillegg pr ny seksjon*	kr	900,-

* Maksimalgebyr: 3 x satsen under pkt b)

2.3 Reseksjonering

a) 1- 4 seksjonar eller fellesareal endrast	kr	12 000,-
b) 5 – 8 seksjonar eller fellesareal endrast	kr	16 000,-
c) Frå 9 seksjonar, tillegg pr ny endra seksjon*	kr	900,-

* Maksimalgebyr: 3 x satsen under pkt b)

2.4 Befaring

Synfaring av eigedom vert utført når kommunen finn dette nødvendig for handsaming av saka.

Gebyret kjem i tillegg til handsamingsgebyr under B1-B3	kr	3 500,-

2.5 Sletting (oppheving) av seksjonert sameige

Sakshandsaming for å slette seksjonar på ein eigedom	kr	5 000,-

2.6 Saker som ikkje vert fullført

Når saka av ulike grunnar ikkje kan sluttførast, kommunen avslår søknad eller søkar trekk søknad:

a) Avsluttast ei sak før sakshandsaming er starta, skal det ikkje betalast gebyr.
b) Avsluttast ei sak etter at sakshandsaming er starta vert det rekan gebyr for 60 % av sats etter B1-B3 avhengig av sakstype.

2.7 Oppretting av eksklusive uteareal

Krev eigen søknad og er omfatta av «Forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter matrikkellova» § 5.1.3

2.8 Utskrift av matrikkelbrev

Gebyret regulerast av til ei kvar tid gjeldande satsar fastsatt av Statens kartverk

a) Inntil 10 sider	kr	177,-
b) Over 10 sider	kr	355,-

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2018/1606
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
220/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

REVIDERING AV FORSKRIFT OG SATSAR FOR HANDSAMING AV PRIVATE PLANSAKER - GEBYRREGULATIV

Tilråding:

I medhald av § 33-1 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret revidert forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter Plan- og bygningslova.

Særutskrift:

Vedlegg:
1 Forskrift og satsar for handsaming av private plansaker

Samandrag av saka:

Rådmannen ser behov for å revidere forskrifta knytt til handsaming av private plansaker og fremjar derfor eit revidert forslag til Kommunestyret for vedtak.

Saksopplysningar:

Med bakgrunn i endringar i Plan- og bygningslova ser rådmannen behov for å revidere forskrift for handsaming av private plansaker.

Gebyrsatsane for handsaming av private reguleringsplanar(jf. punkt 1.1.a) er vert ikkje foreslått endra vesentleg. Her vert det lagt opp til ei auke i pris på 2,5 % og runda av.

Rådmannen foreslår endringar ift. kommunen si moglegheit for å få dekt sine utgifter til å hente inn ekstern konsulent for å kvalitetssikre konsekvensutredningar(KU) i plansaker. Dette er kun krav i store plansaker der ein må gjere ytterlegare utgreiingar av konsekvensane for miljø og samfunn. Dette gjeld eit fåtal saker.

Den vesentlege endringa går på det som heiter «endring av gjeldande reguleringsplan» (jf. punkt 1.1.b) og «mindre endringar og små endringar» utan behov for høyring(jf. punkt 1.1.c). Den førre forskrifta var ikkje tydeleg nok på kva som reknast som ei «reguleringsendring» og rådmannen ser at fleire konsulentar ynskjer å få definert sitt prosjekt som ei reguleringsendring for å sleppe å betale eit høgare gebyr. Resultatet er at kommunen ikkje får dekt sine kostnadar knytt til handsaming av søknadar om «reguleringsendringar».

Det er derfor lagt inn eit nytt punkt(3.3.) som presiserer kva type endringar som kan gjerast i plan og kva satsar som gjeld.

Det vert også presisert plankonsulent si rolle i arbeidet med endringar i plan.

Vidare er det gjort endringar slik at private ikkje skal måtte betale for å utvide planområdet til å omfatte eksisterande bebyggelse etter krav frå kommunen eller utvide område for å ta omsyn til grønstruktur(LNF) eller ferdselsområder/friområder på sjø.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek ny justert forskrift og gebyrsats for plan slik dei går fram av vedlegg til saka.

Fosnavåg, 08.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Private reguleringsplanar gebyr

Gebyr for handsaming av private reguleringsplanar og reguleringsendringar - 2019

LOVHEIMEL Plan- og bygningslova § 33-1

Gebyrregulativet for private reguleringsplanar vart sist endra i kommunestyresak xx/18 den 06.12.2018.

1. GENERELT:

For at eit planframlegg skal verte teke opp til handsaming, skal det betalast gebyr. Betaling av gebyr påverkar ikkje utfallet av saka, og kan ikkje krevjast tilbake om det vert gjeve avslag på søknaden. Alle typar planar og planendringar skal leverast i digital form i samsvar med dei krav til format som til ei kvar tid er gjort gjeldande. For private planarbeid(jf. punkt 1.1 a og b) er plankonsulent ansvarleg for å varsle oppstart av planarbeidet.

1.1 Regulativet omfattar slike saker:

a. Private framlegg til reguleringsplanar - detaljplanar (jfr. pbl §12-3)

b. Søknad om endring av gjeldande reguleringsplan (jfr. pbl. §12-14)

c. Søknad om mindre endringar og små endringar i gjeldande reguleringsplan utan behov for høyring (jfr. pbl §12-14)

1.2 Fritak frå gebyr:

Dersom det ligg føre særlege grunnar kan det gjevast heilt eller delvis fritak frå gebyr dersom alle dei følgjande vilkåra er oppfylt:

1. Saka må vere av mindre omfang.

2.Søkjaren må vere lokal foreining eller lag med ideelt føremål. Unntaksvis kan også enkeltperson(ar) vere søkjar når tiltaket heilt og fullt har ideelle føremål eller har til føremål å tene allmenne interesser.

3.Tiltaket skal ikkje tene berre ei mindre gruppe personar eller særinteresser.

4.Tiltaket skal ikkje tene næringsføremål.

Storleiken på gebyret kan reduserast dersom det openbert må vurderast som urimeleg og i strid med prinsippet om sjølvkost.

Dersom det er tvil om eit tiltak og ein søkjar fell inn under kriteria, kan spørsmålet om fritak leggast fram for politisk organ samstundes med handsaming av søknaden.

1.3 Betalingsvedtekter

Gebyret vert berekna etter satsane som gjeld på det tidspunkt saka vert registrert inn første gong i kommunen. Mindre reguleringsendringar vert fakturert etter endeleg vedtak er gjort.

2. HANDSAMINGSGEBYR

Før saka vert teken opp til administrativ handsaming skal det betalast eit handsamingsgebyr på **kr. 21.700,-**

3. AREALGEBYR FOR REGULERINGSPLANAR.

I tillegg til handsamingsgebyr skal det betalast eit arealgebyr for handsaming av framlegg til reguleringsplan (detaljreguleringsplan) etter det samla arealet planen omfattar. Dette gjeld byggeområde og fellesområde, vegar og annan privat arealbruk, åleine eller i kombinasjon med andre føremål. Arealbruksføremål knytt til allmenne interesser, offentlege byggjeområde, landbruksområde, spesialområde bevaring/vern og andre føremål som ikkje vert rekna som privat arealbruk er unntatt frå arealgebyr. Der kommunen gjev pålegg om utviding av planområdet for areal som alt er utbygd i samsvar med aktuelt reguleringsføremål, skal dette ikkje inngå i grunnlaget for arealgebyret.

Arealgebyret vert sendt ut samstundes med at reguleringssaka vert lagt ut til offentleg ettersyn. Kravet skal betalast innan 30 dagar etter utsending. Dersom planutvalet avviser planen, skal det betalast 50 % av arealgebyret. Dersom forslagstillar krev planen lagt fram for kommunestyret, skal det betalast fullt gebyr uavhengig av utfallet av saka.

3.1 Arealgebyr:

a) Fast gebyr inntil 5000 m² **kr. 9.560.-**

b) For kvar påbyrja 1000 m² frå 5 001 m² og oppover **kr. 870.-**

3.2 Konsekvensutgreiing:

I dei tilfelle reguleringsplanen skal utarbeidast med konsekvensutgreiing (KU), jf. forskrift om konsekvensutgreiingar, skal det for kommunen sitt arbeid med vurdering av KU betalast eit gebyr tilsvarande **50% av pkt. 2(handsamingsgebyr).** Utgifter som kommunen måtte ha til ekstern fagleg bistand kjem i tillegg.

3.3 Reguleringsendring

a)Endra arealbruk: Ved planframlegg som gjeld endra arealbruk skal det i tillegg til handsamingsgebyret betalast arealgebyr lik satsane i punkt 3.1.

b)Endring av reguleringsføresegner: Dersom framlegget berre gjeld endring av reguleringsføresegnene, skal det ikkje betalast arealgebyr i tillegg til handsamingsgebyret.

c)Mindre reguleringsendring: Dersom endringa må sendast på full høyringsrunde skal som hovudregel punkt 3.1 nyttast. Ved handsaming utan full høyringsrunde med politisk vedtak skal det betalast eit gebyr tilsvarande 50% av pkt. 2(handsamingsgebyr).

d)Små reguleringsendringar utan høyringsrunde og adm. vedtak: kr. 4.350,-

4. SÆRSKILDE UTGREIINGAR/UNDERSØKINGAR

Tiltakshavar må koste granskingar som følgje av kulturminnelova (t.d. arkeologiske undersøkingar), plan- og bygningslova (t.d. flaum- og skredfarevurderingar), naturmangfoldloven(t.d. terrestriske- og marine naturtypar) og evt. andre særskilde utgreiingar som må gjennomførast som følgje av tiltaket sitt omfang, karakter eller lokalisering.

5. URIMELEGE GEBYR

Dersom gebyret t.d. vert vurdert som svært urimeleg i høve til dei kostnadar kommunen har hatt med saka, eller urimeleg av andre grunnar, kan avdelingsleiar for Utvikling fastsette gebyr i høve til dette etter skriftleg grunngjeven søknad.

6. KLAGERETT

Fastsetjing av gebyr i ei einskild sak etter regulativet, kan ikkje påklagast, jf. § 40 i forvaltningslova. Avdelingsleiar for Utvikling si avgjerd etter søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

7. REGULERING AV GEBYRET

Storleiken på gebyr etter desse reglar skal vurderast kvart år i samband med budsjettarbeidet. Administrasjonen skal legge fram forslag til justering av gebyret fram for politisk handsaming.

18.09.2018

Ole Magne Rotevatn

Avdelingsleiar utvikling

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2018/1624
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
221/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

FEIE OG TILSYNSGEBYR 2019.

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre vedtek at gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i 2019 vert sett til kr 490,- inkl. mva pr. abonnent. Tillegg for ekstra pipeløp kr. 160,- inkl. mva.

   For gassfyrte fyringsanlegg vert gebyret for feiing og tilsyn sett til kr. 285,- inkl. mva pr. abonnent.

2. Vedtaket er gjort med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002, og tilhøyrande forskrift om brannforebygging av 17. desember 2015.

3. Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå den dag det er vedteke.

Særutskrift:
Brannsjef
Økonomiavdeling

Vedlegg:

Samandrag av saka:
Fastsetjing av feie og tilsynsgebyr for 2019. Dei siste åra har Herøy kommune brukt av bunde fond for å balansere feie og tilsynstenesta. I 2018 er bunde fond for feiing og tilsyn oppbrukt. Gebyret for 2019 vert auka.

Saksopplysningar:

Feiing og tilsyn med fyringsanlegg vert utført i samsvar med samarbeidsavtale med Ulstein kommune om feie- og tilsynstenester av 6.2.2006. Avtalen går ut på at Herøy kommune leiger feie- og tilsynstenester frå Ulstein kommune på timebasis.

Status:
I samsvar med samarbeidsavtalen med Ulstein kommune om feie- og tilsynstenester har det vorte gjennomført feiing på om lag ½-parten av abonnentane. Tilsyn er utført i om lag ¼ av kommunen.

Av 2940 (2017) abonnentar manglar pr. i dag vel 620 abonnentar framleis tilkomst slik at feiing kan utførast. Talet på abonnentar utan godkjent tilkomst har siste åra gått ned med om lag 50 pr. år. Sjølv om dette er ein gledeleg nedgang er det enno langt opp og fram før alle abonnentar har godkjent tilkomst for feiing. Trass i at mange ikkje har fått feiing på fleire år har det ikkje vorte registrert noko særleg auke i talet på pipebrannar. Det er berre dei som har lagt forholda til rette som får tilbod om feiing. Det er no svært liten misnøye med ordninga og feiar har gitt tilbakemelding om at abonnentane tek i mot han/ho på ein svært god måte. Dette vil ein tilskrive både den generelle forståinga for viktigheita av feiing og tilsyn, godt utført arbeid av noverande feiar samt at ein har prioritert større eigne (Herøy brann og redning) ressursar for å gjere tenestene betre.

Feiing skal etter vedteken ordning gjennomførast kvart 2. år, medan tilsyn skal gjennomførast kvart 4. år. Pr. i dag er ein nokolunde ajour med feie og tilsynstenesta.

Det er, etter dei rutinane ein arbeider etter i dag, lagt til rette for at nye eigedomar som vert tilrettelagde for feiing får tilbod om feiing når dei melder frå, uavhengig av om dei inngår i dei årlege og planlagde rundane. Utover dette er det lagt til rette for ei teneste som er tilgjengeleg gjennom heile året i samband med generell rettleiing vedkomande piper og eldstadar samt bistand i samband med pipebrannar m.m.

Avgiftssystemet/økonomi:
Med utgangspunkt i vedtak i K-sak 126/06 vil det vere naturleg og sjå avgiftssystemet over ei 4 års periode der ein ved ovanståande tenesteintervall vil få utført 1 tilsyn og 2 feiingar. Kostnadane for desse tenestene inkl. løns- og prisstigning vert då å fordele på 4 år. I 2018 har ein ikkje midlar i bunde driftsfond for feiing og tilsyn så gebyret for 2019 må aukast.

Gebyret vert også kravd inn frå dei som ikkje har tilrettelagt for feiing og dermed heller ikkje får tilbod om feiing. Tilsyn vert imidlertid gjennomført hos alle som har eldstad. Kommunen må ha ein økonomisk buffer på tenesta i og med at fleire og fleire abonnentar får tilrettelagt for feiing. Dei siste 3 åra har Herøy kommune tappa

ned driftsfondet for feiing. Kostnaden med tenesta er høgare enn inntekta. For å unngå å tappe ned driftsfondet må gebyret for feiing og tilsyn aukast.

Vurdering og konklusjon:

Manglande feiing kan medføre auka brannfare. Ein har til no køyrt ei rimeleg mjuk linje med omsyn til fyringsforbod for dei som ikkje har tilrettelagt tilkomst for feiing. Talet på abonnentar, utan tilkomst for feiar, har gått kvart år med om lag 50. Herøy brann og redning har ikkje registrert noko auke i tal på pipebrannar.

Konsekvensar for folkehelse:
Brann i bustad får store konsekvensar for folkehelsa til dei som er råka i bustadbrann og deira nærmaste. Feiing og tilsyn med piper, eldstadar og sløkkemiddel er godt førebyggjande arbeid for å unngå bustadbrannar.

Konsekvensar for beredskap:
Gjennomføring av feiing og tilsyn med eldstadar er eit viktig beredskapsmessig brannførebyggande tiltak.

Konsekvensar for drift:
At fleire av 2940 abonnentar manglar tilkomst til pipa og dermed ikkje får feiing gjer at kommunen ikkje får yte denne lovpålagde tenesta til alle abonnentar. Alle abonnentar får tilsyn med piper, eldstadar og slokke utstyr.

Det finnast fyringsanlegg i Herøy kommune som ikkje er innmeldt til kommunen/brannvernet.

Herøy kommune kjøper feiing og tilsyns-tenester frå Ulstein kommune. Gebyret til Ulstein kommune var kr. 594,- + kr. 161 for pipe nummer 2. For gassfyrte fyringsanlegg er gebyret til Ulstein kommune kr. 285,- (inkl. mva.) i 2018.

For at ein skal vere sikker på å ha nok midlar til gjennomføring av feiing og tilsyn med eldstadar i 2019, vil rådmannen tilrå at gebyret for feiing og tilsyn vert auka og at ein over ein 2 års periode harmoniserer gebyret i Herøy med gebyret i Ulstein kommune. Gebyret for feiing og tilsyn vert auka til kr. 490,- pr. abonnent inkl. mva + kr. 161,- (inkl. mva.) for pi

Fosnavåg, 09.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2018/1623
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
222/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

GEBYR FOR UNØDIGE BRANNUTRYKKINGAR

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre innfører gebyrlegging av unødige brannalarmar knytt til automatiske brannalarmanlegg eller slokkeanlegg der Herøy brann og redning vert utalarmert.

   Brannsjefen må kunne dokumentere den unødige brannutrykkinga som grunnlag for fakturering.

2. Gebyrsatsane for unødige brannutrykkingar vert slik:
   Kr. 5.000,- pr. unødig brannutrykking på dagtid.
   Kr. 10.000,- pr. unødig brannutrykking på kveld/helg.

3. Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå den dag det er vedteke.

Særutskrift:
Brannsjef
Økonomikontoret

Vedlegg:

Samandrag av saka:

Gebyrlegge unødige brannutrykkingar vart vedteke som innsparingstiltak av Herøy kommunestyre i mai 2018. Innkrevjing av gebyr for unødige brannutrykkingar vil føre til auka inntekter/reduserte kostnadar for Herøy brann og redning. Gebyr kan krevast for automatiske brannalarmanlegg eller slokkeanlegg som er tilknytt Møre og Romsdal 110-sentral KF med direkte varsling.

Saksopplysningar:

Herøy brann og redning ynskjer å kunne krevje betaling frå byggeigarar dersom det går ut unødige brannalarmar med tilhøyrande utrykking frå brannvesenet si side. Det er lagt inn ei innsparing på kr. 90.000,- i brannbudsjettet for 2019. Dette innsparingstiltaket vart godkjent av Herøy kommunestyre i mai 2018.

Herøy brann og redning har store utgifter med unødige alarmar. Dei siste åra har ein hatt veldig mange unødige alarmar. Ein rask oversikt i statestikken viser:
2016 – om lag 80 unødige alarmar.
2017 – om lag 80 unødige alarmar.
2018 pr. 1. november – om lag 65 unødige alarmar.

Dei aller fleste av desse unødige brannutrykkingane kunne vore gebyrbelagt om ein hadde eit kommunalt vedtak på det. I dag har dei fleste brannvesen i Møre og Romsdal eit gebyr for unødige brannutrykkingar.

Poenget med å innføre gebyr er tosidig. Herøy brann og redning må redusere sine kostnadar og det er difor heilt naudsynt å få ned talet på unødige alarmar for å få dekt inn kostnaden med slike utrykkingar. Den andre effekten ved å gebyrbelegge unødige alarmer er at når bygningseigar får rekning på kostnaden med brannutrykking til unødig brannalarm så vil dei auke vedlikehaldet på sine brannalarmanlegg for å sleppe unødige alarmar/gebyr. Begge desse effektane vil føre til at Herøy brann og redning får redusert sine utgifter/kostnader.

Etter undersøkelsar med nabokommunar så vil ein normal gebyrsats på dagtid ligg mellom 5-10' kroner. Ein normal gebyrsats på kveld/helg vil vere 10-15' kroner.

I punkt 7 i *AVTALEVILKÅR, alarmoverføring mot Møre og Romsdal 110-sentral KF* står det følgjande (heile avtalen ligg vedlagt):

Ved unødig alarm på grunn av uforsiktighet eller lignende kan det lokale brannvesen kreve at utgiftene i forbindelse med utrykningen blir refundert. For enkelte kommuner gjelder egne retningslinjer. Disse retningslinjene er beskrevet på vår nettside. Ved gjentatte feilmeldinger har Møre og Romsdal 110-sentral KF rett til å koble fra anlegget til feilen er rettet og anlegget er brakt i forsvarlig stand.

Vurdering og konklusjon:

Økonomiske konsekvensar av tiltaket vil vere at brannvesenet kan få realisert budsjettert inntekt/redusert kostnad på kr 90.000,- pr. år. Dette er realistisk med ein betalingssats på kr. 5.000 pr. unødig alarm på dagtid og kr. 10.000 pr. unødig alarm på kveldstid, men inntekta vil variere frå år til år, og vonleg minke over tid då byggeigarane truleg vil gjere det dei kan for å unngå unødige alarmar. Samstundes aukar talet på bygg som er tilknytte.

Inntektene er ikkje det primære, men at bygningseigarane skjerpar sin eigenkontroll og syter for mest mogleg eigna varslingsutstyr.

Ein negativ beredskapsmessige konsekvens vil kunne vere at byggeigarar vegrar seg for å knyte seg til 110-sentralen med direkte varsling pga. auka kostnader.

Bygningseigar kan legge inn forseinkingar i brannalarmsentralen slik at personell/bebuarar skal få tid til å stille av før alarmen går ut. Det kan/vil redusere talet på unødige alarmar.

Konsekvensar for folkehelse:
Brann i bustad får store konsekvensar for folkehelsa til dei som vert råka av bustadbrann. Om bygningseigar får meir fokus på årlig vedlikehald av brannalarmanlegg vil risikoen for unødig alarm gå ned og tryggleiken til bebuarane gå opp.

Konsekvensar for beredskap:
Gebyrlegge unødige brannalarmar vil betre beredskapen då desse pengane kan nyttast til anna beredskapsarbeid.

Konsekvensar for drift:
Herøy brann og redning vil få frigitt tid/resursar dersom talet på unødige brannalarmar går ned. Brannutrykking er farlig både for brannmannskap og innbyggarane i kommunen. Det er alltid ein viss fare forbundet med blålyskøyring. Færre brannutrykkingar er positivt for miljøet

Fosnavåg, 09.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

MØRE OG ROMSDAL110-SENTRAL KF

AVTALEVILKÅR, alarmoverføring mot Møre og Romsdal 110-sentral KF

1. Automatiske brannalarmanlegg eller slokkeanlegg kan tilknyttes Møre og Romsdal 110-sentral KF med direkte varsling. Avtalen gjelder for ett anlegg med én sentral.

2. Før tilknytning kan finne sted, skal det interne anlegget være i forsvarlig teknisk stand og godkjent av brannsjefen eller hans stedfortreder. Abonnenten skal også skriftlig gi beskjed om ansvarshavende for anlegget med minst 2 stedfortredere. Eventuelle endringer må til enhver tid skriftlig meldes til 110-sentralen.

3. For å være sikret døgnkontinuerlig overvåkning av brannalarmanlegget plikter abonnenten å anskaffe seg overvåket alarmoverføring.

4. Abonnenten plikter å inngå serviceavtale med godkjent firma for kontroll av brannalarmanlegget minst én gang årlig. Servicen må også omfatte kontroll av selve alarmoverføringen. Ved vedlikehold av alarmanlegget skal overføringen til 110-sentralen kobles ut inntil anlegget idriftsettes igjen.

5. Møre og Romsdal 110-sentral KF forplikter seg ved mottak av denne alarmen å alarmere den lokale brannberedskapen i henhold til gjeldende regelverk, og samtidig varsle ansvarlig representant for bedriften etter nærmere oppsatt aksjonsplan.

6. For ytelser i henhold til denne avtalen betaler abonnenten en årlig avgift til Møre og Romsdal 110-sentral KF, etter gjeldende ”Betalingsreglement for Alarmtilknytning”. Årsavgiften kan prisjusteres uten forvarsel i samsvar med den generelle prisutviklingen. Ved tilknytning betaler man for resterende hele kvartaler i inneværende år. Årsavgiften forfaller til betaling pr. 30.06 i driftsåret. Ved overgang til annen alarmoverføring vil det bli krevd endringsgebyr.

7. Ved unødig alarm på grunn av uforsiktighet eller lignende kan det lokale brannvesen kreve at utgiftene i forbindelse med utrykningen blir refundert. For enkelte kommuner gjelder egne retningslinjer. Disse retningslinjene er beskrevet på vår nettside. Ved gjentatte feilmeldinger har Møre og Romsdal 110-sentral KF rett til å koble fra anlegget til feilen er rettet og anlegget er brakt i forsvarlig stand.

8. Denne avtalen kan sies opp skriftlig av en av partene uten forvarsel. Innbetalt årsavgift kan ikke kreves tilbakebetalt.

Møre og Romsdal 110-sentral KF
Adresse: Sjømannsvn 1B 6008 Ålesund kommune
Telefon: 70 10 38 20
E-mail: 110-sentralen@alesund.kommune .no

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	FA	Arkivsaknr:	2018/1582
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
223/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

AVFALLSGEBYR 2019.

Tilråding:

1. I medhald av forureiningslova § 34 og med atterhald om at saka vert vedtatt i Representantskapet til SSR den 15.11.2018, fastset Herøy kommunestyre følgjande gebyr for standardabonnement for renovasjon gjeldande for 2019:

Type abonnement	Gebyr pr. abonnement 2019	Merknad
Standardabonnement, dunk 140 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall 140/240 l blå, papiravfall	 Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Abonnement – nedgravd løysing	Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Standard sekkeabonnement 30 sekker matavfall 15 sekker restavfall	Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Redusert abonnement, dunk 80 l brun, matavfall 80 l grøn, restavfall 80 l blå, papiravfall	 Kr 3.055,20 Kr 3.819,- inkl. mva. Kr 1.273 inkl. mva pr.termin.	Oppgradert abonnement
Redusert sekkeabonnement 18 sekker matavfall 12 sekker restavfall	Kr 2.841,60 Kr 3.552,- inkl. mva. Kr 1.184 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning

2. Kommunestyret vedtek i tillegg SSR 2019 – forslag til gebyrregulativ med unntak av slamtømingsgebyret som vert vedteke i eiga sak.

3. Vedtaket gjeld fram til det vert gjort nytt vedtak.

Særutskrift:

- Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Smårisevaldet 20, 6065 Ulsteinvik
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg: SSR 2019 Forslag til gebyrregulativ som skal godkjennast av kommunestyra.

Bakgrunn
Saka gjeld fastsetting av avfallsgebyr for 2019.

Saksopplysningar:
SSR har overteke alle oppgåver/ansvar knytt til avfallsordninga for hushaldningar. Det same gjeld m.o.t. greinplassane rundt om i kommunane. Styret og representantskapet i SSR er såleis tillagt samla ansvar for desse avfallsordningane på vegne av Herøy kommune.

I høve representantskapsmøte 27.10.2017 så har representantskapet vedtatt framlegget til sak R13/17 og godkjent endring av hentefrekvens ved innføring av nye fraksjonar.
Innføringa / endringane starta hausten 2018 og skal vere ferdig utført før sommaren 2019. Representantskapet har gjort følgjande vedtak:

- Glas / metall blir ikkje innført som eigen hentefraksjon. Ordninga med nedgravde løysingar og glasigloar blir vidareført og forsterka.
- Våtorganisk avfall blir henta annankvar veke (kvar 14. dag).
- Papir, Papp og plast blir henta kvar fjerde veke (kvar 28. dag).
- Restavfall blir henta kvar fjerde veke (kvar 28. dag).
- Innføringa / endringane startar hausten 2018 og skal vere ferdig utført før sommaren 2019.
- Evaluering av endringane / ordningane blir gjort i løpet av 2020.

Representantskapsmøte den 15.11.2018 skal ta stilling til sak R10/18 budsjett 2019 og gebyrregulativ for 2019. Dette regulativet skal kommunane handsame og godkjenne. Ordninga skal vere sjølvfinansierande og gebyra er heimla i forureiningslova §34.

Framlegget til satsar er føreslått auka frå 2018, med bakgrunn i at sjølvkostfondet er redusert – Satsane på standardabonnement for 2019 vil då verte slik:

Type abonnement	**Gebyr pr. abonnement 2019**	**Merknad**
Standardabonnement, dunk 140 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall 140/240 l blå, papiravfall	 Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Abonnement – nedgravd løysing	Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Standard sekkeabonnement 30 sekker matavfall 15 sekker restavfall	Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Redusert abonnement, dunk 80 l brun, matavfall 80 l grøn, restavfall 80 l blå, papiravfall	 Kr 3.055,20 Kr 3.819,- inkl. mva. Kr 1.273 inkl. mva pr.termin.	Oppgradert abonnement
Redusert sekkeabonnement 18 sekker matavfall 12 sekker restavfall	Kr 2.841,60 Kr 3.552,- inkl. mva. Kr 1.184 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse: Positivt for folkehelsa med systematisk innhenting av avfall.

Konsekvensar for beredskap: Ingen konsekvensar.

Konsekvensar for drift: Ingen konsekvensar for kommunal drift då tenesta vert administrert og utført av SSR etter sjølvkostprinsippet.

SSR legg opp til å auke gebyra frå 2018, dette med bakgrunn i at sjølvkostfondet er redusert.

Rådmannen vil tilrå at gebyra for standardabonnement og gebyrregulativ for 2019 vert vedteke som tilrådd, då med atterhald om at saka vert vedtatt slik den ligg føre i Representantskapet til SSR den 15.11.2018.

Fosnavåg, 05.11.2018

Olas-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Fred Arnesen

SSR 2019 – Gebyrregulativ som skal godkjennast i kommunestyra:

(Alle prisar er ekskl. mva. og inkl. mva.)

STANDARDABONNEMENT:

Type abonnement:	**Gebyr 2019:**	**Gebyr 2018 (samanlikning):**
Standardabonnement, dunk: 140 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 3.268,80 kr 4.086,- inkl. mva. kr 1.362,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Abonnement – nedgravd løysing	kr 3.268,80 kr 4.086,- inkl. mva. kr 1.362,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Standard sekkeabonnement: 30 sekkar matavfall 15 sekkar restavfall	 kr 3.268,80 / kr 4.086,- m/mva. kr 1.362,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning

ANDRE TYPER ABONNEMENT:

Type abonnement:	**Gebyr 2019:**	**Gebyr 2018 (samanlikning):**
Storhushald, dunk: 140 l brun, matavfall 240 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 3.592,80 kr 4.491,- inkl. mva. kr 1.497,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Storhushald XL, dunk: 240 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 3.919,20 kr 4.899,- inkl. mva. kr 1.633,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Storhushald XXL, dunk: 240 l brun, matavfall 240 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 4.243,20 kr 5.304,- inkl. mva. kr 1.768,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Redusert abonnement, dunk: 80 l brun, matavfall 80 l grøn, restavfall 80 l blå, papiravfall	 kr 3.055,20 kr 3.819,- inkl. mva. kr 1.273,- inkl. mva. pr. termin	 Oppgradert abonnement
Storhushald, sekkar: 36 sekkar matavfall 18 sekkar restavfall Redusert sekkeabonnement: 18 sekkar matavfall 12 sekkar restavfall	kr 3.919,20 / kr 4.899,- m/mva. kr 1.633,- inkl. mva. pr. termin kr 2.841,60 / kr 3.552,- m/mva. kr 1.184,- inkl. mva pr. termin	4 % prisstigning 4 % prisstigning

Forts.

Forts.

HEIMEKOMPOSTERING:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Heimekompostering (gjeld kun for standardabonnement, delt abonnement og redusert abonnement)	kr 410,40,- i reduksjon på renovasjonsgebyret. (Max to husstandar per kompostbinge) kr 513,- inkl. mva. kr 171,- inkl. mva. pr. termin	Same reduksjon som i 2018

FRITIDSABONNEMENT:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Fritidsabonnement; dunk 140 l, sekkar (12 stk.) eller nedgravd løysing (ca ¼ av standardprisen)	kr 811,20 kr 1.014,- inkl. mva. kr 338,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Tillegg for større dunk 240 l	kr 326,40 - pr. år pr. dunk kr 408,- inkl. mva. kr 136,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning

ABONNEMENTSDELING OG TILLEGG VED STØRRE DUNKAR:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Abonnementsdeling 140 l / 240 l matavfall, 140 l / 240 l restavfall, 240 l papiravfall 2 husstandar, pris pr. husstand 3 husstandar, pris pr. husstand 4 husstandar, pris pr. husstand	kr 2.841,60 kr 3.552,- inkl. mva. kr 1.184,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Abonnementsdeling 660 l matavfall, 660 l restavfall, 660 l papiravfall 5 husstandar eller meir, pris pr. husstand	kr 2.841,60 kr 3.552,- inkl. mva. kr 1.184,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Tillegg for større dunk 370 l (tillegg på prisen for XXL)	kr 535,20 pr. år pr. dunk kr 669,- inkl. mva. kr 223, inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Tillegg for større dunk 660 l (tillegg på prisen for XXL)	kr 878,40 pr. år pr. dunk kr 1.098,- inkl. mva. kr 366,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning

Forts.

Forts.

SLAMTØMING:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Tøming vanleg tank hushaldning (gjeld ikkje dei som er tilknytta offentleg avløpsnett)	Pris inn + 25 %. Herøy / Sande fakturerer sjølve. SSR fakturerer for Hareid og Ulstein. Evnt. overskot der går til eige sjølvkostfond.	Uendra prinsipp frå 2018.

TILLEGGSTENESTER:

Type teneste:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Utskifting av dunkar på løpande abonnement – til større eller mindre dunkar	kr 211,20,- pr. gong når det blir skifta ut dunkar / dunkesett. kr 264,- inkl. mva.	4 % prisstigning
Gebyr for ekstrahenting	kr 211,20 pr. gong kr 264,- inkl. mva.	4 % prisstigning
Avstandsgebyr *	Individuell prisfastsetting	Som tidlegare

* Avstandsgebyr for henting/tøming utanfor vanlege køyreruter – prissetting etter vegstandard og avstand frå køyreveg.

OPPSTART / RESTART ABONNEMENT:

Type gebyr:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Gebyr oppstart nytt abonnement / restart av kvilande abonnement	kr 848,- pr. gong kr 1.060,- inkl. mva.	4 % prisstigning

LEVERING PÅ MILJØSTASJONANE:

Type teneste:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Pris pr. sekk ved kjøp:	kr 20,- kr 25,- inkl. mva.	Uendra frå 2018 – m.a.o. ein realprisnedgang
Levering til miljøstasjonar:	kr 2.120,- pr. tonn kr 2.650,- pr. tonn inkl. mva.	4 % prisstigning
Minstesum ved levering til miljøstasjonar:	kr 52,- kr 65,- inkl. mva.	Uendra frå 2018 – m.a.o. ein realprisnedgang
Volumgebyr over 0,2 m3:	kr 444,80 pr m3 kr 556,- pr m3 inkl. mva.	4 % prisstigning

Forts.

Forts.

SATSAR FOR BILDEKK:

Type fraksjon:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Dekk på felg:	kr 120,80 kr 151,- inkl. mva.	4 % prisstigning
Reine dekk utan felg: Skitne og tilgrisa dekk:	Inkludert i gebyret kr 2,65 pr. kg. inkl. mva.	4 % prisstigning

SATSAR PÅ GREINPLASSANE:

Type fraksjon:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Grein- og hageavfall frå hushaldningar – inntil 250 kg.	Inkludert i gebyret	Som før
Frå 250 kg. og oppover blir rekna som næring, pluss at røter, jord, stein, aur, sand, etc. er betalingsfraksjonar	kr 936,- pr. tonn kr 1.170,- inkl. mva. kr 0,94 pr. kg kr 1,17 inkl. mva.	4 % prisstigning

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	FA	Arkivsaknr:	2018/1583
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
224/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

GEBYRREGULATIV FOR SLAMTØMING 2019.

Tilråding:

1. Årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar vert vedteke uendra frå 2018 til 2019. Dvs. at gebyret i 2019 vert sett til kr.925,- for tankvolum inntil 6 m3. For traktortøming, større slamavskiljarar samt tette tankar er prisen entreprenørs faktura med eit påslag på 25%.

2. Vedtaket vert gjort med heimel i lov av 31. mars 1981 nr.6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) §34.

Særutskrift:

- Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Smårisvaldet 20, 6065 Ulsteinvik
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:
SSR 2019 – Forslag til Gebyrregulativ som skal godkjennast av kommunestyra.

Bakgrunn for saka:
Saka gjeld fastsetjing av årsgebyr for slamtøming av private slamavskiljarar for 2019. Årsgebyret for slamtøming er foreslått med bakgrunn i prisane frå SSR. Samt med tillegg av kommunen sine administrasjonskostnader og vurdert behov for å ha midlar i fond.

Saksopplysningar:
Etter forureiningslova §26 har kommunen plikt til å syte for tøming av private slamavskiljarar. Det er krav om full kostnadsdekning for ordninga med slamtøming jfr. forureiningslova §34. For berekning av gebyr gjeld difor sjølvkostprinsippet, d.v.s. at kommunen ikkje kan subsidiere ordninga med slamtøming, og kan heller ikkje tene på ordninga.

Det er Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) om har kontrakt med slamentreprenør Stokkland bilruter og administrerer ordninga for m.a. Herøy kommune. Utifrå prisane som ligg i kontrakta, så vil ikkje denne avtala utgjere noko vesentleg prisauke i forhold til inneverande periode.

I forslaget til gebyrregulativ frå SSR som skal handsamast i Representantskapet den 15.11.2018, så har dei lagt opp til at gebyret for slamtøming skal vere pris inn + 25 % for tøming av tankar inntil 6m3. altso uendra frå 2018.

Årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar i Herøy kommune vart i 2018 sett til kr 925,- + mva. for tankvolum inntil 6m3.

Neste tømerunde for slamtankar i Herøy kommune vert utført i slutten av 2018. Normal tømefrekvens er 2. kvart år på bustadar og 4. kvart år på fritidsbustadar hytter.

Rådmannen vil med bakgrunn i ovanståande tilrå at slamtømingsgebyret i Herøy kommune vert halde uendra frå 2018 til 2019.

Konsekvensar for folkehelsa:
Etablering av gode tømerutinar fremmar god folkehelse.

Konsekvensar for beredskap:
Kort utrykkingstid for slamentreprenøren gir god beredskap i forhold til uønska forureining.

Konsekvensar for drifta:
Alle utgifter i tilknyting til slamtøming skal kostast av abonnentane og belastar soleis ikkje den kommunale drifta elles.

Vurdering og konklusjon:
Tømerunda som vert utført i 2018 vert oppfinansiert ved å bruke bunde fond for slamtøming (Avsette i fond for 2017) samt ved bruk av årleg gebyr slamtøming for 2018.

Neste tømerunde skal utførast i slutten av 2018 og dermed gjennomførast/betalast over budsjettåra 2017 og 2018. Slamgebyret for 2017 vart lagt i fond, som vil gå med til å betale for tømerunda i 2018. Ein vil soleis ha nok til å betale for tømerunda og dermed

vil ein ha ei dekningsgrad som gjer at ordninga er sjølvfinansierande, og ikkje belastar drifta elles.

Rådmannen vil med bakgrunn i ovanståande og etter ei samla vurdering tilrå at gebyret for slamtøming av private slamavskiljarar i 2019 vert det same som i 2018. Dvs. at årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar i 2019 vert sett til kr. 925,- + mva for tankvolum inntil 6 m3. For traktortøming, større slamavskiljarar samt tette tankar er prisen entreprenørs faktura med eit påslag på 25%. Eventuelt overskot vert å plassere på sjølvkostfond for slamtøming av private slamavskiljarar.

Fosnavåg, 05.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Fred Arnesen

SSR 2019 – Gebyrregulativ som skal godkjennast i kommunestyra:

(Alle prisar er ekskl. mva. og inkl. mva.)

STANDARDABONNEMENT:

Type abonnement:	**Gebyr 2019:**	**Gebyr 2018 (samanlikning):**
Standardabonnement, dunk: 140 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 3.268,80 kr 4.086,- inkl. mva. kr 1.362,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Abonnement – nedgravd løysing	kr 3.268,80 kr 4.086,- inkl. mva. kr 1.362,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Standard sekkeabonnement: 30 sekkar matavfall 15 sekkar restavfall	 kr 3.268,80 / kr 4.086,- m/mva. kr 1.362,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning

ANDRE TYPER ABONNEMENT:

Type abonnement:	**Gebyr 2019:**	**Gebyr 2018 (samanlikning):**
Storhushald, dunk: 140 l brun, matavfall 240 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 3.592,80 kr 4.491,- inkl. mva. kr 1.497,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Storhushald XL, dunk: 240 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 3.919,20 kr 4.899,- inkl. mva. kr 1.633,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Storhushald XXL, dunk: 240 l brun, matavfall 240 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 4.243,20 kr 5.304,- inkl. mva. kr 1.768,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Redusert abonnement, dunk: 80 l brun, matavfall 80 l grøn, restavfall 80 l blå, papiravfall	 kr 3.055,20 kr 3.819,- inkl. mva. kr 1.273,- inkl. mva. pr. termin	 Oppgradert abonnement
Storhushald, sekkar: 36 sekkar matavfall 18 sekkar restavfall Redusert sekkeabonnement: 18 sekkar matavfall 12 sekkar restavfall	kr 3.919,20 / kr 4.899,- m/mva. kr 1.633,- inkl. mva. pr. termin kr 2.841,60 / kr 3.552,- m/mva. kr 1.184,- inkl. mva pr. termin	4 % prisstigning 4 % prisstigning

Forts.

Forts.

HEIMEKOMPOSTERING:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Heimekompostering (gjeld kun for standardabonnement, delt abonnement og redusert abonnement)	kr 410,40,- i reduksjon på renovasjonsgebyret. (Max to husstandar per kompostbinge) kr 513,- inkl. mva. kr 171,- inkl. mva. pr. termin	Same reduksjon som i 2018

FRITIDSABONNEMENT:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Fritidsabonnement; dunk 140 l, sekkar (12 stk.) eller nedgravd løysing (ca ¼ av standardprisen)	kr 811,20 kr 1.014,- inkl. mva. kr 338,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Tillegg for større dunk 240 l	kr 326,40 - pr. år pr. dunk kr 408,- inkl. mva. kr 136,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning

ABONNEMENTSDELING OG TILLEGG VED STØRRE DUNKAR:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Abonnementsdeling 140 l / 240 l matavfall, 140 l / 240 l restavfall, 240 l papiravfall 2 husstandar, pris pr. husstand 3 husstandar, pris pr. husstand 4 husstandar, pris pr. husstand	kr 2.841,60 kr 3.552,- inkl. mva. kr 1.184,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Abonnementsdeling 660 l matavfall, 660 l restavfall, 660 l papiravfall 5 husstandar eller meir, pris pr. husstand	kr 2.841,60 kr 3.552,- inkl. mva. kr 1.184,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Tillegg for større dunk 370 l (tillegg på prisen for XXL)	kr 535,20 pr. år pr. dunk kr 669,- inkl. mva. kr 223, inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Tillegg for større dunk 660 l (tillegg på prisen for XXL)	kr 878,40 pr. år pr. dunk kr 1.098,- inkl. mva. kr 366,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning

Forts.

Forts.

SLAMTØMING:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Tøming vanleg tank hushaldning (gjeld ikkje dei som er tilknytta offentleg avløpsnett)	Pris inn + 25 %. Herøy / Sande fakturerer sjølve. SSR fakturerer for Hareid og Ulstein. Evnt. overskot der går til eige sjølvkostfond.	Uendra prinsipp frå 2018.

TILLEGGSTENESTER:

Type teneste:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Utskifting av dunkar på løpande abonnement – til større eller mindre dunkar	kr 211,20,- pr. gong når det blir skifta ut dunkar / dunkesett. kr 264,- inkl. mva.	4 % prisstigning
Gebyr for ekstrahenting	kr 211,20 pr. gong kr 264,- inkl. mva.	4 % prisstigning
Avstandsgebyr *	Individuell prisfastsetting	Som tidlegare

* Avstandsgebyr for henting/tøming utanfor vanlege køyreruter – prissetting etter vegstandard og avstand frå køyreveg.

OPPSTART / RESTART ABONNEMENT:

Type gebyr:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Gebyr oppstart nytt abonnement / restart av kvilande abonnement	kr 848,- pr. gong kr 1.060,- inkl. mva.	4 % prisstigning

LEVERING PÅ MILJØSTASJONANE:

Type teneste:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Pris pr. sekk ved kjøp:	kr 20,- kr 25,- inkl. mva.	Uendra frå 2018 – m.a.o. ein realprisnedgang
Levering til miljøstasjonar:	kr 2.120,- pr. tonn kr 2.650,- pr. tonn inkl. mva.	4 % prisstigning
Minstesum ved levering til miljøstasjonar:	kr 52,- kr 65,- inkl. mva.	Uendra frå 2018 – m.a.o. ein realprisnedgang
Volumgebyr over 0,2 m3:	kr 444,80 pr m3 kr 556,- pr m3 inkl. mva.	4 % prisstigning

Forts.

Forts.

SATSAR FOR BILDEKK:

Type fraksjon:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Dekk på felg:	kr 120,80 kr 151,- inkl. mva.	4 % prisstigning
Reine dekk utan felg: Skitne og tilgrisa dekk:	Inkludert i gebyret kr 2,65 pr. kg. inkl. mva.	4 % prisstigning

SATSAR PÅ GREINPLASSANE:

Type fraksjon:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Grein- og hageavfall frå hushaldningar – inntil 250 kg.	Inkludert i gebyret	Som før
Frå 250 kg. og oppover blir rekna som næring, pluss at røter, jord, stein, aur, sand, etc. er betalingsfraksjonar	kr 936,- pr. tonn kr 1.170,- inkl. mva. kr 0,94 pr. kg kr 1,17 inkl. mva.	4 % prisstigning

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	FA	Arkivsaknr:	2018/1584
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
225/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

GEBYRREGULATIV 2019 - AVLAUPSGEBYR.

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre vedtek nytt gebyrregulativ for avlaupsgebyr for Herøy kommune med verknad frå 01.01.2019,jfr. Vedlagt forslag til Gebyrregulativ for avlaup 2019.

2. Dette vedtaket er gjort med heimel i lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31.mai 1974.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her

VEDLEGG:
1. Gebyrregulativ 2019 - Avlaupsgebyr

BAKGRUNN FOR SAKA:
Saka gjeld årleg fastsetjing av tilknytings- og årsgebyr for avlaup etter forskrift vedteke i kommunestyret 27.10.2005 saksnr: 088/05.

SAKSOPPLYSNINGAR:
Gjeldande prisjustering vart vedteken med verknad frå 01.01.18. Ein vil i forslag til avlaupsgebyr for 2019 halde gebyret uendra frå 2018. Ein vil i inneverande år bruke om lag 2 mill. kroner av eit totalbudsjett på 14.2 mill. kroner avsett til utbygging etter Kloakkrammeplanen i 2018.
Låna til leidningsanlegg vert avskrivne over 40 år, medan tekniske anlegg som pumpestasjonar og silanlegg vert avskrivne over 20 år. Pr. 31.12.2017 stod det 1.134.373,- kroner på bunde driftsfond kloakk. Totalt aktivert i balansen vedkomande avlaupsanlegg er i dag om lag 98 mill. kroner. Avskrivingar og renter vert berekna av denne summen og er i budsjettet for 2018 berekna til om lag 6,4 mill. kroner samla.

Etter gjeldande sentrale lover og forskrifter vedkommande vass- og kloakkgebyr er det lagt opp til at meir av det samla gebyret skal leggjast på årsgebyret medan tilknytingsgebyret bør reduserast. I gebyrforskrifta for Herøy kommune som vart gjort gjeldande frå og med 01.01.2006 er det lagt opp til dette. For 2019 vert det i forslaget til gebyrregulativ lagt opp til at årsgebyret og tilknytingsgebyret vert halde på same nivå som i 2018, altså ingen auke i avlaupsgebyra for 2019. Forslag til nytt gebyrregulativ for avlaup for 2019 følgjer saka som vedlegg.

Ved den årlege rekneskapsavslutninga vert alle funksjonane som ligg under ansvar 5131 Avlaup sett under eitt.

VURDERING OG KONKLUSJON:

Konsekvensar for folkehelsa:
Etablering av gode avlaupsanlegg fremmar god folkehelse.

Konsekvensar for drifta:
Alle utgifter i tilknyting til avlaupsanlegg for kloakk vert kosta av abonnentane og belastar såleis ikkje den kommunale drifta elles.

Konsekvensar for beredskap:
Gode avlaupsanlegg og god drift / driftsovervaking gir god beredskap i forhold til uønska forureining.

Avlaupsgebyra i Herøy kommunen er noko høge i forhold til nabokommunane. Dette kjem m.a. av topografien og busetnaden i kommunen med mange bygdelag der det må byggast ut kommunalt avlaupsnett. Fleire stadar vert det p.g.a dette lang transport av avlaupsvatn ved hjelp av ein rekke pumpestasjonar som både er dyre å bygge og som gir auka driftsutgifter.

Utbyggingstakta og kostnadane med utbygging av avlaupsanlegg i kommunen har vore mindre enn ein hadde rekna med i 2018 og ein vurderer det slik at ein kan halde avlaupsgebyret for 2019 uendra. Rådmannen vurderer det såleis slik at sjølv om ein ikkje aukar tilknytingsgebyret og årsgebyret for 2019 så vil ein ha ei dekningsgrad på 100%. D.v.s. at ordninga er sjølvfinansierande, og ikkje belastar den kommunale drifta elles.

Fosnavåg, 05.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Fred Arnesen

Gebyrregulativ for avlaup

Vedteke i Herøy kommunestyre .2018 med verknad frå 01.01.2019

Rammer for gebyrberegning

- Gebyrene skal ikkje overstige kommunen sine kostnader, men kan avregnes over ein 4 års periode.
- Gebyrberegning baseres på Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974 samt nasjonale og kommunale forskrifter om vann- og avlaupsgebyrer.
- Alle priser skal tillegges 25 % mva.

1. Eingongsgebyr for tilknyting

Eingongsgebyr skal betalast ved tilknyting til offentleg avlaupssystem.

2. Årsgebyr

2.1 Abonnementsgebyr

Abonnementsgebyret skal differensierast etter brukarkategori:

Abonnementsgebyr for næring skal betalast av næringseigedomar, offentlege verksemder og burettslag.

Abonnementsgebyr for bustad skal betalast av andre abonnentar.

Alle abonnentar i ein brukarkategori betalar likt abonnementsgebyr.

Abonnementsgebyr:	Avlaup
• Næring	2836 kr/abonnent
• Bustad	2836 kr/abonnent

2.2 Forbruksgebyr

Forbruksgebyret vert utrekna på grunnlag av **stipulert** eller **målt forbruk,** begge basert på einingspris for avlaup.

Enhetspris

Målt forbruk

Enhetspris for avlaup :
Kr 14,50 pr/ m^3

Forbruksgebyret baseres på faktisk forbruk (vannmåler) og pris pr. m^3. Avlaupsmengde regnes lik vannmengde. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten.

Forbruksgebyr ved bruk av vannmåler:	
• Avlaup	: Enhetspris [kr/m^3] x Målt forbruk [m^3]

Stipulert forbruk

Forbruksgebyret skal baserast på stipulert forbruk og pris pr. m^3.

Stipulert forbruk [m^3] vert utrekna slik:
Bruksareal BRA [m^2] x spesifikt forbruk [m^3/m^2]
der:

- Arealet utreknast som bruksareal BRA [m^2] etter NS 3940
- Spesifikt forbruk er fastsett til 0,90 m^3/m^2

Forbruksgebyr; *bustader*:	
• Avlaup	: Enhetspris [kr/m^3] x Stipulert forbruk [m^3]

Bustadsabonnentane vert plassert i gruppe 1, 2 eller 3 utifrå bruksareal BRA basert på utrekningar i samsvar med NS 3940. Satsane for gruppe 1, 2 og 3 vert rekna med grunnlag i gjennomsnittleg BRA som for Herøy kommune er på hhv. 114 m^2, 212m^2 og 360m^2.

Næringsabonnentane som ikkje har installert vassmålar vert plassert i gruppe 1, 2,3,4 eller 5 utifrå bruksareal BRA basert på utrekningar i samsvar med NS 3940. Satsane for gruppe 1, 2,3 og 4 vert rekna med grunnlag i gjennomsnittleg BRA som for Herøy kommune er på hhv. 314 m^2, 892m^2, 2260m^2 og 4561m^2

AVLAUPSGEBYR (Alle prisar er eks. mva)

Tilknytingsgebyr	
Eingongsgebyr for tilknyting	**KR 15.000,- for tilknyting av bustadar.**
Eingongsgebyr for tilknyting	**KR 15.000,- for tilknyting av næringseigedomar.**

Årsgebyr = ABONNEMENTSGEBYR + FORBRUKSGEBYR		
Abonnementsgebyr		Pr. abonnent
Næring		**Kr 2836,-**
Bustad		**Kr 2836,-**
Forbruksgebyr – Stipulert forbruk etter BRA eller vassmålar.		
Einingspris for avlaup		**14,50 kr/m^3**
Ved bruk av vassmålar: Einingspris * forbruk		
Ved stipulert forbruk: Gjennomsnittleg bruksareal(BRA) for gruppe x spesifikt forbruk x einingspris. Abonnentane vert plassert i aktuelle grupper etter bruksareal der følgjande forbruksgebyr er utrekna.		
Bustadar:		
Gruppe 1	150 m²	**Kr 1.474,-**
Gruppe 2	151 – 299 m²	**Kr 2.739,-**
Gruppe 3	Over 300 m²	**Kr 4.654,-**
GAB registrerte fritidseigedommar: 0.5 * stipulert forbruksgebyr		
Næringsbygg:		
Gruppe 1	500 m²	**Kr 4.509,-**
Gruppe 2	501 – 2000 m²	**Kr 12.810,-**
Gruppe 3	2001 – 4000 m²	**Kr 32.457,-**
Gruppe 4	4001 – 5500 m²	**Kr 65.504,-**
Gruppe 5	Over 5501 m²	**Kr 14,50 pr m²**

Alt bruksareal i bustadar (BRA) skal medreknast i gebyrgrunnlaget, for næringsbygg skal alle bygg på eigedomen medreknast i gebyrgrunnlaget.

HERØY KOMMUNE

Servicetorget

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	WM	Arkivsaknr:	2017/1560
		Arkiv:	U62

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Komite for helse og omsorg	29.11.2018
226/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

INNFØRING AV AVGIFT FOR SAL AV TOBAKKSVARER I HERØY KOMMUNE

Tilråding:

Herøy kommune innfører avgift for sal av tobakksvarer i kommunen gjeldande frå 01.01.2019.

Avgifta sin storleik vert til ein kvar tid sett i samsvar med satsar i forskrift til tobakkskadelova.

Vedtaket er gjort med heimel i tobakkskadelova § 10 og forskrift om registrering av og tilsyn av tobakksvarer m.m § 24.

Særutskrift: Dei som i 2018 var registrert som utsalsstadar

Samandrag av saka:
Kommunen skal føre tilsyn med dei som sel tobakksvarer. For dette arbeidet kan kommunen krevje ei avgift på inntil kr. 4500,- etter satsar for 2018. Fleire kommunar har innført avgift. Skal Herøy kommunen krevje inn avgift på tobakksvarer?

Saksopplysningar:

Helsedirektoratet sine nettsider har nytting informasjon om konsekvensar av røyking og korleis ein kan førebygge i kommunane.
Førebygging av røykestart og arbeid med røykeslutt kan gi en gevinst for både kommunen og innbyggarane gjennom å førebygge sjukdom og sjukefråvær, få fleire gode leveår og ein friskare gruppe heimebuande eldre .

Tobakkskadelova har som føremål å redusere forbruk og for på sikt å oppnå eit tobakksfritt samfunn. I tillegg regulerer lova tiltak for å førebygge at barn og unge starter å bruke tobakksvarer og fremje at dei som allereie bruker tobakksvarer sluttar og hindre at innbyggjarane vert eksponert for tobakksrøyk, jf. tobakkskadelova §1.

Registrering:
Sal av tobakksvarer og tobakksurrogat er forbode utan at ein er registrert hjå helsedirektoratet. Det er kvar enkelt verksemd som må registrere seg i dette registeret. Registrering gjeld både for permanente utsalsstadar og for utsalsstad som sel deler av året eller ved enkelt anledning, jf. tobakkskadelova § 4.

Kommunen sitt tilsynsansvar:
Kommunen skal føre tilsyn med dei som sel tobakksvarer. Dette omfattar:

- Sal av tobakksvarer (aldersgrense, sjølvbetening, gratisutdeling og rabattar), §§17-21
- Reklameforbodet (inkluderer sponsing og oppstillingsforbod), §§22-24
- Krav til merking og utforming av tobakksvarer (standardiserte pakningar, helseadvarsel, minstestorleik), §§30-33
- Forbod mot sal av tobakksvarer/surrogat som ikkje er loveleg impotert eller kjøpt frå registrert grossist, §4
- Sal i strid med forbod om sal, §5
- Forbod mot enkelte produktkategoriar, §42

Dersom det vert avdekt brot på lovverket kan kommunen pålegge retting av forholdet.Det kan settast frist for rettinga og kommunen kan krevje at det vert gitt skriftleg melding om at retting har skjedd.

Kommunen kan fastsette tvangsmulkt dersom krav om retting ikkje vert overhalde. Denne mulkta betalast inn til staten, jf. § 8.
Kommunen kan også treffe vedtak om forbod mot sal dersom visse brot skjer , jf. §9.

Avgift:
Etter tobakkskadelova § 10 kan kommunen krevje avgift til dekning av kostnadar med tilsynsoppgåver.

Forskrifta § 24 setter rammer for storleiken på avgifta slik:
«Tilsynsmyndigheten kan kreve en årlig tilsynsavgift fra salgssteder for tobakksvarer og tobakkssurrogater til forbruker på 4500 kroner. Fra midlertidige salgssteder kan tilsynsmyndigheten kreve en årlig tilsynsavgift på 1200 kroner.»

Fleire kommer har innført denne avgifta.

Status for Herøy kommune:
I Herøy kommune er det 15 utsalsstadar som sel tobakksvarar gjennom året. I tillegg er det ein utsalsstad som er knytt til sommarsesongen. Salsperiode men periode er over det som kan reknast som midlertidig.

Kontroll av utsalsstadane vert gjort av Securitas i samband med sal- og skjenkekontrollane. For stadar utan sal- eller skjenkeløyve, seks stadar i Herøy, betalar kommunen kr. 368,- pr. kontroll.
Kontrollrapportane vert sendt Servicetorget som har oppfølging av rapportane. Til no er det ikkje kome avvik for sal av tobakk.

Vurdering og konklusjon:
Konsekvensar for folkehelse:
Bruk av tobakksvarer er eit samfunnsproblem og det er viktig å førebygge for å hindre at personar tek til å bruke produkta. Samtidig er det viktig å arbeide for at folk sluttar.
Innføring av avgift er i utgangspunktet ikkje direkte eit førebyggande tiltak, men vil kunne påverke talet på utsalsstadar og tilgjengelegheit.

Konsekvensar for drift:

Kommunen har utgifter i samband med kontrollane og administrativ oppfølging av kontrollrapportane.
Dersom dei som sel tobakksvarer i dag held fram i 2019 vil innføring av avgift etter satsar for 2018 gi inntekter på om lag kr. 72 000,-. Administrasjonen finn det rimeleg at utgifter knytt til sal av tobakksvarer vert dekt gjennom innføring av avgift i kommunen etter satsane som til ein kvar tid vert sett i forskrift til lova.

Fosnavåg, 23.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Wenche Moltu

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TORGER	Arkivsaknr:	2018/1588
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
227/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

AVGIFTSSATSAR FOR BRØYTING AV PRIVATE VEGAR 2019

Tilråding:

1. Brøyteabonnentane skal betale gebyr/beredskapsgodtgjersle fordelt slik:
   - Fyrste halvår: 151 kroner.
   - Andre halvår: 151 kroner + 65.520 kroner fordelt på tal på abonnentar.
2. For vegar med lengde 25-100m skal det betalast 140 kroner pr. gong. For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m skal det betalast eit tillegg på 85 kroner.

Meirverdiavgifta kjem i tillegg.

Dei nye satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her

Samandrag av saka:

Saka gjeld fastsetting av årleg gebyr for brøyting av private vegar i regi av kommunen for 2019.

Saksopplysningar:

Dagens regelverk for brøyting av private vegar i regi av kommunen vart vedteke i K-sak 137/10 og gjort gjeldande frå årsskiftet 2010/2011.

Brøyting av kommunale og private vegar er delt inn i 9 roder. I samband med forslag til innsparingar for anlegg og driftsavdelinga, behandla i K-sak 57/18, vart det lagt fram forslag om å ta vekk brøyting av private vegar i regi av kommunen. Dette ville redusere talet på roder med 2, slik at ein sat att med 7 roder. Kommunestyret gjorde slikt vedtak: Vedtak 6. «Kommunestyret ber om at tilbodet om privat brøyting vert oppretthalde. Tenesta skal vere sjølvfinansierande og basert på sjølvkostprinsippet.»

Frå og med brøytesesongen 2015/2016 vart det inngått nye brøyteavtalar med private brøytarar. Avtalane gjeld for 2 år med høve til forlenging med 2 + 1 år.

I 2017 vart avtala forlenga med 2 år, og gjort gjeldande for sesongen 2017/2018 og 2018/2019.

Prisen på tenesta er 2-delt og for 2018 var satsane slik:

1. Fast årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle for alle abonnentar: 286 kroner.

2. For vegar med lengde 25-100m: 133 kroner per gong. For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m eit tillegg på 80 kroner.

Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Statistisk sentralbyrå (SSB) sin indeks for vinterdrift av vegar viser ein kostnadsauke på 5,5% frå 3. kvartal 2017 til 3. kvartal 2018.

Byggekostnadsindeks for veganlegg. 1. kvartal 2004=100

	3. kvartal 2018	Endring i prosent	
		2. kvartal 2018 - 3. kvartal 2018	3. kvartal 2017 - 3. kvartal 2018
Veganlegg, i alt	**171,7**	**1,0**	**5,4**
Veg i dagen	172,0	1,1	5,5
Betongbru	174,8	1,0	5,3
Fjelltunnel	167,2	0,8	5,4
Drift og vedlikehold av veger, i alt	**173,4**	1,4	6,8
Asfaltering av veger	199,5	4,9	13,0
Vinterdrift av veger	161,3	0,1	5,5

Godtgjerdsla til kommunen sine brøytekontraktørar vert regulert årleg etter SSB sin indeks for vinterdrift av vegar.

Beredskapsgodtgjerdsla til brøytarane for sesongen 2018/2019 er på Kr 65.520,- pr. rode.

Tal på private brøyteabonnentar pr. 01.11.2018 er 173 stk.

Vurdering og konklusjon:

Med bakgrunn i at godtgjerdsla til kommunen sine brøytekontraktørar vert regulert årleg etter SSB sin indeks for vinterdrift av vegar, vil ein tilrå at avgiftssatsane for brøyting av private vegar i regi av kommunen inklusiv den faste delen, vert auka med 5,5%.

For andre halvår vil ein i tillegg tilrå at tapte innsparingar på 65.520 kroner vert dekt av abonnentane over beredskapsgebyret. Dette med bakgrunn i vedtak om at brøyting av private vegar skal vere sjølvfinansierande. Om privat brøyting vart tatt vekk frå og med sesongen 2019/2020 kunne ein inngått nye brøytekontraktar der ein berre hadde 7 roder. Dette ville for sesongen 2019/2020 medført ei innsparing på 131.040 kroner, for andre halvår 2019 utgjer dette 65.520 kroner.

Med dagens tal på abonnentar vil beredskapsgebyret då verte 530 kroner for andre halvår.

Forslag til nye satsar gjeldande for 2019 vert då slik:

1. Brøyteabonnentane skal betale gebyr/beredskapsgodtgjersle fordelt slik:

    - Fyrste halvår: 151 kroner.
    - Andre halvår: 151 kroner + 65.520 kroner fordelt på tal på abonnentar.

2. For vegar med lengde 25-100m skal det betalast 140 kroner pr. gong. For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m skal det betalast eit tillegg på 85 kroner.

Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Dei nye satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Fosnavåg, 05.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Fred Arnesen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Torger Kvalsund

HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2018/955
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
228/18	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	

BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022 - TREDJE HANDSAMING

Tilråding:

1. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2019 (runda av til næraste kr 5.000,-).

	2019	2018
POLITISK LEIING	**4.150**	**4.080**
ADMINISTRATIV LEIING	**1.835**	**1.795**
STAB	**46.780**	**45.960**
Servicetorg	3.245	3.155
Dok senter/innkjøp/stabsleiing	4.135	3.925
Økonomiavdeling	5.375	5.690
Personal- og org.avdeling	7.355	7.425
IKT	7.430	6.610
Eigedom	19.240	19.155
OPPVEKST	**186.620**	**183.550**
Barnehageavdeling	71.370	68.320
Grunnskuleavdeling	115.250	115.230
HELSE OG OMSORG	**219.695**	**205.725**
Administrasjon helse og omsorg	1.335	1.305
Barn, familie, helse (ink NAV og flykting)	56.950	47.850
Pleie- og omsorgsavd	112.600	108.320
Bu- og habiliteringsavd	40.070	39.850

Tenestekoordinering	8.740	8.580
SAMFUNNSUTVIKLING	**34.820**	**33.215**
Kulturavdelinga	8.990	8.575
Utviklingsavdelinga, ink Landbruk	8.360	7.630
Brannvernsavdelinga	8.300	8.800
Anleggs- og driftsavdelinga	9.170	8.210
OVERFØRINGSKAPITTELET	**13.220**	**13.870**
ØHJELP, MOTTAK		**(1.180)**
SUM	**507.120**	**487.195**

2. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskatteøre for år 2019.

3. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert om ikkje anna vert bestemt særskilt.

4. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:

a. Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2019.
Kr 2.990,- for heil plass + matpengar kr 360,- gjeldande frå 1 januar 2019 og kr 3.040,- for heil plass + matpengar kr 360,- gjeldande frå 1. august 2019

b. Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarande kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.

c. Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.

d. Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:
- Timepris: kr 380,- (kr 370,- i 2018)
- 2-3 G – Kr 1.400,- per mnd (Uendra frå 2018)
- 3-4 G – Kr 1.750,- per mnd (Uendra frå 2018)
- 4-5 G – kr 2.100,- pr mnd (Uendra frå 2018)
- Over 5 G – kr 2.450,- per mnd (Uendra frå 2018)

e. Leige tryggleiksalarmar kr 350,- per månad

f. Korttidsopphald institusjon kr 155,- pr døgn (uendra)
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.

g. Dagplass ved institusjon kr 80,- pr dag (uendra).
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.

h. Sal av middag ved institusjonane kr 90,- pr middag (kr 90,- i 2017)

i. Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (uendra)

j. Fullkost per mnd kr 3.600,- eller kr 170,- per døgn eller kr 120,- per dag (endra)

k. Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr 2.150,- (kr 2.050,- per døgn i 2018).

l. Eigenbetaling for elevplass i Kulturskulen blir kr 3.600,- (kr 3.500,-) gjeldande Leige av instrument og utstyr blir kr 460,- per år. Betalingar for tenester til dirigent for vaksne kor og korps vert auka til kostpris. Alle endringane gjeld frå 01.08.2019.
m. Eigenbetaling for SFO-plass. Gruppe 3 Full plass kr 2.705,- (kr 2.625,-). Gruppe 2 (inntil 14 timar) kr 2.225,- per mnd (2.160,-) og gruppe 1 (inntil 10 timar per veke) kr 1.576,- (kr 1.530,-). Matpengar og satsar for ferie-SFO vert auka med 3%. Alt gjeldande frå 01.08.2019.
n. Eigenbetaling for norskopplæring for vaksne: Kr 145,- per gong på dagtid og kr 155,- per gong på kveldstid. Prisane gjeld frå 01.01.2019.
o. Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming vert fastsett for 2019 gjennom eigne vedtak i kommunestyret.
p. Gebyrsatsane for byggesak, plan og oppmåling aukar med 3% frå 2018 til 2019
q. Andre avgifter, betalingssatsar etc som ikkje er nemnt over aukar med 3,0%

(Når det gjeld prisane innan pleie- og omsorg er målsetjinga eins prisar for alle kommunane på Søre Sunnmøre med unntak av kurdøgnprisen som reflekterer kva det kostar per døgn å bo på institusjon (sjølvkost).

5. Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2018, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unytta ramme til 2019.

6. Budsjettet for 2019 fører til slike nye faste stillingsheimlar:

   - 100% stilling som psykolog finansiert av øyremerka statstilskott (omlag kr 400.000,-. Kommunal eigendel omlag kr 550.000,- vert å dekkje innanfor ramma.
   - 140% stilling inna kvardagsrehabilitering. Finansiert med kr 620.000,- i statstilskott. Kommunal eigendel omlag kr 300.000,- vert å dekkje innanfor ramma.

7. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.

8. Kommunestyret godkjenner at det vert innhenta ekstern konsulentbistand for å utvikle konkrete sparetiltak tilsvarande 17 mill kr. Arbeidet skal bygge på KOSTRA-analysen som allereie ligg føre. Det skal søkjast OU- midlar til finansieringa av konsulentbistanden. Tiltaka skal vere realistiske og gjennomførbare. Prosessen skal gjennomførast så snart som råd og rapport med tiltak skal ligge føre seinast 01.04.2019.

9. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre, når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.

10. Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggast fram for kommunestyret for endeleg godkjenning (økonomisk avslutning).

11. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.

12. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 89,8 mill for 2019 + 10,0 mill i vidareutlån i Husbanken. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet.

13. Herøy kommunestyre godkjenner ein trekkrett i Danske Bank AS på inntil 100,0 mill kr. til utløpsdato for gjeldande bankavtale 01.09.2019 med oppsjon fram til 01.09.2020.

14. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2019. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

15. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.

16. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2019 og økonomiplanen for perioden 2020-2022 på grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

Særutskrift:

- Kommunalsjefane, her
- Vest kontroll AS

Vedlegg:

- Oppdatert teksdokuentet per 14.11.2018
- Kommentarar til budsjettposten Kommunale bustadar

Samandrag av saka:

Saksopplysningar:

Rådmannen har lagt budsjettdokumentet med som eit vedlegg, då det er vanskeleg å redigere slike dokument i ePhorte.

Fosnavåg, 14.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Geir Egil Olsen
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

HERØY KOMMUNE

BUDSJETT 2019
ØKONOMIPLAN 2019-2022
HERØY KOMMUNE

Innhold

1.Rådmannen sine kommentarar 3
2. Om Herøy 4
2.1 Slik står det til i kommunen 4
2.2 Kommunal økonomi 5
2.3 Organisering 5
3. Framtidsutsikter 7
3.1 Vurdering av framtidsutsikter 7
4. Styring og kontroll 9
4.1 Styring og kontroll av verksemda 9
4.2 Revisjonsordning 9
4.3 Rekneskapsrevisjon 9
4.4 Forvaltningsrevisjon 9
4.5 Tilsyn 9
4.6 Organisering 9
4.7 Mål- og resultatstyring 9
4.8 Rekneskapsutvikling og økonomisk styring 10
4.9 Risikostyring og internkontroll 10
4.10 Selskapskontroll 10
4.11 Tryggleik og beredskap 10
4.12 Etisk standard 10
4.13 Utfordringar og planar 10
4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen) 11
4.15 Verdigrunnlag 11
4.16 Heilskapleg system 11
4.17 Plansystemet 12
4.18 Styringssystemet 14
4.19 Organisering, arbeidsprosessar og ressursbruk 15
5. Fokusområde samfunnsutvikling 17
5.1 Kommuneplanen 2013 – 2025. Samfunnsdel. 17
5.2 Innbyggjarundersøkinga 2017: 19
5.3 Lokaldemokratiundersøking 2017 19
6. Fokusområde Organisasjon 20
6.1 Organisasjonsutvikling 20

6.2 Personalpolitikk og opplæring 21
7. Fokusområde Tenester 24
7.1 Kommunebarometeret 24
7.2 Brukarundersøkingar 2017: 26
7.3 Tilsyn og klagesaker. 27
8. Fokusområde Økonomi 28
8.1 Nøkkeltal 28
8.2 Kommuneopplegget 2019 30
9 Resultatvurdering og endringsbehov 32
9.1 Resultatvurdering 32
9.2 Endringsbehov 33
9.3 Andre forhold 37
9.4 Prioritering 37
10. Økonomiplan drift 2019-2022 39

1.Rådmannen sine kommentarar

I samband med budsjett 2018 vart det gjort vedtak om at det skulle gjerast ein gjennomgang i alle sektorane innan 31.03.2018 med sikte på å finne tiltak som kunne redusere driftskostnadene med 10 mill kr på årsbasis. Tiltaka skulle vere realistiske og gjennomførbare.

Rådmannen si vurdering er at driftskostnadane framleis er for høge. For 2019 må inntektene aukast/driftskostnadane reduserast med 13,5 mill kr (+ nye finanskostnadar og nye evt tiltak) for å få balanse mellom utgifter og inntekter. Vi kan ikkje basere oss på å tappe eit driftsfond som allereie er for lite.

Det er heller ikkje tilfredsstillande å basere seg på årlege rammeinnsparingar for å balansere budsjettet. Det er difor behov for nye permanente innsparingstiltak som vil ha innsparingseffektar på lenger sikt (utover det enkelte budsjettår). Tiltaka må vere realistiske og gjennomførbare.

Rådmannen vil difor rå til at det vert gjort ein ny gjennomgang av drifta med sikte på å finne tiltak som kan skape meir permanent balanse mellom inntekter og utgifter. Her må alle tiltak som driftsreduksjonar, strukturendringar og interkommunale samarbeidsordningar vurderast. Slike tiltak bør gjennomførast så raskt det er praktisk mogleg.

Det er difor heller ikkje rom for nye driftstiltak med unntak av tiltak som kan finansierast innanfor driftsramma. Rådmannen vil tilrå å prioritere tiltak som Tidleg innsats, Rus/psykiatri og Habilitering/rehabilitering ved omdisponering innanfor driftsramma.

Når det gjeld investeringar, har rådmannen prioritert

- ei strategisk satsing for busetjing og næringsetablering,
- forlenge levetida og sikre ein forsvarleg standard på eksisterande kommunale bygningane og
- nødvendige investeringar for at kommunen skal vere med i utviklinga for modernisering og digitalisering.

Eigedomsskatt frå 2021 vil kunne gi ei inntekt på om lag 8-10 mill kr per år forutsett ein skatt på 1,5 promille av formuesverdien.

Eit budsjett og ein økonomiplan skal vere eit styringsverktøy og om det ikkje er reelt, vil det heller ikkje vere eit styringsverktøy for administrasjon og politikarar.

Olaus-Jon Kopperstad

2. Om Herøy

2.1 Slik står det til i kommunen

Stor optimisme har prega næringslivet i kommunen ei stund og det har vore svært god aktivitet i mange næringar. Det har vore god skatteinngang og positiv folketalsutvikling. Dei siste åra har situasjonen, særleg i offshore-næringa, endra seg dramatisk. Over 7000 mista jobben i norske reiarlag i 2016, og det var fleire oppseiingar i 2017.

Kommune-NM
NHO lagar årleg eit kommune-NM der kommunane vert rangert etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Kunnskapsbasen gir indikasjonar på utviklinga for den enkelte kommune, men også den relative utviklinga i samanlikning med dei andre kommunane.

Kommune	TOTAL 2016 2018	Næringsliv 2016 2018	Arbeids-marknad 2016 2018	Demografi 2016 2018	Kompe-tanse 2016 2018	Kommune-økonomi 2016 2018
Herøy	135 108	20 14	315 212	189 211	222 240	129 126

Tabellen viser at Herøy ligg ganske bra an i forhold til andre kommunar når det gjeld attraktivitet og vekstkraft. Kommunen har hatt ein framgang totalt sett frå 2016 til 2018.

https://www.nho.no/Politikk-og-analyse/Offentlig-sektor-og-naringslivet/kommunenm/

Samhandling mellom kommune, næringsliv, lag og organisasjonar
Kommunen har gjennomført fleire partnarskapsprosjekt med næringsliv, lag og organisasjonar. Mellom anna med/om: Herøy kyrkje, Sunnmørsbadet, Fosnavåg konserthus, parkeringshus, idrettsanlegg, flytebryggjer m.m.

Folketalsutviklinga
Utvikling av folketalet pr. 01.01:

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Folketal	8383	8533	8727	8847	8847	8934	8972	8957	8965

Herøy kommune har ein uttalt ambisjon om å auke folketalet.

Folkehelse
Folkehelseinstituttet har utarbeidd folkehelseprofilar for kommunane.
Profilane er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden, og faktorar som påverkar denne:

- Det er færre barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt enn landsnivået.
- Ungdomskuleelevane som oppgir å vere nøgde med lokalmiljøet, er likt med landsnivået.
- Antibiotikabruken i Herøy er høgare enn landsnivået.

http://khp.fhi.no/PDFVindu.aspx?Nr=1515&sp=2&PDFAar=2017

Samhandling mellom kommune, næringsliv, lag og organisasjonar
Kommunen har gjennomført fleire partnarskapsprosjekt med næringsliv, lag og organisasjonar. Mellom anna med/om: Herøy kyrkje, Sunnmørsbadet, Fosnavåg konserthus, parkeringshus, idrettsanlegg, flytebryggjer m.m.

2.2 Kommunal økonomi

Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond

	Lånegjeld	Disp fond
2018 *)	**837.860.000**	**48.986.000**
2017	840.732.000	39.642.000
2016	840.261.000	17.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000.
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000

***) Tal per 15.09.2018. Lånegjelda vil vere større per 31.12.2018 – 865,0 mill kr**
Økonomi - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Herøy (M. og R.)	-6,2 %	0,6 %	6,3 %	1,6 %
Ulstein	1,8 %	2,8 %	2,1 %	0,7 %
Volda	1,9 %	3,1 %	2,7 %	4,6 %
Ørsta	2,6 %	4,3 %	2,5 %	1,1 %
Sula	0,1 %	2,4 %	3,3 %	1,3 %
Gjerdrum	-3,5 %	2,1 %	7,8 %	7,4 %
Songdalen	3,8 %	1,6 %	3,0 %	4,5 %
Kostragruppe 08	0,9 %	2,6 %	4,1 %	3,8 %

Netto driftsresultat i kommunekonsernet utgjorde 1,6 prosent av driftsinntektene i Herøy i 2017. Det er under bransjenorma på 2 prosent. Det er samtidig 2,2 prosentpoeng lavare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 og midt i laget blant samanlikningskommunane. 2017 og 2016 er dei beste åra kommunane har hatt sidan 2006 når det gjeld driftsresultat.

2.3 Organisering

Ny politisk struktur blei vedteken 07.05.2012.
Kommunestyret har 33 medlemer og er kommunen sitt øvste politiske organ. Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov og delegeringsvedtak.

Formannskapet har 9 medlemer og er kommunen sitt nest øvste politiske organ. Formannskapet handsamar og avgjer ei rekkje saker som er delegert av kommunestyret. I

tillegg handsamar formannskapet forslag til budsjett og økonomiplan, og gir innstilling i ei rekkje andre saker som skal til kommunestyret.

Kommunen har fire **komitear**, alle med 7 medlemer. Komiteane førebur og innstiller i saker som vert handsama av kommunestyret. Formannskapet, kontrollutvalet og administrasjonsutvalet (likestillingsutvalet) og arbeidsmiljøutvalet er lovpålagde organ. Det same er eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Administrativ leiing
Ny administrativ leiing vart vedtatt av kommunestyret 29.09.2016. Kommunen gjekk over til ein **kommunalsjefmodell** med 4 kommunalsjefar under rådmannen med slike ansvarsområde:

Helse og omsorg
Omfattar dagens avdelingar for pleie og omsorg, bu og habiliteringhab, barn, familie og helse og tenestekoordinering.

Oppvekst
Omfattar dagens avdelingar for grunnskule, PPT, kulturskule, vaksenopplæring og barnehage.

Samfunnsutvikling
Omfattar dagens avdelingar for utvikling og kultur med tillegg av folkehelse og brann og beredskap.

Stab
Omfattar dagens avdelingar for :
- Personal
- Økonomi
- Innkjøp
- Dokumentsenter/politisk sekretariat
- IKT
- Servicetorg
- Eigedom

3. Framtidsutsikter

3.1 Vurdering av framtidsutsikter

Vi har utfordringar framfor oss, men gode føresetnader for å lukkast. Kompetansen, motivasjonen og omstillingsevna som finst i Herøy, vil vere avgjerande.

Samfunn

Som samfunnsaktør har Herøy kommune ei viktig rolle. I Herøy samarbeider politikk, administrasjon, kultur og næringsliv godt gjennom mange uformelle arenaer for felles nytte. Kommunen kan vere ein pådrivar for å motverke effektane ein lågare aktivitet i næringslivet skaper. Kommunen sin økonomiske status vil sette grenser for tiltak for å stimulere næringsaktivitet. I så måte hastar det å forbetre økonomien vår.

Framskriving av folketalet

SSB presenterte nye befolkningsframskrivingar i 2016. Framskrivingane er usikre sidan dei er avhengig av fleire faktorar.

Framskrivinga av folketalet i Herøy kommune varierer, alt etter om ein legg til grunn låg elles middels nasjonal vekst.

	Eldre + 80	Born 0-5	Born 6-15
2016	461	605	1153
2020	473	599	1156
2021	470	598	1138
2022	488	604	1125
2023	496	606	1126
2024	512	610	1104
2025	533	608	1100
2030	665	597	1098
2035	791	581	1102
2040	893	576	1087

Kjelde: SSB, alt MMMM

Framskriving av folketal viser stabilt/ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040. Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil vere relativt stabil dei komande åra.

Medverknad

Det er mange i Herøy som ynskjer å bidra til lokalsamfunnet, og kommunen må vere ein koordinerande, konstruktiv og positiv samarbeidspart. Medverknad frå innbyggarane er vitalt for å lukkast som kommune i framtida. Her har Herøy gode føresetnader.

Medarbeidarar

Motivasjon og kompetanse er viktig for alle kunnskapsbedrifter. Herøy kommune tar dette på alvor og har gjennomført mange kompetanseprogram innanfor fagområda. I tillegg har vi prioritert å fokusere på leiing som eit eige fag.

Læring og fornying
Medan læring dei siste åra i hovudsak har føregått på individnivå, vil vi i framtida sjå meir på den organisatoriske læringa. Omorganisering kom på plass i løpet av 2017. Vi skal evaluere endringane opp mot tidlegare praksis over dei neste åra. Målet er å få full gevinstrealisering av desse endringane.

Økonomi
Resultatmessig er kommunen i balanse, men vi treng mindreforbruk over tid for å skaffe oss det handlingsromet vi treng for å møte nye utfordringar og ta ein meir aktiv del i samfunnsutviklinga.

4. Styring og kontroll

God kommunal eigenkontroll skal bidra til å gi innbyggjarane tillit til at kommunen utøver mynde og leverer tenester på ein trygg måte. Eigenkontroll er ein viktig del av styringssystemet og skal bidra til å unngå kritikkverdige hendingar. I tillegg til eigenkontroll, fører mange statlege organ tilsyn med kommunen.

Kommunestyret har tilsyns- og kontrollansvar for kommunen si verksemd. Selskapskontroll inngår som ein del av kontrollansvaret. Kontrollutvalet fører løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og ser til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kommunen sin revisor gjennomfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og revisjon av rådmannen sin internkontroll så langt det følgjer av god kommunal revisjonsskikk.

Rådmannen er ansvarleg for at kommunen har eit føremålstenleg og heilskapleg system for styring og kontroll og at det vert utøvd internkontroll i verksemda.

4.1 Styring og kontroll av verksemda

Styringsdialogen mellom kontrollutvalet og kommunestyret har vore open og gir retning for vidare utvikling av verksemda.

4.2 Revisjonsordning

Herøy kommune er med i interkommunal revisjonsordning saman med seks andre kommunar.

4.3 Rekneskapsrevisjon

Revisjonemeldinga for rekneskapsåret ligge føre når rekneskap og årsrapport er kontrollerte.

4.4 Forvaltningsrevisjon

Kommunerevisjonen gjennomfører forvaltningsrevisjon retta mot økonomi og økonomirapportering. Framdrifta og kvaliteten på oppfølginga er avhengig av saksmenga og personalressursane.

4.5 Tilsyn

Kommunen hadde løpet av 2017 23 tilsyn med 60 avvik.

4.6 Organisering

Vi fullførte organisasjonsendringane i 2017. Denne omstruktureringa skal saman med nye linjeleiarar og endringar i administrativ leiing, levere forsvarlege tenester og robust økonomi i tida framover.

4.7 Mål- og resultatstyring

Målekort vert nytta som kommunen sitt administrative system for oppfølging når det gjeld vedtekne mål- og resultatkrav i budsjett og økonomiplan. Det er gjennomført ei vidareutvikling av innhaldet i korta på bakgrunn av erfaringane gjennom åra.
Mål- og resultatstyring inngår i kommunen sine årsplanar. Resultatkrava er fylgd opp gjennom medarbeidarsamtalar med den enkelte leiaren. Ein felles leiingspraksis er under utarbeiding og arbeidet vil bli vidareført i 2019..

4.8 Rekneskapsutvikling og økonomisk styring

Det har vore god oppfølging og kontroll på prosjekt gjennom året.
Formannskapet får månadsrapportar om status på økonomi og sjukefråvær, kommunestyret får tertialrapportar. Resultat i forhold til overordna mål i kommuneplanen, samt resultatkrav knytt til målekorta, er rapportert i årsrapporten.

4.9 Risikostyring og internkontroll

Kommunen har eit overordna kvalitetssystem og eige sak- og arkivsystem som skal sikre oppfølging av lovverk, politiske vedtak og interne rutinar.
Det elektronisk kvalitetssystemet skal ivareta dokumentstyring, avvikshandtering, årshjul, risiko- og sårbaranalyser (ROS) samt varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.
Revisjon av kommunen sitt økonomireglement vart gjennomført i 2017.

4.10 Selskapskontroll

Ny rutine for lovpålagt eigarskapskontroll var vedteke i K-sak 76/16 den 25.05.2016.
Omgrepet eigarskapskontroll vert no nytta i staden for selskapskontroll.
Kommunestyret handsama saka om eigarskapskontrollen for 2016 i møte 30.11.17.

4.11 Tryggleik og beredskap

Beredskapsplanen for Herøy kommune vart vedteken av kommunestyret 15.12.2016.

Fylkesmannen konkluderte slik i tilsyn med kommunal beredskapsplikt 11.04.18:

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2015 og moden for ein revisjon. Analysen er forankra i kommunestyret, men oppfyller ikkje alle minimumskrava i forskrifta. Analysen er i stor grad basert på kommunen si grovanalyse frå 2013, og manglar konkrete vurderingar på sannsyn og konsekvensar på dei hendingane som er med i analysen. I tillegg manglar ei vurdering av kommunen sin evne til å oppretthalde drift ved uønskte hendingar. Det går ikkje fram av ROS-analysen i kva grad relevante offentlege og private aktørar har vore invitert med/tatt del i arbeidet.

Kommunen har skildra mål og strategiar for arbeid med samfunnstryggleik i kommuneplanens samfunnsdel. Mål og strategiar for oppfølging av arbeidet med samfunns-tryggleik og beredskap bør forankrast tydelegare med bakgrunn i heilskapleg ROS. Vi saknar ein prioritert handlingsplan med tiltak for oppfølging av funna i ROS-analysen.
Organisering av Herøy brann og redning skal gjennomgåast i 2018.

4.12 Etisk standard

Revisjon av Etiske prinsipp for tilsette og folkevalde i Herøy kommune vart vedteken av kommunestyret 15.12.2016. Etisk standard vert fylgd opp og sikra gjennom kommunen sitt kvalitetssystem.

4.13 Utfordringar og planar

I planperioden er målet å etablere eit heilskapleg system som sørgjer for at vi har styring og kontroll i ein organisasjon som er effektiv og framtidsretta. Kommunen sitt planverk må vere fokusert, målretta og skal fungere som eit referansedokument for den operative gjennomføringa av planar. 4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen).

4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen)

Bruken av systemet har vore aukande. Graden av aktivitet varierer mellom tenesteområda. Mangelfull opplæring og oppfølgjing kan vere hovudårsaka til variasjonane.

4.15 Verdigrunnlag

Verdigrunnlaget er revider i 2018. Dei kommunale kjerneverdiane er:

- Tillit
- Respekt
- Samhandling

4.16 Heilskapleg system

Plan- og styringssystemet i kommunen omfattar ei rekkje plan- og styringsprosessar som går fram av figuren under. Gjennom god leiing og gode plan- og styringsprosessar skal kommunen ivareta rolla som tenesteytar, samfunnsutviklar og demokratisk arena.

PUFF (PUKK) – Forbetringssirkel



Kommunen arbeider etter elementa i forbetringssirkelen. Gjennom plan- og styringsprosessane vert det planlagt og utført aktivitetar som skal sikre kvalitet i tenestene og forvaltninga. Resultata frå aktivitetane vert fylgd opp i forhold til dei måla og krava som er sett, og vert nytta til å iverksette tiltak for kontinuerleg å betre tenestene og forvaltninga. Alle plan- og styringsprosessar skal gjennomførast med bakgrunn i kommunen sitt verdigrunnlag, og verdiane skal vere retningsgivande for den enkelte si åtferd.

Plansystem

Plansystemet er kommunen sitt overordna og politisk vedtekne planverk som skal sikre gjennomføring av politiske mål og prioriteringar.

Styringssystem
Styringssystemet er rådmannen sitt verktøy for å setje i verk og følgje opp politiske vedtak, mål og prioriteringar.
Leiing

Elementa i PUFF-sirkelen ligg til grunn for all leiaraktivitet knytt til kommunen sitt plan- og styringssystem. Gode plan- og styringsprosessar har som føresetnad eit leiarskap som gir retning, utnyttar handlingsromet og er resultatorientert. Samstundes skal leiarane legge til rette for ein arbeidskultur som fremjar læring og forbetring i heile organisasjonen. Forslag til innovative løysingar vil verte følgde opp. Det vert utarbeidd årsplanar. I årsplanane konkretiserer rådmannen krav til resultat og utvikling for den enkelte leiar. I løpet av året vert det gjennomført dialog om status og evaluering av resultatoppnåing i ein til ein møte. I tillegg utøver rådmann styringsdialog gjennom fellesmøte.

Utfordringar og planar
Rådmannen vil vidareutvikle grunntanken om at godt partssamarbeid skal bidra til ei omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommune til beste for innbyggjarane og våre tilsette. Rådmannen er oppteken av å legge til rette for at leiarane kan bruke mindre tid til administrasjon og meir tid til tenesteutvikling og leiing. Auka fokus på digitalisering, samhandling og samordning skal bidra til dette.
Rådmannen vil arbeide vidare med å utvikle og profesjonalisere kommunen. I alle styringsformer skal kommunen oppfattast som ein profesjonell part og agere deretter.

4.17 Plansystemet

Kommunen sine oppgåver følgjer av kommunelova, plan- og bygningslova, andre lover og føreskrifter, nasjonale føringar og politiske vedtak. Mange av oppgåvene blir operasjonalisert og implementert gjennom planar som inngår i kommunen sitt plansystem. Alle kommunen sine overordna planar vert vedtekne av kommunestyret. Det skal vere konsistens i kommunen sine styringsdokument ved at styringsdokument på eit lågare nivå skal vere ei operasjonalisering av dokument på eit høgare nivå.

Planstrategi
Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode (fireårsperioden), og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Gjeldande planstrategi for Herøy kommune 2016 – 2020 vart vedteken i kommunestyret 24.11.2016.
Føremålet med planstrategien er å vurdere kva for planar som skal utarbeidast og reviderast i valperioden. For å vurdere planbehovet skal planstrategien drøfte kommunen sine strategiske val for samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og tenesteområda sine utfordringar. Det skal i tillegg vurderast om det er behov for å revidere heile eller delar av kommuneplanen.

Kommuneplanen
Kommuneplanen er kommunen sitt overordna strategiske styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen si utvikling. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål og interesser. I forkant av kommuneplanarbeidet vert det utarbeidd eit planprogram. Planprogrammet omtalar kva for tema som vert planlagt revidert i kommuneplanen, utgreiingsbehov og medverknadsprosesser.
Samfunnsdelen konkretiserer mål, strategiar og ønska utvikling for Herøysamfunnet og kommuneorganisasjonen.
Arealdelen viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, der avveging mellom vern og utbygging er viktig. Planen er juridisk bindande.
Kommuneplanen vert utarbeidd for ein periode på 12 år og vert revidert kvart fjerde år.
Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel (økonomiplan) som seier korleis planen skal

fylgjast opp i fireårsperioden. I Herøy kommune bør kommuneplanen sin handlingsdel i større grad innarbeidast i økonomiplanen.

Kommuneplanen har **seks gjennomgåande perspektiv:**

- Universell utforming
- Folkehelse
- Barn og unge
- Likestilling
- Verdiskaping
- Miljø og klima

Årshjul



Figuren illustrerer dei overordna strategiske prosessane knytt til kommuneplanen (4-årshjulet) og handlingsprogrammet (1-årshjulet).

Handlingsprogrammet
Kommunen sitt årsbudsjett og økonomiplan utgjer handlingsprogrammet. Årsbudsjettet og økonomiplanen vert utarbeidd gjennom ein felles prosess og vert integrert i same dokument.

Økonomiplanen har eit 4. årsperspektiv med årsbudsjettet som første år. Planen vert rullert årleg.

Årsbudsjettet er kommunen sitt dokument der det vert gitt løyvingar til ulike føremål. Det vil seie at vedteke budsjett gir kva for rammer kommunestyret har løyvd til kommunen si verksemd det komande året – rammene er bindande for rammeområda.
Gjennom handlingsprogrammet skal kommunen realisere målsetjingar fastsett i kommuneplanen sin langsiktige del, planlegge nye tiltak og føre kontroll med kommunen sin ressurstilgang og ressursbruk. Dei økonomiske rammene bygger på rammefaktorar i kommuneproposisjonen og statsbudsjettet. Økonomiske konsekvensar knytt til mål og tiltak i kommunen sine temaplaner, jamfør planstrategien, skal også innarbeidast i

handlingsprogrammet for oppfølging. I tillegg kjem ei rekkje måleindikatorar basert på kommunen si mål- og resultatstyring.

Handlingsplanar
Mål og tiltak frå handlingsprogrammet, felles gjennomgåande planar og anna relevant planverk som fylgjer av planstrategien, vert vidareført og fylgd opp i ulike handlingsplanar. Handlingsplanen er eit administrativt dokument som skal sikre samanheng mellom organisasjonen sine mål, tiltak og resultat, samt oppfylging av politiske vedtak, lover og forskrifter.

Felles gjennomgåande planar
Kommunen har fleire gjennomgåande planar som gjeld for heile organisasjonen. Desse vert revidert normalt kvart fjerde år.

Utfordringar og planar
Rådmannen vil heve kvaliteten på kommunen sine plandokument. Dette skal resultere i eit meir gjennomgåande planverk som både er smalare, med betre tverrfagleg koordinering, og meir målretta.

4.18 Styringssystemet

Verksemdsstyring femner all leiingsaktivitet, styring og kontroll som skal bidra til å iverksette politiske vedtak, prioriteringar og mål, og å skape best mogleg resultat og kvalitet i tenestane. Verksemdstyring omfattar fullmaktsnivåa i kommunen og sikrar at styringa skjer likt og samordna mellom, og innan tenesteområda.

Prinsipp for verksemdsstyring
Verksemdsstyring skal:

- baserast på mål- og resultatstyring som overordna styringsprinsipp
- sikre effektiv gjennomføring av politiske vedtak.
- sikre etterleving av lover og forskrifter.i
- integrere risikostyring og internkontroll
- sikre ei tenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og rett ressursbruk.
- sikre læring, forbetring og innovasjon.

Mål- og resultatstyring
Dette medfører at kommunen skal planleggje, setje mål, og at resultata skal målast og fylgjast opp for å avdekke avvik. Ein skal også kontinuerleg forbetre og vidareutvikle tenestene. Mål- og resultatstyring skal i tillegg sikre læring i organisasjonen.

Mål- og resultatstyring skjer manuelt ved hjelp av målekort.

Det er definert fire fokusområder. Innanfor kvart hovudmål er det utarbeidd ulike måleindikatorar. Fokusområda har gjennomgåande delmål for heile kommunen.
I tillegg er det utarbeidd unike delmål for tenesteområda som skal sikre nødvendig styring og oppfylging av tenestene.

Gjennomføring av politiske vedtak
Kommunen skal ha system som sikrar at politiske vedtak blir fylgd opp og sett i verk.

Vedtaksoppfylging skjer elektronisk i kommunen sitt saks- og arkivsystem ePhorte.

Eigne rapportar viser kva for saker som skal fylgjast opp og kva for saker som er ferdig effektuerte.

Iverksetting av politiske vedtak vert sikra gjennom årsplanar og ulike handlingsplanar. Dette omfattar også gjennomføring av politiske vedtak som vert fatta utanom handlingsprogrammet.

Alle leiarar skal halde seg orienterte om dei vedtaka som direkte gjeld eige ansvarsområde, samt forhold som vedkjem heile kommunen.

Etterleving av lover og forskrifter
Dette medfører rett sakshandsaming og tenesteutøving, samt å ivareta kommunen sine juridiske interesser som forvaltningsmynde, tenesteprodusent og eigar.

Sakshandsaminga skjer elektronisk i kommunen sitt saks- og arkivsystem ePhorte.

Tenesteutøving skjer etter gjeldande fullmakter og aktuelt lov- og regelverk som har betyding for oppgåva.

Risikostyring og internkontroll
Kravet til internkontroll går fram av kommunelova. I tillegg er det innanfor fleire område av kommunen si verksemd særlege lovpålagde krav til internkontroll. Internkontroll er ein del av kommunen si daglege leiing og styring innan og mellom fullmaktsnivåa.

Risikostyring og internkontroll skjer elektronisk i kommunen sitt kvalitetssystem Compilo (KvalitetsLosen).

Systemet ivaretek dokumentstyring, avvikshandtering, årshjul, risiko- og sårbaranalysar samt varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Verktøyet sikrar at daglege arbeidsoppgåver blir utført, styrt og forbetra i samsvar med krava i lova.

4.19 Organisering, arbeidsprosessar og ressursbruk

Ei føremålstenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og god ressursbruk skal sikre at innbyggjarane får ta imot tenester av rett kvalitet og til rett tid, samstundes som organisasjonen sine ressursar vert nytta på ein effektiv måte og innafor vedtekne økonomiske rammer.

*Føremålsten*leg organisering skjer ut frå omsynet til samordning, effektiv oppgåveløysing og kvalitet for brukarane.

Effektive arbeidsprosessar skjer gjennom optimalisering av prosessar og betre samhandling i tillegg til ei digitalisering av kommunen sine system. Elementa i PUFF-sirkelen ligg til grunn for utforminga av dei enkelte arbeidsprosessane.

God ressursbruk skal skje innafor dei mål og budsjettrammer som kvart år vert vedteke av kommunestyret.

Læring, forbetring og innovasjon
Organisasjonen skal sikre kontinuerleg utvikling av innhaldet i tenestene sine og medarbeidarane sin kompetanse.

Vi skal jobbe med målsetjinga om å bli ein moderne og lærande organisasjon som fremjar utvikling gjennom involvering, styringsdialog og resultatfokus.

Kommunen sin forvaltningspraksis vert evaluert eksternt gjennom Kommunekompasset. Evalueringa oppsummerer kommunen sin styrke, svake sider og utfordringar og dannar

grunnlag for vidare utvikling. I tillegg vert det gjennomført tilsyn og forvaltningsrevisjon innafor ulike områder.

Årshjul
Kvart år vert det gjennomført ei rekkje styringsprosessar. Desse er sett inn i eit overordna årshjul som viser korleis arbeidet med ulike dokument og prosessar vert fasa inn i forhold til kvarandre politisk og administrativt. I tillegg til det overordna årshjulet, har kommunen detaljerte årshjul for enkeltståande prosessar/aktivitetar.



Utfordringar og planar
Det er ei målsetjing at verksemdsstyringa skal forenklast og bli meir effektiv. Samstundes skal organisasjonen si forståing på området styrkast.

Rådmannen vil arbeide for at kommunen skal levere gode tenester ut frå dei rammevilkåra som vert vedtekne. Gjennom mål- og resultatstyring skal det arbeidast systematisk med å sikre rette og effektive tenester til brukarane. I tillegg til generelle og gjennomgåande mål, skal spesifikke mål innafor alle rammeområda sikre rett utvikling av dei enkelte tenestene. Rådmannen vil ha fokus på å hente ut samordningsgevinstar mellom einingar og sektorområde.

Rådmannen vil ha fokus på vidareutvikling av styringsdata, slik at ein kan fylgje utviklinga gjennom året og ved behov iverksette førebyggjande tiltak.

5. Fokusområde samfunnsutvikling

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013 – 2025 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga. Fylgjande mål vert nedfelte i budsjett og økonomiplan 2019 – 2022:

Mål	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølgjing samfunnsplan	Oppfølgjing samfunnsplan	Oppfølgjing samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggjarundersøking Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggjarundersøking	Innbyggjarundersøking
Status 2018	8 965 innbyggjarar.	Innbyggjarundersøking 2017	Innbyggjarundersøking 2017
Ambisjon 2022	9 200 innbyggjarar	Positiv utvikling	Positiv utvikling
Resultatmål 2019	9 000 innbyggjarar	Positiv utvikling	Positiv utvikling

5.1 Kommuneplanen 2013 – 2025. Samfunnsdel.

Visjonen
Herøy – ei båtlengd føre

Kommunen skal gjere medvitne val om kvar vi skal vere i forkant, og kvar andre kan drage utviklinga vidare.

Kommunen skal vere nyskapande og attraktiv med lokal identitet og regional slagkraft. Vi skal vidareutvikle kommunen innafor havbasert verdiskaping.

Misjonen (oppdraget)
Herøy – ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Kommunen skal vere ein attraktiv kommune å busetje seg i gjennom

- eit attraktivt og definert sentrum, attraktive bygder og bustadområde.
- ein interessant og mangfaldig arbeidsmarknad.
- eit framifrå kultur- og idrettsmiljø.

Innbyggjarane skal oppleve gode tenester av høg kvalitet. Kommunen skal vektleggje og gi eit heilskapleg, likeverdig og tverrfagleg tilbod til alle innbyggjarane. Ny teknologi og andre og smartare måtar å arbeide på, skal takast i bruk innafor dei ulike tenesteområda.

Reiselivet i kommunen har stort potensial som kan gi positive ringverknader i ei samordna satsing.

Styringsprinsipp
I samfunnsdelen av kommuneplanen er det formulert fylgjande styringsprinsipp:

- samhandling
- kommunikasjon
- medverknad
- nytenking

Kommunen skal vise evne til **samhandling** mellom ulike nivå, eksternt og internt.

Kommunen skal vere tydeleg i **kommunikasjonen** sin, eksternt og internt.

Kommunen skal gjennom **medverknad** vere open for dialog med ulike aktørar for å kome fram til løysingar som fremjar samfunnsutviklinga på lang sikt.

Kommunen skal ha mot til å **tenkje nytt** slik at vi kan finne løysingar som betre samsvarar med innbyggjarane sine behov. Det kan handle om nye funksjonar, problemløysing, service og utvikling.

Satsingsområde
I samfunnsdelen i **Kommuneplan for Herøy 2013-2025** er det peika ut fem satsingsområde:

- **Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling**

Utviklinga av sentrum er avhengig av at bygdene gjer seg attraktive som bustadområde. For at bygdene skal kunne gjere seg attraktive er dei avhengige av eit sentrum som utviklar seg og har dei tilboda som vert etterspurde. Sentrumsutvikling og samfunnsutvikling er såleis to sider av same sak.

- **Infrastruktur**

Med infrastruktur meiner vi strukturen av faste anlegg som er grunnlaget for at eit lokalsamfunn kan fungere. Døme: vegsystemet til lands, hamner og farleier til sjøs, vassforsyning, avlaupsnett, straumnett og tele-/fibernett.

- **Kompetanse og næringsutvikling**

Herøy kommune har prosentvis færre innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning enn fylket og landet. Nye arbeidsplassar vert stadig meir kompetanseintensive.

- **Rekruttering, busetjing og inkludering**

Herøy kommune har hatt positiv folketalsutvikling siste åra og det er mykje på grunn av utanlandsk innvandring. Sentrums- og samfunnsutviklinga er avhengig av folketalsvekst.

- **Barn, unge og identitetsbygging**

Barn og unge som satsingsområde, tek utgangspunkt i at trivsel i oppveksten aukar sjansen for tilbakeflytting seinare.

I kommuneplanen er det utarbeidd målsetjingar og strategiar for kvart satsingsområde. Det er også utarbeidd ein **handlingsdel** til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste strategiske verktøyet for å sikre at kommunen arbeidar mot målsetjingane som er sett i samfunnsdelen. Handlingsdelen skal konkretisere tiltak knytt til visjonen og målsetjingane i planen.

Planstrategi
Planstrategi for Herøy kommune 2016-2020 vart sist revidert 07.12.2016.

5.2 Innbyggjarundersøkinga 2017:

Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgd med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).
Innbyggjarane er mest fornøgd med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgd med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om **møte med kommunen** (3,7) og **tillit** (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultata samsvarar også med resultata for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet.

Når det gjeld frie kommentarar, vert hotell, konserthus, kino, badeland og turstiar trekte fram av mange som område der kommunen har lukkast. Når det gjeld område kommunen ikkje har lukkast, er Skarabakken, Fosnavåg hamn, pumpehuset på Almenningen, bruene, NAV og vedlikehald av vegar gjengangarar.

5.3 Lokaldemokratiundersøking 2017

Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati. Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla.

http://www.bedrekommune.no/bedrekommune.no/bk/lokaldemokrati/

6. Fokusområde Organisasjon

Kommunen gjennomførte Kommunekompasset i 2018 og fekk ein skår på 435 av 800 moglege. Resultata er jamt over gode. Herøy kommune skårar nest høgast av kommunane med mellom 5000 og 10000 innbyggarar.

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast med økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi. Til dømes: digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommune-organisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølgjing Kommune-kompasset.	Oppfølgjing arbeids-gjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølgjing seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidar-undersøking.	Sjukefråver-statistikk.	Statistikk.
Status 2018	435 poeng	Ikkje undersøkt.	8,3 %	65 år = 67% 67 år = 45%
Ambisjon 2022	500 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	65 år = 90% 67 år = 50%
Resultatmål 2019	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	65 år = 90% 67 år = 50%

6.1 Organisasjonsutvikling

Evalueringa av Herøy kommune etter Kommunekompasset viser at resultata no ligg godt over gjennomsnittet for kommunar mellom 5000-10000 innbyggjarar. Herøy kommune skårar totalt 435 poeng. Gruppesnittet ligg på 355 poeng og gjennomsnittet for alle norske kommunar ligg på 364 poeng. Det kan vere at kommunen framleis har ein gevinst å hente når det gjeld kvaliteten på forvaltningspraksisen, noko som igjen vil gi ein betre og meir effektiv tenesteproduksjon.

KS-K rår til at kommunen systematiserer styringsinformasjonen som allereie finst, med fokus på resultat og indikatorstyring. I tillegg bør ein hente inn og systematisere brukarperspektivet, innbyggjarperspektivet og medarbeidarperspektivet. Konsulenten rår til at denne styringsinformasjonen vert sett inn i ei årshjultenking for oppfølging, dialog, evaluering og utvikling basert på brukar-, medarbeidar- og innbyggjarundersøkingar kombinert med objektiv informasjon om kvalitet og økonomi. Dette for at kommunen får utvikle seg i eit heilskapleg styrings- og utviklingsperspektiv. På denne måten kan ein få lagt eit godt

grunnlag for både å utvikle dialogen og samspelet med innbyggjarane, men også ein god prosess saman med politikarane med planarbeid og tilbakerapportering på korleis kommunen jobbar, kva ein prioriterer og kva som vert levert av resultat. Dermed ser ein ikkje berre på mengda, men også kvaliteten på dei tenestene som vert leverte.



Alle områda vil vere viktig for utviklingsarbeidet i Herøy kommune, men i perioden denne utviklingsstrategien fokuserer på (2018-2020), så ynskjer vi å ha særleg fokus på områda vedtekne i K-sak 104/18 :

Område 2	Tilgjengeleg, innbyggar- og brukarorientering
Område 4	Leiarskap, ansvar og delegasjon
Område 5	Resultatfokus og effektivitet
Område 6	Kommunen som arbeidsgjevar
Område 7	Utviklingsstrategi og lærande organisasjon

Dette arbeidet vert fylgd opp i 2019.

6.2 Personalpolitikk og opplæring

Sjukefråverstala og resultat frå medarbeidarundersøkingar, arbeidsplass- og arbeidshelseundersøkingar vert nytta som indikatorar på trivsel og motivasjon.

Medarbeidarundersøkinga (10-Faktor) 2017
Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste faktorane. I forhold til landssnittet kjem kommunen best ut når det gjeld oppgåvemotivasjon og

fleksibilitetsvilje. Med oppgåvemotivasjon meiner ein motivasjon for oppgåva i seg sjølv, dvs om oppgåvene vert opplevde som ei drivkraft og som spanande og stimulerande. Med fleksibilitetsvilje meiner ein medarbeidaren si vilje til å vere fleksibel på jobb og tilpasse måten sin å jobbe på til nye behov og krav.

I forhold til landssnittet kjem kommunen dårlegast ut i forhold til relevant kompetanseutvikling. Relevant kompetanseutvikling er avgjerande for at medarbeidarane til ei kvar tid er best mogleg rusta til å utføre oppgåvene sine med høg kvalitet, og er avgjerande for kvaliteten på dei tenestene som vert leverte, uansett kva type teneste vi snakkar om.

Herøy kommune til liks med landssnittet scorar total sett lavast på faktoren relevant kompetanseutvikling og høgast på faktoren nytteorientert motivasjon. Nytteorientert motivasjon er motivasjon for å gjere noko nyttig og verdifullt for andre, også kalla prososial motivasjon. Det er ei viktig drivkraft for mange og har ei rekkje godt dokumenterte, positive effektar.

Inkluderande arbeidsliv (IA)
Herøy kommune har vore inkluderande arbeidslivsverksemd sidan juli 2003. I juni 2014 vart IA-avtalen resignerte. Herøy kommune kan syne til systematisk og kontinuerlig IA-arbeid, gjennom bl.a. faste møter i IA-utvalet og deltaking på kurs og seminar i regi av NAV Arbeidslivsenteret.

Helse, miljø og tryggleik (HMS)
Hovudmålet for HMS- arbeidet er at dei tilsette skal ha eit trygt og godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Gjennom ei slik målsetjing vil ein oppnå betre kvalitet på arbeidsmiljøet for dei tilsette, og i sin tur betre kvalitet på tenestene som kommunen leverer til innbyggarane.

Herøy kommune har eit nært samarbeid med bedriftshelsetenesta (BHT) og hovudverneombod (HVO). I 2017 har HVO vore tilsett i 50% stilling. Dette har gjeve ytterlegar styrke inn mot det overordna HMS-arbeidet i organisasjonen. Gjennom blant anna etablering av ny versjon av overordna HMS-plan (HMS-handbok), handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta, målretta arbeidshelseundersøkingar, kurs og samlingar arbeider vi aktivt og systematisk med arbeidsmiljøet i organisasjonen. Avvik vert rapportert og følgt opp i avdelingane.

Herøy kommune har eit Arbeidsmiljøutval (AMU) som arbeider for eit fult ut forsvarleg arbeidsmiljø i organisasjonen. AMU tek del i planlegging og oppfylginga av verne- og HMS-arbeidet i organisasjonen. Arbeidsavklaringsutvalet er eit underutval av AMU.

I tillegg til det som omfattar lovpålagt HMS-arbeid har Herøy kommune som målsetting å ha fokus på folkehelse i «alt ein gjer». Fokus er heile mennesket gjennom desse delområda: biologi (fysisk helse), kultur (ånd, skjel og psykisk helse) og politikk (samhaldet og fordeling av godane.

Tillitsvalde
Føremålet i Hovudavtalen er å skape eit best mogleg samarbeidsgrunnlag mellom partane på alle nivå. Hovudavtalen skal være eit verkemiddel for å sikre og legge til rette for gode prosessar mellom partane og for ei positiv utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunen. Samarbeidet vert baserast på tillit og gjensidig forståing for partane sine ulike rollar.

Det er avgjerande for eit godt resultat at dei tilsette og deira organisasjon vert involvert så tidlig som mogleg når omstilling og reform skal gjennomførast. Tenester av god kvalitet som er tilpassa brukaren sitt behov, føreset gode prosessar og medverknad. Hovudavtalen skal gjennom ordninga med tillitsvalde gje arbeidstakarane reell innflytelse på korleis

arbeidsplassen skal organiserast og korleis arbeidsmetodane skal utviklast. Slik innflytelse bidreg til ein fleksibel og brukarvenleg tenesteyting.

Arbeidsgjevarpolitikk
«Arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune» presenterer grunnlaget for ein felles organisasjonskultur. Verdiane til kommunen som organisasjon er nedfelt i denne. I denne er det også nedfelt forventingar til leiarar og medarbeidararar.

Arbeidsgjevarpolitikken synleggjer definisjonar, målsetjingar og prinsipp retta mot konkrete verkemiddel for å nå måla. Den er på eit overordna, strategisk nivå og er utgangspunkt for planar og prosedyrar på neste nivå. Arbeidsgjevarpolitikken har eit livsfaseorientert fokus og skal vere eit levande dokument i organisasjonen.

Ei partssamansett arbeidsgruppe byrja i 2016 med å utarbeide ny arbeidsgjevarpolitikk for Herøy kommune. Forslaget til arbeidsgjevarpolitikk skal handsamast og godkjennast av Kommunestyret.

Seniorpolitikk
Målsetting for Herøy kommune er at 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Minimum 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.

Målet med seniorpolitikken er å auke den gjennomsnittlige avgangsalderen. Å jobbe for økt avgangsalder er i samsvar med IA-avtale og kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk. At folk står lenger i arbeid er gunstig i forhold til å bevare opparbeidd kompetanse lengst mogleg i organisasjonen, noko som er økonomisk gunstig for arbeidsgjevar. Vi har tru på at ein god, raus og samla arbeidsgjevarpolitikk legg til rette for og motiverer vår medarbeidarar til å stå lenger i arbeid.

7. Fokusområde Tenester

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde. Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Det er formulert spesifikke **utviklingsmål for dei ulike tenestene**.

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar.	Avvik og klager.
Status 2018	Positiv utvikling.	2017: 23 tilsyn, 60 avvik
Ambisjon 2022	Betre enn landsgjennomsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Resultatmål 2019	Betre enn landsgjennomsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt

7.1 Kommunebarometeret

Herøy kommune hamnar på ein 133. plass i Kommunebarometeret frå Kommunal Rapport for 2018. Då er det korrigert med omsyn til økonomiske rammevilkår. Dette er opp 84 plassar frå 2017 då kommunen hamna på ein 217. plass. Herøy kommune har i 2018 den beste plasseringa sidan målinga starta i 2010. Det er viktig å hugse på at det kan finnast gode forklaringar bak ei svak tabellplassering og ei god plassering kan skuldast flaks eller tilfeldige forhold. Det er også naturleg at ein kommune har nokre gode og nokre dårlege plasseringar.

Føremålet med barometeret er å gje eit lettfatteleg bilete av korleis kommunen presterer/kor gode tenestene er målt mot resten av Kommune-Noreg, for å bidra til ein meir opplyst lokaldemokratisk diskusjon

Kommunebarometeret er ei årleg rangering av alle kommunar gjennomført av Kommunal Rapport på grunnlag av offentleg tilgjengeleg data frå offisielle kjelder.
2018-barometeret inkluderer 152 ulike nøkkeltal innan 12 forskjellige kategoriar.

Kommunebarometeret er inga vurdering av om innbyggjarane får gode **nok** tenester, men om det ser ut til at kommunen har noko å lære av andre – basert på kor nær kommunen sine målbare resultat er kommunane med best resultat. Barometeret er heller ikkje ein konkurranse i å drive billigast, utan omsyn til tenestene. Viktigare enn tabellplasseringa er om kommunen har fått betre eller dårlegare nøkkeltal det siste året.

Plasseringer i Kommunebarometeret 2010-18

Dette er plasseringene slik de faktisk ble rapportert de ulike årene.
Serien er ikke sammenliknbar over tid, fordi innholdet i barometeret også har endret seg over tid.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Nøkkeltallene alene	365	291	363	281	240	266	310	296	263
Totaltabellen - justert for økonomiske forutsetninger	286	238	353	270	190	195	245	217	133
Rangering inntektsnivå	293	293	208	229	257	333	321	350	429
Grunnskole	320	359	308	307	162	216	207	215	134
Pleie og omsorg	210	279	384	207	345	241	289	386	302
Barnevern	279	189	256	217	188	217	299	310	136
Barnehage	421	342	391	387	401	288	288	164	228
Helse			393	343	321	314	298	320	402
Sosial	277	154	128	99	142	105	155	231	78
Kultur		141	252	250	257	222	205	258	271
Økonomi	328	245	166	125	120	371	380	262	368
Kostnadsnivå		35	15	7	41	89	69	39	75
Miljø og ressurser	215		323	51		277	36	265	213
Saksbehandling			259	349		89	124	142	
Vann, avløp og renovasjon			244	237					

Eg tek med fylgjande frå hovudanalysen:

«Herøy havner på en 133. plass i den foreløpige utgaven av Kommunebarometeret 2018 fra Kommunal Rapport. Da har vi korrigert plasseringen med hensyn til økonomiske rammebetingelser. Nøkkeltallene er samlet sett litt svakere enn normalen i Kommune-Norge.

Herøy er bare inne på Topp 100-lista innen enhetskostnader og sosialtjeneste.

Kommunen har sine svakeste plasseringer innen helse (402. plass), økonomi (368. plass) og pleie og omsorg (302. plass).

Hvis vi ser bort fra kommunenes ulike økonomiske utgangspunkt, kommer Herøy på en 263. plass. Nøkkeltallene er litt bedre enn økonomiske forutsetninger skulle tilsi.

Grunnskolen: Karakterene på 10. trinn i Herøy har vært omtrent middels de siste fire årene. Resultatene i fjor var omtrent på samme nivå som snittet de siste fire årene. 30 prosent av elevene på 5. trinn de siste fire årene ligger på laveste mestringsnivå (av tre). Det er omtrent som normalen for Kommune-Norge. På ungdomsskolen oppfyller 69 prosent av lærerne i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordypning i fagene.

Pleie og omsorg: I Herøy har 72 prosent av de ansatte fagutdanning. I de beste kommunene er andelen minst 84 prosent. Hva skal til for å bli blant de beste? Andelen er litt lavere nå enn for ett år siden. Målt mot hvor mange over 80 som faktisk bor på sykehjem, har kommunen litt flere plasser avsatt til demente enn i normalkommunen. I Herøy tilsvarer antall plasser i skjermet enhet for demente 52 prosent av antallet over 80 som faktisk bor på sykehjem.

Barnevern: Når vi korrigerer andelen av barn som er i barnevernet for behovet, er andelen i Herøy på 5,6 prosent. I Herøy ble 82 prosent av sakene behandlet innen den vanlige

tremånedersfristen. Av barn med tiltak er 19 prosent i fosterhjem eller institusjon. Det er veldig lite målt mot resten av Kommune-Norge,
og gir en 2. plass på denne tabellen. I barometeret regnes høy andel tiltak i hjemmet som positivt.

Barnehage: Bemanningen i barnehagene i Herøy er lav målt mot dem som har best tall her. Som regel er bemanningen lavere jo større kommunen blir. 40 prosent av ansatte i kommunale barnehager har pedagogisk utdanning. Landsgjennomsnittet er 36 prosent. En liten andel av dem som jobber i barnehagene i Herøy er menn. De beste ligger på 17 prosent menn. I Herøy går 85 prosent av barna med minoritetsbakgrunn i barnehage, ifølge tallene. Det er bra. Ulike telletidspunkt for barn i barnehage og antall minoritetsspråklige barn er en marginal feilkilde.

Helse: Legedekningen i Herøy er på 13,6 leger per 10.000 innbyggere. I Herøy er det ledig plass på 40 prosent av fastlegelistene. Dekningen av helsesøster målt mot antall småbarn i kommunen er middels. De beste ligger på 180 årsverk per 10.000 småbarn. Målt mot folketallet er det ikke mange kommuner som har færre ansatte enn Herøy som er registrert med videreutdanning innen psykisk helsearbeid.

Sosialtjeneste: Unge mottakere går litt kortere tid på sosialhjelp i Herøy enn i normalkommunen. I barometeret regnes kort stønadstid som bra. Det må være positivt at sosialhjelp er en midlertidig løsning på vei mot noe mer permanent. Blant de under 25 år, er andelen på sosialhjelp korrigert for behovet på 4 prosent, mens snittet i Kommune-Norge ligger på prosent. Sosialstønad gis i over 10 måneder til 9 prosent av de som mottar støtte. Andelen er lav, kommunen er på 68. plass på denne tabellen. Andelen mottakere som har sosialhjelp som hovedinntekt er litt under normalen. I barometeret er det positivt at få har sosialhjelp som hovedinntekt.

Økonomi: Korrigert netto driftsresultat var 1,4 prosent i fjor. Teknisk beregningsutvalg anbefaler en pluss på 1,75 %. Målt over de siste fire årene har driften gått i pluss. Netto renteeksponert gjeld i kommunen er mer enn dobbelt så høy som landsgjennomsnittet, målt mot brutto driftsinntekter. Investeringsnivået har vært omtrent middels i Herøy de fire siste årene.

Kostnadsnivå: Netto utgifter til grunnskolen (korrigert for utgiftsbehovet) i Herøy er lave. Innen pleie og omsorg ligger kostnadene litt under det som er normalnivået. Barnehagekostnadene i kommunen er litt under det som er normalnivået. Kostnadene innen barnevernet i Herøy ligger nærmere de billigste enn de dyreste kommunene.»

7.2 Brukarundersøkingar 2017:

Barnehage
Gjennomsnittsresultatet ved dei to førre målingane var 5,3. (1 er dårlegast, 6 er best) Gjennomsnittsresultatet i landet i 2017 er 5,2. I Herøy er gjennomsnittsresultatet 5,4.

Legeteneste
Brukarundersøking er gjennomført ved den private legetenesta våren 2017. Resultata er positive på dei fleste områda. Det er lavast score når det gjeld tilgjenge og informasjon.

Fysioterapi
Brukarundersøking er gjennomført ved den private fysioterapitenesta våren 2017. Resultata er positive på dei fleste områda. Det er lavast score når det gjeld tilgjenge.

PU
Herøy kommune får ein poengscore på 4,4 poeng, mot landet som har 4,6 poeng.

På kategorien trivsel, som er kategorien Herøy kommune scorar desidert lågast på samanlikna med landet, gjeld dette tilbakemeldingar på jobb/dagaktivitet, fritid og ferietilbod. Det er særskilt på ferietilbod vi kjem dårleg ut, med ein score på 2,9 poeng mot landet som har 4,1 poeng på dette spørsmålet. Trivselen i bustaden er derimot høg, med ein score på 5,1.

Når det gjeld brukarmedverknad, som er den kategorien med lågast poengscore totalt sett både i Herøy og i landet, kjem vi betre ut enn landet på spørsmål om brukaren er med å bestemme innhaldet i individuell plan og om brukaren veit kven som er koordinator. Det spørsmålet vi kjem dårlegast ut på i Herøy, er om brukarmedverknad vert ivaretatt på annan måte enn gjennom individuell plan. Her får vi ein score på 3,6 medan snittet i landet er 4,4.

Institusjon (sjukeheim)
Resultat frå brukarundersøking våren 2017. I denne kartlegginga er det næraste pårørande som har svart på vegne av bebuar på institusjon. Herøy kommune kjem totalt sett betre ut enn landssnittet.

Ungdata
Ungdata er eitt av fleire verktøy som gir oss informasjon om status i oppvekstmiljøet. Vi har i tillegg andre både kvantitative og kvalitative verktøy som vi må nytte når vi skal oppsummere status som grunnlag for strategiar og tiltak.

Resultata frå Ungdata vil bli brukt vidare både på leiarnivå i den enkelte fagavdeling, samt i det tverrfaglege arbeidet, med analyse og vurdering av årsaker og tiltak. I dette arbeidet vil den rapporten som vert kalla Trendrapport Herøy 2017 vere nyttig. Denne viser ei samanlikning mellom svara i 2014 og 2017, og viser dermed positiv og negativ utvikling.

Innbyggarundersøking
Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgd med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).

Innbyggjarane er mest fornøgd med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgd med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om møte med kommunen (3,7) og tillit (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultata samsvarar også med resultata for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet

7.3 Tilsyn og klagesaker.

I 2017 vart det gjennomført 23 tilsyn med til saman 60 avvik. 19 tilsyn har gått på bygningar, 1 på skatt, 1 på sentraladministrasjon og 1 på ROP (rus/psykiatri).

Det ligg ikkje føre ein samla oversikt over klagesaker i 2017.

8. Fokusområde Økonomi

Kommunen har teke i bruk ein slik økonomisk HANDLINGSREGEL:
- Netto dr. res. 1,75 % av samla driftsinntekter (om lag 12 mill.)
- Driftsfond 10 % av samla driftsinntekter (om lag 65 mill.)
- 20 % eigenkapital ved investeringar

Utfordringar på økonomiområdet:

- Driftsutgiftene er høge i høve til inntektene.
- Lave frie inntekter (vi har ikkje eigedomsskatt)
- Lånegjelda er høg.

Mål 2017	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter innan 2020.	Driftsfondet skal vere på 10 % av netto driftsinntekter innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2017	1,47 %	39.642.000 (6,1%)
Ambisjon 2022	1,75 %	65.000.000 (10,0%)
Resultatmål 2019	1,60 %	48.000.000 (7,5%)

8.1 Nøkkeltal

Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond

	Lånegjeld	**Disp fond**
2018	**837.860.000**	**48.986.000**
2017	840.732.000	39.642.000
2016	840.261.000	17.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000.
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000

Økonomi - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Herøy (M. og R.)	-6,2 %	0,6 %	6,3 %	1,6 %
Ulstein	1,8 %	2,8 %	2,1 %	0,7 %
Volda	1,9 %	3,1 %	2,7 %	4,6 %
Ørsta	2,6 %	4,3 %	2,5 %	1,1 %
Sula	0,1 %	2,4 %	3,3 %	1,3 %
Gjerdrum	-3,5 %	2,1 %	7,8 %	7,4 %
Songdalen	3,8 %	1,6 %	3,0 %	4,5 %
Kostragruppe 08	0,9 %	2,6 %	4,1 %	3,8 %

Netto driftsresultat i kommunekonsernet utgjorde 1,6 prosent av driftsinntektene i Herøy i 2017. Det er under bransjenorma på 2 prosent. Det er samtidig 2,2 prosentpoeng lavare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 og midt i laget blant samanlikningskommunane. 2017 og 2016 er dei beste åra kommunane har hatt sidan 2006 når det gjeld driftsresultat.

Framsikt - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Herøy (M. og R.)	94,4 %	99,2 %	105,6 %	110,1 %
Ulstein	187,8 %	192,2 %	194,0 %	199,8 %
Volda	89,9 %	93,0 %	99,7 %	110,4 %
Ørsta	78,7 %	78,1 %	82,7 %	95,2 %
Sula	100,9 %	104,7 %	110,4 %	117,3 %
Gjerdrum	93,8 %	107,0 %	111,0 %	107,3 %
Songdalen	92,4 %	92,8 %	91,9 %	86,5 %
Kostragruppe 08	86,5 %	89,6 %	92,7 %	95,9 %

Netto lånegjeld bør haldast under kontroll for å unngå for stor renterisiko, spesielt i tider med lave renter. Netto lånegjeld bør helst vere under 50 prosent av årlege driftsinntekter. Herøy har mykje lånegjeld. Netto lånegjeld i konsernet er 110 prosent av driftsinntektene i 2017. Det er 14 prosentpoeng meir enn gjennomsnittet i kommunegruppa og midt i laget blant samanlikningskommunane. Lånegjelda (gjeldsgraden) har auka kraftig dei siste fire åra.

Økonomi - Renteeksponert gjeld Andel av brutto driftsinntekter (prosent)

	2014	2015	2016	2017
Herøy (M. og R.)		74,3 %	82,3 %	86,3 %
Ulstein		155,3 %	162,7 %	169,5 %
Volda		72,7 %	81,7 %	92,4 %
Ørsta		50,2 %	58,0 %	71,5 %
Sula		66,5 %	75,8 %	79,8 %
Gjerdrum		78,6 %	83,5 %	80,8 %
Songdalen		73,0 %	74,1 %	67,1 %
Kostragruppe 08		59,4 %	69,2 %	71,5 %

Gruppert per år

Det er interessant å sjå nærare på den renteeksponerte delen av kommunen sin gjeld. Det vil sei den delen av lånegjelda kommunen sit med renterisikoen på. Det vil sei lånegjelda utanom VAR-sektoren og lån med statleg rentestøtte (oppussing av kommunale bygg av forskjellig type).

Den renteeksponerte delen av gjelda i Herøy utgjorde 86 prosent av driftsinntektene i 2017. Det er 15 prosent over gjennomsnittet i kommunegruppa og midt i laget blant samanlikningskommunane. Herøy har altså høy gjeld, også om ein berre ser på den renteeksponerte gjelda.

Økonomi - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter
Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Herøy (M. og R.)	1,8 %	1,3 %	2,6 %	6,1 %
Ulstein	4,7 %	3,7 %	5,4 %	5,6 %
Volda	2,3 %	4,9 %	7,9 %	10,3 %
Ørsta	1,7 %	3,8 %	7,2 %	7,9 %
Sula	12,2 %	11,8 %	12,8 %	12,3 %
Gjerdrum	17,3 %	15,5 %	15,3 %	22,3 %
Songdalen	7,2 %	9,1 %	10,7 %	13,9 %
Kostragruppe 08	5,5 %	5,8 %	7,8 %	9,1 %

Disposisjonsfondet er kommunen sine reservar for å dekkje uføresette utgifter og sviktande inntekter. Det bør utgjere 10% av driftsinntektene.

Herøy har eit disposisjonsfond på 6 prosent. Det er et lavt resultat på landsbasis. Det er svakt i forhold til kommunegruppen. Gjennomsnittet i landet og i kommunegruppe 8 er 9 prosent. Herøy er nest lavast blant samanlikningskommunane.

8.2 Kommuneopplegget 2019

Det økonomiske opplegget for 2019

	Kom øk prop mrd kr	Statsbudsj 2019 mrd kr
Vekst i frie inntekter	2,6 - 3,2	2,6
Demografikostnadar	1,5	1,0
Pensjon	0,65	0,65
Handlingsrom før satsingar	**0,45 -1,05**	**0,95**
Satsingar innanfor veksten	0,2	0,5
Av dette:		
- Opptrappingsplan rus	0,2	0,2
- Tidleg innsats skule		0,2
- Opptrappingsplan habilit/rehab		0,1

Dvs at kommunane har 0,45 mrd kr til disp. Herøy har 0,1686% av landets befolkning og Herøy sin del av 2,6 mrd kr blir då nær 4,4 mill kr (kr 760.000,- av 0,45 mrd kr). Utviklinga i Herøy er negativ og i statsbudsjettet for 2019 føreset staten ein reell reduksjon av kjøpekrafta med 0,4% dvs om lag 2,0 mill kr.

Andre faktorar:

- - Innslagspunktet for ressurskrevjande tenester aukar med kr 50.000,- utover pris/lønsvekst
- (får tilbakevirkande kraft til 2018 og vil totalt koste kommunane 0,3 mrd kr – vel 0,5 mill for Herøy).
- Nytt innslagspunkt vert då kr 1.320.000,-.
- - Auka rentenivå vil bidra til redusert handlingsrom (700 mill kr i 2019). På sikt vil pensjonspremien
- bli redusert pga høgare rente.
- - Auka foreldrebetaling og gratis kjernetid i barnehagen (makspris kr 2.990,- per mnd og deretter
- kr 3.040,- frå 01.08.2019). Gratis kjernetid utvida til å inkludere 2 åringar frå fam med lav innt.
- - Fylkeskommunen som regional utviklingskraft vert redusert (reduksjon i bevillingane
- på 223 mill kr – 16%)
- - Midlane til regionale forskningsfond vert redusert med 27 mill kr til 183 mill kr
- - Manglar 400 mill kr til bemanningsnorm og skjerpa pedagognorm i barnehagane
- - Skjerpa krav til lærartettheit (1 lærar per 15 elevar 1-4 klasse og 1 lærar per 20 elevar 5-10 klasse)
- - Ingen friske midlar til tidleg innsats og gode læringsmiljø for dei yngste barna.
- - Innføringa av betalingsplikt for rus og psykisk helse. Døgnpris på kr 4.880,- og betalingsplikt
- frå dag 1.
- - Auka tilskott til rekruttering av psykologer (lovpålagt med psykolog frå 01.01.2020)
- - Ei avsetjing på 156,8 mill kr til Klimasats 2019
- - Ingen auke i bevillingane til flom og skredsikring utover dagens nivå
- - Ingen midlar til nye planleggarar i kommunesektoren
- - Lite midlar til innovasjon og digitalisering
- - Innstramming i kommunane sin handlefridom når det gjeld eigedomsskatt frå 2020
- - Kompensasjonsordning for bortfall av eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar
- (avsett 71 mill kr)
- - Grunnrenteskatten aukar frå 35,7 til 37% - betyr reduksjon i kommunane sine
- eigedomsskatteinntekter.

9 Resultatvurdering og endringsbehov

9.1 Resultatvurdering

Folketalsutvikling og sysselsetjing

Folketalsveksten har stoppa opp siste 4 åra, samtidig har talet på arbeidsledige vore høgt (rundt 5 %).

Innbyggarundersøkinga 2017
Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgd med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).

Innbyggjarane er mest fornøgd med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgd med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om **møte med kommunen** (3,7) og **tillit** (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultata samsvarar også med resultata for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet.

Lokaldemokratiundersøking 2017

Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati. Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla.

Brukarundersøkingar 2017
Kommunen scorar om lag på snittet for ulike brukarundersøkingar.

Medarbeidarundersøking (10-faktor)
Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste faktorane. I forhold til landssnittet kjem kommunen best ut når det gjeld oppgåvemotivasjon og fleksibilitetsvilje.

Kommunekompasset
Evalueringa av Herøy kommune etter Kommunekompasset viser at resultata no ligg godt over gjennomsnittet for kommunar mellom 5000-10000 innbyggjarar. Det kan vere at kommunen framleis har ein gevinst å hente når det gjeld kvaliteten på forvaltningspraksisen, noko som igjen vil gi ein betre og meir effektiv tenesteproduksjon.

Kommunebarometeret
Herøy kommune hamnar på ein 133. plass i Kommunebarometeret frå Kommunal Rapport for 2018. Då er det korrigert med omsyn til økonomiske rammevilkår. Dette er opp 84 plassar frå 2017 då kommunen hamna på ein 217. plass. Herøy kommune har i 2018 den beste plasseringa sidan målinga starta i 2010.

Føremålet med barometeret er å gje eit lettfatteleg bilete av korleis kommunen presterer/kor gode tenestene er målt mot resten av Kommune-Noreg.

Det vert spesielt framheva at målt mot folketalet er det ikkje mange kommunar som har færre tilsette enn Herøy som er registrert med vidareutdanning innan psykisk helsearbeid.

KOSTRA 2017
Resultatet i Herøy er svakare enn tilrådd i 2017, og betydeleg lavare enn gjennomsnittet i kommunegruppa. Herøy har lite midlar i disposisjonsfond og dermed lita evne til å møte uføresette økonomiske problem. Kommunen har høg netto lånegjeld og er svært utsett for renterisiko.

Samla resultatvurdering:
Folketalsveksten har stoppa opp siste 4 åra, samtidig har skatteveksten også stoppa opp, talet på arbeidsledige har vore høgt (rundt 5 %) og utbetalingane til økonomisk sosialhjelp har auka mykje i 2018. Dette har konsekvensar for den kommunale økonomien og gir store prioriteringsutfordringar.

Kostnadsnivået i tenestene i kommunen er 17 millionar høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 i 2017 og 6-44 millionar høgare enn utgiftene i samanlikningskommunane.

Kommunen har hatt ei positiv utvikling på tenestekvalitet (Kommunebarometeret) og forvaltningspraksisen (Kommunekompasset) siste åra, men på ein del område er det ikkje samsvar mellom ressursinnsats (KOSTRA) og tenestekvalitet (Kommunebarometeret). Dette gjeld der vi brukar forholdsvis mykje ressursar, men kjem dårleg ut på tenestekvalitet.

Tilbakemeldingane frå innbyggjarundersøkinga og lokaldemokratiundersøkinga var grunnlaget for vedtaket om kjerneverdiane **Tillit, Respekt og Samhandling** og utarbeidinga av **Serviceplakaten**.

9.2 Endringsbehov

2017 og 2016 er dei beste åra kommunen har hatt sidan 2006 når det gjeld driftsresultat. Kommunen har heller ikkje hatt eit så stort disposisjonsfond som vi har i dag.

Trass dette var resultatet i Herøy er svakare enn tilrådd i 2017.

I økonomiplanen for 2018-2021 er det lagt til grunn at kommunen skal bruke ca 28,3 millionar kroner for å balansere budsjettet i tillegg 10,0 mill kr i innsparing og 7,45 mill kr i rammeinnsparing.

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i K-sak 102/18:
«Kommunestyret meiner at kommunen heller bør ta sikte på å auke disposisjonsfondet i økonomiplanperioden 2019-2022 enn å tappe det for ca 28,3 mill kr slik det går fram av økonomiplanen for 2018-2021.

Kommunestyret ber difor om at det i samband med budsjettarbeidet vert gjort innsparingar utover innsparinga i K-sak 57/18, m.a. basert på det som kjem fram i denne saka om forbruket på ulike tenesteområde der kommunen har høgare utgifter enn gjennomsnittet for kommunegruppe 8.»

Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2018 sak 57/18: Kommunestyret vedtek innsparingstiltaka slik dei går fram av vedlagde notat frå kommunalsjefane.

1. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne ledige så lenge det er forsvarleg.
2. Kommunestyret ber om at Kostratal vert tekne med i vurderinga av innsparingstiltak. Andre sektorar enn oppvekst, som ligg vesentleg høgare i Kostratal, må ta større andel av innsparingstiltakta.
3. Kommunestyret ber om at Myrvåg brannstasjon vert oppretthalden.
4. Kommunestyret ber om at Moltu skule held fram i si noverande form.
5. Kommunestyret ber om at tilbodet om privat brøyting vert oppretthalde.

Kommunestyresak 57/18 24.05.18 gav slikt resultat::

Samla innsparing: **10.275.200***

*Her er det gjort ein summeringsfeil. Det rette talet skal vere 10.015.000.
I protokollen frå møtet der det står:

«Høgre v/Idar Tarberg kom med framlegg om slikt tillegg til pkt 4 i tilrådinga frå formannskapet: Myrvåg brannstasjon vert oppretthalden på dagens driftsnivå. Framlegget fekk 14 røyster og fall.»

Dette opnar då for å vurdere driftsnivået ved Myrvåg brannstasjon.

Framsikt har gjennomført ei økonomianalyse basert på KOSTRA- tal for 2017. Dette er ein analyse av rekneskap og andre KOSTRA- tal for 2017. Herøy er samanlikna med Ulstein, Sula, Volda og Ørsta (naboar), Gjerdrum og Songdalen (billige og flinke kommunar) og kommunegruppe 8 (middels lettdrivne kommunar med mellom 5.000 og 20.000 innbyggjarar og middels inntekter).

I samandraget av rapporten står det at finansane er vurderte på grunnlag av tre nøkkeltal. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene i Herøy er svakare enn tilrådd i 2017, og betydeleg lavare enn gjennomsnittet i kommunegruppa. Herøy har lite midlar i disposisjonsfond og dermed lita evne til å møte uføresette økonomiske problem. Kommunen har høg netto lånegjeld og er svært utsett for renterisiko

Oversikt innsparingspotensial ift samanlikningskommunane (mill. kr)

	Ulstein	Volda	Ørsta	Sula	Gjerdrum	Songdalen	Kostragruppe 08
Pleie og omsorg	15,4	-16,3	-23,2	-4,6	-1,1	11,2	-7,9
Grunnskole	-6,5	-11,9	2,6	7,8	17,3	-14,4	-0,6
Adm, styring og fellesutgifter	2,9	0,5	4,6	9,4	-1,5	-4,9	7,3
Barnehage	-6,9	-1,2	-8,4	-5,0	1,7	2,6	-0,9
Sosiale tjenester	3,3	5,7	7,1	11,3	4,3	8,2	1,5
Kommunehelse	4,7	3,8	5,4	2,8	2,8	1,8	1,3
Barnevern	-4,6	4,9	10,6	-6,9	-5,3	0,7	-2,7
Kultur og idrett	4,8	10,5	8,6	11,1	7,4	7,0	4,6
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	1,6	-1,6	0,5	-1,0	-0,9	0,3	0,0
Andre områder	9,0	11,8	11,0	18,4	19,6	9,9	15,1
Brann og ulykkesvern	3,2	0,9	1,3	3,9	4,7	5,1	3,4
Kommunale boliger	4,0	4,0	1,8	1,6	1,3	-3,8	0,5
Samferdsel	0,4	1,9	2,3	9,0	11,2	7,8	7,6
Næringsforv. og konsesjonskraft	-0,9	4,4	3,7	1,6	0,3	-1,0	1,2
Kirke	2,3	0,6	1,9	2,3	2,1	1,7	2,4
Totalt	**23,8**	**6,1**	**18,9**	**43,3**	**44,2**	**22,5**	**17,3**

Figuren over viser kostnadsforskjellar mellom Herøy og andre kommunar i millionar kroner. Vi ser kor mykje Herøy kan spare ved å drive med same kostnadsnivå som dei andre kommunane.(- er dyrare enn Herøy, + er billigare enn Herøy).

Samla behovskorrigerte netto driftsutgifter i Herøy var 17 millionar kroner høgare enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 i 2017. Herøy dreiv tenestene 44 millionar kroner dyrare enn Sula og Gjerdrum og 23 millionar kroner dyrare enn Songdalen og Ulstein.

Figuren viser også kva for tenester som vert drive dyrt og billig i Herøy, samanlikna med Kommunegruppe 8 og dei andre kommunane. I forhold til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på desse tenestene: Adm (7 mill), Sosial (2 mill), Helse (1 mill), Kultur (5 mill), kyrkje (2 mill) og diverse tekniske tenester (13 mill). Utgiftene er lavare innanfor PLO (8 mill), grunnskule (1 mill), barnehage (1 mill) og barnevern (3 mill).
PLO vert drive 10-15 mill kroner billigare i Ulstein og Songdalen. Grunnskulen vert driven 8-17 millionar kroner billigare i Gjerdrum og Sula. Administrasjon vert drive 9 mill kroner billigare i Sula. Sosial vert drive 11 mill kroner billigare i Sula. Kultur vert drive 11 milll kroner billigare i Volda og Sula. Samferdsel vert drive 9-11 mill kroner billigare i Sula og Gjerdrum.
NB: Gjennomsnittet i kommunegruppe 8 i PLO vert påverka av at 6 norske kommunar har fått statstilskot til tenesta, og vert drive omtrent utan netto utgifter. Dette påvirker gjennomsnittet for PLO i kommune-gruppe 8 kraftig. Det er korrigert for denne effekten i rapporten, men ikkje i Framsikt analyse.
Framsikt analyse viser at Herøy hadde 4 millioner kroner høgare netto utgifter i PLO enn gjennomsnittet

i kommunegruppe 8. I samandraget skriv Brox at hovudårsaken til lavare utgifter i samanlikningskommunane er:

- - Større grunnskular
- - Mindre utgifter til alle slags kulturtiltak
- - Lavare einingsprisar i eigedomsdrift og vegdrift
- - Billigare administrasjon og politisk styring
- - Billigare brannvesen

I tillegg har eg merka meg fylgjande:

- **Skuleskyss** kostar 1,0 mill meir enn snittet i kommunegruppa

6 skular vart nedlagde i 2009. Dette medførte lengre skuleveg for mange og rett til skyss etter opplæringslova.

Mykje spreidd busetnad i kommunen, gir rett til skyss anten i forhold til avstand til skulen eller smal/dårleg veg utan gangfelt.

- **Fastlege, fysio og legevakt** kostar 4,0 mill meir enn snittet

Funksjon 241:
Her er nokre feilføringar, dyr legeavtale, betaling eksterne som vi ikkje kan styre (NPV, Helfo).
Vi ligg lågt ifht kommunal fysioterapi. Legevakt meiner ein å drifte så rimeleg og effektivt som mogleg. Dette vil bli dyrare med nye krav.

Funksjon 243:
Utgiftene er i hovudsak løn. Herøy er organisert med eigen seksjon i dag. Dei fleste kommunar har dette fellesorganisert med psykisk helse. Mogleg har andre kommunar ei anna funksjonsføring enn Herøy. Vi ligg lågt med tilsette ifht psykisk helse, men høgare på rus. Dette området vert slått saman frå 01.01.2019 også i Herøy kommune. Funksjonsføring her kan vi mogleg skjønnsmessig korrigere, då ein i felles seksjon naturleg vil arbeide meir på tvers.

- **Sosiale tenester**: 2,0 mill meir på rettleiing, 1,0 mill meir på rusomsorg, 2,0 mill meir på arbeidstiltak enn snittet.

Funksjon 242 Veiledning
Det er nokre feilføringar her, mellom anna skulle godt over 1 mill vore ført på 281 sosialhjelp.
På denne funksjonen er også Solheim dagsenter ført.

Funksjon 243 Rusomsorg
På denne funksjonen er bustadsosiale tenester ført. Det er mogleg at desse tenestene i andre kommunar vert ført på 254 - jf kommentarane vedkomande funksjon 241.

Funksjon 273 Verna arbeid.
På denne funksjonen er mellom anna lærlingane ført med 1,4 mill. Det er og ført vel 0,8 mill vedkomande tiltakspakken. Desse føringane gjer at ein får høge utgifter på desse funksjonane

- **Utleige av bustader**: 1,0 mill meir enn snittet (utleige av bustader gjekk med underskot)

Husleigesatsane i Herøy kan vere lågare enn husleigesatsane i samanliknbare kommunar. Vi har i dei siste åra auka husleigesatsane gradvis, men det er fortsatt eit stykke igjen til vi er på antatt marknadsprisnivå.

Ei anna forklaring kan vere at utleigebustadar vert ståande tome med husleigetap som konsekvens i påvente av klargjering for ny utleige. Klargjering kan drage ut i tid, av ulike grunnar, men gjennom

tverrfagleg samarbeid bør i alle fall Herøy kommune bidra til at utleigebustadane er mindre utsette for skadeverk gjennom året og kontraktsforholdet, slik at klargjering for ny utleige vert mindre kostnadskrevjande.

Ei tredje forklaring kan vere knytt til avskrivinga av kommunale bustadar.

- Drift av **kulturbygg**: 3,0 mill meir enn snittet

Herøy kommune har to bygg å drifte, dette gjer nok store utslag. Det er for 2018 og framover iverksett tiltak for å få desse kostnadane ned, men det vil vere vanskeleg å sjå at vi skal greie å hente inn desse kostnadane fullt ut.

Tiltakspakke 2017 er ført med kr. 349 668 på denne funksjonen i 2017. Likeins utgjer fordelte lønsutgifter frå Seksjon Byggdrift kr. 256 155 medan offentlege avgifter og forsikring utgjer om lag kr. 170 000.

- **Kulturskule**: 2,0 mill meir enn snittet

Herøy har ein andel på 34,7% av elevane i grunnskulen som deltek i kulturskulen. Det høgste talet i samanlikningskommunane. Kostragruppe 8 har 16,6%. Viser til Brox sin kommentar i rapporten under tabellen øvst side 51: Høge kostnader kjem av høg dekningsgrad, ikkje av høge utgifter pr brukar.

Utgiftene pr brukar ligg kr 2.900 under gjennomsnittet i kommunegruppa

- **Kyrkje:** 2,0 mill meir enn snittet

Herøy har 3 kyrkjer og 7 gravplassar.

- **Kart/oppmåling og byggesak**: 1,0 meir enn snittet

Området har fått overført 1 heimel frå plan for nokre år tilbake og det gjer nok noko utslag på denne Kostra-analysen. Denne heimelen er i dag overført til funksjon 302 på bakgrunn av lengre sjukmelding. Ein forventar at utgiftene vil vere meir på snittet ved neste analyse.

- **Politisk styring**: 2,0 mill meir enn snittet

Netto utgifter på dette ansvaret er på ca 4,1 mill. Løn (1,5 mill) og møtegodtgjersle (1,0 mill) er dei største enkeltpostane.

- **Administrasjon**: 7,0 mill meir enn snittet

Dette området er vanskeleg å analysere fordi kommunane sin rekneskapspraksis varierer (tolking av skillet mellom teneste og administrasjon), sjå side 56 i rapporten.

- **Brann**: 3,0 mill kr meir enn snittet

Funksjon 338, førebyggande, er tilfredstillande. Funksjon 339 beredskap er tidlegare utgreidd i sak 17/715 og det er lagt fram fleire modellar for innsparing av beredskapen. Vi driv vi dyrare pga. ekstra brannstasjon i Myrvåg. Ved å legge ned brannstasjonen kan dette gi ei innsparing på 840 000 kr. I sak 17/715 er det og vist til andre tiltak som er mogleg å gjennomføre som gjer at kostnadane vert vesentleg redusert innan funksjon 339.

- **Eigedomsforvaltning**: 3,0 mill kr meir enn snittet

I forhold til busjettet var det største meirforbruket på dette området i 2017 sviktande husleigeinntekter (ca 1,4 mill) og kommunal drift (1,3 mill).

- **Hamnevesen**: 3,0 mill kr meir enn snittet

Avskrivingar på 1 540 000 kr og 350 000 kr på tiltakspakke er ført her. I tillegg har vi ikkje nok inntekter på kaivederlag for å dekke opp kostnadane.

- **Næringsføremål**: 1,0 mill kr meir enn snittet

Tiltakspakken er ført på funksjon 325, 800 000kr

9.3 Andre forhold

- **Interkommunalt samarbeid**

Vanylven kommune har teke initiativ til interkommunalt samarbeid med Herøy på fleire tenesteområde. Rådmannen legg til grunn at samarbeid med andre kommunar skal gje ei innsparing.

- **Bygningsmessige tiltak**

Kommunen har store utfordringar når det gjeld standard på dei kommunale bygningane.

- **Organisasjonsutvikling**

Kommunekompasset, innbyggarundersøkinga, lokaldemokratiundersøkinga, brukarundersøkingane og medarbeidarundersøkinga (10-faktor) har peika på område der kommunen har eit utviklingspotensial. Dette skal fylgjast opp på ein systematisk måte i heile organisasjonen.

9.4 Prioritering

Herøy kommune har ein ambisjon om å vere «ei båtlengd føre» og vere «ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i». Kommunestyret har vidare vedteke ein strategi for utvikling av lokalsamfunnet og organisasjonsutvikling gjennom Samfunnsdelen av Kommuneplanen og Kommunekompasset.

Det er krevjande å finne ein balanse mellom stramme, men fagleg forsvarlege rammer for tenestetilbodet, og investeringsrammer som legg til rette for utvikling, busetjing, næringsetablering og sikrar ein forsvarleg standard på bygningsmassen.

Investeringsbudsjettet:
Rådmannen har prioritert

- - ei strategisk satsing for busetjing og næringsetablering,
- - forlenge levetida og sikre ein forsvarleg standard på eksisterande kommunale bygningane og
- - nødvendige investeringar for at kommunen skal vere med i utviklinga for modernisering og digitalisering.

Kommunedelplanen for bustadpolitikk vart vedteken i K-sak 14/16. Kommunen har 140 utleigebustader rundt i kommunen. I planarbeidet kom ein fram til kommunen kan selje 30 bueiningar og bruke midlane til å reinvestere i nye einingar. Det er ein føresetnad at kommunen sel bustadane til dei som bur der i dag for at forholdet mellom behov for bustad og tilgjengelege bustader ikkje skal verte forverra. Her er bestilt taksering og starta dialog med dei som bur i bustadane.

Driftsbudsjettet:
KOSTRA- rapportane konkluderer med at kostnadsnivået i tenestene i kommunen er 17 millionar høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 i 2017 og 6-44 millionar høgare enn utgiftene i samanlikningskommunane.

Gjennom 2016, 2017 og 2018 har administrasjonen arbeidd med å skape balanse mellom kommunen sine utgifter og inntekter m.a.

- Kritisk vurdert tenestenivået i forhold til standarden i dag og kva som er forsvarlege tenester.
- Analysert den administrative organiseringa og bruk av administrative ressursar.

I 2016 vart det trekt inn fylgjande stillingar:

- 1,0 stilling som folkehelsekoordinator/kulturarbeidar
- 0,3 stilling økonomi/personal

I 2017 stod fylgjande stillingar vakante:

- 1,0 stilling rådmann/assisterande rådmann
- 1,0 stilling Servicetorget

I tillegg er 0,8 stilling i administrasjonen i pleie og omsorg inndratt.

I 2018 er

- 1,0 stilling som assisterande rådmann inndratt
- 1,0 stilling i Servicetorget er ikkje budsjettert.
- 1,4 stillingar vakante i økonomiavdelinga/dokumentsenteret fram til avklaring rundt
- samarbeidsprosjektet
- med Vanylven.

I samband med budsjett 2018 vart det gjort vedtak om at det skulle gjerast ein gjennomgang i alle sektorane innan 31.03.2018 med sikte på å finne tiltak som kunne redusere driftskostnadene med 10 mill kr på årsbasis. Tiltaka skulle vere realistiske og gjennomførbare. Dette er tiltak som skal kome i tillegg til rammereduksjonane for sektorane.

Kommunestyresak 57/18 24.05.18 vart det gjort vedtak om slik innsparing, gjeldande frå 2019:

Samla innsparing oppvekst:	2.200.000
Samla innsparing helse og omsorg:	4.765.000*
Samla innsparing samfunnsutvikling:	1.110.200
Samla innsparing stab:	2.200.000
Samla innsparing:	**10.275.000***

*Her er gjort ein summeringsfeil. Dei rette tala skal vere 4.505.000 og 10.015.000.

Rådmannen si vurdering er at driftskostnadane framleis er for høge. **For 2019 må inntektene aukast/driftskostnadane reduserast med om lag 13,5 mill kr for å få balanse mellom utgifter og** inntekter (i tillegg kjem evt nye rente- og avdragskostnadar og evt nye tiltak**)**. Vi kan ikkje basere oss på å tappe eit driftsfond som allereie er for lite.

Det er heller ikkje tilfredsstillande å basere seg på årlege rammeinnsparingar for å balansere budsjettet. Det er difor behov for nye permanente innsparingstiltak som vil ha innsparingseffektar på lenger sikt (utover det enkelte budsjettår). Tiltaka må vere realistiske og gjennomførbare.

Rådmannen vil difor rå til at det vert gjort ein ny gjennomgang av drifta med sikte på å finne tiltak som kan skape meir permanent balanse mellom inntekter og utgifter. Her må alle tiltak som **driftsreduksjonar, strukturendringar og interkommunale samarbeidsordningar** vurderast. Slike tiltak bør gjennomførast så raskt det er praktisk mogleg.

Det er difor heller ikkje rom for nye driftstiltak med unntak av tiltak som kan finansierast innanfor driftsramma.

Det bør vurderast om det er mogleg å prioritere tiltak som

- - Tidleg innsats
- - Rus/psykiatri
- - Habilitering/rehabilitering

ved omdisponering innanfor driftsramma.

Eigedomsskatt frå 2020 vil kunne gi ei inntekt på om lag 8-10 mill kr per år forutsett ein skatt på 1 promille av formuesverdien.
Eit budsjett og ein økonomiplan skal vere eit styringsverktøy og om det ikkje er reelt, vil det heller ikkje vere eit styringsverktøy for administrasjon og politikarar.

10. Økonomiplan drift 2019-2022

- Økonomiplan drift for 2019-2022 syner korleis Herøy kommune kan redusere sine driftskostnadar/auke sine inntekter med med om lag 18,8 mill kr i 2019.
- Dei største endringane skjer gjennom ei ny sak om varige driftsreduksjonar som må gjennomførast tidleg i 2019 for at dei skal kunne få delvis verknad dette året.
- Gjennom budsjettforslaget må samarbeidet med andre kommunar aukast i åra som kjem. Dette er noko som kan føre til reduserte kostnadar for alle litt fram i tid.
- Rådmannen har vurdert eigedomsskatt på private hus og hytter. Med 1% av takstverdi vil det kunne gi ei inntekt på minst 7 mill kr. Men ein slik skatt bør ikkje nyttast til drift og ein foreslår heller ikkje denne ordninga i 2019. Etter valet i 2019 må ein imidlertid vurdere dette nøye slik at ikkje tenestene forvitrar i åra som kjem. Rådmannen legg opp til ei innføring av slik skatt frå og med 2021 i sitt forslag til saldert økonomiplan.

I hovudtal kan dette (balansen) settast opp slik (rådmannens tilråding):

	2019	2020	2021	2022
Innsparingar				
Rammeinnsparing, Helse og omsorg	700	700	700	700
Veks i husleige nye kommunale bustadar	0	200	400	800
Andre driftsinnsparingar	0	0	0	0
Sum innsparingar drift	**700**	**900**	**1 100**	**1 500**
Kalk renter/avskriving VAR	300	600	900	1 200
Bruk av fonds	9 300	8 500		
Ytterlegare driftsreduksjonar /varige kutt/rammeinnsparingar/vakansar	8 000	10 000	14 500	14 500
Samarbeid, auka inntekter	500	1 500	2 500	3 500
Eigedomsskatt (1,5 promille)			10 000	10 000
Sum auka innt/red kostn	**18 100**	**20 600**	**27 900**	**29 200**
Tot innsparing/auka innt	**18 800**	**21 500**	**29 000**	**30 700**
Skal finansiere:				
Driftsrammer høgare enn innt. til fordeling	13 500	13 500	13 500	13 500
Nye tiltak	4 300	3 500	3 000	3 000
Auka renter/avdrag	1 000	4 500	8 500	12 300
Sum til inndekning	**18 800**	**21 500**	**25 000**	**28 800**
Diff	**0**	**0**	**-4 000**	**-1 900**

Sidan sist formannskapsmøte har den negative driftsramma blitt redusert med om lag 1,5 mill kr. Dette skuldast reduksjonar innan bla. Søre Sunnmøre Kemnerkontor og Landbrukskontoret. I tillegg er pensjonskostnadane justert ned med om lag 1,3 mill kr. Helse og omsorg manglar 0,7 mill kr i høve til innsparingskravet på 4,4 mill kr i 2019. Dette er lagt inn som ei rammeinnsparing.

Under nye tiltak ynskjer rådmannen å auke sosialhjelpsbudsjettet frå 4,3 mill kr til 7,0 mill kr i 2019 med ei viss nedtrapping dei andre åra i økonomiplanperioden. Basert på årets utbetalingar vil truleg også 7,0 mill kr bli for lite, men rådmannen voner likevel utbetalingane vil bli redusert i 2019 pga redusert arbeidsløyse.

Kommunen har fått om lag 0,4 mill i øyremerka statstilskott til ein psykolog nr 2. Reknar ein med at ny psykolog kan starte opp 1 april 2019 blir meirkostnaden dette året om lag 0,275 mill kr som så aukar til 0,5 mill kr frå 2020. Den siste delen, 0,3 mill kr er knytt til kvardagsrehabilitering. Totalt snakk om 1,8 årsverk, der 0,4 årsverk vert omdisponert i Helse- og omsorgsavdelinga og kr 620.000,- vert gitt som øyremerka statstilskott.

Bevillingar per sektor og område

Oversikta under syner kor mykje den einskilde sektor/område får i bevilling i 2019 før ein har vurdert evt kutt eller nye tiltak.

DRIFTSOVERSIKT (Tall i 1000kr)	**Budsjett 2019**	**Økonomiplan 2020**	**Økonomiplan 2021**	**Økonomiplan 2022**
Skatt på inntekt og formue	-276 450	-276 450	-276 450	-276.450
Rammetilskott	-217 300	-217 300	-217 300	-217.300
Eigedomsskatt	-	-	-	-
SUM FRIE INNTEKTER	**-493 750**	**-493 750**	**-493 750**	**-493 750**
Renteutgifter	14 750	14 750	14 750	14 750
Avdrag	24 000	24 000	24 000	24 000
Andre finanskost. (tap på aksjar, gebyr m.m.)	1 299	1 299	1 299	1 299
Utytte Tussa	-5 230	-5 230	-5 230	-5 230
Statstilskott, rente- og avdragskompensasjon	-2 400	-2 400	-2 400	-2 400
Andre renteinntekter	-3 183	-3 183	-3 183	-3 183
Aktiv forvaltning	-4 300	-4 300	-4 300	-4 300
Andre finansinntekter (gebyr, morarenter m.m.)	-626	-626	-626	-626
Netto rente og finanskostnadar	24 310	24 310	24 310	24 310
Nto pensjonsavvik/amortisering av pensjonsav.	-16 593	-16 593	-16 593	-16 593
Netto avskrivingar	-4 090	-4 090	-4 090	-4 090
Sum andre poster	**-18 839**	**-18 839**	**-18 839**	**-18 839**
TIL FORDELING	**-490 074**	**-490 074**	**-490 074**	**-490 074**
Politisk leiing	4 149	4 149	4 149	4 149
Administrativ leiing	1 835	1 835	1 835	1 835
Andre Overføringar (Kyrkje, revisjon m.m)	13 220	13 220	13 220	13 220
STAB				
Servicetorget	3 245	3 245	3 245	3 245
Dokumentsenter og politisk sekretariat	4 136	4 136	4 136	4 136
Økonomiavdelinga	5 371	5 371	5 371	5 371
Personal- og organisasjonsavdelinga	7 356	7 356	7 356	7 356
IKT	7 433	7 433	7 433	7 433
Eigedom	19 243	19 243	19 243	19 243
OPPVEKST				
Barnehageavdelinga	71 369	71 369	71 369	71 369
Grunnskuleavdelinga	115 255	115 255	115 255	115 255

HELSE OG OMSORG				
Administrasjon Helse og omsorg	1 335	1 335	1 335	1 335
Avdeling for Barn, Familie og Helse ink NAV	56 950	56 150	55 650	55 650
Pleie- og omsorgsavdelinga	112 600	112 600	112 600	112 600
Bu- og habiliteringsavdelinga	40 076	40 076	40 076	40 076
Tenestekoordinering	8 740	8 740	8 740	8 740
SAMFUNNSUTVIKLING				
Kulturavdelinga	8 991	8 991	8 991	8 991
Utviklingsavdelinga	7 120	7 120	7 120	7 120
Landbruk	1 245	1 245	1 245	1 245
Brannvern	8 297	8 297	8 297	8 297
Anleggs- og driftsavdelinga	9 172	9 172	9 172	9 172
Sum fordelt til driftsrammer	**503 574**	**503 574**	**503 574**	**503 574**
Avsetjing til disposisjonsfond	-	-	-	-
Kalkulatoriske renter/avskrivingar sjølvkost	-300	-500	-700	-900
Bruk av disposisjonsfond	-10 000	-5 000	-	-
Ytterlegare driftsreduksjonar/nedbemanning	-7 500	-10 000	-12 500	-12 500
Samarbeid/auka inntekter/auka folketal	-500	- 1 500	- 5 000	- 5 000
Overføring til investeringsrekneskapen	-	-	-	-
Netto disposisjoner	**-18 300**	**-17 000**	**-18 200**	**-18 400**
Balanse	- 4 800	-3 500	-4 700	-4 900
Tiltak som skildra (innsparing/nye tiltak)				
Til renter og avdrag og nye tiltak	-4 800	-3 500	-4 700	-4 900

Ein forventar relative stabile inntekter i økonomiplanperioden. I 2018 berekna vi skatteinntektene og rammetilskottet ved å bruke faktisk skatteinngang 2017 + statens prognose for skattevekst 2018 og rekna rammetilskotet ut i frå det. Det synte ein vekst i frie inntekter frå vårt budsjett 2017 til vårt budsjett i 2018 på kr 1.600.000,-. For 2019 vel vi å bruke tala frå Grønt Hefte for desse berekningane. Det kan vere at skatteinntektene vert berekna for høge (auke på nær 10,0 mill kr sett i høve til budsjett 2018), men rådmannen har valgt å legge seg på dette nivået. Budsjetterte skatteinntekter og budsjettert rammetilskott 2019 er om lag 14,0 mill kr høgare enn i 2018.

Basert på vedtak K-sak 101/18 (Budsjett 2019 og økonomiplan 2020-2022 – Investeringstiltak i kommunale bygg) og K-sak 100/18 (Budsjett 2019 og økonomiplan 2020-2022 – Investeringstiltak Anleggsprosjekt), nokre små investeringar frå Helse og omsorg, Oppvekst og IKT samt ynskje om nye bilar og maskiner i anleggsavdelinga blir investeringane i økonomiplanperioden særs store. Brutto investeringar i 4 års perioden blir på i overkant av 400,0 mill kr eks vidareutlån. Det gjer at vi framover får ein stor auke i finanskostnadane som må finansierast gjennom reduksjonar i driftsrammene og/eller nye inntekter. I tillegg skal minsteavdragsprinsippet endrast gjennom ny kommunelov, noko som gjer at Herøy kan få auka sine avdrag med om lag 6,0 mill kr i høve til dagens regelverk.

Underskotet i økonomiplanen (2019-2022) må finansierast ved hjelp av driftsreduksjonar, bruk av fonds og evt nye inntekter. Skal sistnemnde vere aktuelt må ein gjere vedtak om det minst 1 år før inntektene kan krevjast inn.

For å få både budsjett og økonomiplan i balanse har rådmannen saldert med bruk av disposisjonsfond

9,3 mill kr i 2019 og 8,5 mill kr i 2020. Rådmannen legg til grunn det ikkje er mogleg å få til nødvendige driftsreduksjonar allereie i 2019, men at drifta skal takast ned med 14,5 mill innan 2021 i tillegg til innsparing gjennom samarbeidstiltak på 2,5 mill kr.

Slik dagens framlegg til budsjett og økonomiplan ligg føre, klarer ein ikkje målsetjinga om eit netto driftsresultat på 1,75%.

Investeringar
Dei største tiltak i økonomiplanperioda kan ein setje opp slik:

Tiltak	**Mill kroner**
Kommunale bustadar	41,1
Oppgradering av 4 skulebygg	33,6
Opparbeiding av 3 byggefelt	31,5
VAR området	30,0
Oppgradering av sjukeheimane	25,0
Nye kaier Mjølstadneset	21,0
Byutvikling (sjå vedlegg)	20,0
Fosnavåg Brannstasjon og driftsbase	18,0
Veg Leine-Voldsund	10,0
Hall ved einedalen skule (sluttfinansiering)	8,0
Ei mengd mindre tilta	111,6
SUM	**319,8**

Den samla utviklinga i rente og avdragskostnadane ser de i tabellen nedanfor forutsett at dei skisserte investeringsprosjekta vert vedtatt i økonomiplanperioda.

	2019	**2020**	**2021**	**2022**	**SUM**	**Tekst**
Samfunnsutvikling						
Byutvikling	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000	Pri
Avskjerande grøft Kvalsund			400		400	
Grøft overvatn Huldalsvegen	300				300	Pri
Ny kaihøgde ytre Allmenningskai	5 500				5 500	Pri
Trafikktryggingstiltak		1 500	1 500	1 500	4 500	Pri
Tursti Myklebustvatnet				1 200	1 200	2020-2021
Tursti Djupvikvatnet			3 000		3 000	
Bergsøy Kunstgrasbane nytt dekke		500	2 500		3 000	2019-2020
Jektenaust m.m.	2 400				2 400	Pri
Gangveg i sentrum	600				600	
Dragsund bustadfelt	1 000	9 000			10 000	Pri
Bø/Arhaug bustadfelt	6 500				6 500	Pri
Stokksund bustadfelt		1 000	14 000		15 000	
Mjølstadneset næringsområde	625				625	
Eggesbønes næringsområde		1 500	1 500	5 000	8 000	Sjølvfinansierande
Eggesbønes næringsområde. Planleggingsmidlar	250				250	Pri
Mindre parkerigsplass Frøystad				1 000	1 000	2020-2022
Mindre prosjekt i bustadfelt	750				750	
Bru til Herøy gard	300	3 000			3 300	Pri
Veg og parkering Rundavegen			600	800	1 400	2020-2021

Veg Flusund				5 000	5 000	
Kaier på Mjølstadneset		1 000	20 000		21 000	2020-2021
Oppgradering av Grønhaugvegen				1 250	1 250	
Oppgradering av veg Kleppeåsen	700				700	
Oppgradering av veg til Marine Sales				750	750	
Oppgradering av Vikevegen (til Vikeskaret)				5 000	5 000	
Parkeringsplass Fosnavåg Sentrum	2 000				2 000	
Eigedom						
Asbestsanering		1 000	1 000		2 000	
Asfaltering ved kommunale bygg	250	500	500		1 250	
Brannsikring av kommunale bygg	250	1 000	1 000	1 000	3 250	
Desentralisert ventilasjon		2 000	2 000		4 000	
ENØK tiltak		1 000	1 000	1 000	3 000	
Kommunale bustadar	1 600	16 500	11 500	11 500	41 100	
Leikeplassar		500	500		1 000	
Herøy rådhus	3 000				3 000	
Offentleg toalett Goksøyra	650				650	
Bergslia barnehage	950				950	
Myrsnipa barnehage	600				600	
Bergsøy skule Blåhaugen	1 100				1 100	Sluttfinansiering
Bergsøy skule Borga	5 000	500	10 500		16 000	
Einedalen skule, hall	8 000				8 000	Sluttfinansiering
Stokksund skule	6 000				6 000	
Ytre Herøy ungdomsskule	500	5 000	5 000		10 500	
Herøy omsorgssenter Raud/Grøn avd	4 000	6 000	10 000		20 000	
Myrvåg omsorgssenter				5 000	5 000	2020-2022
Sjukeheimsvegen 14	1 300				1 300	
Storebakken 3	800				800	
Fosnavåg brannstasjon & driftsbase	18 000				18 000	Pri
Herøy kulturhus og idrettshall	2 000	7 000			9 000	
Andre investeringar						
Bibliotek, inventar	200				200	
Digitalt satsing oppvekst	1 540	970	250		2 760	
Utsyr/inventar Oppvekst	500	300	-	-	800	
Utstyr til sjukeheim, kjøkken og teknisk drift	250	250	250	250	1 000	
Digialisering av arkiv Landbrukskontoret	215	215			430	Fin. av fonds
Flishoggar	350				350	
FV 18 Leine-Voldsund		10 000			10 000	
Høgdeberedskap				3 000	3 000	
Investeringsmidlar SSIKT	2 265				2 265	
Lokale investeringsmidlar IKT	2 125	2 125	2 125	2 125	8 500	
Kryssing av Fosnavåg hamn	1 500				1 500	Pri
Lastebil		2 200			2 200	Innbyttepris trekt frå

Ny vaktbil				900	900	
Prosjekt e-Rom 2019	400				400	
Tilhengar til til kjemikaliedykker, utstyr etc	100				100	
Toalettbygg i parken	1 100				1 100	Pri
Traktor Havila stadion	500				500	
SUM	**91 170**	**79 560**	**94 125**	**51 275**	**316 130**	

Utbyggingar iflg kloakkrammeplanen	7 500	7 500	7 500	7 500	30 000
SUM INVESTERINGAR I VAR OMRÅDET	**7 500**	**7 500**	**7 500**	**7 500**	**30 000**

Vidareutlån Formidlingslån/startlån	10 000	10 000	10 000	10 000	40 000
Finansiert av lån i Husbanken	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-40 000
Eigenkapitalinnskott i KLP	1 400	1 400	1 400	1 400	5 600
Bruk av fonds Eigenkapitalinnskott KLP	-1 400	-1 400	-1 400	-1 400	-5 600
SUM FINANSINVESTERINGAR	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

	2019	**2020**	**2021**	**2022**	**Sum**
Finansiering	98 670	87 060	101625	58 775	347 005
Bruk av fonds	-215	-215			-430
Sal av tomter etc	-1 655	-3 045	-5 125	-7 275	-17 100
Lånefinansierte prosjekt som utgår (EPC)	-7 000				-7 000
Statstilskott, kommunale bustadar			-2 000	-4 500	-6 500
Lånebehov (eks vidareutlån i Husbanken)	**89 800**	**83 800**	**94 500**	**47 000**	**315 100**
					-
Rentekostnadar 2,10% (halve 2019)	1 130	1 890	1 850	1 850	6 475
Rentekostnadar 2,25% (halve 2020)		1 000	2 000	2 000	5 000
Rentekostnadar 2,40% (halve 2021)			1 070	2 230	3 390
Rentekostnadar 2,50% (halve 2022)				670	670
Avdragskostnadar nytt regelverk		2 000	4 100	6 500	12 600
Reduserte renter ord avdragsbetalingar 25 mill	-130	-390	-520	-750	-1 790
Auka finanskostnadar	**1 000**	**4 500**	**8 500**	**12 500**	

Gjeldsutviklinga i økonomiplanperioden

	2019	2020	2021	2022
Brutto gjeld per 01.01	876 000	950 800	1 017 600	1 093 300
Ny gjeld i perioden	99 800	93 800	104 500	57 000
Årlege avdrag	25 000	27 000	29 100	31 500
Årleg gjeldsauke	74 800	66 800	75 400	25 500
Netto gjeld per 31.12	**950 800**	**1 017 600**	**1 093 300**	**1 118 800**

Basert på forslaget vil kommunes gjeld auke med om lag 242,8 mill kr i økonomiplanperioda. Ikkje alt dette er kommunalt renteberande gjeld. Per 01.01.2019 utgjer kommunens vidareutlån (husbanken), lån til VAR sektoren og rentekompenserte lån i alt om lag 220,0 mill kr. Per 31.12.2022 vil desse låna utgjere om lag 265,0 mill kr. Dvs at den gjeldsveksten kommunen sjølv må finansiere aukar med om lag 197,8 mill kr. I tillegg er nokre av investeringane sjølvfinansierande på litt sikt som t.d. utleigebustadar og industriområde Eggesbønes.

Kommentarar til nokre av investeringsprosjekta – Sektor Samfunnsutvikling

Toalettbygning i parken - 2019

Etablering av kombihus med toalett, dusj og latrine (tøming for m.a bubilar) i parken . Det er innhenta tilbod der huset har LED lyshåndtak som indikerer ledig/opptatt med grønt og rødt lys, kortbetaling på alle tre rommene. Fasade i lakkerte stålplater med antigraffitimiddel,flatt tak i beslått stålplater, pulverlakkerte dører med vertikale eller horisontale spor og tidslåsing. Huset er av type Tetragon med beste vandalsikkerhet. Laminatplater i tette profiler, interiør og utstyr i rustfritt stål, varme og ventilasjon og fliser med sluk på gulvet. Toalettbygninga er komplett og vert løfta på plass.



Jektenaust - 2019

Dette omfattar grunnarbeid for oppføring av naust til sunnmørsjekta Anna Olava og utviding av parkeringsplassen ved Herøy Gard med etablering av kaifront (ikkje sjølve naustet). Prosjektet er forankra politisk i K-sak 105/16 der kommunen gir si tilslutning til å utvikle Herøy kystmuseum med etablering av naust med formidlingsbygg til jekta. Prosjektet er eit samarbeid med stiftinga Sunnmøre Museum og det vert pr. i dag arbeida med innsamling av midlar til bygging av naustet. Det er utarbeidd skisser og prosjektet kan sjåast på som oppstarta.

Bergsøy kunstgrasbane – Frå 2020

Det er stort behov for rehabilitering av Bergsøy KGB 1. Bergsøy IL Fotball har bygd hall på delar av bana. Dette tiltaket gjeld oppgradering av dekke på restarealet ute. Dette er no meir enn 10 år gamalt og ein kan søkje om tippemidlar til dette føremålet. Her har vi sett inn brutto kostnad. Tippemidlane vil vi evt få utbetalt om nokre år.

Høgdeberedskap og ny vaktbil (Brannvern) - 2022

Dette er høgdelift til brannvern og ny vaktbil til brannvernet . Ein foreslår å utsetje desse investeringar til ein har konkludert organisering av brannvernet saman med nabokommunar.

Traktor Havila stadion - 2019

Herøy kommune eig stadionområdet og Bergsøy idrettslag fotball har driftsavtale med kommunen på stadionområdet. Slik avtala er utforma så skal kommunen stille med utstyr og materiell til dette vedlikehaldet medan Bergsøy idrettslag fotball skal stå for det fysiske arbeidet i hht. driftsavtalen. Traktoren som i dag er i brukt, til dette føremålet er sliten og treng ein god del vedlikehald m.a. er bremsesystemet i dårleg forfatning.

Byutvikling

Eigen plan, sjå vedlegg utsent til sak i formannskapet 13.11.2018

Andre kommentarar på investeringsprosjekt Samfunnsutvikling

2019

Bibliotek – Inventar

Inventaret i biblioteket treng modernisering og oppgradering. I dette ligg det både kontormøbler, men og møbler i sjølve biblioteket

Bø/Arhaug bustadfelt

Prosjekta gjeld utbygging av infrastruktur for å legge til rette for bustadutbygging i kommunale felt.
I summane er det ikkje tatt høgde for inntekter ved sal av bustadtomter. Utbygging av infrastruktur i regulert felt, kommunen eig delar av arealet. Pr. dags dato er det ikkje utbygd med offentleg avlaup, tiltaket heng difor saman med prioritering av utbygging utanfor feltet i handlingsplan for avlaup. Det er ikkje ført fram vatn til området, men grendalaget er i dialog med Herøy Vasslag SA med sikte på å løyse det innan kort tid.

Digitalisering av arkiv

Prosjektet gjeld digitalisering av landbruksarkiv for Herøy, Ulstein og Hareid fram t.o.m. 2017.

Kommunane ønskjer å gi eit best mogleg tilbod og god service når det gjeld tilgong på informasjon til sine innbyggjarar. Ved å gjere arkiva våre digitalt tilgjengelege kan prosessar retta mot kommunen sine innbyggjarar bli forenkla og forbetra. Informasjonsnivået vil bli betre og høgare, noko som igjen sikrar at ein kan treffe raskare og betre avgjerder i den offentlege sakshandsaminga. Resultatet av det digitaliserte materialet skal ha same informasjonsverdi som dagens papirarkiv for interne og eksterne brukarar, men lettare tilgjengeleg og med enklare og meir fleksibel attfinning. Prosjektet er søkt finansiert ved å nytte dispensasjonsfondet frå samarbeidet om Søre Sunnmøre landbrukskontor. I dag står det ca 1,2 mill kroner på fondet som høyrer til kommunane etter fordelingsnøkkelen i vertskommuneavtalen. Ein har god erfaring med digitalisering av arkiv med visning til prosjektet i Herøy kommune på byggesak. IKA (interkommunalt arkiv) har vore kontakta for å gi eit estimat på arbeidet. Det ligg på om lag 1 000 000 kr for alle kommunane og omfattar arkiv på gards- og bruksnummer, viltforvalting og protokollar frå landbruksnemndene. Alle arkiva har skarpe skilje kommunevis.

Estimerte kostnadar er :
Gardsarkiv om lag kr. 690.000,-
Møtebøker for landbruksnemndene 1964-1995 om lag kr. 150.000,-
Viltforvaltning om lag kr. 140.000,-

Prisane er som nemnt ovanfor henta frå eit prisoverslag frå IKA Møre og Romsdal datert 15.12.2017 der ein anslår samla investering til 1 000 000kr. Ein legg til grunn den same kostnadsfordelinga som i vertskommuneavtalen med slike fordelte kostnadar:
Herøy 43% - 430.000 kroner
Ulstein 29% - 290.000 kroner
Hareid 28% - 280.000 kroner

Flishoggar

For å kunne høge og kviste tre langs kommunal veg. Det vil vere langt meir effektivt å ha ein flishoggar for å kunne flise opp greiner på staden.

Generelt på Mjølstadneset

Eit større areal er reservert med sikte på utbygging. Det vil vere naudsynt med midlar for å ferdigstille området og tekniske anlegg. Her er det ikkje berekna salsinntekter då her har våre ei etappevis utbygging over lang tid.

Grøft for overvatn i Huldalsvegen 2019

Eksisterande kanal i Huldalsvegen er i dårleg stand og overvatnet skal leggast i rør. Løyvinga for 2018 vart for lav i forhold til kostnadane med rør og kryssinga av fylkesvegen.

Kryssing av Fosnavåg hamn
Kommunen ynskjer å få etablert ein tilkomst over hamna saman med private aktørar. Vågsholmen, Urholmen og ytre del av Nørevågen vil, når dette er ferdig utbygd, truleg busetje rundt 500 personer og infrastruktur over sundet vil vere viktig for å binde saman bydelane. Tilrettelegginga som er under planlegging med tur, promenade og offentlege rom vil gi ein meirverdi også for andre enn dei som bur på Vågsholmen. Private har i samarbeid med lokale bedrifter funne ein god måte til å gjennomføre prosjektet med omsyn til teknologi og komponentar som er godt utprøvde. I sitt brev skisserer private aktørar årlege servicekostnadar på om lag 35 000 kr eks. mva og at prosjektet har ei estimert kostnad på 3 millionar kr. eks.mva.

Mindre prosjekt i bustadfelt

Det er ymse snuplassar og andre tiltak for å betre/rette opp infrastruktur i eksisterande felt.

Ny Bru til Herøy Gard (2019-2020)

Dagens bru er i dårleg stand. Summen er delt i to for å kunne starte prosjektering året før bygging.

Ny kaihøgde på Almenningskaia

I tråd med K-sak 37/17. Omfang er ikkje avklart pr. dags dato, Ein tenker prosjektering i 2019 og bygging i 2020. Kostnadskalkylen er usikker då omfang ikkje er kjent. Heving av kainivå vil medføre tilstelling og tilpassing til kringliggande bygg/plass.

Nytt industriområde på Eggesbønes 2019 - ekstra løyving

Etablering av nytt industriområde på Eggesbønes. Behov for ekstra løysing pga.overskridingar. Prosjektet er komplisert og ein ber om 200 000 kr slik at totalramme vert 1 200 000kr. Prosjektet forventes ferdigstilt i 2019.

Oppgradering av veg Kleppeåsen

Tidlegare har delar av den kommunale vegen over Kleppeåsen blitt utbetra. Dette prosjektet gjeld oppgradering vidare. I 2018 er det bevilga 300 000kr til prosjektet med fullfinansiering i 2019.

Parkeringsplass i Fosnavåg sentrum

Innregulert parkeringsplass mellom parken og Djupedalen. Grunnerverv for etablering av parkeringsplassen vart gjort i 2018.

Tilhengar til kjemikaliedykker utstyr og oveflateredning.

Herøy brann og redning treng ein skaphengar til kjemikaliedraker og overflateredningsutstyr slik at det er raskt å få det med ut i aksjon.

Vidare utbygging av Dragsund bustadfelt (2019-20)

Prosjekta gjeld utbygging av infrastruktur for å legge til rette for bustadutbygging i kommunale felt. I summane er det ikkje tatt høgde for inntekter ved sal av bustadtomter. Forlenging av eksisterande veg i Dragsund bustadfelt. Ein vil då løyse nokre utfordringar med overvatn i området, samt klargjere fleire tomter for salg.

2020

Bustadfelt i Stokksund (2020-21)

Prosjekta gjeld utbygging av infrastruktur for å legge til rette for bustadutbygging i kommunale felt. I summane er det ikkje tatt høgde for inntekter ved sal av bustadtomter. Større privat reguleringsplan, kommunen eig ikkje noko areal for bustadtomter. Inneberer også oppgradering av kommunal veg fram til området og etablering av avlaupsløysing utanfor feltet.

FV 18 Leine- Voldsund (G/S veg)

I investeringsprogram for fylkesvegar 2019-27 ligg prosjektet under posten Utbetringar (Andre Investeringar på eks.veg/flaskehalsar). I programmet ligg prosjektet inne med ein kostnad 42 mill.kr

og gjeld breidde utviding av vegen. Det er lagt til grunn at kommunen må dekkje kostnadar til g/s veg langs fylkesvegen.

Historie:

Investeringprogram 2017-2023 fekk prosjektet ny prioritet 8 (frå 11).

Investeringprogram 2018-2024 fekk prosjektet ny prioritet - Uprioritet (8) med kommentar-

Alle tiltak som var omfatta av eksisterande investeringsprogram (og som no ikkje er prioritert), i lag med forslag til ein del nye tiltak, er tatt med i ei uprioritert liste, sortert etter vegnummer. Slik blir vurderingane våre meir gjennomsiktige, og det blir lettare å sjå kva prosjekt som har vore særleg vurdert. Ikkje alle desse prosjekta er kostnadsrekna. I tillegg har vi synleggjort på nedste linja kor mange andre innspel vi har registrert for gjeldande programområde. Sjølv om dette er fornuftige prosjekt, finn vi ikkje at det er fagleg tilrådeleg å prioritere desse i 10-årsperioden, med grunnlag i det store behovet for tiltak på andre område og dei tilgjengelege økonomiske rammene. Ein legg inn ei startløyving for prosjektet i 2020.

Nye Kaier på Mjølstadneset (2020-21)

I samband med ei større utbygging på austleg del av Mjølstadneset, vil det vere behov for to nye kaier. Det er ikkje tatt med kostnad med kommunal oppfylgjing av prosjektet i kostnaden. Det er sendt søknad om støtte på til kystverket, ein får ikkje svar på søknaden før statsbudsjettet er ferdig i oktober. Det ligg inn fullfinansiering av tiltaket i økonomiplanen. Prosjektet vert flytta ut i tid då tilbakemeldingar frå SILFAS AS viser at tiltaket ikkje får si realisering i 2020

Nytt industriområde på Eggesbønes (2020-2022)

Det er tidlegare gjeve ei løyving på utbygging av byggesteg 1 på 10 000 000kr. Denne delutbygginga er ute på anbod i oktober/november 2018 og vert oppstarta etter dette.
Det er under regulering eit større industriareal på Eggesbønes (ved Marine Harvest) som omfattar vidare delutbyggingar. For å selje tomteareal er det naudsynt med utfylling i sjø og bygging av infrastruktur. Full utbygging av industriområdet slik som reguleringa ligg før, vil etter 2018 prisar kome på mellom 80 og 90 mill (grovt estimert). Ein ser her føre seg ei etappevise utbygging og ein vil vere avhengig av andre nærliggande prosjekt for å få tilstrekkeleg med steinmasser til prosjektet.

Trafikktryggingstiltak (2020-22)

Finansiering av tiltak etter gjeldande trafikktryggingsplan.

2021

Avskjerande grøft på Kvalsund

Det skal gravast ei grøft for å lede overvatn frå byggefeltet og til elva som kryssar Teigevegen, elva har utløp i sjøen ved småbåthamna. Dette er eit prosjekt som ein ser som naudsynt for å betre problem med overvatn i og gjennom byggefeltet.

Rundavegen, veg og parkering (2021-22)

Opprusting og asfaltering av vegen frå brufestet og til der turstien starta, der vert det sett opp bom og laga parkeringsplass for turgåarar. Vil kunne avlaste parkeringsplassen i Goksøyra.

Turveg Djupvikvatnet

Sti med belysning rund delar av Djupvikvatnet (resterande del er eksisterande veg i dag).

2022

Mindre parkeringsplass (HC-prioritet) Frøystad

Mindre parkeringsplass Frøystad som er regulert til offentleg HC parkeringsplass. Parkeringsplassen ligg i tilknyting til friområdet ved grusbana

Oppgradering av Grønhaugvegen

Fleire bustadprosjekt er under planlegging i området og eksisterande veg er smal og dårleg.

Oppgradering av veg til Marine sales 2018

Kommunal veg til næringsområdet ved Marine Sales i Stokksund treng oppgradering.

Oppgradering av veg Vikevegen (frå Toftestøvegen)-Vikeskaret (nytt 2019)

Kommunen har trafikkale utfordringar i tilknyting til Toftestøvegen og Vikevegen som kommunen, uavhengig av ei utbygging etter vedteken utbyggingsavtale med utbyggarar i Myklebuståsen, må få rydda opp i. Ein tenkjer her på vegstykket av Vikevegen frå Toftestøvegen til Vikeskaret. Spørsmålet om oppgradering var handsama i K-sak 109/18.

Veg Flusund

I samband med privat utbygging etter reguleringsplan for Indre Bergsøy må ein pårekna at kommunen må stå for delar av infrastrukturen utanfor feltet. Prosjektet er avhengig av at privat utbyggar realisera sine planar.

Tursti Myklebustvatnet

Sti med belysning om lag frå Blåhaugen til idrettsområde. Omfattar bygging av ein 450 meter lang tursti frå Grusholvegen til kunstgrasbana til Bergsøy IL. Kan få 1/3 i støtte (spelemidlar) evt. støtte vert som oftast utbetalt 2-3 år etter at prosjekta er ferdige.

Sektor Stab (Eigedom)

2019 (startår)

Asfaltering ved kommunale bygg
Budsjettpost for asfaltering av uteområde ved kommunale bygg. Vi har i 2018 asfaltert uteområdet ved Leikanger skule og grendahus og ynskjer å ferdigstille tilsvarande arbeid for andre uteområde og parkeringsplassar ved kommunale bygg.

Brannsikring av kommunale bygg
Budsjettpost for lukking av branntekniske avvik i kommunale bygg. Kommunen sin bygningsmasse er i dårleg forfatning og det er behov for midlar i heile økonomiplanperioden for å lukke avvik som har direkte konsekvens for liv og helse. Mellom anna står vi føre ei omfattande oppgradering av brannalarmanlegg i ulike bygg, som på grunn av alder ikkje lenger er mogleg å skaffe reservedelar til.

Kommunale bustadar

Sjå detaljerte opplysningar i vedlegget: Kommunale bustadar i Økonomiplanperioda.

Herøy Rådhus
Tilrådinga for Herøy rådhus er såleis som fylgjer:

- Ny personheis
- Rehabilitering av fasade, vindu og varmeanlegg.

Saman med overførte løyvingar frå 2018-budsjettet får prosjektet ein samla budsjettpost på kr. 6,4 mill.

Offentleg toalett, Goksøyr
Tiltaket omhandlar naudsynt ombygging for å sikre heilårsdrift av offentleg toalett i Goksøyra.

Kommunestyret vedtok ved handsaminga av budsjett 2018 at det offentlege toalettet i Goksøyra skulle ha heilårsdrift. Heilårsdrift inneber auka driftskostnader for eigedomsavdelinga, særleg til reinhald, straum og avfallshandtering. I tillegg er ikkje toalettbygget, leidningsnettet og vanntilførselen sikra mot kulde og frost. Årets varme sommar og tørke har også vist til fulle at vasstilførselen til toalettet ikkje er god nok. Driftspersonell, inklusiv Herøy brann og redning, seksjon byggdrift og eigedomsleiar, har såleis etterfylt eksisterande vasstank fleire gongar på grunn av tørke.

Heilårsdrift er såleis ikkje mogleg å gjennomføre slik den tekniske tilstanden i dag er.

Totalt sett må toalettfasilitetane oppgraderast for å sikre både vassforsyning og vinterdrift. Dette inneber både oppgradering av sjølve toalettbygget i tillegg til ei oppgradering av eksisterande leidningsnett og vasstank. Totalt sett får ein då eit oppgradert bygg som taklar vinterkulde i tillegg til at sanitærutstyret forbruker mindre vatn samstundes som vannkapasiteten vert utvida frå 2000 l. til 10 000 liter. Alternativt kan heile toalettbygget skiftast ut med eit moderne og frefabrikert toalettbygg. Ledningsnett og vanntilførsel må uansett oppgraderast dersom heilårsdrift skal gjennomførast.

Bergslia barnehage
Tiltaket omhandlar naudsynt rehabilitering av yttertak, fasadekledning og vindu.
Det er ønskeleg med ei mindre utviding av avdelinga for 3-6 år i barnehagen ved at fasadefront vert flytta om lag 1 meter ut. Bruksarealet vert med ei slik løysing auka med om lag 5 m2, men gir betre plass til utstyr og auka leikeareal på golvet. Barnehagen er godkjent for 27 plassar, og det er ikkje aktuelt å auke opp dette talet.

Myrsnipa barnehage
Tiltaket omhandlar naudsynt rehabilitering av fasadekledning og vindu og bygging av eit mindre vognskjul. Vognskjulet er naudsynt fordi dagens praksis for lagring av vogner er i strid med grunnleggande brannsikkerheit og røming.

Bergsøy skule Blåhaugen
Det er behov for ei mindre utviding av bygget på grunn av skulens behov for grupperom. I tillegg er det behov for ei utebod for oppbevaring av leiker.

Eigedomsavdelinga har under utarbeiding eit forprosjekt for dette med kostnadskalkyle for utbygging. Tiltaket burde vore påbegynt i 2018, men arbeidsmengda har vore for omfattande til at eigedomsavdelinga har kunne prioritere det. Vi ber imidlertid om at tiltaket vert prioritert for gjennomføring i 2019. Førebels finansiell avsetning til prosjektet er usikker.

Bergsøy skule Borga
Tiltaket omfattar naudsynte tiltak for å forlenge levetida til bygget, særleg rehabilitering av yttertak og fasade, nye vindauge og planlegging av nytt varmeanlegg for bygget då oljefyr som varmekjelde er forbode frå 2020.
Dei einskilde tiltak er ikkje kalkulert, men det er foreslått årlege løyvingar fram til 2021 på totalt 16 mill. Midlane vert tilrådd nytta til ferdigstilling av fasaderehabilitering i 2019, oppgradering innandørs i 2020 og avsluttande oppgradering av uteområde i 2021.

Einedalen skule - fleirbrukshall
Anbodskonkurranse for prosjektet vert lyst ut hausten 2018 med antatt val av leverandør og signering av kontrakt i desember 2018. Byggestart kan difor ikkje ventast før i 2019. Løyvde midlar frå 2018 tilrådast difor overført og med tilsvarande løyving i 2019 som i gjeldande budsjett og økonomiplan.

Stokksund skule
Stokksund skule har behov for ei generell oppgradering av byggetrinn 1. Skulen sjølv melder særleg om behov for nye vindu. Dette medfører – som påpeikt ovanfor – at fasadekledning mm. må takast for å få det godkjent som investering. I tillegg er byggetrinn 1 generelt utslitt innandørs. Taket på nye delen av skulen lek og det er nødvendig å skifte taket for å hindre ytterlegare skader.
Dei einskilde tiltak er ikkje kalkulert, men det er foreslått å løyve 6 mill kr i 2019. Midlane vert tilrådd nytta til tak- og fasaderehabilitering. Om det blir midlar til overs vil ein prioritere oppgradering innandørs og avsluttande oppgradering av uteområde.

Ytre Herøy ungdomsskule
Ytre Herøy ungdomsskule har behov for ei generell oppgradering av byggetrinn 1. Skulen sjølv melder særleg om behov for ombygging og tilbygg for å stette krava til grupperom og allrom. Likeins er det naudsynt med ei relativt omfattande brannsikring av bygget, som i dag ikkje har eit forsvarleg skille mellom ulike brannceller og brannseksjonar.

Dei einskilde tiltak er ikkje kalkulert, men det er foreslått årlege løyvingar fram til 2021 på totalt 10,5 mill. Midlane vert tilrådd nytta til fasaderehabilitering, ombygging og tilbygg og avsluttande oppgradering av uteområde.

Herøy omsorgssenter - Raud og Grøn avdeling
Tiltaket omfattar fullsprinkling av bygget og utskifting av dører til pasientrom.

Prosjektet medfører at også himling og belysning må oppgraderast saman med andre tekniske installasjonar over himling. Tiltaket er naudsynt for å sikre ei forsvarleg branntryggleik ved bygget.

Prosjektet må også planleggast ut i frå dei vedtak kommunestyret gjorde i K-sak 57/18 i samband med innsparingstiltak knytt til budsjettet for 2019. For Sektor Helse og omsorg sin del innebar dette vedtaket at 40 institusjonsplassar i prinsippet er vedteke omheimla til omsorgsbustadar med heildøgns bemanning. Vedtaket kan ikkje iverksettast før rehabilitering av raud og grøn avdeling er gjennomført. I den samanheng må rehabilitering omfatte etablering av pasientbad på alle pasientrom. Sektor Helse og omsorg vurderer også ei sentralisering av kjøkkentenesta

Totalt sett er difor prosjektet så omfattande at ein i realiteten bør totalrehabilitere bygget. Dette fordi ovannemnde tiltak berører så mange fag at det er umogleg å gjennomføre det utan å tøme heile eller delar av bygget.

Sjukeheimsvegen 14
Prosjekt 61531 omhandlar rehabilitering av yttertak, fasadekledning, vindu, ytterdører og verandarekkverk. Prosjektet er overført til 2019 fordi budsjettet for 2018 på totalt kr. 500 000 ikkje rekk til fordi kommunerevisjonens tolkning av KRS 4 inneber at vi må rehabilitere heile fasada, ikkje berre yttertak og verandarekkverk.

Storebakken 3
Prosjektet omhandlar etablering av veranda til totalt 4 bueningar. Dette er naudsynt med tanke på rømingsveg for bebuarane, i tillegg til at dette sjølsagt også vil betre buforholda for leigetakarane generelt. Bygget er i K-sak 29/18 vedteke solgt. Eit tiltak som foreslått over, vil uansett kunne medverke til at sal vert lettare å gjennomføre.

Fosnavåg brannstasjon & driftsbase
Fosnavåg driftsbase og brannstasjon vert til Fosnavåg hovudbrannstasjon og driftsbase ved gjennomføringa av prosjekt 61604. Vi avventar gjennomføringa av dette prosjektet før eventuelle andre investeringstiltak vert vurdert.

Det er i gjeldande økonomiplan løyvd kr. 5 mill i 2021 til rehabilitering av driftsbasa. Løyvinga er basert på dåværande forslag til bygging av ny og frittliggande brannstasjon på alternativ tomt. Sidan kommunestyret i etterkant vedtok at eksisterande stasjon skal rivast og byggast opp på nytt, legg vi difor til grunn at løyvde midlar til rehabilitering av eksisterande driftsbase utgår

Herøy kulturhus og idrettshall
Fasaden ved Herøy kulturhus står på skade og må rehabiliterast i løpet av få år. Likeins gjeld for vindua i bygget, som alle er frå byggeåret 1979/80 og inneber både eit energitap, varmeinnslepp og vedlikehaldsbehov.

Det store bygningsvolumet sett i samanheng med Sunnmørsbadet Fosnavåg AS medfører at fasaderehabiliteringa må skisserast for å sikre ei heilskapleg arkitektonisk løysing. På grunn av den store kostnaden har vi valt å splitte prosjektet opp i byggetrinn for å redusere investeringskostnaden pr. år.

Forprosjekt er under utarbeiding basert på etterisolering og ny fasadekledning og vindu.

2020 (startår)

Asbestsanering
Budsjettpost for sanering av asbest i kommunale bygg og tilhøyrande legging av nytt golvdekke då dei aller fleste kartlagde asbestforekomstane er knytt til golvbelegg og tilhøyrande lim. Arbeidstilsynet har pålagt oss å kartlegge kommunale bygg oppført fram til 1987. Kartlegginga pågår og vi sanerer asbestforekomstar etter alvorsgrad.

Desentralisert ventilasjon
Budsjettpost for etablering av desentralisert ventilasjon i kommunale bygg. Vi har i 2018 installert desentralisert ventilasjon ved fleire klasserom ved Bergsøy skule Borga, og vil fortsette arbeidet med dette også i 2019 slik at øvrige klasserom får etablert ventilasjon. Også ved Ytre Herøy ungdomsskule er ventilasjon delvis utbetra, men det gjenstår å etablere ventilasjon for resterande klasserom og arbeidsrom for undervisningspersonalet i byggetrinn 1.

ENØK-tiltak
Budsjettpost for gjennomføring av investeringstiltak med energispareeffekt. Budsjettposten må sjåast i samanheng med rådmannens tilråding i prosjekt 70018 – EPC-prosjektet.

Leikeplassar
Budsjettpost for oppgradering av leikeplassutstyr ved kommunale skular og barnehagar. Frå 2019 og utover vil midlane i hovudsak verte nytta til utskifting av einskilde leikeapparat, avhengig av teknisk tilstand og oppgradering av gjenståande del av fallunderlag mm.

2022 (startår)

Myrvåg omsorgssenter
Tiltaket omfattar rehabilitering av kjøkkenfløya. Kjøkkenfløya vart ikkje rehabilitert då resten av omsorgssenteret vart rehabilitert og er i dag teknisk utslitt og lite funksjonelt. Prosjektet er naudsynt mellom anna for å sikre eit forsvarleg kjøkkentilbod og ein forsvarleg situasjon knytt til båretransport.

Løyvde planleggingsmidlar frå 2018-budsjettet vert difor i 2019 nytta til å utarbeide eit forprosjekt med tanke på etterfylgjande gjennomføring i 2020. Førebels er det avsett kr. 5 mill. i forslaget til økonomiplan for dette.

Andre investeringar

Digital satsing Oppvekst

Innkjøp av klientar i samband med satsing på digitale læringsmiddel i oppvekst med Ipad i barnehagar samt 1-4 trinnet og Chromebooks 5-10 trinn. Ei slik auke av «klientar» i nettet krev samstundes utbygging av det trådlause nettet på skulane og i barnehagane.

Utstyr/Inventar Oppvekst

Gjel investering i utstyr og inventar i grunnskule, barnehage og kulturskule. I og med at det ikkje vart løyvd midlar for å dekke slike behov i 2018 er behovet større enn normalt i 2019. Revisjonen må konsulterast før kjøp vert gjort for å sikre at innkjøpa er å sjå på som investeringar.

Utstyr til sjukeheimane, kjøkken og teknisk drift

Helse og omsrog treng ein generell pott for å kunne fornye utstyr på sjukeheimane ved behov. Revisjonen må konsulterast før kjøp vert gjort for å sikre at innkjøpa er å sjå på som investeringar.

Investeringsmidlar SSIKT

Fellesinvesteringar for SSIKT i følje vedtatt investeringsplan handama i styret i SSIKT. Kan vere at SSIKT føretek låneopptaket sjølv.

Lokale IKT investeringar

Lokale IKT-investeringar iflg investeringsplan. Bl.a. skal PCar byttast ut etter 5 år. Alle tynnklientar i PO/BuHab skal byttast ut i 2019, samt bytte av 19 toms skjermar. Oppgradering av maskinparken og oppgradering av infrastruktur vert hovudfokusen i 2019. Revisjonen må konsulterast før kjøp vert gjort for å sikre at innkjøpa er å sjå på som investeringar.

Prosjekt e-Rom 2019

Det er innført eRom ved Myrvåg omsorgssenter i samarbeid med SSIKT i 2018. Lokalt IKT har budsjettert kostnad på brett og lisens i 2018. I utviklingsplanen for Herøy legg vi opp til ei utrulling av tiltaket i Herøy med 48 nettbrett i 2019 (+ lisens som går over driftsbudsjettet).

Forklaring av tabellen i tilrådinga

I formannskapsmøtet 13.11.2018 var det eit ynskje om at administrasjonen forklarte endringane mellom budsjett 2018 og tilrådinga til budsjett 2019.

	Budsjett 2018	Korrigeringar	Pris- og Lønsvekst	Oppheva Rammekutt	Andre Endringar	Budsjett 2019
Politisk Leiing	4080	357	80	20	-387	4150
Administrativ leiing	1795		35	25	-20	1835
STAB	**39350**	**0**	**1290**	**680**	**-1970**	**39350**
Servicetorg	3155		90	55	-55	3245
Dok senter/innkjøp/stabsleiing	3925		90	60	60	4135
Økonomiavdeling	5690		140	90	-545	5375
Personal ogOrg.avd	7425		185	115	-370	7355
Eigedom	19155		785	360	-1060	19240
OPPVEKST	**183550**	**-450**	**3305**	**2350**	**-2135**	**186620**
Barnehageavdelinga	68320	1500	520	370	660	71370
Grunnskuleavdelinga	115230	-1950	2785	1980	-2795	115250
HELSE OG OMSORG	**205905**	**4965**	**4975**	**4030**	**-180**	**219695**
Adm helse og omsorg	1305		25	20	-15	1335
Barn familie og helse og NAV	47850	4965	1020	1050	2065	56950
Pleie- og omsorgsavdeling	108320		2710	2030	-460	112600
Bu- og habiliteringsavdeling	39850		1035	840	-1655	40070
Tenestekoordinering	8580		185	90	-115	8740
SAMFUNNSUTVIKLING	33215	1245	1175	530	-1345	34820
Kulturavdelinga	8575		315	145	-45	8990
Utviklingsavdelinga ink Landbruk	7630	1245	260	125	-900	8360
Brannvernavdelinga	8800		170	130	-800	8300
Anleggs- og driftsavdelinga	8210		430	130	400	9170
IKT/ssikt	6610	1540			-720	7430
OVERFØRINGSKAPITTELET	13870	-1225		150	425	13220
ØHJELP, MOTTAK,	-1180				1180	0
SUM	**487195**	**6432**	**10860**	**7785**	**-5152**	**507120**

<u>Korrigeringar:</u>

Politisk leiing gjeld valutgifter i 2019.

Barnehageavdelinga: Flytting av tilsette frå Grunnskuleavdelinga til Barnehageavdelinga

Grunnskuleavdelinga: Flytting av tilsette til Barnehageavdelinga (1,5 mill kr), meirinntekter som følje av at dei overtek flyktningetenesta (3,55 mill kr) og at dei i 2019 ikkje har statstilskott til EMA (3,1 mill kr netto). Tilsaman vert dette reduserte utgifter/auka inntekter på om lag 1,95 mill kr

Barn, familie og helse: Her ligg rådmannens framlegg om 2,7 mill meir i økonomisk sosialhjelp, samt at flyktningetenesta i 2018 hadde ei budsjettert nettoinntekt på 2,265 mill kr.

Utviklingsavdelinga: Dette kjem av at Landbrukskontoret no er ein del av utviklingsavdelinga, men vi skal etter kvart skilje denne avdelinga ut som ei eiga avdeling under samfunnsutvikling.

SSIKT: Gjeld auka tilskott SSIKT (har også overtatt ein del av kostnadane som lokalt IKT har betalt tidlegare)

Overføringskapittelet: Flytting av landbrukskontoret til sektor for Samfunnsutvikling.

Pris og lønsvekst

Her ser de summane som gjem av innlagt løns- og prisvekst (ca 2,0% prisvekst for artane 11000-12999) og 2,15% lønsvekst frå 01.01.2019 (tilsvarar om lag 3,75% frå 01.05.2018).

Rammekutt:

Rammekuttet kvar avdeling hadde i 2018 er oppheva i rådmannens forslag. Delvis pga innsparingssaka i haust og delvis pga forslaget om driftsreduksjonar som ligg inne i 2019 og resten av økonomiplanperioden.

Andre endringar:

Vesentleg eit resultat av innsparingssaka frå i haust, men her kjem det også inn andre faktorar som t.d:

- Bortfall av statstilskott KVIKK Herøy (Barn, familie og helse) med om lag 0,5 mill kr.
- Øhjelp/Mottak. Her får vi ikkje statstilskott meir og det gjer at den inntekta vi budsjetterte med her i 2018 fell vekk (1,18 mill kr)
- Auka overføringsutgifter til revisjon, kontrollutval, kyrkje, krisesenter etc (0,5 mill kr)

ANDRE FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I DRIFTS- OG INVESTERINGSBUDSJETTET SOM IKKJE ER MED I DETTE BUDSJETTET OG ØKONOMIPLANEN FINN DE I BUDSJETTKOMMENTARANE TIL STAB, OPPVEKST, HELSE OG OMSORG OG SAMFUNNSUTVIKLING SOM ER SENDT UT I EI TIDLEGARE SAK.

Fosnavåg, 14.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

KOMMUNALE BUSTADAR I ØKONOMIPLANPERIODEN. SKILDRING AV MOGELEGE PROSJEKT – JFR K-SAK 101/2018

<u>Buholmvegen</u>
Bygging av inntil 4 bustadar av varierande storleik, meint som gjennomgangsbustadar.



4 bueiningar av ulik storleik	Eksl. MVA	MVA	Inkl. MVA
Kostnadskalkyle	4 500 000	1 125 000	5 625 000
Refusjon MVA			
Husbankfinansiering			- 840 000
Netto investeringskostnad			**4 785 000**

Sjukeheimsvegen 10 B

Bygging av ROP-bustadar handlar om å etablere eit butilbod for personar utan buevne grunna rus og psykiatri. ROP-bustadar er særskilt tilrettelagt for slik bruk. Herøy kommune har ikkje eit slikt tilbod i dag. Vi har tidlegare tilrådd at 8 bueiningar i Sjukeheimsvegen 14 skal nyttast som hardbruksbustad. Sjå for så vidt prosjekt 61531 ovanfor som er meint som ei fase 1- klargjering for dette. Etablering av ROP-bustadar er ei vidareføring av dette, med tanke på personar som bør bu i mindre bueiningar, åleine.

Sektor Helse og omsorg har signalisert eit samla behov på mellom 10 og 15 bueiningar til ROP-grupper av ulik alvorsgrad. Desse behova bør ikkje løysast gjennom eitt prosjekt åleine. Vi tilrår difor eit prøveprosjekt med 1 eller 2 bueiningar, plassert på kommunens eigedom gnr. 38 bnr. 141 ved Sjukeheimsvegen.



Prøveprosjektet er tenkt innretta som eit prøverosjekt der vi utfordrar arkitektar til å skissere ut inntil 2 mindre bueningar som fungerer kvar for seg og som eventuelt også kan flyttast, dersom tilrådd plassering på eit seinare tidspunkt viser seg å vere ueigna. Hovudkravet til ein slik konkurranse må vere at bueininga stettar krava i lov og forskrift, herunder Husbankens krav til investeringstilskot for prosjektet. Prosjektet kan delvis finansierast med investeringstilskot frå Husbanken og med kostnadsdekkande husleige for kommunes netto investeringskostnad.

Prøveprosjekt – 2 bueiningar	**Eksl. MVA**	**MVA**		**Inkl. MVA**
Kostnadskalkyle	2 000 000	500 000		2 50
Refusjon MVA		- 500 000		
Husbankfinansiering	- 420 000			
Netto investeringskostnad	**1 580 000**			

Storenesvegen 30-36

Tiltaket omhandlar riving av eksisterande bebyggelse og bygging av ny 4-mannsbustad, meint som gjennomgangsbustadar på kommunens eigedom gnr. 56 bnr. 42:

Eksisterande bebyggelse er i så dårleg teknisk tilstand at det ikkje er tilrådeleg å rehabilitere bygget for vidare bruk. Då er det betre å rive eksisterande bebyggelse og bygge nye og meir effektive bustadar. Prosjektet kan delvis finansierast med investeringstilskot frå Husbanken og med kostnadsdekkande husleige for kommunes netto investeringskostnad. Bygget er i K-sak 29/18 vedteke solgt, men vi vurderer det som like bra og bygge nye og effektive gjennomgangsbustadar på tomta.

4-manns bustad	**Eksl. MVA**	**MVA**	**Inkl. MVA**
Kostnadskalkyle	4 500 000	1 125 000	5 625 000
Refusjon MVA			
Husbankfinansiering			- 840 000
Netto investeringskostnad			**4 785 000**

* * *

For alle desse prosjekta er tilrådinga at kommunens netto investeringskostnad finansierast over budsjettposten for kommunale bustadar som i gjeldande økonomiplan ser slik ut og foreslått vidareført i gjeldande plan med ei mindre korrigering for 2019:

Tabell 17

Kjøp av kommunale bustadar	2019	2020	2021	2022
Generell investeringspott	1 600 000	16 500 000	11 500 000	11 500 000
ROP	- 1 600 000			
Vågsholmen		11 000 000		
Storenesvegen		4 785 000		
Buholmvegen			4 785 000	
Sum	**1 600 000**	**15 785 000**	**4 785 000**	**0**
Unytta midlar	**0**	**715 000**	**6 715 000**	**11 500 000**

Som tabellen ovanfor syner, inneber ovanfornemde prosjekt at det fortsatt er tilgjengeleg midlar til investering i bustadar i både 2020, 2021 og 2022. Basert på føresetnaden for kommunestyret vedtak om kjøpe bustadar på Vågsholmen til ein samla sum på kr. 11 000 000, vil også sal av desse bustadane frigjere midlar til nye investeringar.

Finansiering av flyktningbustadar via statleg tilskot

Som del av budsjettprosessen, er det eit ynskje frå eigedomsavdelinga om eit prinsippvedtak om at tilrettelegging for busetting av flyktningar skal finansierast over det statlege tilskotet til den einskilde flyktning. Dette inneber at statlege midlar også kan finansiere rehabilitering, ombygging og anna tilrettelegging for at spesifikke bustadar skal kunne tene som husvære for flyktningar.

Referatsaker

RS 52/18 Møte i kontaktutvalget 2/11-2018 Møte i kontaktutvalget 2/11-2018 02.11.2018 00:00:00 Søre Sunnmøre Reinhaldsverk

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]
Sendt: 05.11.2018 08:02:52
Til: Brit Berge
Tittel: SSR - Møte i kontaktutvalget 2/11-2018

Fra: Jarl Martin Møller
Sendt: 2. november 2018 16:50
Til: Arkiv Herøy <arkiv@ssikt.no>
Emne: VS: SSR - Møte i kontaktutvalget 2/11-2018

Helsing

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef
Samfunnsutvikling

Tlf. 70081300 Mob. 97506761

HERØY KOMMUNE

www.heroy.kommune.no

Fra: Einar Heimdal <einar@reinhaldsverket.no>
Sendt: 2. november 2018 16:27
Til: Jarl Martin Møller <jarl.martin.moller@heroy.kommune.no>; Fred Arnesen <fred.arnesen@heroy.kommune.no>; Arne Runar Vik <arne.runar.vik@ulstein.kommune.no>; Harald Øvereng <harald.overeng@ulstein.kommune.no>; Kai-Rune Bjørke <kai-rune.bjorke@hareid.kommune.no>; Øyvind Vassbotn <Oyvind.Vassbotn@hareid.kommune.no>; Kjell Martin Vikene <kjell.martin.vikene@sande-mr.kommune.no>
Kopi: Rune-Johan Tarberg <rune@reinhaldsverket.no>; Jostein Husøy <jostein@reinhaldsverket.no>
Emne: SSR - Møte i kontaktutvalget 2/11-2018

Hei igjen og takk for hyggeleg og nyttig møte i ettermiddag!

Vedlagt finn de (som avtalt og som eigen fil) gebyrregulativet som skal opp som sak i representantskapet 15/11-2018.

Elles ser de nedanfor ledige tider for det vanlege oppfølgingsmøtet med ordførarane før møtet i representantskapet.

Møteplan for møte med ordførarar og andre i representantskapet:
- Ulstein kommune: Mandag 12/11-18 kl. 09.00.
- Herøy kommune:
- Sande kommune:
- Hareid kommune:

- Ledige datoar / tider til desse møta:
- Mandag 5/11 (heile dagen) - Tirsdag 6/11 e.kl. 10.30 - Onsdag 7/11 (heile dagen)
- Torsdag 8/11 (heile dagen) - Mandag 12/11 e. kl. 13.00 - Tirsdag 13/11 e. kl. 10.30
- Onsdag 14/11 (heile dagen)

Referatet frå møtet kjem etter kvart.

Ha ei fantastisk helg!

Mvh
Einar H.
SSR

SSR 2019 – Gebyrregulativ som skal godkjennast i kommunestyra:

(Alle prisar er ekskl. mva. og inkl. mva.)

STANDARDABONNEMENT:

Type abonnement:	**Gebyr 2019:**	**Gebyr 2018 (samanlikning):**
Standardabonnement, dunk: 140 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 3.268,80 kr 4.086,- inkl. mva. kr 1.362,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Abonnement – nedgravd løysing	kr 3.268,80 kr 4.086,- inkl. mva. kr 1.362,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Standard sekkeabonnement: 30 sekkar matavfall 15 sekkar restavfall	 kr 3.268,80 / kr 4.086,- m/mva. kr 1.362,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning

ANDRE TYPER ABONNEMENT:

Type abonnement:	**Gebyr 2019:**	**Gebyr 2018 (samanlikning):**
Storhushald, dunk: 140 l brun, matavfall 240 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 3.592,80 kr 4.491,- inkl. mva. kr 1.497,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Storhushald XL, dunk: 240 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 3.919,20 kr 4.899,- inkl. mva. kr 1.633,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Storhushald XXL, dunk: 240 l brun, matavfall 240 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 4.243,20 kr 5.304,- inkl. mva. kr 1.768,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Redusert abonnement, dunk: 80 l brun, matavfall 80 l grøn, restavfall 80 l blå, papiravfall	 kr 3.055,20 kr 3.819,- inkl. mva. kr 1.273,- inkl. mva. pr. termin	 Oppgradert abonnement
Storhushald, sekkar: 36 sekkar matavfall 18 sekkar restavfall Redusert sekkeabonnement: 18 sekkar matavfall 12 sekkar restavfall	kr 3.919,20 / kr 4.899,- m/mva. kr 1.633,- inkl. mva. pr. termin kr 2.841,60 / kr 3.552,- m/mva. kr 1.184,- inkl. mva pr. termin	4 % prisstigning 4 % prisstigning

Forts.

Forts.

HEIMEKOMPOSTERING:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Heimekompostering (gjeld kun for standardabonnement, delt abonnement og redusert abonnement)	kr 410,40,- i reduksjon på renovasjonsgebyret. (Max to husstandar per kompostbinge) kr 513,- inkl. mva. kr 171,- inkl. mva. pr. termin	Same reduksjon som i 2018

FRITIDSABONNEMENT:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Fritidsabonnement; dunk 140 l, sekkar (12 stk.) eller nedgravd løysing (ca ¼ av standardprisen)	kr 811,20 kr 1.014,- inkl. mva. kr 338,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Tillegg for større dunk 240 l	kr 326,40 - pr. år pr. dunk kr 408,- inkl. mva. kr 136,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning

ABONNEMENTSDELING OG TILLEGG VED STØRRE DUNKAR:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Abonnementsdeling 140 l / 240 l matavfall, 140 l / 240 l restavfall, 240 l papiravfall 2 husstandar, pris pr. husstand 3 husstandar, pris pr. husstand 4 husstandar, pris pr. husstand	kr 2.841,60 kr 3.552,- inkl. mva. kr 1.184,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Abonnementsdeling 660 l matavfall, 660 l restavfall, 660 l papiravfall 5 husstandar eller meir, pris pr. husstand	kr 2.841,60 kr 3.552,- inkl. mva. kr 1.184,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Tillegg for større dunk 370 l (tillegg på prisen for XXL)	kr 535,20 pr. år pr. dunk kr 669,- inkl. mva. kr 223, inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Tillegg for større dunk 660 l (tillegg på prisen for XXL)	kr 878,40 pr. år pr. dunk kr 1.098,- inkl. mva. kr 366,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning

Forts.

Forts.

SLAMTØMING:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Tøming vanleg tank hushaldning (gjeld ikkje dei som er tilknytta offentleg avløpsnett)	Pris inn + 25 %. Herøy / Sande fakturerer sjølve. SSR fakturerer for Hareid og Ulstein. Evnt. overskot der går til eige sjølvkostfond.	Uendra prinsipp frå 2018.

TILLEGGSTENESTER:

Type teneste:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Utskifting av dunkar på løpande abonnement – til større eller mindre dunkar	kr 211,20,- pr. gong når det blir skifta ut dunkar / dunkesett. kr 264,- inkl. mva.	4 % prisstigning
Gebyr for ekstrahenting	kr 211,20 pr. gong kr 264,- inkl. mva.	4 % prisstigning
Avstandsgebyr *	Individuell prisfastsetting	Som tidlegare

* Avstandsgebyr for henting/tøming utanfor vanlege køyreruter – prissetting etter vegstandard og avstand frå køyreveg.

OPPSTART / RESTART ABONNEMENT:

Type gebyr:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Gebyr oppstart nytt abonnement / restart av kvilande abonnement	kr 848,- pr. gong kr 1.060,- inkl. mva.	4 % prisstigning

LEVERING PÅ MILJØSTASJONANE:

Type teneste:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Pris pr. sekk ved kjøp:	kr 20,- kr 25,- inkl. mva.	Uendra frå 2018 – m.a.o. ein realprisnedgang
Levering til miljøstasjonar:	kr 2.120,- pr. tonn kr 2.650,- pr. tonn inkl. mva.	4 % prisstigning
Minstesum ved levering til miljøstasjonar:	kr 52,- kr 65,- inkl. mva.	Uendra frå 2018 – m.a.o. ein realprisnedgang
Volumgebyr over 0,2 m3:	kr 444,80 pr m3 kr 556,- pr m3 inkl. mva.	4 % prisstigning

Forts.

Forts.

SATSAR FOR BILDEKK:

Type fraksjon:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Dekk på felg:	kr 120,80 kr 151,- inkl. mva.	4 % prisstigning
Reine dekk utan felg: Skitne og tilgrisa dekk:	Inkludert i gebyret kr 2,65 pr. kg. inkl. mva.	4 % prisstigning

SATSAR PÅ GREINPLASSANE:

Type fraksjon:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Grein- og hageavfall frå hushaldningar – inntil 250 kg.	Inkludert i gebyret	Som før
Frå 250 kg. og oppover blir rekna som næring, pluss at røter, jord, stein, aur, sand, etc. er betalingsfraksjonar	kr 936,- pr. tonn kr 1.170,- inkl. mva. kr 0,94 pr. kg kr 1,17 inkl. mva.	4 % prisstigning

HERØY KOMMUNE

ULSTEIN KOMMUNE

ULSTEIN
- der baug bryt båre

Saksnr	*Løpenr.*	*Referent:*	*Møteleiar:*
2018/1325	*14413/2018*	*EAR*	*Olaus-Jon Kopperstad*

MØTEREFERAT

STYRINGSGRUPPEMØTE MELLOM HERØY, SANDE, VANYLVEN OG ULSTEIN KOMMUNAR OM TENESTESAMARBEID

Dato og møtestad:	29.10.18 - Ulstein rådhus
Frå Herøy kommune:	Rådmann Olaus-Jon Kopperstad, HVO Olaug Andreassen
Frå Ulstein kommune:	Rådmann Einar Vik Arset,
Frå Vanylven kommune	Rådmann Andreas Chr. Nørve, HTV Geir Einar Sandnes
Frå Sande kommune	Forfall: Rådmann Oddbjørn Indregård og Jostein Korsnes

Ulstein er i dette møtet invitert som gjest, tilliks med møtet 6.9.18.
Sjå elles sak 9 om Ulstein si rolle frametter.

Sakliste:		**Ansvar:**
	1. **Skatteoppkrevjar** 2. **NAV** 3. **Barnevern** 4. **Brannvern** 5. **Sentralbord** 6. **Rekneskapskontor** 7. **Samfunnsplanlegging** 8. **Kommunepsykolog** 9. **Utviding/omforming av styringsgruppa** 10. **Øvrige tenestesamarbeid**	
Sak:		
1.	**Skatteoppkrevjar** Vertskommuneavtale vedteke i Herøy, Vanylven og Ulstein kommunestyre med oppstart er 1. januar 2019 – gevinst på 0,6 årsverk blir teke ut. Det blir viktig no å invitere inn Sande og Hareid for muleg utviding av tenesta. Premisset skal framleis vere at alle kommunane skal spare pengar på samlokaliseringa/samarbeidet frå første dag.	
2.	**NAV** Vertskommuneavtale vedteke i Herøy kommunestyre den 25. oktober og skal handsamast i Vanylven kommunestyre den 13. november. Her går Vanylven og Herøy i samtalar med Hareid som vertskommune om 5K, med sikte på at grunnlaget for 5K skal vere på plass før nyttår. Det er tillyst møte med NAV-direktøren for Møre og Romsdal 15. november, der ordførar og rådmann stiller.	

3.	**Barnevern** Vertskommuneavtale blir handsama i Herøy kommunestyre 6. desember og i kommunestyre i Vanylven 13. november. Sande kommune har innleia samtalar med Volda om deltaking i interkommunalt barnevern, som i dag består av Hornindal, Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein. Fylkesmannen er oppteken av at barnevernsamarbeid kjem på plass fordi det frå statleg hald er signalisert sterkt ønske om at alle barnevernskontor bør ha minimum 5 stillingar. Stafettpinnen ligg hos Sande og vi avventar oppfølging derfrå.	
4.	**Brannvern** Saksframlegg er utarbeidd og saka skal handsamast i Herøy kommunestyre 6. desember og i Vanylven kommunestyre 11. desember. Styringsgruppa har erfart at å starte i småskala med færre enn sju kommunar for seinare å utvide, er lettare. Her har vi erfaring både frå utgreiingar både på økonomisamarbeid og tidlegare innanfor brann. Rådmennene i Vanylven og Herøy går for felles brannsjef frå 1. januar 2019, Ulstein kjem til 1. jan 2020. Rådmennene i Vanylven, Herøy og Ulstein samordnar sine tilrådingar, etter drøfting i faggruppa.	
5.	**Sentralbord** Vanylven kommune har i dag sentralbordet for Herøy, Ulstein, Hareid, Volda og Vanylven og dekkjer 35 000 innbyggjarar. Vertskommuneavtale er inngått med Volda og Hareid og Vanylven kommune formaliserer dette også med Herøy og Ulstein kommunar. Ambisjonen er å utvide samarbeidet	
6.	**Rekneskapskontor** Vanylven kommunen har starta opp rekneskapskontor for Vanylven, Herøy og Ulstein kommunar – dette er i utgreiingsfasen. Vanylven er klar for å ta imot oppgåver frå naboane. Desse kan t.d. vere: - Skanning: skanne, validere. - EHF-faktura: laste ned, validere, kontakte leverandørar om å gå over til EHF - Følgje opp arbeidsflyt: sjekke at faktura vert behandla inan tidsfrist - Purringar: sjekke at purringar på faktura ikkje er betalt tidlegare. Etter nyttår når vi vert fleire på avdelinga er der pr no fylgjande oppgåver som vert tilføyd: - Oppfølging av betaling mot bank: nedlasting og bokføring av betalingsfiler, produsere og sende betalingsfiler - Sjekke mva om den er sannsynleg. - Avstemme, finne grunn til eventuelle avvik og korrigere - Kontrollere mva-koder, evt korrigere, - Fakturering frå fil - Fakturere abonnement - Avstemming løn - Evt andre oppgåver ein vert einige om. Det er viktig å drøfte dette med faggruppa.	

7.	**Samfunnsplanlegging** Vanylven, Herøy og Ulstein kommunar går saman om kontor for samfunnsplanlegging. Fylkesmannen registrerer at tenestesamarbeida materialiserer seg, og det er såleis opp til samarbeidskommunane å nytte tildelte midlar i 2019. Skal ein få midlar ut prosjektperioden, må kommunane søkje tildeling frå prosjektskjøn innan 1. juni 2019.	
8.	**Kommunepsykolog** Alle kommunar får tilskot, og det er kun eitt tilskot pr stilling. Rekruttering er krevjande. Ein bør vurdere oppbygging av felles psykologmiljø sidan psykologar etterlyser felles fagmiljø. Kommunane bør først lyse ut i eigen regi.	
9.	**Utviding av styringsgruppe for tenestesamarbeid** Styringsgruppa vert utvida med rådmann frå Ulstein, samt representant frå tilsette. Ulstein får representant inn i alle aktuelle faggrupper (tidlegare arbeidsgrupper for tenestesamarbeid – brannvern, NAV, barnevern, økonomi, plan, personal). Sande vert framleis invitert til å ta del i styringsgruppa. Fylkesmannen vert invitert som observatør, og er interessert i dette. Dette vert organisert gjennom video.	
10.	**Øvrige tenestesamarbeid** Det er sentralt å prøve å lande dei tenestesamarbeida som no er under opprulling før vi initierer andre samarbeid.	
11.	**Neste styringsgruppemøte** 17. januar 2019, Olaus-Jon kallar inn i Herøy. Det vert elles kalla inn ved behov, dersom t.d. faggruppene ønskjer det	

Einar Vik Arset
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Rådmennene utanfor styringsgruppa
Ordførar og leiargruppene i kommunane
Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/ Vigdis R. Vestad

ULSTEIN KOMMUNE

HERØY KOMMUNE

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune

(sendt per e-post)

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		15984/2016/G40	Per Olaf Brækkan, 71 28 02 27	13.11.2018

-

Vidare framdrift for planlegging av ny vgs i Fosnavåg

Det blir vist til fylkesrådmannens framlegg til budsjett for 2019.

Fylkeskommunen er komen i ein økonomisk situasjon kor det er naudsynt å spare inn 250 mill kr årleg i drift. For å klare dette er fylkeskommunen gong med prosjekt 2020 som skal kartlegge moglege innsparingar. Dette prosjektet er venta å legge fram eit forprosjekt i april 2019 og ei tiltaksplan i desember 2019.

For at prosjekt 2020 skal kunne verte vellukka må fylkeskommunen fyrst vurdere heile drifts- og investeringsporteføljа før det mogleg å inngå nye avtalar.

Som ein konsekvens av dette vil alle fylkeskommunale investeringar innan utdanning kunne bli skyvd langt ut i tid. Dette betyr at ny Herøy vgs ikkje er inne i tiårig investeringsplan, noko som er føresetnad for å kunne inngå forskotteringsavtale med Herøy kommune.

Fram til framlagt prosjekt 2020 er ferdig handsama politisk vil fylkeskommunen difor ikkje arbeide vidare med ny vgs i Herøy. Fylkesrådmannen vil no arbeide med alternativsvurderingar for å kartlegge mogleg handlingrom dersom ein må sjå på samanslåing av fleire vidaregåande skolar i regionen.

Vi beklagar dei konsekvensar dette ville måtte få for Herøy kommune.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik
Fylkesrådmann

Per Olaf Brækkan
Bygg- og eigedomssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Postadresse: Postboks 2500, 6404 Molde ● Besøksadresse: Julsundveien 9 ● Telefon: 71 25 87 69 ● Telefaks: 71 24 50 01
e-post: post@mrfylke.no ● www.mrfylke.no

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Fra: Lisbeth Moltu Espeseth[lisbeth.moltu.espeseth@heroy.kommune.no]
Sendt: 13.11.2018 10:22:05
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Ny vidaregåande skole i Herøy

Fra: Per Olaf Skuseth Brækkan <per.olaf.brakkan@mrfylke.no>
Sendt: 13. november 2018 09:53
Til: Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>
Kopi: Gullik Arve Kjellstadli <gullik.kjellstadli@mrfylke.no>
Emne: Ny vidaregåande skole i Herøy

Til Herøy kommune

Syner til vedlagte brev.
Eventuelle spørsmål kan rettast til meg.

_____

Per Olaf Brækkan
bygg- og eigedomssjef
bygg- og eigedomsavdelinga
Møre og Romsdal fylkeskommune
Tlf.: 920 82 368 / 71 28 02 27
per.olaf.brakkan@mrfylke.no
mrfylke.no

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Delegerte saker frå avdelingane

DS 27/18 Endring av styrar og stedfortredar ved Thon hotel Fosnavåg
13.11.2018 00:00:00 Thon Hotel Fosnavåg